

## Vurderingar

Kvalifisering til verdfull samfunnsvitskap

Roger Hestholm

2003

Avhandling for dr. polit.- graden

Sosiologisk institutt

Universitetet i Bergen

## Føreord

Aller først: Ein stor takk til informantar i prosjektet. Utan interessert deltaking frå dei hadde alt stoppa opp. Både opplysningar og analysar frå informantane spelar ei stor rolle i avhandlinga.

Dernest vil eg takke Ivar Bleiklie for å ha arbeidd fram vilkåra for å kunne utføre dette prosjektet. Han fekk overtydd det samfunnsvitskaplege fakultetet og UiB om at det var verd å finansiere ei stipendiatstilling som skulle granske evalueringa av SV-fakultetet. Slik sett må Ivar også ta litt av ansvaret for å ha utsett meg for frustrasjonane som uunngåeleg følgjer med det å skrive doktoravhandling. Ansvaret har han også tatt på ein utmerka måte ved å vere ein oppmuntrande andrerettleiar for meg. I den tidlege fasen av arbeidet kunne eg også stø meg på samtalar med, og idear frå Agnete Vabø og Roar Høstaker. Saman med Ivar utgjorde dette den stabile kjernen i eit entusiastisk bergensk forskarfellesskap rundt studiet av universitet og høgare utdanning.

Under heile arbeidet med avhandlinga har eg hatt stor glede og nytte av dr. polit-seminaret ved sosiologisk institutt. Lagnadsfellesskapet med dei andre deltakarane der har vore viktig for meg, både i form av diskusjonar om framlagde tekstar og i form av ei kjensle av vennskapleg tilhøyr. Dersom dette kan vere eit høve for framlegg til betringar i doktorgradsutdanninga, må det vere at slike tiltak bør bli prioritert høgt av alle fagdisiplinar: "Look to" sosiologisk institutt!

Deltakarane i dette seminaret har sjølvsagt variert gjennom desse åra, og det er ikkje plass til å kreditere kvar enkelt. Derimot må eg særskilt takke Lars Ove Seljestad og Ove Skarpenes for tallause små og store samtalar om alt og ingenting. Kombinasjonen av desse to er ei kraftfull blanding av perspektivrikdom, store ideal og sjølvironisk humoristisk sans i ei, merkeleg nok, upretensiøs form. Takk.

Eg vil også takke Rune Sakslind for å ha vist særleg interesse for prosjektet mitt. Mange diskusjonar, råd og tips frå han om relevant litteratur har gitt ny giv i arbeidet. Harald Grimen var generøs nok til å lese gjennom eit utkast av avhandlinga mot slutten av arbeidet. Han påpeikte viktige ting som burde rettast opp, og eg har så langt råd prøvt å følgje opp.

Olav Korsnes har vore rettleiaren min: Alltid open, alltid svært kompetent, alltid vennleg og av og til overraskande. "Det skal ikkje vere så alvorleg å skrive avhandling." Vart det sagt, eller hugsar eg det berre slik? I alle fall var det til hjelp under skrivinga. Tusen takk for trygg og inspirerande ryggdekning i all tid eg har vore tilknytt sosiologien.

Eg har fått hjelp av svogermin, Hans Rohde, med det han sjølv meiner er bagatellmessig arbeid med å skaffe meg ei litt meir moderne datamaskin og å få den til å fungere saman med modem, epost- system, osb. frå kjellaren på Risnes. I og med at mykje av ferdigskrivinga måtte bli gjort heime, og eg sjølv er litt klønrete med slike ting, har denne hjelpa vore viktigare enn han vil ha det til.

Til sist gjenstår det heilt sjølvsagte: Utan tolsemd og vedvarande støtte frå kona mi, Kristine, hadde ikkje dette gått i hop. Takk, og takk igjen.

Vi har også to fantastiske døtrer, Inga (3) og Solveig (11 mnd.) Då eg fortalte Inga at eg snart var ferdig med "boka" mi, kom svaret – og meir er det vel ikkje å seie: "Å, for en bombe!"

Bergen, 27. november 2003

Roger Hestholm

## Innhaldsliste

<b>Kapittel 1: Evaluering og fagutvikling</b>	1
Oppstart og utgangspunkt	1
Om å få grep om evaluering	3
Visse og uvisse om einannan	5
To arbeidsproblemstillinger	8
Sosiologiske studium av samfunnsvitskapen	10
Første forsøk: Refleksivitet og "new literary forms"	10
Andre forsøk: Ein pragmatisk og symmetrisk sosiologi	13
Sosiologien om kritisk kapasitet og dei seks "common worlds"	17
Tilnærminga i avhandlinga	26
Lesarettleiing	28
Kjelder til informasjon	30
<b>Kapittel 2: Disputtar om evaluering</b>	33
Aktørar og kritisk kapasitet	34
Løysingar gjennom "objektivering" eller "å ta aktørens perspektiv"	36
Strukturorientert pragmatisme: Konstruksjon av sannsynlege handlingsrom	38
Kor "kritisk" er evaluering?	46
Administratorane: Korleis skal vi presentere tiltaket?	47
Første sortering: "Topic and resource"	50
Andre sortering: Samanbinding av element	53
Den kritiske analysen av dei vitskapleg tilsette	59
Dei vitskapleg tilsette: Evaluering av fakultetet; kva er dette for noko?	60
Spennvidda i intervjuasjonen	66
Den kritiske analysen av administrasjonen og evaluering	67
Analytikaren: Sortering av den vitskaplege situasjonen	69
Sorteringa av verdiar i evalueringssaka	79

<b>Kapittel 3: Verdimobilisering som fagutvikling</b>	81
Innleiing	81
Lærdom frå vitskapssosiologien	83
Prøve: Overføring frå vitskapssosiologi om naturfaga til vitskapssosiologi om samfunnsfaga	90
Aktørar og institusjonar	97
Teoretisk og empirisk skarpstilling	100
Felles verdidimensjonar	102
Distanse	103
Styring og organisering	111
To typar kritikk	127
Metode/ tankesett: Case: Komparasjon/ Tverrfaglegheit	133
Fagutviklingsregime	143
<b>Kapittel 4: Det familiære</b>	153
Vennskap (er suksess)	161
Eit "problematiske" fagmiljø	166
Å ta kontrollen over eigen situasjon – eller historia om ein hybrid?	172
Med penn og papir	179
Universitetsadministrasjon: Meir enn regelfølgjing	186
Diskusjon om det familiære	190
<b>Kapittel 5: Distansehandlingar</b>	198
Kunnskap utan avstand?	205
<b>Litteraturliste</b>	223
Vedlegg 1: Informasjon til informantar	232
Vedlegg 2: Evaluatingsprosessen	234
Vedlegg 3: Intervjuspørsmål	253

## **Kapittel 1**

### **Evaluering og fagutvikling**

#### **Oppstart og utgangspunkt**

Dette prosjektet vart sett i gong på vårparten i 1997 etter at samfunnsvitskapleg fakultet ved UiB hadde løyvd pengar til eit stipend som skulle granske evalueringa av fakultetet. Sjølve evalueringa og dei tilhøyrande rapportane var ferdige i 1995 og dei to åra etter vart sett som nok tid til at resultata hadde blitt synlege og at deltagarane i prosessen kunne ha gjort seg opp meininger om desse. På den tida var også ei lita forskargruppe ved LOS- senteret (Norsk senter for forskning i ledelse, organisasjon og styring) i gang med, og delvis i ferd med å avslutte andre studiar av høgare utdanning og universitetsorganisasjon. Leiaren for gruppa, Ivar Bleiklie, søkte fakultetet om finansiering av eit stipend som mellom anna skulle "... bedre informasjonsgrunnlaget om hvordan bestemte evalueringstiltak som dette fungerer i praksis"<sup>1</sup>. Den som vart tilsett i stipendet skulle ikkje ha snevre rammer for kva avhandlinga skulle handle om. Det vart berre antyda ein del moglege tema i prosjektet: Den nære historia til fakultetet, oppfatningar hos tilsette om evalueringa og sjølve prosessen, og forholdet mellom universitetet og dei sentrale utdanningsstyresmaktene.

På dette grunnlaget vart det mogleg og nødvendig å gjere eit avklaringsarbeid i forhold til korleis denne tematikken skulle bli studert. I eit slikt arbeid fell det lett å ta utgangspunkt i det ein tidlegare har gjort, både for å sjå på sjansene for å føre vidare problematikk derfrå, men også for å peike ut nye teoretiske spørsmål som m.a. blir aktualisert ved at andre empiriske tema står i fokus.

Hovudfagsoppgåva mi var ein studie av "universitetskultur" (Hestholm 1995). Denne kulturen framstod som delvis overlappande, delvis særegne meiningsrammer for ulike vitskapleg tilsette sine synspunkt og skildringar slik dei kom fram gjennom ustrukturerte intervju. Siktemålet vart i laupet av dette prosjektet å ringe inn slike "vitskaplege" og "faglege" meiningsrammer, og å gjere det både ved hjelp av studier

---

<sup>1</sup> Frå søknadsbrevet til fakultetet 4. des. 1995.

av eksplisitt informasjon og analyse av språkbruk, talehandlingar, osb. Mykje energi gjekk med på å synleggjere og argumentere for at denne "språkbruksanalytiske" tilnærminga var nødvendig og adekvat i det overordna prosjektet med å ringe inn universitetskultur. I forlenginga av dette arbeidet voks det også fram ein skepsis i forhold til det å basere seg på intervju når målet med forsking er å seie noko om korleis den sosiale verda er, dvs. kva for handlingar den er bygt opp av, og kva som formar slike handlingar. I alle høve, kom eg fram til, måtte intervjuanalyse vere informert om, og ta omsyn til problema som er knytt til at intervju er ein modell eller ein genre for handling, like mykje som andre kvardagsmøte, eller det Goffman kallar "social establishments" er det. Teoretisk inspirasjon til både denne og andre innsikter i universitetskulturen fann eg m.a. i James Wertsch si bok om "sosiokulturelle stemmer", "Voices of the Mind" (Wertsch 1991), ei bok som presenterte synsmåtar frå etterrevolusjonær russisk psykologi og antropologi, representert m.a. ved Vygotsky og Bakhtin.

Tematisk var hovudfagsoppgåva retta inn mot kva verdiar og oppfatningar vitskapleg tilsette hadde i forhold til både vedvarande og dagsaktulle spørsmål knytt til universitetsarbeidet. Kva for relasjonar fanst mellom universitet og samfunn, og korleis hadde dei tilsette føling med denne relasjonen? Kva var den sentrale oppgåva til universitetet og i kva grad var det rom for, eller nødvendig med endra holdningar og eigenskapar hos dei tilsette for å løyse desse oppgåvene? Korleis kunne ein styre noko slikt som eit universitet? På kva måte verka ulike vitskapsideal inn på oppfatningar og meningar om forhold som gjekk utover grensene for det vitskaplege arbeidet?

Alt dette fekk eg meir eller mindre klare svar på frå informantane, men hovudprosjektet var likevel først og fremst å kartleggje kva som forma og låg bak slike oppfatningar. Sjølv om det ikkje vart understreka eksplisitt, var føremålet på sitt mest ambisiøse å rekonstruere ulike "livsformer" ved ein institusjon som universitetet; heilskaplege og samanhengande fortolkings- og handlingsformer. Denne ambisjonen medverka også til at det vart nødvendig med drøftingar av korleis ein skal identifisere grupper i slike samanhengar og dernest til eit fokus på gruppedanning og skilje mellom desse også innan faginstitutta.

Boka til Wertsch vart ein nyttig reiskap også til å forstå eksistensen av ulike kulturelle "stemmer" i skildringane til individuelle informantar. Ikkje sjeldan kunne eg lese oppfatningar som var i konflikt ut av intervju med einskildinformantar, noko eg forstod som eit uttrykk for at verdisett og meiningar kan henge saman i genrar. Slike språklege og kulturelle genrar burde ikkje først og fremst bli forstått som uttrykk for autentiske meiningar hos enkeltmenneske, men som potensielle reiskapar for fleksibel handling som blir utløyst av problemsituasjonar menneske står ovanfor.

Dette siste er eit synspunkt som har parallellar til pragmatisk handlingsteoretisk sosiologi, der sosial handling nettopp blir sett som særskilte "responsar" på bestemte kontekstar og som derfor ikkje enkelt lar seg ordne under meir universelle modellar for handling. Dermed vart det også problematisk å halde oppe enkle versjonar av forestillinga om vedvarande og heilskaplege livsformer som eg hadde tidleg i prosjektet. Framleis gav det meining å skrive om universitetskultur, men stabiliteten, autentisiteten og autonomien til elementa i denne kulturen burde ein ikkje ta for gitt.

### **Om å få grep om "evaluering"**

Hovudfagsprosjektet kan ein med andre ord sjå som eit arbeid innan generell sosiologisk kultur- og handlingsteori. Det empiriske feltet var universitet, vitskap og fagdisiplinar, men dei teoretiske problemstillingane som vart diskuterte hadde ikkje alltid nokon særskilt basis i eller tilknyting til dette feltet. Eit arbeid med å studere evalueringa av SV- fakultetet i Bergen gjer dette forholdet mellom empirisk og teoretisk tyngdepunkt annleis. Ikkje slik at den følgjande avhandlinga må bli eit empirisk prosjekt mot det tidlegare meir teoretiske hovudfagsprosjektet, men slik at prosjektet uunngåeleg må ta omsyn til og drøfte "evaluering", slik dette fenomenet artar seg ved universitetet. I sentrum for analysen av evaluering står også eit bestemt case, med sitt hendingsforlaup og sine reaksjonar, fortolkingar og konsekvensar i ettertid. Dette gir eit sett av problemstillingar som er meir definert av empiriske hendingar enn det dei var i hovudfagsprosjektet. Denne avgrensinga er også viktig i forhold til eit annan ambisjon ein også kunne tenke seg låg bak denne avhandlinga; å kartleggje og analysere ulike former for evaluering meir generelt. Dersom dette var målet ville ei heil litteraturverd ha stått til rådvelde. Innan bedrifts- og organisasjonsliv finst det handbøker og oppslagsverk i høpetal med skildringar og modellar av evaluering, statsforvaltninga har gjennom lansering av

verksemgsplanlegging og målstyring også fremja ønske og krav om bruk av evaluering i ulike variantar, og også utdannings- og forskingsfeltet har sine bøker og skrift om evaluering. Som grunnlag for forskingsfremål har denne mengda av litteratur om evaluering og nærskyld fenomen sjølvsagt ein svært varierande kvalitet, og illusjonar ein måtte ha om enkle vegar fram til ei forståing av denne praksisen blir fort rive ned. Ein informant uttrykkjer nokså presist inntrykket eg sjølv også sat att med etter dei første litteraturstudiene mine i dette prosjektet:

"Du veit, evaluering, det betyr så jævla mykje.. så.. Eg kjøpte noe som heitte .. the evaluation pack.. og det var ein heil bokklump.. frå Sage- foundation.. dei som enda ikkje er stolne der borte (ser i retning bokhylla).. mine kollegaer har alltid vore og forsynt seg i fråveret mitt av dei .. jævla bøkene, men dei er ganske interessante.. Evaluering innehold jo .. (leitar fram ei rekkje bøker med følgjande titlar) .. How to design a program evaluation.. Det er program.. How to assess program implementation .. How to focus an evaluation.. How to communicate evaluation findings.. How to measure attitudes.. Evaluators handbook.. How to analyze data.. og endeleg.. How to measure a performance and use tests.. Viss du spør meg kva evaluering er, så må eg berre beklage.. eg har ikkje lese alle dei tinga der.."

.....  
"Så det der er eit minefelt... Det er berre å leggje til side, det er alt for komplisert.." (Int. 7)

Heller ikkje litteraturen om evaluering som er skrive med tanke på universitets- og høgskolefeltet er særskilt godt eigna som utgangspunkt i ein studie som dette. Dels fordi mykje av dette stoffet dreiar seg rundt omgrep og definisjonar som er brukte i bestemte evaluatingsopplegg, men også fordi eg meiner det må vere eit poeng i seg sjølv å unngå før- konstruerte forestillingar om kva evaluering er. Særskilt viktig blir sjølvsagt dette dersom slike forestillingar og definisjonar er utforma i oppdrags- eller "anvendte" samanhengar, slik mykje av det som er skrive om evaluering av forsking er.

Dermed vart det klart at eg måtte danne meg eit bilet av evaluering ut frå korleis fenomenet framstår for aktørar i det empiriske feltet og ut frå eit studium av den allmenne problematikken som ligg i eit bestemt "case". Kva blir det oppfatta som? Kor "alvorleg" skal ein ta evaluering? I kva grad endrar evaluering den vante arbeidsdagen for tilsette, osb? Interessa for evaluering blir dermed styrt i retning av korleis fenomenet inngår (eller ikkje inngår) i arbeidspraksisen til dei tilsette, og særskilt i kva grad det medfører endringar i denne praksisen.

## **Visse og uvisse om einannan**

Dei første studia av intervjeta viser to typiske "refleksar" hos dei vitskapleg tilsette når dei snakkar om spørsmåla ovanfor. Dei følgjer gjerne etter kvarandre i tid i laupet av intervjuet og det gir såleis mening å kalle dei ein "første" og ein "andre" refleks. Frå før visste eg at universitetstilsette, når dei snakkar om dette, ofte tar "administrative" forsøk på styring og utvikling av vitskapleg verksemnd lite høgtideleg. Holdninga i "den første refleksen" er ofte at dette er noko andre enn vitskapleg tilsette meir eller mindre legitimt driv på med, men som sjeldan set spor etter seg utover at ein sysselset nokre administrativt tilsette og kanskje oppnår ein "symbolisk" effekt. I tillegg krev slike tiltak tid og ressursar frå dei vitskapleg tilsette si side og som dermed går ut over meir viktige arbeidsoppgåver. Det som verkeleg betyr noko er fordeling av pengar, stillingar og andre ressursar, og at ein får ro til å skape noko med desse ressursane. Tilsette ved universitetet framstår oftast som "praktisk" og "realistisk" orienterte i forhold til arbeidsvilkåra sine. Særleg ser dei som har lang erfaring meir mot stabiliteten i universitetskvardagen enn mot dei meir skiftande og ulike ideologiske regimene for styring av verksemda, når dei utformar sin eigen arbeidspraksis. Denne holdninga er slik sett i tråd med analysar av dei generelle utviklingstrekk i norsk høgare utdanning: Store, brå endringar i forholdet mellom universitet og styresmakter har ikkje gått føre seg, og endringane som har skjedd vedrører dessutan både universitetet og staten som tett samanlevde institusjonar (Jfr. Bleiklie, Høstaker og Vabø 2000: 59- 63).

Denne erfaringa med universitetstilsette gjorde at eg på førehand hadde bestemte forventningar til korleis reaksjonane på og meiningane om evalueringstiltaket ville vere hos samfunnsvitarane: Dersom det var snakk om eit evaluatingsprosjekt som skulle få konsekvensar for ressursfordeling og/ eller omfordeling mellom miljøa, ville eit slikt prosjekt skape sterkt engasjement enten det var for eller mot. Kunne evalueringa derimot identifiserast som eit nytt tilfelle av meir eller mindre luftige organiseringsforsøk og postulering av gode meiningar, ville eit slikt tiltak fort tape interesse og like raskt bli gløymt i miljøa. Av desse alternativa rekna eg med at den siste fortolkinga ville vere mest vanleg.

I ein norsk samanheng har m.a. Tore Lindbekk stadfesta desse forventa reaksjonane ut frå sine studier av evalueringar i Norge. Han meiner at evaluatingsomgrepet i Norge

har fått eit meir "...løst innhold enn i enkelte andre land, hvor utgangspunktet var mer formaliserte modeller for forskningssteders produktivitet og forutsetninger..."

(Lindbekk 1997: 2) I tillegg har han også peikt på at oppfølgjing og interesse for evalueringar hos oppdragsgivarar (t.d. forskingsrådet) i Norge, har vore svak.

Årsakene til dette meiner han dels er å finne i eit manglande samsvar mellom ulike anvendte behov i ein nasjonal forskingskontekst og kriteriene og måla som blir brukte av dei ofte internasjonalt påskjøna forskarane som fungerer som dommarar. I tillegg har desse også ei for svak forståing for den norske faglege konteksten, noko som endar ut i svært generelle og utsøyde råd og vurderingar.

Likevel finn Lindbekk at ein kan etterspore "påtakelige effekter" av evalueringar, nemleg i tilfelle der: "...: programmer endrer innhold svarende til "dommernes" anbefalinger - enkelte forskningssteder settes til side bevilningsmessig, mens andre omorganiseres." (Lindbekk 1999, sjå også NFR- rapporten "Metaevalueringen" (Brofoss 1997)).

Evaluering har altså ulike verknader, dels intenderte og dels uintenderte og med ulik relevans for politikarar, byråkratar og forskarar. I "den andre refleksen" ser også informantane mine dette potensialet for ambivalens og uvisse i verknadene av evaluering. Sjølv om vitskapleg tilsette ofte har klare oppfatningar om kva for motiv som ligg bak igangsettinga av evalueringstiltaka, er mange av dei meir usikker på konsekvensane, eller dei er usikker på i kva grad dei sjølve eller andre kan ha styring med konsekvensane. "Den andre refleksen" rommar slik også ei erkjenning av sjansane for at evaluering verkeleg kan få viktige, men altså usikre, verknader.

Desse delvis forventa forholda - den sikre vurderinga av evaluering i ein første respons og den meir usikre og tvetydige i ein andre respons i intervjuet - var grunnlag for å relatere evaluatingsfenomenet til meir omfattande tema og spørsmål knytt til vitskapleg arbeid ved norske universitet. Fordi eg ville ha informantar til å snakke om evaluering i andre samanhengar enn dei som lett fell inn i dei opptrakka motsetningane mellom fagleg verksemnd og administrativ verksemnd, symbolske eller reelle verknader av evaluering, osb., meinte eg det kunne ha mykje for seg å introdusere andre, men relaterte tema i intervjuet med dei tilsette. I prosjektskissa til dette studiet sette eg derfor evalueringa inn i samanhengar som reflekterte ei slik utvida interesse. Spørsmålet om korleis evaluering blir oppfatta av dei tilsette måtte

sjølvsagt også vere med, men først og fremst meinte eg det ville vere interessant å sjå på korleis eit fenomen som evaluering verka inn i fagutviklings-prosessar. Uansett føremål og ulikskapar mellom dei ymse evalueringstiltaka elles, så har evaluering alltid eit potensiale for å innverke på, eller bli brukt i utforminga av faga. I alle fall to trekk ved evalueringa av det samfunnsvitskaplege fakultetet rører direkte ved fagutviklingsaspekt:

1. Den mest opplagte effekten evaluering kan ha for fagutvikling er å gi råd om kva for veg eit fagmiljø bør gå framover, basert på ei vurdering av den eksisterande profilen. Oftast medfører slike råd framlegg til omprioritering av forskingsfelt innan miljøet, eller meir generelle oppmodingar om å samle seg rundt færre og meir konsentrerte tema. I dei instituttvise vurderingane finn ein mange døme på slike råd.
2. Eit anna mål kan vere å samanlikne forsking og utdanningstilbod med det som finst andre stader, og å bruke dette som rettesnor for i kva grad det er behov for endringar i eigen aktivitet. Slike mål om samanlikning vart nedtona av fakultetsleiinga både før og etter at hovudrapportane vart skrivne. SV- fakultetsevalueringa vart tvert om framstilt som eit alternativ til slike rangeringsfokuserte og ofte talbaserte evaluatingsopplegg.<sup>2</sup> Etter tiltaket var ferdig vart det skrive ein særskilt rapport der ein gjorde greie for skilnadene mellom institusjonsbaserte og nasjonalt baserte evaluatingsopplegg. I kontrast til dei nasjonale opplegga ville ein m.a. unngå førbestemte krav til eigenutvikling og opne for "individuelle spørsmål som gjelder det enkelte fagmiljø/ den enkelte institusjon." (Trageton og Utne 1995) Sjølve opplegget skulle også vere mogleg å revidere undervegs.

Desse to punkta indikerer at det nettopp var fagutvikling som var intensjonen med denne evalueringa. Intervju med dei som har stått i leiinga for prosessen stadfestar også dette. Meininga var å spore til engasjement og interesse hos dei vitskapleg tilsette for å tenke gjennom den eksisterande fagprofilen, og med basis i ei slik vurdering medverke til sjølvstyrte eigenutviklingsprosessar. Dei eksterne vurderingane var også tenkt som innspel i denne prosessen; meir retta motrådgiving

---

<sup>2</sup> Like fullt vart nettopp denne modellen brukt i eigenevalueringa av institutt for økonomi. Dette instituttet er også det som alt i alt får den mest positive omtalen av den eksterne komiteen, ikkje minst pga. det fordelaktige inntrykket instituttet gir i samanlikning med andre økonomiske fagmiljø.

enn kontroll. Eit sentralt tema i intervjeta med dei vitskapleg tilsette vart dermed om det var slik evalueringa vart oppfatta, og i kva grad tiltaket har ført til omlegging av, eller i det minste bevisstgjering rundt fagutviklinga ved instituttet.

## To arbeidsproblemstillinger

Med bakgrunn i det som no er skrive kan ein destillere ut (minst) to problemstillingar denne avhandlinga skal granske nøyare.

1. Korleis, og på kva for grunnlag går diskusjonen om styring og kontroll av vitskapleg aktivitet føre seg?
2. Korleis utviklar samfunnsfaga (i Bergen) seg? På kva måtar går nyskaping og endring føre seg?

Føremålet med denne avhandlinga vil m.a. vere å vise at desse to spørsmåla heng saman i ein felles problematikk og arbeidet vil også ta sikte på å vise korleis denne samanhengen kan vere. Intuitivt er det nemleg freistande å sette dei inn i kvar sine relativt uavhengige kontekstar, der ein kan granske det eine uforstyrra av det andre. Ein typologi over desse kontekstane kan sjå slik ut:

Kontekst 1	Kontekst 2	
Sosial organisering.	Ikkje-sosial organisering.	
Politikk, administrasjon, politiske og administrative "signal"	Talent, evner, forskingsmessige interesser, kreativitet (logikk, metodologi)	
Institusjonsnivå, universitetet	Gruppenivå, instituttet	Individnivå, forskaren

Grunnmetaforen for denne inndelinga er ei polarisering av "interne" og "eksterne" forskingsrelevante forhold. Slik modellen er skissert ovanfor, er det kanskje mest snakk om eit "kontinuum", der ein gradvis rører seg frå det eine til det andre temaet. I forhold til dei to problemstillingane mine kunne ein plassere fagutviklingsproblematikken nær den "uorganiserte" og individorienterte enden av kontinuumet, medan spørsmålet om korleis styring og kontroll av vitskap går føre seg enkelt fell inn under den sosialt organiserte og institusjonsmessige, "politiske" delen. Skal ein unngå uheldige konsekvensar av å akseptere ei slik inndeling, må ein problematisere føresetnadene. Men dette er ikkje lett. Først og fremst handlar

problemet om at ideen om "indre" og "ytre" faktorar for menneskeleg handling og skaparkraft er ein commonsensisk ide som både forskrarar og andre rutinemessig orienterer seg etter<sup>3</sup>. Det finst også institusjonaliserte praksisar som svarar til desse premissane – vitskapsfilosofien tar seg av spørsmåla om kva for problemstillingar det er meiningsfullt å stille ut frå innsikt i kva for krav ein innan ulike disciplinar set til metode og teoribruk, medan vitskapssosiologen eller - historikaren gjerne drøftar forskinga sin samfunnsmessige posisjon og historiske utvikling med utgangspunkt i "vitskapseksterne" forhold.

I seinare tid har fleire vitskapssosiologar og - historikarar peikt på at ein ikkje kan finne igjen dette skiljet mellom interne og eksterne forhold i studier av bestemte historisk og lokalt situerte vitskaplege "funn", forskingsprosjekt og eksperiment. I ein review- artikkel viser Myles W. Jackson (1999) fram fire slike studier. Alle har det felles at det er fokuset mot vitskapleg aktivitet som "Labor, Skills, and Practices" som er understreka. Dersom ein studerer vitskapen med dette som utgangspunkt løyser skiljet mellom interne og eksterne, vitskaplege og samfunnsmessige forhold seg opp (sjå også Latour 1987, kap 4). Jackson går gjennom Peter Galison sine studier av laboratoriemaskiner innan fysikken, Robert Kohler sin analyse av eit bestemt insekt sin funksjon som nettverk- og kulturskapar, Andrew Pickering si forståing av forskingsprosessen som ein dialektikk mellom tilpassing og motstand i relasjonen mellom forskaren og dei eksperimentelle instrumenta, ("The mangle of Practice") og Ken Alders studium av ingeniørar sin "sosiale epistemologi". Ved studiar av kva for praktiske aktivitetar forsking består av, av den historiske utviklinga av vitskapleg aksepterte prosedyrar og teknologi (som kan ha eigen handlingskraft) og forskarane sine sosialt orienterte måtar å forhalde seg til dette komplekset, viser dei nemnde arbeida den tette relasjonen mellom vitskap og samfunn. Jackson avsluttar: "Precicely because what counted as a skill and who possessed such knowledge were relevant questions to both science and society, the historical study of skills and practices can begin to illuminate their complex interactions." (op. cit.: 913)

---

<sup>3</sup> Faktisk er det nokså ofte informantar framhevar dette skiljet. Det typiske svaret på kva som skapar god forsking er at ein først må ha "flinke folk" og deretter "gode arbeidsforhold".

## Sosiologiske studium av samfunnsvitskapen

Tydeleg nok har desse eksempla også eit anna fellestrek, nemleg at dei dreiar seg om naturvitskaplege emne. Bruno Latour sine "laboratoriestudier" utgjer eit av pionerarbeida på dette området (Latour og Woolgar [1979], 1986). Ei tilsvarende samlande retning eller tradisjon innan studier av dei humanistiske- og samfunnsfaglege vitskapane finst ikkje. Derimot finn ein to nokså ulike forsøk på å granske desse faggruppene sine vitskaplege praksisar i delar av det engelske "social studies of science"- miljøet og i historisk- sosiologiske arbeid der samfunnsvitskapen blir analysert som produsent av omgrep og kategoriar for staten og andre viktige samfunnsinstitusjonar.

### **Første forsøk: Refleksivitet og "new literary forms"**

Det engelske miljøet har vore opptatt

VENT LITT – DU SKRIV SOM OM DU VEIT NOK OM DETTE MILJØET TIL Å  
SUVERENT KALLE DET EIT MILJØ OG DERMED PRESSE DET INN I EIN  
KONTROLLERBAR KATEGORI SOM DU DERETTER KAN SETTE TIL SIDE,  
GJERE IRRELEVANT, AVVISE SOM SÆRT ELLER LIKNANDE.

Slapp av, poenget her er jo berre å vise at det finst fleire måtar å granske samfunnsvitskapens sosiale opphav på.

NETTOPP! DETTE ER EIN TYPISK REALISTISK- KONVENSJONELL MÅTE Å  
SKRIVE PÅ SOM VISER AKKURAT KVA VI MEINER.

Nei, dette aksepterer eg rett og slett ikkje, men greitt nok – de får fortelje litt om dette perspektivet på dykkar eigen måte, sjølv om de også var innom hovudoppgåva mi på ein liknande måte og dei som har lese den no sikkert kjenner eit visst ubehag og ein uro over om eg har tenkt å skrive avhandling i denne "second voice device" stilten. Eg trur dei kan ta det med ro, det skal ikkje bli ein vane<sup>4</sup>.

---

<sup>4</sup> Men det skal det vise seg at denne arbeidsreiskapen (second voice device) faktisk opptrer med ujamne mellomrom gjennom denne avhandlinga. Malcolm Ashmore, som i sin "The reflexive thesis" går gjennom bruken av, og ulike aspekt ved refleksivitet slik fenomenet opptrer i nyare vitskapssosiologi, skildrar bakgrunnen for dei "nye litterære formene" slik: "The idea is that the format of the standard empiricist research report inhibits the development of any serious and sustainable reflexive practice, and that therefore other alternative formats are to be preferred." ... "It has been advocated in Mulkey 1984a, 1985; Woolgar 1982, 1988a; Ashmore 1989; and Woolgar and Ashmore 1988." (Ashmore 1989: 66) I tillegg til dialog med ein "second voice" som eg nyttar i avhandlinga, finst det også andre alternative former til ein "standard forskingsrapport", og Ashmore nemner m.a. skodespelet, limericken, parodien, parabelen, anti- føreordet, anti- introduksjonen, førelesinga, parallelteksten,

NEI, SJØLVSAGT IKKJE. DETTE SKAL JO VERE SERIØS FORSKING.  
DESSUTAN ER IKKJE "VI" DET ENGELSKE MILJØET, SOM DU KALLAR  
OSS, MEN BERRE DINE IDIOSYNKRATISKE OPPFATNINGAR AV KVA  
NOKON AV OSS DRIV MED. DET VI BALAR MED ER IKKJE, SLIK MANGE  
TRUR, Å DEMONSTRERE KOR "NYTENKJANDE" OG "SOFISTIKERTE" VI  
ER MED OMSYN TIL REFLEKSIVITET I SAMFUNNSVITSKAPEN. TVERT I  
MOT TAR VI PROBLEMET MED DET ETABLerte SKILJET MELLOm  
"INTERNE" OG "EKSTERNE" VITSKAPSRELEVANTE FORHOLD MEIR  
ALVORLEG ENN ANDRE: "In a recent manifestation (av sosiale studier av vitskap)  
- the sociology of scientific knowledge (SSK) - this tradition has deployed a form of  
relativism to make the point that scientific and technical knowledge is not the  
rational/logical extrapolation from existing knowledge, but the contingent product of

---

ordboka og eksaminasjonen som døme på skriveformer som har blitt brukte av utøvarar innan (særleg vitskaps-) sosiologien. Mykje av bakgrunnen for å utvikle slike litterære former, er (som vist i hovudteksten) at det absolutte skiljet mellom fakta og fiksjon, som elles "... constitutes the most basic interpretative prop for the production of scholarly/scientific (nonfiction) discourse" (op. cit.: 66), blir problematisert i *praksis* gjennom desse formene. Mellom dei som har kritisert desse refleksive skriveformene, finn vi Latour (1988, sjå også kap. 2 og kap. 5 i avhandlinga), som hevdar at desse forsøka i stor grad speglar "... a naive and irrepressible belief in the possibility of writing truer texts." (Latour 1988: 168) Ingen meta- nivå, litterære nyskapningar eller andre "trick" kan endre på det semiotiske poenget at alle tekstar handlar om noko anna enn seg sjølv. "There is no way to order texts in layers because they are all equal. Texts, so to speak, live in a democracy, as far as semiotics is concerned." (Op. cit.: 169). I høve ein situasjon der eit kritisk og refleksivt publikum (som finst i alle lag og til alle historiske tider), skal lese teksten, blir det dermed eit meir adekvat prosjekt å med alle middel prøve å overtyde lesaren om at det er eit samband mellom teksten og det den handlar om. Folk er ikkje "naive believers" som treng opplæring i å ikkje tru alt dei les, meiner Latour. Eit mykje meir vanleg problem er at teksten blir for lite trudd, og derfor treng ein å bruke alle tilgjengelege stilistiske åtgjerder i teksten og dessutan alle tenkelege allierte utanfor teksten - for å få den til å bli trudd på. Same kva for refleksive, metodologiske, dekonstruktivistiske, seriøse og statistiske verkemiddel ein nyttar, vil ikkje historier forskarar fortel bli ikkje- historier, men, hevdar Latour, historiene bør i alle fall handle om noko, dei bør prøve å gjøre *verda* interessant og levande. "Down with Kant! Down with the Critique! Let us go back to the world, still unknown and despised. If you sneer at this claim and say `this is going back to realism`, yes it is. A little relativism takes one away from realism; a lot brings one back." (Op. cit.: 173) Ashmore vurderer på si side dette engasjementet hos Latour for "infra-refleksive" tekstar som "a romance", (Ashmore 1989: 60), fordi slike tekstar i praksis vil vere uråd å skilje frå dei ikkje- refleksive. Eit unntak er likevel Latour sin "Aramis, or the love of technology" (Latour 1996) som han meiner er den beste (og einaste) framsyninga av korleis infrarefleksiv skriving kan sjå ut (Ashmore, 2003, personleg kommunikasjon). Når det gjeld min eigen bruk av "second voice device" i denne avhandlinga, så er den ikkje først og fremst meint å opplyse forholdet mellom fakta og fiksjon, sjølv om eg meiner at ei slik form i seg sjølv utan tvil problematiserer dette skiljet betre enn eg kunne ha gjort utan den. Men dersom ein, med Latour, har som utgangspunkt at publikum for ein tekst allereie er refleksivt, kløktig og har ein velutvikla "kritisk kapasitet", og derfor må *overtydast* meir enn opplærast, så må det også vere viktig å gi dette publikumet tilgjenge til forfattaren sine "interne" diskusjonar med seg sjølv om korleis å løyse eller å leve med ulike problem som oppstår i arbeidsprosessen. "Second voice device" er ein effektiv og økonomisk reiskap i så måte, fordi den kan bryte inn i alle delar av ein tekst, utan omstendelege introduksjonar til kva for problem som skal bli diskutert, og utan at ein treng å avgrense slike diskusjonar til bestemte delar av avhandlinga. Stemma som er markert med STOR SKRIFT, har ingen konsistent eller samanhangande identitet gjennom avhandlinga, t.d. i form av eit bestemt sosiologisk perspektiv, men utgjer ein kritisk, av og til rådgivande og til tider konkluderande instans, som hovudstemma med liten skrift må forhalde seg til.

various social, cultural and historical processes (for example, Knorr-Cetina and Mulkay, 1983). The general issue of reflexivity emerges in the specific area of the social studies of science, once it is recognized that the same point can be made about the knowledge produced by SSK." (Woolgar og Ashmore 1991: 1, første parantes min.)

UTGANGSPUNKTET ER AT EIN IKKJE BERRE MÅ SNAKKE OM REFLEKSIVITET - ENKELT FORSTÅTT SOM AT FORSKINGSPROSEODYRER OG FORSKINGSRESULTAT ER FORMA OG UTVIKLA INNAFOR EIT SOSIALT, LOKALT OG HISTORISK UNIVERS-, MEN OGSÅ UTØVE REFLEKSIVITET. SKAL EIN GJERE DETTE KONSEKVENT MÅ EIN OGSÅ VERE VILLIG TIL Å NEDTONE DEN SIKRE, ANALYTISKE STEMMA I DET EIN SKRIV, EI STEMME SOM STADIG MOBILISERER "SUNNE REALISTISKE INTUISJONAR"<sup>5</sup>, FRAMKALLINGA AV EI KJENSLE AV SJØLVSAGT VISSE OG TRYGGLEIK. EIN OPPNÅR EFFEKTEN GJENNOM Å REINGJERE TEKSTEN FOR DEI FORHOLDA SOM GJER PRODUKSJONEN AV HAN MOGLEG. DET ER FOR Å UNNGÅ DETTE AT EIN HAR FUNNE PÅ SLIKE SNEDIGE ORDNINGAR SOM "SECOND VOICE DEVICE", SOM BRYT NED DENNE UNIVERSALISTISKE, HEILSKAPLEGE - "DETTE ER SKIKKELEG FORSKING"- STILEN. Å PÅPEIKE AT FORSKING (OGSÅ SAMFUNNSVITSKAPLEG) ER SOSIAL, LOKAL OG HISTORISK BØR MAO. OGSÅ GI SEG UTSLAG I EIN MÅTE Å SKRIVE PÅ SOM LETTARE LET SEG EKSPONERE FOR KRITIKK OG VURDERINGAR SOM SER DET LOKALE, HISTORISKE OG SOSIALE. ANDRE SOM OGSÅ ER OPPTATT AV DESSE SPØRSMÅLA LØYSER GJERNE DESSE PROBLEMA MED Å SKRIVE FORMULERINGAR (I INNLEIINGAR ELLER I SMÅ DRYPP UTOVER I TEKSTEN) SOM AT "DETTE ER SJØLVSAGT SYNSPUNKT OG ANALYSAR SOM ER HISTORISK REVIDERBARE" ELLER RETT OG SLETT "UT FRÅ FORFATTAREN SIN STÅSTAD ARTAR FORHOLDA SEG SLIK". DESSE VARIANTANE HAR LIKEVEL DEI UHELDIGE OG SANNSYNLEGVIS UINTENDERTE KONSEKvensane AT DEI: 1- I FOR LITEN GRAD TVINGAR LESAREN TIL Å TA FORMULERINGANE ALVORLEG, 2- IMPLISITT GJER REFLEKSIVETS PROBLEMET TIL EIT PROBLEM OM SUBJEKTIVITET.

---

<sup>5</sup> Uttrykket er lånt frå Harald Grimen (1989), i eit arbeid der han diskuterer handlingsidentifikasjon. Det er treffande her, fordi det fangar inn den "naturlege holdninga" ein gjerne møter vitskaplege tekstar med.

DIALOG- FORMINGA AV TEKSTEN (SOM DU NEKTAR MEG NO VED Å KREVE EI AVGRENSA EINETALE) ER TRULEG NØDVENDIG, SJØLV OM NATURLEGVIS IKKJE ALLE KAN HALDE PÅ MED DETTE. VI SER JO AT DET OGSÅ FINST ANDRE VIKTIGE TEMA I SAMFUNNSFORSKINGA. VI MEINER MAO. AT SJØLV OM DU BESTEMMER DEG FOR IKKJE Å BRUKE EI DIALOGISK FORM I AVHANDLINGA DI, SÅ VIL DIALOGEN UANSETT VERE DER – T.D. MELLOM ULIKE SYNPUNKT ("STEMMER" (Wertsch 1991)) I DEG SJØLV, MELLOM NOKRE AV DESSE STEMMENE OG DEI ULIKE "RESEPSJONANE" DU GÅR UT FRÅ AT ARBEIDET DITT VIL FÅ, MELLOM LESAREN OG DET SOM STÅR I TEKSTANE DINE, OG MELLOM "STEMMER" HOS LESAREN OG HANS ELLER HENNAR OPPFATNINGAR AV "MILJØET" DU TILHØYRER (DEGENERERING AV BERGENSSOSIOLOGIEN?, "ENDA EIN POSTMODERNIST", O.L.) MEDVITET OM DESSE DIALOGANE FORMAR ARBEIDET DITT. KORT FORTALT ER DET SLIK VÅRT BIDRAG ER TIL FORSTÅINGA AV SAMFUNNSVITSKAPENS SOSIALE OPPHAV.

Så slik sett er det likevel ein likskap til Jacksons fire studier av naturvitenskapleg basert forsking,- både "Sociology of scientific knowledge" og prosjekta Jackson refererer peikar på at "what counts" som kunnskap og kompetanse er eit produkt av historisk bestemte prosessar?

JA (NEI), DET ER (IKKJE) RETT.

Ver klar over at det er slike svar som gjer folk irriterte. Eg tolkar det som eit JA. I så fall kan eg også få til ein fin, men sannsynlegvis litt suspekt, overgang til neste punkt på programmet- ein presentasjon av eit anna prosjekt som også understrekar denne historiske dimensjonen i utviklinga av vitskapen.

### *Andre forsøk: Ein pragmatisk og symmetrisk sosiologi*

I studiar av naturvitenskapen fell det lett å konsentrere seg om eksperimenta, instrumenta, prosedyrene – alt dette som utgjer reiskapane for utøvinga av praksisen, for å gjere denne praksisen mogleg å handtere for sosiologiske studiar (Jfr. m.a. Latour og Woolgar 1986: 45-53). I human- og samfunnsvitskapane er ikkje desse reiskapane så opplagt til stades. Dersom ein skal oppheve skiljet mellom dei interne og eksterne kategoriane må ein derfor gjere det på anna vis her. Peter Wagner (1994)

har vist korleis dette kan bli gjort ved å vise til konvensjonaliseringspraksisar i faga - dvs. prosessen der omgrep, kategoriar og praksisar blir utvikla gjennom ulike historiske prosessar<sup>6</sup>. Alain Desrosieres (1990) sitt studium av korleis ein har laga "things which hold together" i triangelet statistikk, samfunnsvitskap og stat, er det mest kjente prosjektet med ein slik ambisjon<sup>7</sup>.

For å vise relevansen av ein slik måte å granske evalueringa av SV- fakultetet på, vil eg først streife innom eit paradoks eg tenkte ein del på i starten av dette avhandlingsarbeidet. Eg kunne nemleg ikkje sjå det som noko anna enn eit sosialt paradoks at så mange av både forskarar, administratorar, politikarar og andre så uproblematisk aksepterte at forsking og vitskapleg arbeid, som (framleis) har status som det ypparste og mest prestisjetunge av all kunnskapsutvikling, skulle bli vurdert, målt og gitt råd frå aktørar som i evaluatingsarbeidet ikkje sjølve har vitskapleg teori og metode som rettesnor. Trass i at "forsking" for mange har blitt ein utflytande kategori gjennom det auka talet på institusjonar og miljø som kallar verksemda si for forsking, og at moderne menneske har ein større tendens til å vurdere forskingsresultat og funn på sjølvstendig, "individuelt" grunnlag, så er det vanskeleg å argumentere for at skiljet mellom forsking og annan kunnskapsproduksjon heilt har forsvunne. Den uformelle kunnskapen om kva for miljø som verkeleg er gode, kven som arbeider langsiktig, kven som er "statens forlenga arm" (ein status ein står i fare for å oppnå t.d. gjennom å ta for mange oppdrag frå departement o.l.), osb., viser nettopp at dette skiljet framleis finst og er viktig, i alle fall mellom universitetsforskarane sjølve. Når forskarar og universitetstilsette så lett kritiserer kvarandre for svake og mangelfulle arbeid i typisk vitskaplege samanhengar, kvifor aksepterer dei da relativt motstandslaust at arbeidet deira blir vurdert gjennom ikkje vitskaplege metodar, ei vurdering med potensielt større konsekvensar enn den vitskaplege vurderinga dei måtte få?

---

<sup>6</sup> Det mest generelle inntrykket han gir av samfunnsvitskapens utvikling her er at denne "diskursen" konstituerer ei forvaltning av det moderne med andre middel enn dei politiske, men at den heng nært sammen med politiske forhold.

<sup>7</sup> Å studere nettopp "statistikk- instrumentet" kan ein seie er ei tydeleg overføring av interessa for maskineri og instrument når det gjeld studiet av naturvitenskapen til studiet av samfunnsvitskapen. Dersom ein i det heile aksepterer at det er ein likskap mellom Desrosieres (m.fl.) sine studium og perspektivet som eg her har sett under merkelappen "sociology of scientific knowledge" (noko eg er usikker på), kan ein vel også seie at det sistnemnde perspektivet også gjer "ikkje- instrumentelle" sider ved samfunnsforskinga til gjenstand for sosiologien.

Kanskje er det naivt å setje dette opp som eit paradoks; også universitetstilsette må sjølvsagt innrette seg i forhold til større samfunnsmessige samanhengar. Men nettopp i slike argument finn ein spor av den "sjølvsagte" arbeidsdelinga mellom institusjonane i dette feltet, og eit uttrykk for kor sterkt den er nedfelt i medvitet til aktørane. At forsking og vitskapleg arbeid elles blir vurdert av ikkje- vitskaplege aktørar blir akseptert av tilsette ved universitetet, enten ved aktiv tilslutning til ideen om at forskinga skal "gi noko tilbake til samfunnet", eller ved ein (til tider resignert) aksept av at dette er ein sterk ide, og at ein på ein eller annan måte må forhalde seg til denne forestillinga. Men det er medvitet om eksistensen av den "vitskaplege institusjonen" og "den administrative/ politiske institusjonen" som legg grunnen for denne aksepteringa, og som gjer det unødvendig og/ eller irrelevant å protestere eller argumentere mot denne praksisen med basis i slike vitskaplege argument.

"Vitskaplege argument" høyrer til innanfor dei reint vitskaplege kontekstane – i seminara, i artiklane, i bedømmingskomiteane, i dei interne diskusjonane, men slike resonnement blir på eit vis nøytraliserete i den fagpolitiske debatten med andre institusjonelle aktørar. At forskarar kjem med synspunkt og har holdningar som kan ha lite med daglegdagse problem og utfordringar å gjere, er eit velkjent fenomen mellom administrativt tilsette og politikarar. Delvis er dette reflektert i dei velkjende forestillingane om forskaren som livsfjern, teoretisk, distre, osb. Men ser ein betre etter, viser det seg at vitskapleg tilsette også har evner til å velje ut kva for argument som passar i kva for kontekstar<sup>8</sup>. At så få, gjennom rapportar eller intervju, uoppfordra har argumentert mot evaluering med eksplisitt grunnlag i ein type vitskapleg kritikk av evalueringstiltaket – metodane, teoribruk, empirisk grunnlag for konklusjonar, osb, meiner eg må vere uttrykk for ein slik sjølvsagt bortseleksjon av visse typar argument, og at dette igjen er eit uttrykk for ei bestemt oppfatning av relasjonane mellom institusjonane i "universitetsfeltet".

Ei meir omfattande teoretisk forståing av ei slik innforstått arbeidsdeling kan ein finne i arbeida til Luc Boltanski og Laurent Thèvenot. I ein artikkel som omhandlar det dei kallar "kritisk kapasitet" (critical capacity) startar dei innleiingsvis med å skildre tilstanden "critical moment":

---

<sup>8</sup> Denne evna er kanskje likevel ikkje *godt nok* utvikla, sidan dei ovannemnde forestillingane framleis lever i beste velgående. Ein av informantane nemner hovudristande tidlegare næringsminister Grete Knutsen sine utsegner om at dei tilsette på universitetet i mykke større grad "må komme ut av skallet sitt", som døme på slike oppfatningar.

"The starting situation is something like the following: People, involved in ordinary relationships, who are doing things together – let us say, in politics, work, unionism – and who have to coordinate their actions, realize that something is going wrong; that they cannot get along anymore; that something has to change." (Boltanski og Thévenot 1999: 359)

Denne svært vanlege situasjonen dannar utgangspunkt for å tenke gjennom analysen av sosial handling<sup>9</sup>. Forfattarane har bakgrunn i kritisk sosiologi, der Pierre Bourdieu er den mest kjente representanten i Frankrike, men dei meiner det finst "contradictions inherent in such a sociological attitude" (Wagner 1999: 342), som utløyser behovet for teoretisk vidareutvikling. Enkelt framstilt, og basert på Wagners (op. cit.) meir utførlege presentasjon, består desse motsetningane i ein kunnskapssosiologisk og ein handlingsteoretisk dimensjon. Kunnskapssosiologisk handlar det om at den kritiske sosiologien sin konsentrasjon om makt og meir eller mindre skjult undertrykking hindrar ei nøktern, "symmetrisk" forståing av sosiologien sin eigen "sosiale metafysikk". Ei slik innsikt får ein ikkje ved hjelp av Bourdieu sin refleksive sosiologi som til sjuande og sist gjer sosiologien til ein overordna og privilegert posisjon. For Boltanski og Thevenot finst det ikkje slike overordna posisjonar som kan stadfeste eller avkrefte seg sjølv. "Denunciation" (avsløring, avvisning), kan berre skje med basis i andre regime, "metafysikk" eller "orders of grandeur". Slike posisjonar finst det fleire av, og dei er inkompatible og ikkje- reduserbare til kvarandre. Det som derfor går føre seg i kritiske situasjonar som den ovanfor siterte, er forhandling og etableringar av kompromiss. Berre gjennom sosial handling kan rettferdigging frå dei ulike "orders of grandeur" bli sett saman til nye handlingsformasjonar.

Det handlingsteoretiske poenget tar også utgangspunkt i at Boltanski og Thevenot meiner den kritiske sosiologien legg stor vekt på skjult og uoffisiell maktutøving i sosiale relasjonar. Ved å ta utgangspunkt i sosiale "disputes" blir det tydeleg både at det finst "opne", offentlege motsetnader i samfunn, som ikkje berre dreiar seg om staffasje og symbolhandling, men reelle og viktige motsetningar - og at det finst måtar å utarbeide løysingar og kompromiss for desse situasjonane som ikkje a priori kan seiast å vere avgjorde av maktforhold på eit tidlegare tidspunkt. Folk kan ikkje over tid leve i kritiske situasjonar og i arbeidet med å kome ut av desse situasjonane

<sup>9</sup> Peter Wagner (1999) understrekar rett nok at "De la justification", boka som artikkelen eg refererer omhandlar, ikkje bør vurderast som eit forsøk på å skissere ein alternativ samfunnsteori eller ein alternativ normativ politisk teori. Meir bør ein sjå boka som eit forsøk på å leggje grunnlaget for slike ambisjonar, eller i det minste å justere eksisterande teoriar.

brukar dei sjølve ein "kritisk sans" m.a. for å leggje grunnlaget for ei løysing. Boltanski og Thèvenot meiner kritisk sosiologi har problem med å "understand the critical operations undertaken by the actors" og at " – a sociology of criticism taken as a specific object – must therefore give up (if only temporarily) the critical stance, in order to recognize the normative principles which underlie the critical activity of ordinary persons." (Boltanski og Thevenot 1999: 364). Med Peter Wagner kan ein altså slå fast at Boltanski og Thèvenot slik medverkar til å "open the interpretative space" i analysen av sosial handling.

Eit "kritisk" spørsmål til eit slikt program blir likevel frå kva for ståstad ein kan rekonstruere slike spegelbilete av den kritiske aktiviteten til "ordinary persons".

### **Sosiologien om kritisk kapasitet og dei seks "common worlds"**

Det er vanskeleg å finne klare døme på at representantar for tilnærminga eg her legg fram sjølve relaterer sine eigne studiar til vitskapssosiologiske arbeid. I engelskspråklege tekstar finn ein likevel ei slik kopling hos Desrosières, som hevdar ein kan forstå samfunnsvitskapane og samfunnsvitskaplege fakta som resultatet av ei vellukka samling og stabilisering av element som "held saman" (Desrosières 1991: 195, 196)<sup>10</sup>. Slike studiar inneber ei avvikling av skiljet mellom "konstruktivisme" og "realisme", inspirert av det "sterke programmet" i vitskapssosiologien (Bloor [1976], 1991) Det er ein likskap her i analysen av konstruksjon av "harde fakta" i vitskapssosiologien og konstruksjonen av allmenne grunngjevingsrepertoar i sosiologien om kritisk kapasitet. Både faktaproduksjon og grunngjeving involverer prosessar der ulike materielle og kognitive element blir mobilisert som ekvivalente slik at dei saman dannar storleikar som kan motstå kritikk. Peter Wagner relaterer også perspektivet til metodiske føresetnader i det sterke programmet, der ein utfører analysar av røyndomsoppfatningar med så få kategoriar som mogleg utover dei aktørar sjølve innfører, og at ein forklrar alle typar oppfatningar med same type årsaker; prinsippet om symmetrisk forklaring (Wagner 1994: 275, 285). Tematisk har tilnærminga forskingsmessig sterkare koplingar til studiar av arbeidsliv (Boltanski [1982], 1987) og økonomi (Thèvenot 1984) enn til vitskapsstudiar, hovudsakleg

---

<sup>10</sup> Av språkkompetansemessige årsaker, er eg ikkje i stand til å gå inn i det som måtte finnast av koplingar i franske tekstar. Såleis er dette inga uttømmande oversikt over opphavet til sosiologien om kritisk kapasitet.

gjennom interesse for korleis oppkomsten av sosiale kategoriar og "former" går føre seg, og kva rolle slike storleikar spelar i stabilisering og endring av sosiale institusjonar<sup>11</sup>. Sosiologien om kritisk kapasitet og dei seks "orders of grandeur", har også, og ikkje minst, blitt knytt til politisk filosofi (Wagner 1994, 1999) og samtidige politiske kontroversar (Latour 2001)<sup>12</sup>. Dei ulike tangeringspunktene for denne sosiologien gir hint om at å halde oppe fagdisiplinære grenser ikkje er noko viktig mål for Boltanski og Thèvenot. I forlenginga av dei teoretiske interessene deira utgjer slike grenser meir eit objekt for, enn eit utgangspunkt for det analytiske arbeidet.

Vegen til eit meir utvikla rammeverk for slike interesser går gjennom eit "mikrososiologisk" utgangspunkt (også ein likskap med vitskapssosiologien), slik utdraget om dei "kritiske situasjonane" ovanfor viser til<sup>13</sup>. Kva for kompetanse trengst for å diskutere og argumentere i daglegdagse situasjonar? Føresetnader om sams språkkompetanse blir her tatt for gitt av Boltanski og Thèvenot, så lenge aktørar sjølve ikkje problematiserer desse emna. Det er interessa for kva som gir tyngd til argumentasjon som står sentralt. Dersom vold eller fysisk tilbaketrekking frå situasjonen er utelukka som adekvate handlingar, og dersom aktørane sin eventuelle nære kjennskap til kvarandre ikkje gir form til diskusjonen, er lagnaden til argumenta i stor grad avhengig av korleis dei blir knytt til prinsipp og ordningar utanfor argumentatoren sjølv, til noko fleire har kjennskap til og har felles. Prinsippa og ordningane har kome i stand gjennom at det frå før er etablert ekvivalens mellom ulike element. Desse elementa kan ha svært ulik karakter - kognitive og/ eller materielle - og kan spele ei rolle innan mange ulike institusjonelle eller teknologiske område, men blir i situasjonen mobilisert som "like". Å etablere ekvivalens handlar altså om å gjere ulike element like, gjennom at aktørar prøvar å overtyde andre om at dei må bli forstått på bestemte måtar i situasjonen. Å skape slike koplingar er nødvendig for å grunngi eigne meningar og synspunkt i situasjonen. Boltanski og Thèvenot nyttar m.a. eit døme der to bilistar kolliderer (Boltanski og Thèvenot 1999: 361). Begge kjem til denne situasjonen med ulike og ei rekke varierte spesifikke prosjekt og opplevelingar. Begge blir rasande over episoden; - "det var det eg trengte aller minst no, eg har det travelt, kona er sjuk, skattetrykket i samfunnet er altfor høgt,

<sup>11</sup> Sjå også Wilkinson 1997 for ei samanlikning, med utgangspunkt i økonomifaget, av denne tilnærminga, her kalla "convention theory" og reguleringsteori.

<sup>12</sup> Ein indikasjon på Boltanski og Thèvenot sitt engasjement i politiske og moralske spørsmål er nemninga på forskingsgruppa dei tilhøyrer: Groupe de Sociologie Politique et Morale.

<sup>13</sup> Presentasjonen av dette perspektivet er i hovudsak basert på artikkelen "The Sociology of Critical Capacity" (Boltanski og Thèvenot 1999)

det er rasjonaliseringsprosessar i gang på jobben, og så står jammen denne idioten midt i vegen", osb. Skal aktørane kome seg (uskada) ut av ein slik situasjon og re-establere den normale dagen, må alle slike kjensler og prosjekt bli definerte som irrelevante. Dei må som eit minimum bli samde om kva prinsipp ein må følgje for å forstå kva som har hendt, i dette tilfellet prinsippet om trafikkreglar. Trafikkreglar gjer vegmerking, førarkort, bremselengder, menneskeleg svikt, avstand mellom kjøretøy, osb. til ekvivalente storleikar som det er relevant å diskutere og setje på prøve i den vidare gangen. Omgivnadene blir no engasjerte som offentlege og generelle fordi reiser og transport er ein aktivitet svært mange tar del, og dei gjer det over lang tid. Deltakarar i eit trafikkuhell kan dermed ha som føresetnad at kritiserande eller forklarande ytringar blir vurderte av eit tilstadeverande eller tenkt publikum. I slike situasjonar er andre aktørar og argumenta deira del av ei verd alle har felles. Dette tyder ikkje at aktørar er ukjende med at skilnader i perspektiv, kultur, klasse, kjønn, osb. kan gi ulike utgangspunkt i denne verda. Tvert om blir slike skilnader sett i forhold til føresetnaden om at alle menneske er like og like verdifulle på eit heilt grunnleggjande plan (prinsippet om "common humanity", Boltanski og Thèvenot 1999: 366, 367), og det er dette spenningsforholdet mellom grunnleggjande likskap og situasjonsrelaterte tilskrivne skilnader som gjer grunngjeving og rettferdigjering av synspunkt så nødvendig. Den felles verda kan ein nemleg fastsetje og grunngi med basis i ulike verdiar. Grunngjeving og rettferdigjering blir slik ein type praktisk kompetanse som kjem i bruk både for å fremje eigne synsmåtar og for å forstå andre aktørar og verda meir generelt. "Legitimering" av synsmåtar skjer i høve noko utanfor aktøren, men også i høve noko utanfor den umiddelbare og lokale situasjonen. Situasjonen og argumenta i den blir sett som døme på, eller variantar av prinsipp som er meir varige enn situasjonen, og løysingar, semjer og forlik mellom aktørar er derfor ofte retta inn mot å kunne stå i mot kritikk.

I tilnærminga til Boltanski og Thèvenot er det eit sentralt poeng at situasjonar vekslar med omsyn til kor generelle dei er, eller rettare, situasjonar er ulike i forhold til i kva grad dei gir aktørar rom til å trekke inn meir allmenne verdiar i den aktuelle disputten. "Trafikkreglar" er slik sett vanskeleg å kritisere, "avsløre" eller setje til side i ein konkret disputt om ein kollisjon, men i situasjonar med meir tid og mindre behov for ei snarleg løysing kan det vere relevant å diskutere kva for meir generelle prinsipp

som bør regulere åtferd i trafikken. I slike situasjonar viser det seg at trafikkreglane sjølv er eit kompromiss mellom "det sivile" og "det industrielle" rettferdsregimet<sup>14</sup>. Desse regima er to av seks historisk utvikla rettferdsregime ("regimes of justification"), som Boltanski og Thèvenot identifiserer med utgangspunkt i empiriske studiar av grunngjevingspraksisar. Ein kan skilje mellom rettferdsregima på basis av kva for type fellesgode dei refererer til. I det sivile regimet er det eksempelvis kollektiv likskap som er godet, medan fellesgodet er effektivitet i det industrielle. Regima blir også omtalte som "common worlds" eller "orders of worth", og gjennom å vere del av ein type moderne *offentleg* kunnskap, skil desse seg frå meir lokalt baserte og spesialiserte kunnskapsformer som finst innan "regime of familiarity" (sjå nedanfor). Kunnskapen er offentleg i den forstand at dei finst som allmenne fortolkningsskjema hos aktørar. Samfunnsmedlemmer går ut frå at alle andre kjenner til og nyttar denne kunnskapen.

Ein slik modell av ei avgrensa mengd offentlege, grunnleggjande rettferdsregime er eit forsøk på å unngå å måtte velje mellom på den eine sida konstruksjonar av eit universelt prinsipp eller ein universell konvensjon som kan leie fram til eit rettvist samfunn (eit konstruksjonsarbeid moralfilosofien gjerne opptek seg med), og på den andre sida biletet av ein uavgrensa pluralitet av verdiar knytt til diverse sosiale grupperingar (som ofte blir forfekta av empiriske disiplinar som historie og sosiologi). Metoden som blir brukt til å konstruere den avgrensa mengda regime eksemplifiserer også kunnskapssynet i denne tilnærminga. "Høg", teoretisk og "låg" praktisk kunnskap blir sett saman til kunnskapskonstruksjonar "alle" har felles. I analyse av praktisk sosial handling, her i form av grunngjevingspraksisar, er det desse samansette storleikane som må vere dei mest interessante, fordi det er dei aktørar sjølve nyttar samstundes som desse kunnskapsformene trancenderer einskildaktørar og einskildsituasjonar i form av eit avgrensa utval av meir varige felles regime. Den "høge", teoretiske kunnskapen hentar Boltanski og Thèvenot frå politisk filosofi; sentrale verk frå St. Augustin, Bousset, Hobbes, Rousseau, Smith og Saint-Simon blir respektivt nytta til å klargjere og reindyrke prinsippa innafor det dei kallar "the world of inspiration", "the domestic world", "the world of renown", "the civic world", "the market world" og "the industrial world". Dei klassiske arbeida til desse teoretikarane

---

<sup>14</sup> I eit radiointervju nyleg heldt ein trafikklærar fram at trafikken skal vere som samfunnet elles. Det skal vere plass for alle og alle aktørar må vere budd på og vise sympati for at andre kan gjøre feil. Det største problemet i trafikken er slik sett ikkje eldre menneske som kjører mot kjøreretninga i einvegskjørte tunnelar, men sjølvskre 50-åringar i nye bilar som ikkje tolererer slike handlingar.

blir sett som utarbeidde versjonar av grunngjeving og argumentasjon som gjer seg gjeldande også i daglegdagse diskusjonar og kontroversar i moderne samfunn. Det er altså ingen direkte eksplisitt eller kausal samanheng mellom den politiske filosofien og dagleglivs- disputtar, men som meir systematiske uttrykk for dagleglivs- verdiar og prinsipp fyller denne filosofien ei rolle i modelleringa av moderne rettferdsregime. Den politiske filosofien utgjer "... a historical repertoire of modes of justification" (Wagner 1999: 346). Dei andre elementa i konstruksjonen er eit empirisk materiale av disputt- situasjonar og argumentasjonsformer som hyppig er i bruk der, og eit utval av handbøker ('how- to'- guides) som er sikta inn mot å rettleie ulike tilsette i moderne bedrifter. Handbøkene er viktige i konstruksjonen av rettferdsregima fordi dei gir informasjon om ei rekkje av ting og objekt som hører heime i dei ulike verdene, og som kan ha avgjerande krefter i såkalla "realitetstestar". At det er handbøker frå arbeidslivet/ bedrifter Boltanski og Thèvenot nyttar, tyder ikkje at tilnærminga deira er skreddarsydd for, eller avgrensa til denne bestemte sosiale sfæren. Men slik moderne arbeidsliv har utvikla seg, meiner dei at desse bøkene samlar i seg ei variert mengd av verdiar og vurderingskriterium som ein også kan finne innafor andre sosiale rom. Rettferdsregima er i det heile ikkje knytt til substansielle institusjonelle sfærer; ein kan finne appellar til marknadsregimet i disputtar innanfor religiøse institusjonar, "industrielle" argument innanfor kunstnarlege institusjonar, osb. Objekta som Boltanski og Thèvenot konsentrerer seg om er ting av materiell karakter som aktørar kan vise til og stø seg på i samanheng med å fastsetje kva for type hending ein er oppe i og kva for status aktørar har i denne situasjonen. I trafikkdømet ovanfor vil m.a. objektet "førarkortet" spele ei viktig rolle i realitetstesten som skal prøve kva som skjedde og kva status deltagarane har. Dersom ein av dei involverte ikkje kan framvise førarkortet, har det i seg sjølv konsekvensar for kva realitet ein har med å gjere og dermed også for ei eventuell skulddeling. Ut over føresetnaden om "common humanity", har verken ting eller personar nokon apriori fastlagd karakter i denne tilnærminga, men får ulike typar og grader av eksistens etter prøving gjennom slike realitetstestar. Alt etter kva for realitet som blir fastsett, eller meir presist, kva for prinsipp og ordningar personar og ting skal bli vurderte i forhold til, kan dermed både personar og ting vere "små" og mindreverdige, eller "store" og verdfulle. Eit påkosta møbel frå ein bestemt produsent kan vere "stort" vurdert i høve prinsipp om formgjeving, økonomisk verdi og kjennskap, men "lite" dersom ein legg prinsipp om

lokal tradisjon eller sosial likskap til grunn for vurderinga. Kategorisering og klassifisering har dermed moralske og normative, så vel som kognitive aspekt. Rettferdsregima ("regimes of justification") er altså kjende for alle aktørar i ein situasjon, dei er generelle og generaliserande fordi dei også kan nyttast i neste situasjon, og dei er baserte på klassifisering, vurdering og kalkulasjon. Dei kan vere stabile, institusjonaliserte og innbakte i varige objekt og ordningar, t.d. i form av prosedyrar for vurdering av kvalifikasjonar, reglar for handel med aksjar, overgangsreglar for profesjonelle fotballspelarar, standardverk innan kunsten, utforming av rundkøyringar, midtrekkverk og fartsdemparar i trafikken osb. Men dei kan også bli prøvde mot kvarandre i andlet til andlet - diskusjonar, både om desse vanlegvis uproblematiserte ordningane, og i høve meir akutte krisar der ein eller fleire aktørar oppfattar situasjonen som urettvis.

Før dei seks offentlege regima blir skisserte nedanfor, kan det no også vere viktig å introdusere samanhengen rettferdsregima står i innafor Boltanski og Thévenot si eiga tilnærming. Desse regima utgjer nemleg ein type mellom fleire pragmatiske regime. Det mest viktige alternative regimet for denne avhandlinga er "det familiære", der aktørar engasjerer seg i andre aktørar og omgivnadene som "ikkje- offentlege", der handlingar og innstillingar i høve miljøet er forma av individuelle og lokale ordningar (Boltanski og Thévenot 1999: 362, Thévenot 2001). Kapittel 4 diskuterer dette regimet meir utførleg og prøvar det ut i høve problematikken i denne avhandlinga. I tillegg til rettferdsregima og det familiære regimet, finst "regimes of violence" og "regimes of love" som er prega av ein lav grad av refleksivitet og som ikkje tar omsyn til krav om å vere legitime, eller å delta i eit kompromiss- arbeid med andre aktørar om rettferd. Tematisering av, og appellar til slike handlingsregime kan ein m.a. finne i det Nye Testamentet (Wagner 1999: 350).

For dei to følgjande kapitla i avhandlinga er det situasjonar der aktørar handlar og ytrar seg under eit krav om legitimering i eit offentleg rom som står i sentrum for analysen. Det er med utgangspunkt i analyse av slike situasjonar Boltanski og Thévenot har kunna skilje ut seks rettferdsregime som saman dannar eit tilstrekkeleg repertoar for legitimering i eit moderne samfunn. Skissa under er basert på gjennomgangen forfattarane gjer av "the common worlds", der dei hentar ekvivalensprinsippa frå dei klassiske tekstane og personar og ting frå dei praktiske handbøkene (Boltanski og Thévenot 1999: 369 – 373).

## Fellesverdene

	Ekvivalensprinsipp som klargjer kva for typar verdiar, relasjonar og kvalifikasjonar som er relevante i kvar verd	Personar og ting (beings) som befolkar desse verdene
The world of inspiration	All tenkeleg verdi spring her frå ein ekstern, gjerne transcendent storleik. Direkte kontakt med denne kjelda gir verdi og har typiske uttrykk som heilagdom, kreativitet, kjenslevarheit og fantasi.	Ånder, rusa og/ eller gale menneske, barn, artistar, kunstnarar av ulike slag, bøker, filmar, personlege uttrykk og erfaringar.
The domestic world	Tillit basert på personleg avhengigheit. Slekskap og tradisjon som generaliserte prinsipp. Verdi og autoritet kjem frå ein person si plassering i nettverk av slike avhengigheitsrelasjonar.	Leiarar, sjefar, slektingar som er rettfram, truverdige og har karakter. Titlar, eigedomar, visittkort, gåver.
The world of renown	Verdi er avhengig av andre folk sine meininger, uavhengig av sjølvoppfatning. Derfor kan konfliktar oppstå som resultat av manglande samsvar mellom sjølvoppfatning og omdømme. Berømtheit og suksess gir verdi.	Kjendisar, opinionsleiarar, rikssynsalar, journalistar, varemerke, oppslag, presentasjonar, lanseringar.
The civic world	Verdi avhengig av å representera (eit) fellesgode. Å gi avkall på individuelle prosjekt og særinteresser for å engasjere seg til fordel for fellesviljen.	Organisasjonar, institusjonelle aktørar eller individ som representerer slike. Reglar, prosedyrar, kodar, folkets hus, valurner.
The market world	Verdi avhengig av å få tak i og optimalisere knappe gode. Tilbod, etterspurnad og prisfastsetjing skaper orden i individuelle preferansar. Evne til å sjå moglegheiter i marknaden, vere ubunden av personlege forhold og å ha kontroll med kjensler.	Kjøparar og seljarar. Varer og tenester som ein pengemessig kan prisfastsetje.
The industrial world	Verdi avhengig av effektivitet. Evne til å handle profesjonelt, m.a. gjennom planleggjing og investering.	Ekspertar og andre effektive, produktive, velfungerande personar og ting. Metodar, reiskapar, planar, figurar, oversikter.

Disputtar mellom aktørar i moderne samfunn handlar om å mobilisere ein eller fleire av desse seks "verdene" til støtte for argumenta som blir framsett. Dei dannar eit repertoar for både å kritisere ein tilstand og aktørar i han, og for å kome til semje med andre aktørar. Partar i ein disputt kan basere kritikk på å påpeike irrelevante vesen ("beings") innafor ei verd. Slik "intern" kritikk kan eksempelvis dreie seg om å hevde at det er personar sin økonomiske status som avgjer kor vidt dei klarer å flykte frå konfliktfylte delar av verda, og at "økonomi" dermed også avgjer kor store sjansar dei har til å få opphaldsløyve i eit vestleg land. På bakgrunn av dette burde ein derfor heller (innafor eit sivilt regime) berre ta inn kvoteflyktningar via FN, personar som ikkje kan "snike i køen" på denne måten. Ein realitetstest innan det sivile regimet skal m.a. sile ut tilfelle der personar oppnår goder på grunnlag av vennskap, kontaktar og privatøkonomi. Men kritikk kan også vere "ekstern" i form av at legitimiteten til eit gitt verdiregime i seg sjølv blir kritisert og sett på prøve. T.d. kan det hevdast at eit kollektivt helsevesen ikkje er legitimt i eit samfunn der mange av pasientane strir med helseplager som er sjølvpåførte, og at kvar enkelt samfunnsmedlem heller bør sikre seg gjennom ulike privatøkonomiske boteråd. Eit anna døme kan vere kritikk av kunst som ikkje får merksemrd hos eller blir selt til større delar av befolkninga: Ein realitetstest innan marknadsregimet er såleis meir adekvat enn ein test innan det inspirerte regimet, dersom ein skal fastsetje kva som er god kunst.

I tillegg til desse to typiske og klare kritikkformene, finst det sjølvsagt ei rekke kritikkvariantar som oppstår i situasjonen og som er spesifikt knytt til denne. Den kritiske kapasiteten til aktørar kan også gå ut på å avsløre kva andre står for, til trass for kva desse andre eksplisitt seier. Den "interne" kritikken av norsk og vestleg asylpolitikk ovanfor kan gjennom slik avsløring t.d. vise seg å vere (illegitim) ekstern kritikk, der kritikarane i grunnen ikkje vil ha innvandring i det heile, og berre dekkjer dette til ved å bruke det sivile "FN- argumentet".

Same kva ser ein at ting og personar skiftevis blir testa opp mot kvarandre i desse rettferdiggerings- prosessane. Personar får statusar som verdige, rettvise, skuldige, medvitne, osb. etter prøving opp mot objekt og ordningar som trafikkreglar, vitnemål, intelligens- og personlegdomstestar, jobb- skildringar, teknologiske objekt som alkotestar, ferdsskrivarar, testar for alder på tenner (relevant i asylpolitikken), osb. Ting får på si side statusar som truverdige, eksperimentelle, effektive, av låg kvalitet, med god design, osb. etter prøving opp mot menneskelege ekspertar, forskarar, organisasjonstypar, formgjevarar osb. (sjå m.a. Wilkinson 1997: 321). Denne

tilnærminga til ting og personar har også likskapar med aktør- nettverk perspektivet til Callon og Latour, der menneskelege og ikkje- menneskelege aktørar ikkje blir sett å ha bestemte identitetar eller ønske før ein forhandlingsprosess mellom aktørar om slike identitetar og ønske er fullført (Jfr. m.a. Callon 2001: 121 og Wagner 1999: 348).

Verdene som er illustrerte i skjemaet over, vil ikkje aleine vere den rettleiande reiskapen for analysen i avhandlinga. Tvert om oppfordrar perspektivet til å vere varsam med å handtere dei identifiserte verdiregima som universelt gjeldande i tid og rom, sjølv om evna dei har til å vere "handlekraftige" er avhengige av at dei blir sett som universelle av aktørar som er i forhandlings- og beslutningssituasjonar. For mitt prosjekt er det dei pragmatiske føresetnadene om handling i tilnærminga som dannar ein viktig teoretisk ståstad. I den "versjonen" vi her snakkar om blir vanleg, velfungerande, koordinert handling sett på som resultat av eit arbeid der aktørar deler reiskapane i dette arbeidet inn etter grader av og typar "krav" til koordinering som kan variere mellom: "... a familiar gesture, which refers to nothing but personal conveniences, a communicable judgment, which presupposes some appreciation of what is adequate assuming an understanding of commonality, though one which is but little controlled, and [finally] a generalizable judgment, which requires collective conventions that can be subjected to common examination as well as revision".

(Thevenot 1993: 287, ref. i Wagner 1994: 278). Menneske (og ting) konstituerer seg som aktørar gjennom å handle. Handling inkluderer vidare eit breitt spekter av praksisar; å ytre seg, å kome til semje med andre, å få ting, ordningar og personar til å fungere som dei skal, å forhalde seg passiv i ein situasjon, osb. Som sitatet over indikerer, finst det dessutan ulike "nivå" desse praksisane kan utfalde seg i. Ein annan måte å seie dette på er at aktørar kan gå til omgivnader og situasjonar med ulike typar engasjement, noko som er medbestemmande for i kva grad situasjonen blir oppfatta som strukturert, regulert og prega av kollektiv visse. Omgivnadene "svarar på" aktøren sitt engasjement og slike svar blir i sin tur handsama og tatt stilling til av aktøren. Menneske skiftar slik mellom situasjonar som er prega av meir eller mindre generalitet (Thevenot 2001: 57, 58)<sup>15</sup>. Situasjonar der aktørar ikkje er i tvil om kva

---

<sup>15</sup> Den aktive rolla til omgivnadene gir ein realitet til dei ulike regima i denne pragmatismen, i følgje Thevenot (Op. cit.: 58). Ein finn ei tilsvarende understrekning av "resistance from the world" i det Hans Joas kallar "a typical pragmatic schema" (Joas 1996: 128,129). Ein mogleg skilnad her mellom

for reguleringar og ordningar som skal gjelde, blir i denne tilnærminga sett som sekundære i høve situasjonar av uvisse og usemje, både fordi den siste typen situasjonar empirisk opptrer oftare, men også fordi ein ser situasjonar der sikre konvensjonar pregar handling som resultat av eit tidlegare forhandlings- og kompromiss- arbeid. Å på denne måten gi "paradigmatisk" status til usikre og kritiske situasjonar er å snu om på føresetnader i meir konvensjonell struktursosiologi, der uvisse omkring normer og prosedyrar meir blir sett på som spesielle og unntaksvise hendingar (Wagner 1994: 278).

### Tilnærminga i avhandlinga<sup>16</sup>

Boltanski og Thevenot introduserer her både eit generelt historisk- sosiologisk perspektiv på sosiale kategoriar si utvikling gjennom å vektleggje arbeidet til aktørar. Men ein kan også sjå konturar av ein meir spesifikk handlingsteoretisk orientert måte å forstå vitskapleg utvikling på innan dette skjemaet. Konsentrasjonen omkring kva som går føre seg i disputtsituasjonar og varsemda med å tilordne bestemte verdiar og interesser til varige samfunnsgrupper, gir eit alternativt utgangspunkt for å svare på spørsmåla om styring av vitskapleg aktivitet og om fagutvikling. I staden for at ei intern verd blir sett opp mot ei ekstern i form av grupper og interesser som høyrer til innanfor eller utanfor ulike vitskaplege institusjonar, blir søkjelyset retta mot situasjonar der det råder uvisse omkring statusar, interesser og normer, og der distinksjonar som "intern", "ekstern", "fagleg", "administrativt", osb. kan stå på spel i, og bli resultatet av forhandlingsprosessane. Elementa ein nyttar til å forklare eller forstå styring av vitskap og fagutvikling blir derfor fleire, meir varierte og er dessutan uavklarte før ein har sett på diskusjonen mellom aktørar om desse spørsmåla.

Tilnærminga vil ikkje i utgangspunktet skilje mellom typar av grupper, interesser og årsaker er relevante i diskusjonen om styring og evaluering, og kva som tilsvarande er relevant å ta omsyn til i spørsmålet om fagutvikling. Sett frå aktørens ståstad, er det dei same pragmatiske reiskapane, den same "kritiske kapasiteten" som må tre i kraft

---

respektivt nyare fransk pragmatisme og amerikansk, er at motstand frå omgivnadene i "det franske" blir sett som spesifikk for dei ulike handlingsnivåa (t.d. "familiarity", "justification"), og at det dermed oppstår ulike, men like reelle, realitetar, ut frå kva type motstand aktøren møter.

<sup>16</sup> Perspektivet til Boltanski og Thévenot blir ikkje diskutert "ferdig" i dette kapitlet. Eg rådfører meg med og prøvar tilnærminga underveis i prosjektet, og det som kjem ut av desse diskusjonane kan eigne seg som ein presentasjon av perspektivet på ein betre måte enn ein kan få til i samanhengande oppsummeringar.

både i spørsmål som har med fagutvikling å gjere, og i diskusjonen om styring og evaluering.

Denne avhandlinga er eit forsøk på å prøve ut ei slik pragmatisk tilnærming som Boltanski og Thèvenot skisserer. Korleis vil evaluering og fagutvikling sjå ut med utgangspunkt i eit slikt perspektiv? Korleis vil skildringane av universitetsarbeidet, relasjonar mellom aktørar, debattar om forsking, osb., eventuelt skilje seg frå perspektiv som legg vekt på fag- eller gruppetilhøyr, "kultur"- skilnader, maktutøving, produksjon og reproduksjon av skilnader, osb., og som sosiologien om kritisk kapasitet eksplisitt distanserer seg frå? Etter kva for ordnande prinsipp kan ein i det heile skildre "universitetsmiljøet", i vidaste forstand? Kva for samfunnsmessig samanheng kan ein sette samfunnsvitskapen inn i, og kva for aspekt ved samfunnsvitskapleg aktivitet bør ein gi større merksemd, dersom ein opnar for innsiktene i dette perspektivet? Svara på desse spørsmåla vil ikkje kome som ei punktvis gjennomgang i avhandlinga, der andre tilnærmingar og perspektiv eksplisitt blir gjort greie for og kritisert. Eg legg i staden vekt på å arbeide meg gjennom viktige delar av Boltanski, Thèvenot, og også Bruno Latour sine tilrådingar og "prinsipp", i høve det empiriske caset som her blir omhandla og i høve den særskilde samanhengen som dette avhandlingsarbeidet går føre seg i. I ei slik form for "konkretisering" av dei brukte perspektiva, støyter ein på utfordringar som både er relevante og irrelevante i høve eit prosjekt om å vise skilnader mellom "The sociology of critical capacity" og andre sosiologiske perspektiv ein kunne tenke seg brukta i eit studium som dette. Men eg har likevel valt ein slik "frå grunnen av"- strategi fordi det ikkje er ein type "posisjonering" i høve andre studiar som er hovudærendet mitt i avhandlinga (Sjå t.d. Bourdieu 1988, Becher 1989, Parsons og Platt 1973, Merton 1973, Readings 1996, Kogan et. al. 2000, i norsk samanheng sjå Bleiklie (red.) 1996, Thue 1997, Bleiklie, Høstaker og Vabø 2000). Viktigare er det å ta caset og problemstillingane det utløyser alvorleg, og derfor blir slik posisjonering implisitt, og/ eller svært kortfatta. Det er også slik at Boltanski, Thèvenot og Latour alle framhevar verdien av å "følgje aktørane" (t.d. Callon og Latour 1981: 292, Latour 1987: 21, 1996: 18, 19), eller å ".. understand the critical operations undertaken by the actors (Boltanski og Thèvenot 1999: 364). Slike oppmodingar, og grunngjevingane for dei, medverkar også til å la deltakarane i evaluatingsprosessen få identifisere kva for problematikk som blir utløyst av eit fenomen som "evaluering", og å peike ut kva for element som er dei relevante i spørsmålet om fagutvikling.

Det kan synast sjølvmotseiande å ville "prøve ut" ei bestemt tilnærming med eit tilhøyrande repertoar av omgrep og metodiske prinsipp, samstundes som ein skal "følgje aktørar" og la dei definere kva studien skal handle om. Eit slikt prosjekt kan verkeleg vere motsetnadsfullt, og problema som kan oppstå blir også tatt opp enkelte stader i avhandlinga (kapittel 2 og 5). Men innhaldet i dei perspektiva avhandlinga gjer bruk av gjer det lettare å leve med slike motsetningar: Ein tar ikkje for gitt eksistensen av system eller strukturar som ligg "bak" eller "utanfor" aktørane og praksisen deira, det finst ingen makro- eller mikro- nivå for verken aktørar eller analytikar før forhandlingspraksisar blir utførte. Aktørane sine praksisar er derfor det meiningsfulle utgangspunktet for ein analyse av korleis skilnader i storleik og nivå oppstår (Sjå t.d. Callon og Latour 1981).

Den teoretiske tilnærminga som her blir lagt til grunn lettar også problemet med "nærleik" mellom intervjuar og informantar. Det er nemleg ikkje i eigenskap av å tilhøyre ei sosial gruppe (den same for intervjuar og informantar) at aktørane er interessante i denne studien. I tråd med perspektivet er det gjennom praksisar der aktørar er usamde med, forhandlar med, og eventuelt kjem til semjer med andre aktørar (entitetar/ storleikar) at dei etablerer seg som aktørar. Det er også gjennom studiet av slike prosessar at det kan bli mogleg å sjå kva som kan liggje i slike aktørstatusar (kva dei dreiar seg om, kor varige dei er, og kor spesifikke dei er til kontekst.) Sjølvsagt hindrar ikkje slike "teoretiske" poeng at enkeltpersonar går til intervjustettinga med bestemte og klare oppfatningar om kva for problem som oppstår i situasjonar der ein blir intervjuat av ein "kollega", men etter mitt skjøn har ikkje slike metodologiske innvendingar vore til noko stort hinder for informantane i studien.

## **Lesarrettleiing**

Ei lesarrettleiing av ein litt annan karakter er også nødvendig i byrjinga av denne avhandlinga. Allereie i dette kapitlet finst det skriftlege sekvensar som tøyer grensene for kva som er vanleg i avhandlingsgenren. Bruken av "second voice device" er grunngitt av fleire omsyn (sjå diskusjonen mellom stor og liten skrift tidlegare i kapitlet og note 4), men denne skriveforma har også ei rolle å spele i eit meir omfattande forsøk på å etablere symmetri mellom det avhandlinga handlar om og arbeidet med å skrive ei avhandling. Aktørar i denne avhandlinga skal m.a. bli portretterte som opptekne av å vurdere andre aktørar, synspunkt, perspektiv, verdiar

og ordningar, og gjennom desse vurderingane blir "storleiken" til desse andre elementa fastsett for eit kortare eller lengre tidsrom. Forskaranalysen av denne aktiviteten tar ikkje stilling til kva for vurderingar som er dei rette, og opnar for at andre kjelder enn metodisk stringens, teoretisk oversyn og logisk konsistens spelar ei rolle i vurderingsarbeidet til aktørar. Dersom ein gir andre vitskaplege aktørar eit slikt avgrensa eller utvida handlingsgrunnlag, (avhengig av om ein ser negativt eller positivt på denne modelleringa), ville det vere "... a standing refutation of its own theories" (Bloor [1976], 1991: 7), dersom ein skulle gi eit anna grunnlag til forskaranalysen av vurderingsarbeidet til andre aktørar. Avhandlinga er slik sett "sjølveksemplifiserande", dvs. at også forskaren utfører vurderingar, og han gjer det på måtar som meir eller mindre er i samsvar med krav til metodisk stringens, teoretisk oversyn og logisk konsistens. Dette tyder ikkje at eg her proklamerer at avhandlinga ikkje kan takast alvorleg som vitskapleg produkt, men er meir å forstå som eit ytterlegare argument for tilnærminga som blir lagt til grunn. Alle ytringar har ein felles lagnad i at statusen deira, t.d. som fakta eller fiksjon, er avhengig meir av korleis andre vurderer dei, enn av kvaliteten og innhaldet i ytringa sjølv (sjå Latour og Woolgar 1986: 284, 285). Arbeidet som aktørar utfører for å klargjere ei sak og å fastsetje storleikane i henne har ein parallel i forskaren sine prøver av teoretiske argument og metodiske prinsipp, og kva for status utkoma av begge desse parallele aktivitetane får, er avhengig av kva som skjer med dei i framtidige vurderingar utført av andre. På bakgrunn av desse refleksjonane har eg gitt meg sjølv rom til å skrive på måtar som, slik eg oppfattar avhandlingsgenren, ikkje alltid er heilt mønstergyldig. I tillegg til "second voice"- dialogane, kan det dreie seg om å referere oversiktsartiklar, der ein strengt tatt burde vise til originallitteratur, å blande og sidestille synspunkt frå akademisk litteratur og synspunkt frå meir praktiske samanhengar, og å ta med fortolkingar av intervju som ikkje blir følgd opp i den vidare analysen (sjå dei to kolonnene i utdraga av intervjuet i kapittel 2). Å skrive eksplisitt om desse "manglane" i avhandlinga, gjer den ikkje immun mot kritikk av dei, og at dei er til stades er i seg sjølv heller ikkje noko originalt aspekt ved avhandlinga, men erkjenninga, framvisinga og bruken av dei, er eit forsøk på å byggje ein forskarversjon av aktiviteten som eg analyserer hos informantar. Dermed er det også eit forsøk på å kome kravet om refleksivitet i det sterke programmet i kunnskapssosiologien i møte:

"It would be reflexive. In principle its patterns of explanation would have to be applicable to sociology itself." (Bloor [1976], 1991: 7)<sup>17</sup>

## Kjelder til informasjon

For å gjennomføre dette prosjektet har eg lese evaluatingsrapportar, sjølv-evaluatingsrapportar og diverse andre dokument, m.a. strategidokument frå universitet i Bergen og SV- fakultetet, UiB, NOU- rapporten "Frihet med ansvar" (NOU 2000: 14), diskusjonar i internavisa for UiB ("På Høyden") og innlegg i media elles. Men det er 18 intervju som er den empiriske motoren i studiet og som klart pregar det ferdige arbeidet mest. 6 av desse er med personar som har vore pådrivarar/gjennomførarar av evalueringstiltaket. Dei 12 andre er med fast vitskapleg tilsette fordelt på institutta administrasjon og organisasjonsvitenskap, økonomi, antropologi og informasjonsvitenskap. Men sjølv om informantane kan delast inn slik er det ikkje alltid lett å ha noko klart bilet av kven dei "er" som aktørar, heller ikkje i formelle termar. Fleire av aktørane har status både som vitskapsaktørar og som pådrivarar i evalueringstiltaket, og mellom dei vitskapleg tilsette finn ein også personar som er eller har vore engasjerte i viktige administrative verv.

Utvalet av informantar har gått føre seg slik: Seks personar vart valde ut fordi dei hadde viktige oppgåver i samband med evalueringstiltaket. Dei andre 12 vart plukka ut med eit ønske om å få med folk med både lengre og kortare ansiennitet ved UiB. Eg valde ut personar med tilknyting til faginstitutt som varierte med omsyn til kva for innstilling dei hadde til evalueringstiltaket før det vart sett ut i livet, og som også til ein viss grad kom ulikt ut av prosessen. Men begge desse utvalskriteria er i høgste grad diskutable, både fordi medlemmer av same institutt kan ha ulike syn på tiltaket, og fordi evalueringane av institutta (som etter mitt skjøn i store trekk har lagt vekt på positive sider), alltid kan lesast på ulike vis. Derfor har det vore eit meir viktig omsyn å få med faginstitutt som er ulike i høve kva for metodar og teori som blir brukt, kva for tematiske interesser medlemmene har, og kor "sentrale" dei blir sett å vere som samfunnsvitenskaplege disiplinar. Dette er omsyn som i større grad samsvarar med

---

<sup>17</sup> I følgje Ashmore, er dette punktet om refleksivitet i det sterke programmet for Bloor sjølv utelukkande eit prinsipielt og programmatisk poeng, som han sjølv ikkje har følgd opp i noko studium i eller av SSK (Sociology of Scientific Knowledge). Han har heller ikkje oppmoda andre om å utføre slike studium (Ashmore 1989: 39). Denne utelatings- synda gjer det i så fall endå meir på sin plass å prøve å halde prinsippet i hevd.

ambisjonen i prosjektet om å granske fagutvikling i ein vidare kontekst enn eit konsentrert studium av evalueringstiltaket kunne gi rom for. Intervjuguide og nokre kommentarar til gjennomføringa av intervjuha finst som vedlegg til avhandlinga (Vedlegg 3).

Når det gjeld kva innverknad teoretiske interesser og sosiologiske perspektiv har hatt i datainnsamlingsprosessen, er det slik at desse var av ein generell karakter og knytt mest til evaluering som prosess i oppstarten av prosjektet, men at perspektiva som er tydeleg framme i den ferdige avhandlinga nokså tidleg også vart rettleiande for kva som vart tatt opp i intervjuha. Intervjuprosessen og arbeidet med å finne fram til måtar å teoretisere intervjuha på, har slik i stor grad gått føre seg parallelt.

Det er også slik at den teoretiske inspirasjonen i prosjektet gir form til opplysningane som blir gitt om informantar i avhandlinga. Under ei overskrift som den over forventar ein gjerne informasjon om kjønnsfordeling, aldersspreiing mellom informantar, stillingstype, fartstid som tilsette ved fakultetet, osb. Sjølv om det sjølvsagt er mogleg å kartleggje informantar slik (og delar av intervju- utdraga gir sjølve frå seg slik informasjon), vil slike operasjonar stå i eit spent forhold til tilnærminga som blir prøvd ut. Å karakterisere informantar, eller grupper av slike, eksempelvis som "mannleg professor i 60- åra", eller "nytilsett med bakgrunn frå annan forskingsinstitusjon", vil leie lesarar til å fortolke det som blir sagt i relasjon til slike opplysningar. I så fall blir fokus (igjen) retta mot varige strukturelle rammer - identitetar, grupper, institusjonar - , heller enn å ta situasjonane og aktørane sine eventuelle handteringar av desse rammene alvorleg som sjølvstendig studieobjekt. Prosjektet handlar altså ikkje om å fornekte at "sosial posisjon" har noko å seie i den sosiale verda. Det gjer berre forsøk på å sjå kva bilete som kan kome fram dersom ein ikkje let slike storleikar rive til seg dominansen i det analytiske arbeidet. Om ein oppfattar det som ei åtvaring ikkje berre i høve "psykologisering" men også i høve bestemte former for "sosiologisering", kan følgjande Goffmanske slagord fungere som grunngjeving for dei få opplysningane som blir gitt om plasseringa til informantar i ein sosial struktur: "Not, then, men and their moments. Rather moments and their men." (Goffman 1967: 3).

Informantar blir anonymiserte ved å referere intervjunummer, og der andre personar blir nemnt med namn blir desse bytt ut med tilfeldig valde bokstavpar (N.N., X.X. osb.). Desse blir berre brukte til å skilje mellom eventuelt fleire nemnde personar i kvart intervjuutdrag, slik at dei same bokstavpara kan brukast om andre personar i

andre utklipp. Til dei som meiner dei likevel kan klare å avdekkje kven eg har snakka med, eller kven som blir omtalte, vil eg appellere om at ein prøvar å setje til side denne "personkunnskapen" og å lese utsegner som om dei skulle blitt ytra av, og om framande. I alle høve vil slik tilsidesetjing hjelpe ein til å følgje perspektiva i avhandlinga.

Eg har sjølv tatt kontakt med informantar ved personleg oppmøte på arbeidsstaden deira<sup>18</sup>. Informasjon om prosjektet har vore både munnleg og skriftleg (sjå vedlegg 1). Med eit unntak har alle oppsøkte personar vore villige til å delta.

Personen som ikkje ville delta hadde ingen prinsipiell motstand til prosjektet, men oppgav å bli ukonsentrert og utmatta av å høyre ordet "evaluering". I neste kapittel får eg hjelp av dei andre aktørane til å forstå denne trøytteiken.

---

<sup>18</sup> I eit tilfelle var det berre praktisk mogleg å gjennomføre intervjuet i heimen til informanten.

## Kapittel 2

### Disputtar om evaluering

"Eg var på ein konferanse i Barcelona tidlegare i haust... og der var det ein.. international director.. frå eit australsk universitet, som heldt eit langt og glitrande foredrag.. Og han fortalte jo da om korleis hans universitet.. og ei rekkje andre universitet i Australia.. var økonomisk aldeles på knea.. Styresmaktene har jo kutta ned på løyvingane til australske universitet, vi har jo fått ein australiar.. her på vårt institutt no.. Ein topp antropolog.. NN, ikkje sant.. Det var ikkje vilkår lengre, slik han opplevde det.. Dette høyrer eg frå mange i Australia.., så han har da kome hit.. førebels er dette ein gunstig stad å vere på.. Men denne her international director, da.. han fortalte jo da at deira geniale plan var å gå ut på den internasjonale marknaden for å få studentar.. ikkje minst frå Norge.. der altså norske styresmakter kuttar ned på løyvingane til universiteta, så vi skal altså ikkje få midlar.. og så betalar dei for norske studentar for å reise til Australia.. dei betalar 80 tusen kroner, sant, for ein studieplass.. Vi får 17 tusen for ein studieplass her.. ved fakultetet vårt.. Norske styresmakter betalar 80 tusen for ein studieplass i Australia, der dei da studerer alle dei faga som vi har her heime.. Australia har no 90 tusen utanlandske studentar.. og dei opprettar filialar over heile verda.. særleg i sør aust- Asia og Kina.. der etablerer dei no filialar.. og dette er business.. rein business, sa han rett ut.. Ikkje eit ord om forsking, det er berre å skaffe studentar, som skal undervisast.. av kven som helst.. Dette tilrådde han da norske universitet å gjere, for elles så ville vi tape i konkurransen, sant.. For eksempel kunne universitetet i Bergen etablere filialar i Kina, sjølv om det er ingen i staben vår som snakkar kinesisk.., det gjer ikkje noko.. Vi berre leiger inn folk som snakkar kinesisk.. Og.. altså.. eg skjørnar ikkje kva dette er for noko.. Kva for universitet blir det da? Kva slag kunnskap er det som blir produsert, og vert selt? .. Eg skjørnar det ikkje.. Og eg synest jo det er eit tankekors, når det gjeld norsk politikk.. at vi.. vi.. at vi ikkje kan bruke meir pengar på utdanning her heime.. Eg skjørnar det ikkje.. Altså heilt sidan vi byrja å pumpe olje opp av nordsjøen, så skulle det satsast på utdanning.. og forsking.. det er der framtida ligg.. Det har norske politikarar sagt ne i 30 år.. og framleis så gjer dei det ikkje.. Og framleis er vi framleis berre råvareprodusentar.. Sjølv fisken sender vi ned til Danmark.. for vidareforedling.. Og når Norsk Hydro skal slanke seg, så sel dei unna Dyno industrier.. som er ein kjemibedrift.. med, vil eg tru, eit potensiale for forsking.. og skal halde fram med kunstgjødsel og olje.. .. Så dette er jo alvorlege forskingspolitiske tema.. og eg fattar ikkje kor norske styresmakter er.. Eg skjørnar ikkje kor politikarane er...  
(Int. 18)

"Imidlertid har Luc Boltanski og Laurent Thevenot tømt den moderne anklaging for innhold, i en bok som er like viktig for dette essay som boka til Steve Shapin og Simon Schaffer. De har gjort det samme for den kritiske indignasjonens arbeid som Francois Furet tidligere har gjort for den franske revolusjon. "Anklagingen er avsluttet"- dette kunne ha vært undertittelen på deres bok *Économies de la grandeur* ["Størrelsens økonomier"] (Boltanski og Thevenot, 1991). Inntil et visst punkt syntes den kritiske avsløring å være selvinnlysende. Det dreide seg bare om å velge en sak som skaper indignasjon, samt å motsette seg falske anklager med så stor lidenskap som ønskelig. Å avsløre, dette har vært vårt eget hellige kall, de modernes kall. Å avdekke de sanne kalkulasjoner under de falske bevisstheter, eller de sanne interesser under de usanne kalkulasjoner. Hvem har ikke stadig en fråde av denne spesielle "rabies" piplende i munnen? Imidlertid finner Boltanski og Thevenot opp noe tilsvarende en rabies- vaksine, ved rolig å sammenlikne alle kildene for anklagingen – bystatene som leverer de ulike rettslige prinsipper – og gjennom å krysse med hverandre de tusenogén måter vi i dag har i Frankrike til å føre en sak for retten. De anklager ikke de andre. De avslører dem ikke. De viser hvordan vi alle hengir oss til gjensidig å anklage hverandre. Slik blir den kritiske ånd en ressurs, en ferdighet blant andre ferdigheter, en grammatikk for våre indignasjoner." (Latour 1996: 64)

Det er ingen enkel veg frå intervjuutdraget til Latour si fortolking av sosiologien om kritisk kapasitet. Både informanten og Latour må kvar på sitt vis forståast i relasjon til prosjektet dei utfører før ein deretter kan arbeide seg fram til ein mogleg samanheng mellom ytringane deira. Like fullt skal dette kapitlet vere eit forsøk på å føre saman "det empiriske" og "det teoretiske" i denne avhandlinga. Delvis vil kapittelet vere ei utgreiing av kvifor "teori" og "empiri" blir problematiske kategoriar i studiet. Siktemålet er også å forme til det pragmatiske perspektivet frå kapittel 1, slik at det vidare kan hjelpe fram ei mogleg løysing på denne problematikken.

Før eg går nærmare inn i det empiriske materialet, kan det vere på sin plass med nokre fleire kommentarar til den bestemte analysemetoden det blir lagt opp til i denne avhandlinga. Intervjusitatet ovanfor kan vere eit godt utgangspunkt for slike kommentarar, fordi det så tydeleg leier fram til problem ein blir konfrontert med, dersom ein legg opp til å granske evaluering "kritisk".

### Aktørar og kritisk kapasitet

Svært mange av utsegnene frå dei vitskapleg tilsette om evalueringstiltaket dreiar seg om å forstå bakgrunnen og motiva for å sette i gong tiltaket. Også ytringar om fagutvikling, historiske forhold, ordningar for undervisning eller publisering, osb., ber preg av å vere analysar av desse emna. Sjølv sagt er dette ein konsekvens av at intervuspørsmål og intervjuform legg opp til slike utgreiinger, men spørsmål som tar sikte på å få tak i "deskriptive" forhold leier også ofte fram mot slike analytiske utgreiinger. Svært ofte har desse analysane også ein bestemt karakter – dei er kritiske analysar. I forhold til evalueringa artar dette seg ofte slik at reelle motiv for igangsetting av evalueringstiltaket blir kontrastert med dei uttalte, effekten av tiltaket blir ofte sagt å vere liten, effekten kan vere uintendert, mange er skeptiske til ressursbruken og dei "symbolske" sidene ved evalueringa blir understreka.

Økonomane, som er dei som i alle fall i ettertid, har minst vanskar med å finne seg til rette i tiltaket, ser også desse problematiske sidene ved evaluering sjølv om dei ikkje i same grad blir indignerte over dei som representantar for andre faggrupper<sup>19</sup>.

---

<sup>19</sup> Tilsette ved informasjonsvitenskap har av særskilte grunnar ein annan, meir "ukritisk" måte å forhalde seg til evalueringa på, men dette er likevel kompatibelt med ein "kritisk sosiologisk" analyse av tiltaket.

I evalueringssamanheng, og i diskusjonen av andre spørsmål innan konteksten av å diskutere evaluering, er dei tilsette ein part i ein diskusjon om fagleg aktivitet, og det er derfor venteleg at utsegnene har ein slik karakter. Det handlar om å forstå den andre parten, gjere eksplisitt skjulte og ignorerte tema og å opparbeide alternative og meir dekkjande skildringar enn det den vurderande og overordna parten gjer bruk av. Den faglege, yrkesmessige sosialiseringa og rolleoppfatninga til desse informantane medverkar sjølvsagt også til det sterke innslaget av kritisk analyse i intervjuaterialet, noko fleire av informantane også sjølve påpeikar. Samfunnsvitskap utan kritikk og evne til å sjå bak den formelle fasaden er sjølvmotseiande for denne gruppa.

Dette fenomenet har mange positive sider. Forskaren som skal studere verknadene av evaluering og danne seg bilete av fagutviklingsprosessar får seg levert informert og vel grunngjeve kunnskap om studieobjektet. Kunnskapen er basert på erfaringar i feltet og forskaren blir gjerne gjort merksam på det, dersom informanten uttalar seg på eit lausare grunnlag, eller dersom det som blir sagt meir er uttrykk for "subjektive" meininger enn noko alle ved avdelinga kan stå inne for. Når forskaren er sosiolog er det i utgangspunktet også ein fordel at informantane leverer kritiske og gjennomskodande analysar av det studerte fenomenet. Ein blir leidd inn i perspektiv og problemstillingar som er velkjende frå eige fag, og informasjonen frå dei tilsette kan uproblematisk danne utgangspunkt for ein avslørande sosiologi om evalueringstiltaket.

Det velvillige og informasjonsrike intervjuaterialet utløyser dermed også ein skepsis: Står ein i fare for å reproduksere ein slags kollektiv "diskurs" om vilkåra for vitskapleg arbeid der evalueringstiltaket figurerer som "typisk"? Typisk for kva forestillingar styresmakter og byråkratar har om samfunnsvitskapen, typisk for korleis ønska endringar blir prøvt gjennomført, typisk for kva representantar for faga står overfor i ein kamp om legitimering? Til dette kan ein også leggje at forskaren sjølv i mange samanhengar deler posisjonen og oppfatningane til informantane – det oppstår altså eit problem med nærlieken til feltet og aktørane i det, og eit behov for å arbeide opp avstand. Denne typen studium og denne typen informantar medverkar med andre ord til å tvinge fram refleksjon i forhold til på kva vis ein problematiserer studieobjektet. Kva er verd å studere ved fenomenet? Funksjonen eller rolla evaluering og styring av samfunnsvitskapen har i høve finansiering, vitskapleg

omdøme, maktforhold, – eller denne bestemte måten å sjå fenomenet på, som også er måten mange informantar ser på saka? Er målet å oppnå avstand til aktørar står det siste alternativet fram som det beste. Dernest kjem spørsmålet om kva for gransking ein i så fall skal gjere av denne "kritiske kapasiteten" hos informantar.

### **Løysingar gjennom "objektivering" eller "å ta aktørens perspektiv".**

Eit alternativ er å sjå informantanalysane som uttrykk for ein "spontansosiologi", der dei tilsette ureflektert nyttar analyse og objektivering som reiskap til stadfesting og forsvar av eigne posisjonar. Dei har interesser som står på spel og som blir tatt vare på m.a. gjennom bestemte skildringar av røyndomen. Ein slik veg er open ikkje minst gjennom Bourdieu sin sosiologi om forvaltning av kapital i sosiale felt. Hovudgrepet er her å vende informantane sine objektiverande og kritiske reiskapar mot dei sjølve, sjølvsgåt utan at ein dermed treng å "ta parti" med kreftene som set i verk evaluering. Måten aktørar framstiller røyndomen på, seier først og fremst noko viktig om dei meir eller mindre medvitne interessene deira i denne røyndomen. Sjølv om det ikkje er eit eintydig biletet at informantar ser "kritisk" på evalueringstiltaket og "ukritisk" på sin eigen aktivitet og argumentasjon, inneheld materialet nok av døme som let seg passe inn i ei slik skildring til at dette kunne danne den raude tråden i min eigen analyse.

Ein annan veg ut av nærlieksproblemet kan vere å analysere denne kritiske innstillinga som ein slags institusjonell motstand mot omstilling og reorganisering. Uavhengig av kva for motiv eller intensjonar som måtte ligge bak, er det vanleg med etterslep og friksjon under omstillingsprosessar. Enda til i denne evalueringa, som ikkje hadde som mål nødvendigvis å iverksette tiltaka det vart gjort framlegg om, kan ein sjå teikn på slike omstellingsvanskar. Rutinar og vaner utgjer i seg sjølv motstand mot endring. Dei kan danne "system" som aktørane ikkje har full oversikt over, men som likevel set sitt preg på handlingane, og ikkje minst meiningsane deira. Dette er perspektivet som gjerne ligg til grunn i "middel – mål" eller "implementeringsstudier", og for så vidt også i evalueringar av gjennomføringa av formelle vedtak. Det er også eit perspektiv som ofte kjem fram i skildringane og forklaringane til dei som har sett i gong og gjennomført evalueringstiltaket.

Desse to raske skissene av moglege analysemåtar har det felles at det ikkje er rom for den uendra versjonen informantane gir av situasjonen. I siste instans er informantane i desse perspektiva enten ureflekerte strategar, og/ eller dei heng igjen i rutiniserte praksisar og vanetenking. Arbeidet med "nærleiksproblemet" produserer mao. løysingar som er problematiske i neste runde. Behovet for å etablere avstand og ønsket om å unngå den lite ærerike typen sosiologi som berre reproduserer eller vidareformidlar synspunkta til aktørane ein studerer, fører til at aktørversjonane blir sett i parantes. Dei er noko ein skal "innhente" og seinare analysere vidare i form av kategorisering, samanlikning (med kvarandre, med offisielle dokument, statistikk, osb.) og andre måtar å få fram meir adekvat kunnskap om emnet på. Den objektiverande tilnærminga gjer det uråd å ta aktørperspektivet "at face value" - ein må kvalifisere og vurdere det, mellom anna gjennom reiskapane som finst innan fagdisiplinen. I den grad målet er å framskaffe realistiske skildringar av eit fenomen, kan ein ikkje bruke umodifiserte "primærskildringar" som kunnskapskjelde for ein slik realisme. Overført til prosjektet mitt, kunne eg mao. ikkje ha nytta den ovanforsiderte informanten sine kritiske analysar av norsk forskingspolitikk som kjelde til korleis denne politikken "verkeleg" er.

Eit tredje alternativ er å forme analysen som eit alternativ til dei to ovanfor, ved å gjere eit sjølvstendig poeng ut av at ein nettopp viser fram aktørane sine autentiske (men vanlegvis ignorerte eller "undertrykte") meininger. Den aktørnære versjonen er gjerne assosiert med og legitimert gjennom ein identifikasjon med og eit omsyn til aktørane sine subjektive erfaringar i kontrast til objektiverte og kontekstuavhengige framstillingsmåtar. I ein del av denne "tradisjonen" er det vanleg å vise liten interesse for å relatere desse subjektive erfaringane til større institusjonelle samanhengar (Jfr. Wagner 1994: 275). For slike tilnærmingar blir det også peikt på at dei implisitt meir kan styrke enn svekke forestillinga om sosiale krefter som verkar uavhengig av aktørane sine meininger og oppfatningar. M.a. skjer dette ved å studerer aktørens forestillingar ved hjelp av metodar som er særskilt utforma for "mikronivået". Dermed må det også finnast eit "makronivå", men eksistensen av storleikane på dette "nivået" blir ignorert fordi det mest autentisk menneskelege er å finne i nære menneskelege relasjoner, eller dei blir fornekta fordi ein ikkje kan seie noko sosiologisk meiningsfullt om dei. Ofte blir studiet av mikro- relasjoner slik den eine av to variantar av same feil: Å på førehand bestemme seg for kva for aktørar som er

makroaktørar og kva for som er mikroaktørar. Det er arbeid, forhandlingar og utvekslingar mellom i utgangspunktet "like" aktørar som leier fram til mikro- eller makrostatusar, og ikkje forestillingane forskaren tar for gitt om dei (Jfr. Callon og Latour 1981).

### **Strukturorientert pragmatisme: konstruksjon av sannsynlege handlingsrom**

I korte trekk er situasjonen altså som følgjer: Som student av evalueringstiltaket blir ein ofte gitt ein bestemt type informasjon i form av analysar av tiltaket. Særleg informantar som er kritiske til evalueringstiltaket og som "avslører" det, tangerer og utfyller mine eigne intuitive forestillingar om evalueringa. Dette utløyser eit behov for avstand til desse versjonane. Avstanden kan kome gjennom å analysere primærskildringane på bestemte måtar, men dei fører samstundes med seg andre problematiske sider. Aktørane blir for "utydelege" og fungerer mest som råstoff for konstruksjonen av eit teoretisk perspektiv (objektivering), eller dei blir for "tydelege" og overdøyver refleksjonen over det dei seier (vektlegging av aktørens synspunkt).

Det er i høve denne svært samansette problematikken at særleg den kunnskapssosiologiske dimensjonen i arbeida til Boltanski og Thévenot kan verke oppklarande (sjå kap1). Går ein tilbake til stadiet der behovet for avstand oppstår, kan ein ved hjelp av denne kunnskapssosiologien få ei innsikt i kvifor ein kjem opp i desse vanskane. Sosiologien og andre humanvitskaplege disiplinar har ambisjonar om å vise fram meir grundig funderte, meir realistiske eller meir systematiske versjonar av røyndomen enn det kvardagsaktøren viser fram. Dei mest vanlege grunngjevingane for å halde avstand til aktørperspektivet har derfor gjerne å gjere med at desse versjonane ikkje uttrykkjer meir enn ein liten del av det heilskaplege biletet - dei er forma av aktørens bakgrunn, interesser, osb., og kan derfor ikkje erstatte den vitskaplege versjonen. I botnen av slike argument ligg altså ei forestilling om asymmetri mellom den ufullstendige, praktisk orienterte, usystematiske aktørversjonen og den (meir) fullstendige, teoretisk informerte og systematiske vitskaplege versjonen. Versjonane er innbakte i vesensulike prosjekt og eksisterer derfor på ulike nivå. Boltanski og Thévenot set spørsmålsteikn ved denne asymmetrien. Behovet for avstand er ikkje (berre) eit resultat av ønsket om å få fram meir velfunderte versjonar av eit fenomen. Like mykje kan grunngjevinga vere at

sosiologen i denne situasjonen er i ein annan handlingsmodus enn informantane. I denne modusen er det i seg sjølv eit poeng å ha autonomi i forhold til aktørversjonane, og grunngjevinga for avstanden til aktørar er meir å finne i historia om sosiologien enn i sosiologisk metode. I arbeidet med å etablere sosiologi som vitskapen om samfunnet var det nødvendig å få fram eit bilet av kva samfunnet var som skilde seg frå andre oppfatningars, og som også kunne vere i stand til å overprøve desse oppfatningane. Etter den franske og amerikanske revolusjonen oppstod det dessutan ein sterk etterspurnad etter typer av orden som ikkje var påtvunge samfunnet: "Very generally speaking, the social sciences are to be regarded as exactly a part of the response human beings gave to their new condition of – self-inflicted, one might say – contingency and principled uncertainty. Being unable to rely any longer on externally defined certainties, political thinkers started searching, sometimes almost desperately, for regularities and continuities which exist without being commanded. The social sciences have been a means to decrease contingency." (Wagner 1998: 244, jfr. også Baumann 1987). Å ta eit "objektiverande" perspektiv eller å få fram "aktørens synspunkt", kan ein slik sett forstå som to samfunnsvitskaplege "arrangement" for å kunne kome fram til slike "regularities", og for å kunne etablere eit skilje mellom vitskaplege og ikkje- vitskaplege ytringar. På sett og vis tyder dette at dei "vitskaplege" grunnane sosiologen har for å distansere seg frå oppfatningars og meininger hos aktørar, også er "sosiale" og historiske grunnar.

#### KAN EG KOME INN LITT HER?

Helst ikkje - eg held på å kome fram til eit kjernekjennskap i forhold til Boltanski og Thèvenot sin kunnskapssosiologi, eller rettare - eg prøvar ut ein bruk av dette perspektivet i høve prosjektet mitt. Du har vel tenkt å kome med "refleksiv" kritikk eller ordkløyveri no når eg minst treng det.

**TVERT I MOT! EG HAR TENKT Å HJELPE DEG FØR DU ROTAR DEG INN I VANSKAR. DU HAR FORRESTEN MISFORSTÅTT DERSOM DU TRUR AT Å VERE "REFLEKSIV" (BERRE) TYDER Å LAGE I STAND PROBLEM.**

**KANSKJE KAN DEN FØLGJANDE DIALOGEN VISE KORLEIS EIN KAN BRUKE DENNE FORMA KONSTRUKTIVT? FOR DET FØRSTE VIL EG MINNE DEG OM DET DU SKREIV I DET VITSKAPSTEORETISKE INNLEGGET DITT, SOM NETTOPP OMHANDLA "AKTØREN I MEININGSRAMMENE"; EG SITERER FRÅ DER DU GJER ALFRED SCHUTZ TIL ALLIERT FOR DINE POENG: "Aktøren handlar og opplever i tråd med biletet**

Schütz har teikna av det intersubjektive kvardagslivet. Her er aktøren m.a. styrt av sin biografiske situasjon, ser verda i "typifikasjonar", osb. Sjølv om aktøren i dette biletet har romslege vilkår, og Schütz understrekar at han opptar seg med førvitskaplege mentale strukturar, så utgjer kvardagslivsfilosofien hans likevel ein teoretisk konstruksjon der den faktiske, individuelle aktøren ikkje har nokon privilegert posisjon i høve handlingsidentifikasjon." (Hestholm 1999: 13, jfr. også Grimen 1989)

**ER IKKJE DETTE EIT TYPISK "OBJEKTIVERANDE" ARGUMENT, DER PERSPEKTIVET TIL AKTØREN "FUNGERER SOM RÅSTOFF FOR KONSTRUKSJONEN AV EIT TEORETISK PERSPEKTIV"? BLIR DU IKKJE INKONSISTENT NÅR DU NO BRÅTT OPPFATTAR DETTE SOM EIT PROBLEM?**

Nei, i grunnen ikkje. Schütz har vel ikkje ambisjonar om å konstruere eit perspektiv som alltid vil stå i eit "ein til ein" forhold til det ulike empiriske aktørar måtte oppleve og handle på grunnlag av. Akkurat det ville vel uansett vere eit håplaust prosjekt. Meir er det snakk om å konstruere eit menneskeleg handlingsunivers som er mest mogleg rimeleg, sannsynleg og "rettvist" i høve eit "normalt" menneske. Aktøren har altså ein viktig plass i den forstand at Schütz prøvar å gjenskape mest mogleg sannsynlege problemsituasjonar for ein slik idealisert aktør, i motsetnad til sosiologi som konstruerer aktørar som passar til bestemte teoretiske perspektiv innafor det økonomiske, politiske, religiøse, postmoderne, osb.

**DET VAR DET EG VILLE HØYRE. KAN DU VERE SAMD I AT DETTE OGSÅ KAN FUNGERE SOM EI SKILDRING AV BOLTANSKI/ THÉVENOT-PERSPEKTIVET MED OMSYN TIL AKTØREN/ INFORMANTEN SIN POSISJON? DVS. AT HELLER IKKJE DEI TAR AKTØRPERSPEKTIVET "AT FACE VALUE" (SLIK SOM DET TIDLEGARE I TEKSTEN SÅG UT SOM DU MEINTE), MEN AT DEI, SOM SCHÜTZ, PRØVAR Å REKONSTRUERE EIT REALISTISK UNIVERS FOR AKTØRAR UTAN Å GJERE DETTE MED GRUNNLAG I EIT PERSPEKTIV SOM DEI GIR FORRANG FRAMFOR ANDRE?**

Eg skulle kome til dette. Det eg var i ferd med å greie ut om, då du braut inn, var at det "radikale", eller i alle fall alternative i prosjektet deira er synspunktet om at sosiologien også prinsipielt kan blir sett som eit handlingsrepertoar, og at det er i kraft av å vere eit slikt repertoar at ein kjenner behov for å ha avstand til aktørperspektivet. KVIFOR BERRE "PRINSIPIELT"?

Eg trur svaret i første omgang her må bli at i den grad sosiologen gjer bruk av bestemte privilegerte perspektiv (bytteteori, kommunikativ rasjonalitet, kritisk teori, osb.) eller - meir omfattande, at han eller ho gjer den sosiologiske kunnskapen til øvste domsinstans for samfunnsmessig konflikt og uvisse, så er det denne dimensjonen ved sosiologien ein ser i funksjon.

#### **KVIFOR BERRE "I FØRSTE OMGANG"?**

Eg uttrykkjer meg slik fordi ein ved å relativisere "sosiologperspektivet" på lik linje med relativisering av andre perspektiv, sjølv sagt får det ein kalla eit "forklaringsproblem" i høve spørsmålet om det finst perspektiv eller posisjonar som er meir "grunnleggjande", "sanne", "treffande", eller liknande, enn andre. Ikkje minst gjeld dette spørsmålet om kva for status ein skal gi eins eige sosiologiske arbeid – slik kandidatar gjerne får spørsmål om under disputasar. Men dette relativisme- "problemet" er sjølv sagt ikkje eksklusivt for perspektivet til Boltanski og Thèvenot, og det er (derfor) heller ikkje noko som krev særhandsaming i ei avhandling som prøvar ut perspektivet. Det konstruktive i å gjere slike relativiseringar til utgangspunkt er at ein på sett og vis plasserer energien for denne sortering- og kategoriseringsaktiviteten hos aktørane som også forheld seg til fenomenet ein studerer. Ein oppgir altså som hovudprosjekt forsøket på å etablere ein endeleg og privilegert posisjon som kan sortere og kategorisere, skilje mellom legitimt og illegitimt, "primærskildringar" og "sekundærskildringar", m.m. Dette arbeidet er det aktørane i feltet som utfører, eller rettare - dei gjer det også (og kanskje særleg gjer aktørane i denne avhandlinga det). Fokus skiftar dermed frå eit mål om å kome fram til ein best mogleg måte å analysere aktørar på, til eit mål om å vise mest mogleg av korleis denne aktiviteten artar seg for aktørane. I sitatet frå Latour, som eg litt forførerisk plasserte etter informanten i starten av dette kapittelet, gjer han heile denne diskusjonen til eit spørsmål om grader av, eller typar av modernitet. For han kan det meste av sosiologien og sosiologihistoria lesast som forsøk på å halde ved like og forvalte "samfunnspolen" i det han kalla "den moderne forfatningen".

**VEL, NO SKAL EG TREKKJE MEG TILBAKE, MEN FØRST VIL EG  
(PARADOKSALT NOK) RÅDE DEG TIL Å LA DESSE METADISKUSJONANE  
LIGGJE EI STUND, OG I STADEN KONSENTRERE DEG OM Å GJERE  
NØYARE GREIE FOR DENNE "STRUKTURORIENTERTE PRAGMATISMEN",  
SOM VI NO DISKUTERER UNDER. LESAREN HAR IKKJE SETT MYKJE TIL**

## KVA DEN SKAL FORESTILLE, ENDA? DESSUTAN, KOR BLIR DET AV DEI EMPIRISKE DØMA OG ANALYSEN AV DEI?

Eg skal prøve.

I arbeidet med, og i refleksjonane over intervjeta og statusen til informantar, som no delvis er nedskrive ovanfor finst det ein "arbeidsmåte" som det er rimeleg å hevde også informantar gjer bruk av.

For det første er den diskuterande og prøvande tankegangen som viser seg gjennom denne dialogen karakteristisk for måten kunnskap og informasjon kjem fram på i intervjetet. Mykje av den pragmatiske modellen ligg her. Dvs. at personar handlar (snakkar) i situasjonar der føresetnadene for handling og konversasjon ligg i eigen person og kropp, andre personar, institusjonelle byggverk og i materielle ting (Joas 1996: 146)

Ein del av menneskeleg handling er rutinemessig, vaneprega og uproblematisk. Kor stor denne delen er, er ikkje klart. Sannsynlegvis er det rimeleg å hevde at det er ein flytande overgang mellom uproblematisk og problematisk handling og/ eller at "problema" kan vere av meir eller mindre alvorleg karakter. Når rutinehandlingar ikkje er adekvate eller ikkje fører fram til dei forventa resultata oppstår det situasjonar som krev handlingsjustering, omdefinering eller beintfram nyskaping, og slike situasjonar fører også med seg ei omstilling til større medvit omkring handlinga hos aktøren sjølv. Intervjetet kan vere ein slik situasjon av ikkje- rutine og uvisse og det er rimeleg å gå ut frå at det slik sett liknar på mange andre situasjonar informantane kjem opp i. Delvis handlar intervjetet også om slike andre situasjonar; om evalueringstiltaket, om rekrutteringsproblematikk, opplegg for undervisning, samarbeid mellom fag, forholdet til administrasjon og politikk, osb. Alle desse emna kan i den vanlege kvardagen utmerka godt vere gjenstand for rutinehandling eller likesæle, men den allmenne oppfatninga om at universitetet no står i ei særskilt utsett stilling med omsyn til legitimitet, verdiar, formelle ordningar, osb., har i så fall "problematisert" desse forholda for informantane, og intervjetet som omhandlar dei medverkar til å gjere dei aktuelle.

Eg går med andre ord ut frå at intervjetet mobiliserer ei oppstilling av viktige argument, saker, historiske framstillingar og verdiar hos informantar. Desse elementa

ligg i minnet deira og intervjuet utløyser eit arbeid med å sortere og fastsetje innhaldet i dei. Dertil "plasserer" informanten seg i høve dette kartet i form av å ta standpunkt, å vere usikker, å ikkje vite nok, å vere uinteressert, bli provosert, osb., alt etter kva form desse oppstillingane av argument og verdiar tar. Ofte er plasseringa i tråd med tidlegare, gjerne implisitte meininger og oppfatningar, men det kan også vere at intervjuet gir tid og rom for andre og/ eller meir nyanserte framstillingar som dernest resulterer i nye måtar å plassere seg på.

Slik eg no framstiller denne pragmatiske grunnmodellen – at handling kan vere, og ofte er, spesifikk til kontekst, open for endring og refleksiv – ser ein også konturar av kvifor ein kan kalle pragmatisk handling "strukturorientert". Det er ei strukturforståing som er open for at strukturar, forstått eksempelvis som "institusjonar", "historie" og "konjunkturar", har innverknad på aktørar sine handlingar gjennom påtrykk og tilpassing, men som konsentrerer seg meir om kva form slike og andre strukturar får i aktørane sine eigne oppteikningar av handlingsfeltet. Dei framkallar sjølve kva for strukturar dei er under påtrykk av og kva for dei tilpassar seg, og gjer sjølve vurderingar av andre aktørar sine posisjonar og grunnane til at dei er i dei. Liksom ein som forskar av eit fenomen står overfor val som krev vurdering og analyse, står aktørar som må forhalde seg praktisk og meiningsfullt til det same fenomenet overfor val som i like stor grad krev analyse. For informantar kan slik sett innhaldet i det første avsnittet under overskrifta "Strukturorientert pragmatisme" bli skrive om slik:

"I korte trekk er situasjonen altså som følgjer. Som objekt for evalueringstiltaket blir ein ofte gitt ein bestemt type informasjon i form av analysar av tiltaket. Nokre av desse kjem frå kollegaer og venner og desse utfyller ofte eins eigne intuisjonar om tiltaket. Andre idear og argument kjem frå administratorar og politikarar/ (evt. vitskapleg tilsette) og ofte må ein mobilisere motstand mot desse. Denne motstanden kan vere av mange slag, og gi seg mange uttrykk, men i hovudsak må ein halde seg innanfor "saklege" grenser og spelereglar. Alternativet er å ikkje bli tatt alvorleg. Å forhalde seg sakleg tyder i store trekk å vere konsistent i argumenta og å skilje mellom relevante og irrelevante saker, argument og historier. Både i eins eigen og i "dei andre" sin argumentasjon finst det element som kan diskvalifiserast (ved å gjere dei irrelevante) eller kvalifiserast (gjerast relevante)."

Ei slik "symmetrisk" skildring av ein problemsituasjon innan to ulike prosjekt (ein kunne kalle det eit tilskodar- prosjekt og eit deltar- prosjekt), kan indikere at aktør og analytikar driv parallel aktivitet, eller meir presist, at prosjekta liknar kvarandre meir enn det ein vanlegvis aksepterer innafor ei vitskapleg sjølvforståing. Ikkje berre er "forståing", "resonnering" og "problemløysing" felles – begge "figurane" (aktør og analytikar) må også bli sett som å handle og forstå i samanheng med eit sosiokulturelt mønster, der bestemte mål og omsyn som det tidlegare har vore adekvat å følgje dannar handlingsrommet. Denne måten å forstå forskingsaktiviteten på kan bli sett som ei utviding eller vidareutvikling av Alfred Schütz (1967) sine figurar "aktøren", "observatøren" og "den vitskaplege observatøren". Opptekninga hans av desse figurane gjer aktiviteten til den vitskaplege observatøren ubunde av tida og rommet til aktørar, dvs. at relevansstrukturane til den vitskapleg skolerte analytikaren ikkje "står til" situasjonen som blir analysert, men til eit teoretisk univers av idear og metodar. Den "biografiske situasjonen" til vitskapspersonen har heller ikkje nokon nemneverdig innverknad på den analytiske aktiviteten vedkomande utfører.

Skal ein gi rom for det kunnskapssosiologiske perspektivet til Boltanski og Thévenot bør ein modifisere begge desse føresetnadene, slik Schütz også sjølv gjer<sup>20</sup>. Dette kan ein enkelt gjere ved å opne for at også "teoretisk univers" og "biografisk situasjon" er sosiale, historisk viktige storleikar i arbeidet til analytikaren. Derimot er det ikkje nødvendig å forstå dette som at eksempelvis det politiske engasjement til forskaren, eller den sosiale, individuelle bakgrunnen hans/ hennar styrer måten det blir arbeidd på. Oftare er det "skolar" eller "tradisjonar" forskaren tar omsyn til, og det er først og fremst gjennom desse vedkomande blir historisk prega i arbeidet. Vidare kan det dreie seg om å skape seg "sitt eige" forskingsmessige handlingsrom ("show cause") nettopp

---

<sup>20</sup> Etter å ha skildra sosialforskarens aktivitet som uinvolvert i den observerte situasjonen og at vedkomande derfor kan studere denne med "the same detached equanimity with which the natural scientist looks at the occurrences in his laboratory", forklarer Schütz dette meir inngåande: "Of course, in his daily life the social scientist remains a human being, a man living among his fellowmen, with whom he is interrelated in many ways. And, surely, scientific activity itself occurs within the tradition of socially derived knowledge, is based upon co-operation with other scientists, requires mutual corroboration and criticism and can only be communicated by social interaction." (Schütz i Farganis 1993: 284) "The scientific attitude" er likevel uavhengig av slike praktisk- sosiale sider ved forskingsaktiviteten, sjølv om også denne mentaliteten er relatert til sosialt organiserte kunnskapsformer: "By making up his mind to carry out a plan for scientific work governed by the disinterested quest for truth in accordance with preestablished rules, called the scientific method, the scientist has entered a field of preorganized knowledge, called the corpus of his science. He has either to accept what is considered by his fellow-scientist as established knowledge or to "show cause" why he cannot do so. Merely within this frame may he select his particular scientific problem and make his scientific decisions. This frame constitutes his "being in the scientific situation" which supersedes his biographical situation as a human being in the world." (op. cit: 284, 285)

i dei kryssande omsyna til det empiriske feltet og slike teoretiske og metodiske tradisjonar og skolar. Den innleiande diskusjonen i kapitlet om korleis ein kan forstå dei kritiske analysene til dei vitskapleg tilsette og behovet for "avstand" var eit forsøk på å vise den typiske gangen i eit slikt arbeid.

I analyse av intervju er det gjerne vanleg å poengtere at det aktører ytrar seg om i intervjuet ikkje utan vidare bør bli sett som dekkjande for korleis personen eigentleg handlar eller resonnerer. Delvis kjem dette som ein følgje av at intervjuinformasjonen skil seg frå "ad- hoc" prega praksisorientert handling. Handling i kvardagslivet blir sett som målorientert, strategisk og impulsiv – innan det Schütz ville kalle ein "in-order-to"- motivasjon, medan utsegner innan intervjudusen utgjer ein utarbeidd, reflektert versjon med eit større innslag av idealisering og sjølvpresentasjon, og der "because"- motiva kjem meir tydeleg fram. Også denne oppdelinga er problematisk i perspektivet til Boltanski og Thèvenot.

Dei åpnar i stor grad for at aktørar er reflekerte og gjer bruk av "prinsipp", "reglar" og teoretisk kunnskap også i kvardagsaktivitet – og at intervjuet slik sett kan vere typisk for mykje av denne aktiviteten<sup>21</sup>. Også her finst det komplekse refleksjonar omkring eigne og andre sine strategiar, motiv og handlemåtar. Dessutan finst det i eit moderne samfunn mange fleire situasjonar enn intervjuet for å utføre slike operasjonar. At det analytiske sokjelyset er sett på tids- og rom- messig avgrensa situasjonar, ikkje vedvarande disposisjonar eller interesser hos aktørar, legg i det heile mykje av grunnlaget for denne alternative måten å forstå intervjeta på. (Jfr. Nicolas Dodier 1993, s. 561- 563)

Desse to poenga; aktøren som reflektert, kompetent og med vitskaplege reiskapar til disposisjon – og den vitskaplege observatøren som målorientert og historisk prega, kan medverke til å få fram meir realistiske og balanserte biletar av dei tema denne avhandlinga tar opp. "Det empiriske" og "det teoretiske" får derfor også ei litt uvanleg tyding i avhandlinga: Dei studerte objekta – historia, administrering og styring av vitskapleg arbeid, oppfatningar om nyskaping, framtidsplanar, m.m. - utgjer og er bundne saman med sosiale arrangement, konvensjonar og verdiregimer som både aktørar og analytikar forheld seg til. Aktørar nyttar (kritisk) teori –

---

<sup>21</sup> Her kan studiet av folks klassemedvit kanskje danne eksempel på Boltanski og Thèvenot sin bruk av intervju og andre aktørytringar (Boltanski og Thèvenot 1983).

samfunnsvitskapleg, politisk, juridisk, analyticaren sorterer, dvs. reflekterer og reflekterer over, sorteringsaktiviteten og set dei eksplisitt i samanheng med dei sosiale ordningane. I siste instans er det det Alfred Schütz kallar "being in the scientific situation" som skil analyticaren frå aktørane. Dvs. at han er i ein situasjon der det er krav om, og tid og rom til, å eksplisere dei ordningane både aktørar og analyticar mobiliserer. Samla kan eit slik oppsett kanskje utgjere det Latour ovanfor kallar ein "rabies- vaksine" mot å ende opp med eit "anklagande" studium av evalueringstiltaket.

I resten av kapitlet skal eg prøve å vise korleis informantar – i intervjuasjonen – set opp, utarbeider og skifter mellom problemstillingar som bli introduserte av dei sjølve eller intervjuaren. Temaet vil vere "konflikt – usemje - diskusjon", både fordi dette framstår som ein sentral situasjonstype i tilnærminga til Boltanski og Thévenot; men altså også fordi evalueringstiltaket og det dette tiltaket rører ved i arbeidskvardagen til dei tilsette svært ofte utløyser "kritiske" usemje- situasjonar. Den moglege problemsituasjonen eg skisserte for aktørar kan no bli prøvd ut.

### Kor "kritisk" er evaluering?

Informanten eg starta med å referere viser i utklippet ein måte å forstå evaluering på. Stikkordet er "endring"; fenomenet blir sett i samanheng med eit skifte i universitetspolitikken der universiteta blir oppmoda om å marknadsføre seg og å konkurrere innan ein internasjonal utdanningsmarknad. Vedkomande skildrar ikkje eit skifte frå ein god og fornuftig tilstand til ein verre, men frå ein problematisk til ein enda verre. Utklippet utgjer saman med ein del andre versjonar døme på ei klar eksplisering av det kritisk negative potensialet i "evaluerings- ideologien". Som antyda i kapittel 1, er ikkje dette noka einerådande oppfatning av tiltaket, fordi det blir sett inn i ulike samanhengar med ulike konsekvensar for kor "alvorleg" det er. Når eg omtalar evaluering som eit tema som utløyser konflikt, usemje og diskusjon og slik utgjer ein "critical moment", så tyder altså dette at utfallet kan slå begge vegar: mot ein situasjon prega av at endring blir oppfatta som nødvendig/ tvunge fram, eller mot ein situasjon ein oppfattar som at det finst etablerte ordningar for. Slik sett er evalueringstiltaket kritisk i den forstand at det eksisterer i spenningsfeltet mellom det normale, rutinemessige og det potensielt nye og kanskje destruktive.

## **Administratorane: Korleis skal vi presentere tiltaket?**

Dei vitskapleg tilsette gir ofte uttrykk for at evalueringa hadde uklare sider og at det også var usikkert kva den skulle bli brukt til. Også dei som administrerte tiltaket går med på at ikkje alt var klart og fastlagt, men at dette delvis også var meininga. Det var eit sjølvstendig poeng å ta omsyn til fagmiljøa sine vurderingar og behov, fleksibilitet i høve utforminga av tiltaket var viktig. Startfasen av evalueringstiltaket var altså prega av gjensidig utprøving og bestemming av kva det skulle vere. Målet i administrasjonen om fleksibilitet og dialog i prosessen, var i denne situasjonen like mykje eit strukturelt krav som ein gest overfor fagmiljøa – fleire stader i intervjua (og i dokumenta) blir det understreka at utan legitimitet i fagmiljøa ville ein ikkje kome nokon veg. Vegen fram til ei slik bestemming innebar dermed m.a. å få klarleik i kva for omsyn og behov "den andre parten" hadde. Gjennom kontakt med fagmiljøa utover i prosessen fekk administrasjonen både nye erfaringar og også stadfesta ein del tidlegare inntrykk av kva for omsyn og behov dette handla om i dei ulike miljøa. M.a. danna typen deltaking i styregruppa som skulle utforme evaluatingsopplegget ein indikasjon på engasjementet. Også ei rekkje andre lokale variasjonar kom fram. Følgjande omfattande utklipp er frå intervju med ein person som i denne perioden arbeidde full tid med evalueringa.

Spørsmål: Du har jo sett desse rapportane..

Uvisse om eigen kunnskap?

Svar: Ja, eg har sett dei, men..

Svakt minne = svak informasjon?  
Generelt intrykk

SP: .. der er jo mange typer informasjon der. I den grad du huskar noe frå dei, var det slik du tenkte deg at det kom til å ende opp?

Psykologi, vurdering av talent.  
"Sunnheit": som i "sunn konkurranse"?

SV: .. Det er veldig vanskeleg å svare på. Eg kan ikkje huske kva eg tenkte når eg begynte .. og kva eg tenkte når eg slutta, men det som var situasjonen då rapportane kom.. altså viss eg skal huske litt sånn generelt.. så var det .. Det var ein del fagmiljø som var veldig sånn.. Det var litt spenning i lufta i forhold til .. kva slag vurdering får vi? Dette er akademikarar, det er vaksne folk, men her er ein eller annan grunnleggjande psykologisk mekanisme, alle er opptatt av kva andre meiner om eins prestasjoner. Og det er jo veldig sunt eigentleg. Men noen var jo meir på defensiven, medan andre var rimeleg på offensiven .. og visste at dei var gode, og slikt. Men det var jo kanskje slik at .. dette økonomi- miljøet.. dei vart jo veldig .. altså dei fekk ein veldig positiv omtale i denne rapporten.. og det trur eg var overraskande for dei.. det er eitt inntrykk eg har, men dette kan vere feil.. Geografi- miljøet, den var kanskje den mest kritiske rapporten.. og der var det kanskje ein god del å gripe fatt i, både i forhold til det faglege innhaldet og i forhold til dette samarbeidet med handelshøgskolen... så der kom det fram informasjon som .. var liksom.. korleis skal vi handtere dette her, eigentleg.. Eg oppfatta dette som relativt alvorleg .. ein del av det.. Dei andre.. Informasjonsvitenskap var vel både og, men dei hadde ei forhistorie med at dei hadde blitt tatt med i ei evaluering.. Så dei var veldig opptatt av å få denne evalueringa i gjennom, og vise at .. det var ikkje på den måten som det var blitt utført av noen andre.. Akkurat det forholdet til informasjonsvitenskap, det var også eit poeng i evalueringa, dette med at.. kva er seriøs evaluering? Korleis skal institusjonane vere med å .. legge .. å få forklart samfunnet at vurdering av kvalitet er ikkje nødvendigvis så enkelt, og viss det blir gjort veldig enkelt, så kan det vere feil, og det kan gjøre skade for institusjonane.. For det var veldig oppstyr etter ei nfr- (?) evaluering.. eller noko slikt,

Meir og mindre "alvorlege" problem.  
Særskilte behov: infovit.

"Seriøsitet", kva for krav finst, dvs. kva for evalueringar er realistisk å

der det instituttet hadde vore med. Samanliknande politikk var vel rimeleg positivt, det var ein del ting dei måtte gjere.., adm. org. også.. det var litt skryt og litt framlegg til tiltak som kunne gjerast, men det var.. ting som instituttet kunne gripe fatt i og eg trur mange av dei var førebudd på at dette må vi gjere noe med.. Og da er det spørsmål om det at noen også seier det, at det kunne vere det som var nødvendig for at det faktisk skjedde noe på dei punkta. Og så var det sosiologi da,... viss du kjem inn på dette med deltaking og slikt i evaluering av fagmiljøa, så kan vi kome tilbake til det, men ..

SP: Berre ta det no..

SV: Sosiologi.. dei var med i denne nasjonale evalueringa, og med det utgangspunktet... Mitt inntrykk er at det var det instituttet som la minst arbeid ned i heile evalueringa.. der det eigentleg berre var to personar som evaluerte, og det var .. N.N, og ho her... ei dame.. viss du seier eit namn så..

SP: N.N

SV: Ja, det var liksom dei to som gjorde noe, og eg har inntrykk av at resten av instituttet boikotta heile greia..

SP: Før den nasjonale evalueringa vart sett i gong?

SV: Ja, eg trur... Viss eg blir litt subjektiv her, så vil eg jo seie at viss dei ikkje hadde vore med i den nasjonale evalueringa, så.. (avbrot; barnegråt, intervjuet går føre seg heime hos vedkomande) Det oppfattar eg at det instituttet, dei var på mange måtar ikkje med i evalueringa, og .. sånn på linje med dei andre instituttet..

SP: Kva trur du årsaka var til det?.. Ein spesiell kultur der..

SV: Altså det kan eg jo seie, det instituttet der oppfatta eg som litt sært. Det blir veldig synsing.. Eg trur det kan skuldast.. Kor sære dei eigentleg er, det veit eg ikkje.. Det kan jo vere leiinga på det tidspunktet, som det ikkje var alt for mykje tak i, slik eg ser det for meg.. og det var vel.. det var ikkje slik at det berre var instituttstyraren som var med i den styringsgruppa, men ein del av dei var instituttstyrarar. Frå geografi var det styrar, frå .. ja, var det fleire.. Noen var det og andre var det ikkje.. og noen var vara for styrar og slikt. Samanliknande politikk hadde jo berre dekanus med.. og på adm. org. så var det jo ikkje styrar som var med, han var vara. På sosialantropologi var det styraren, som også var prodekanus, på medievitskap var styraren med.. økonomi hadde ikkje styraren med, ser du (viser til rapporten), det var ein .. gammal, eldre kar..

Informasjonsvitskap hadde heller ikkje sin styrar med, det var han .. som no er kontorsjef der.. og han gjekk over til ei administrativ stilling, så det var litt blanding der. I dei andre miljøa, der var det.. Det er nok litt vanskeleg for meg å vurdere engasjementet, og det kan nok vere eg har ein tilbøyelighet til å seie at engasjementet er større, enn det ein fagtilsett ville seie. Altså det ville ikkje overraske meg om ein fagtilsett seier at .. det der er ei rein symbolsak, viss dei kanskje var litt i mot det eller... Men eg vurderte det slik at det var to fasar i denne prosessen i forhold til engasjement. Det var ein fase før dette besøket og desse peer review folka, og det var ein fase etterpå. Fasen etterpå var det større engasjement over, enn fasen før. Dei synest at det var .. at dette besøket og denne diskusjonen, at det vart gitt tid og høve til å diskutere slike ting med folk som .. dei hadde plukka ut.. Eg meiner det var eit viktig element i opplegget, og det var klokt. Det var eit poeng at fagmiljøa skulle gjere framlegg om medlemmer til desse fagkomiteane.. Poenget var jo det at.. eit poeng var at innafor visse typar avgrensingar.. for at dette skulle bli noenlunde ryddig, det skulle jo ikkje vere folk som arbeidde der eller hadde arbeidd der.. det skulle ikkje vere noe .. kollegaopplegg, men at dei oppnemnde folk som dei på ein måte hadde respekt for, og som stod i noenlunde same fagtradisjon. Det var jo for at dei skulle ta evalueringa alvorleg og ikkje i ettermiddag seie at .. dei folka der, dei er jo heilt sære, sant... Så det var jo både ein mekanisme i forhold til at dette skulle vere fruktbart, men også i ettermiddag, at ein ikkje skulle avfeie eventuelle negative vurderingar... Du hørte jo det og i ettermiddag, men det var veldig lite av det. Men eg oppfattar det som ei tid da, og ei tid etter.. den tida etter med diskusjonar og ein fekk rapporten, så var dei opptatt av dette her..

SP: Var det noen hendelsar med siste telefonar, .. skandaleepisodar?

SV: ... Han N.N, han var jo med på eit eller to møte.. og han,... han ordla seg jo relativt klart enkelte gonger, men om det... Eg lurer på om ikkje han hadde eit alternativt forslag i fakultetsrådet.. at han på ein måte ikkje var enig i at ein skulle bruke tid og ressursar på dette her, det hadde ikkje noe for seg. Men det er jo berre å vere tru mot sin statsvitenskaplege utdanning, slik eg ser det.... altså ingenting nyttar... det er statsvitenskapens standardsynspunkt, ingenting nyttar, det er skjebnestyrt alt, alt går av

gjennomføre ved eit universitet?

Ytre påverknad nødvendig for endring?

Å "ta ting etter tur"-prinsippet.

"Subjektiv", men i kraft av posisjonen ei kvalifisert vurdering?

"Livsverd" versus "systemverd"?

Analytikar:  
Mobilisering av "kultur".

Aktør: Modifisering gjennom mobilisering av særskilte, lokale byråkratiske forhold.

"Blanding", uorden, diskvalifisering?  
Metavurdering av roller.

Viktig element i presentasjonen av tiltaket.

Etablering av ekvivalens... Å legge grunnlaget for reglane etterfølgjande disputtar må følge.

Analytikar: Interesse for konfliktar gjennom "uformell" informasjon (sladder).

Aktør: Kopling av andre aktørar til "strukturalisme" – viktig sorteringsarbeid.

seg sjølv.. det er ... strukturalismen i eit nøtteskal.. det er slik, altså... så det.. Men elles, det kan vere at eg har fortrengt slike ting og at eg er subjektiv.. det er klart det var diskusjonar, men det var om andre ting, i samband med besøket og .. pengar til ditt og datt, sant.. slikt som eg eigentleg ser på som utanfor.. sakas kjerne. Det var litt diskusjonar i samband med.. på sosialantropologi.. eg trur det var i samband med noen studentevalueringar eller.. studentinnspel.. at det kom opp noe grums der.. Du hadde dette på geografi, der var det jo litt ... Men elles var nok vi skjerma for dei diskusjonane som gjekk føre seg på institutta, dei kjenner eg lite til.. Eg samla inn cv- ar, eg gjorde mykje sekretærarbeid også i denne perioden, det var eg som samla inn alle cv- aне og redigerte og laga alle desse dokumenta som vart sent ut..

SP: Var det du som definerte kva som skulle stå i desse cv- aне også.. eller la rammene for det?

SV: .. Ja

SP: .. eller brukte du ein standard for dette

SV: Ja, det var vel faktisk eg som laga... eg trur eg laga eit framlegg til mal for ein cv.. men kor eg har tatt den i frå, det kan eg ikkje huske... om det var ein eller annan standard..., nei eg kan ikkje huske det, altså. Men det var jo ein del sånne ting som ikkje var svar på .. Altså du veit desse akademikarane, det er dette her med roller og fridomsgrader.. sant.. Noen er glade for at noen gir dei ein mal, så dei slepp å tenke, andre har laga noe frå før og leverer det dei har.. og så er det noen midt i mellom

SP: Så det var ikkje så lett å standardisere dei..

SV: Nei, det er det aldri, sjølv om du gjerne prøvar..

SP: Det å koble saman desse eigenevalueringane .. eller å bruke det som eit samanlikningsgrunnlag.. var vel kanskje også ei utfordring.. Dei var jo ikkje så veldig ulike, men .. dei var jo også ulike i måtane dei var utforma på..

SP: Ja.. og der gav vi få føringar.. og der huskar eg at slike føringar vart etterspurt.. men kven som etterspurte dei, det veit eg ikkje.. Men da var liksom tilbakemeldinga det at .. her ønska ein ikkje.. Det eine var at vi ikkje hadde gjennomtenkt korleis vi .. meinte at ei slik eigenevaluering burde vere.. Men altså, det går an å lese i referata kanskje eller i dokumenta om det har blitt sagt noe om eigenevalueringar.. Men eg trur at eit poeng der var at det var viktig at institutta på mange måtar la opp det dei meinte var viktig å få fram, at det derfor ikkje var noen mal. Du kan seie det var litt av poenget med heile evaluatingsprosessen.. at det var ikkje noen måling i forhold til eit ideal.. Det var ikkje noen slik avviksrapportering dette skulle vere, men målet var å prøve å finne kva som var viktig, kva ein burde jobbe med. Og det var heller ikkje noe poeng å ha lik .. form på tvers av fagmiljøa i den omgangen. Men du kan seie at på nivået over, så kunne kanskje det ha vore ein fordel.. Men det vart ikkje sagt at det var eit problem..

SP: Det var vel heller ikkje meiningsa at dei skulle samanliknast, desse miljøa.. direkte mot kvarandre..

SV: Nei.. og det vil jo også vere forskjellen når du har.. Dette var jo eitt case, sant.. men i ei nasjonal evaluering, der blir det jo nettopp eit poeng.. for der er det like miljø, eller tilsynelatande like miljø som blir samanlikna.. og rangert, viss ein da .. går til engelsk.. sant.. der er det karakter frå ein til ni..

SP: ja, det er litt forskjell frå denne evalueringa..

SV: Ja.. Men det er heile tida dette behovet for å klare å filtrere informasjon.. og komme fram til eit beslutningsgrunnlag.. Det er gjerne derfor ein endar opp med karakterar frå ein til ni, det er liksom .. det er jobben, og klare å filtrere det fram til ein til ni, og du kan beslutte ut frå det.. Og det er jo gjerne ein illusjon som vi lever på i mange samanhengar..

SP: .. Og det var ingen slike idear som styrtte denne evalueringa.. at det skulle bli eit grunnlag å ta noen avgjelder på.. frå fakultetsleiinga si side..

SV: .. Nei, altså det var jo.. Det som var interessant, det var jo dette at ein gjorde dette i to nivå.. Den internasjonale komiteen skulle jo sjå etter kva ein ser på instituttnivå.. Poenget er, dette er eit fakultet, er fakultetet noe meir enn .. å administrere eit x- antal institutt.. Er det noe samfunnsvitskapleg fagmiljø som utgjer meir enn summen av delane... Det skal vere noe meir enn summen av delane, elles kunne det berre ha operert for seg sjølv.. Og det vil jo også vere forskjellig frå ein slik fagbasert evaluering, der .. Viss du tenker deg at ein fagbasert evaluering består av ein komite med fagpersonar frå det fagmiljøet. Ein sannsynleg konklusjon frå ein slik komite, vil jo vere det at .. dette faget står for svakt vis a vis andre fag .. sant.. Tilsvarande kunne

Diskvalifisering av "pengar" som argument.

Anlytikar: Interesse for "fullmaktene" til aktøren og kjeldene for arbeidet – "standardar".

Korleis er akademikarane?

Skildring av problemsituasjonen: Manglende gjennomtenking.

Ikkje måling eller "avviksrapportering". Kva bør ein jobbe med?

Uforming i relasjon til alternative evaluatingsmodellar.

Til sist: behovet for eit filtrert beslutningsgrunnlag.

Formulering i evalueringa av fakultetet samla: "... the degree to which Bergen's research activities are collectively greater than the sum of the

konklusjonen frå ein slik komite vere at .. dette samfunnsvitskaplege faget ved universitetet i Bergen bør styrkast.. Det var viktig at dette ikkje skulle vere poenget. Det var ei evaluering innanfor rammer..

SP: Sidan du snakka om statsvitenskapen her.. tenkte du over om det var visse fag som var sterke inne i måten å forstå denne prosessen på enn andre? Var ei historisk forståing viktigare enn ei antropologisk for eksempel...

SV: Eg trur at dei ulike fagmiljøa.. La oss seie at dei som sit i leiinga på eit fakultet.. dei har jo ein ambisjon om å styre i meir eller mindre grad.. Og då er det jo dette.. ja, skal det vere styring, eller ikkje? .. og da ser du at i kva grad du får sympati for slike styrings- synspunkt er litt samanhengande med fagtradisjon, slik eg opplevde det. Ok, informasjonsvitenskap, geografi og økonomi og til dels medievitskap er positive til styring .. og er med på ein diskusjon om at forsking skal vere styrt.. Og så har du ein større skepsis .. altså, du kunne visst det på forhånd.. dei statsvitenskaplege miljøa, sosiologi og offentleg administrasjon, samanliknande politikk.. og sosialantropologi. Eg trur ikkje det er overraskande, men det kan jo vere mine fordommar at eg observerer det slik. Så er det ein ting til.. det er forskjeller på instituttnivå.. slik at eg trur ein der kan finne ulike synspunkt i forhold til forståinga av korleis eit universitet skal styrast, eller...

SP: Dei som utførte sjølve evalueringa

SV: Ja, dei var veldig positive.. det var ikkje store problem med å få oppnemnd desse komiteane. Dei problema vi hadde var litt tilfeldigheiter. Og så er spørsmålet mitt etterpå.. kvifor var det ikkje noko problem, var det fordi at dei fekk godt betalt for dette her? For det gjorde dei, syntest eg.. Vi var vel usikker på korleis vi skulle vurdere dette arbeidet, men eg trur dei syntest det var veldig interessant og syntest det var kjekt å få vere med. Sjølvsagt vart dei kanskje smigra over å bli plukka ut.. men vi hadde.. Det var jo litt av eit styr, det var jo 21 personar, tre i kvar komite, 21 personar vart oppnemnde. Vi hadde jo litt arbeid med den internasjonale komiteen, for der var det jo snakk om å finne ein kombinasjon som dekte .. Der trur eg styringsgruppa var veldig sentral i å finne personar som dei hadde...

SP: Lyst å ta med

SV: Ja...

(Int. 5)

Faculty of Social Science`s parts."

Analytikaren:  
Interesse for  
idegrunnlaget,  
kjeldene.

Aksept for byråkratisk  
styring etter fag, dvs.  
fagas verdigrunnlag.

Stadfesting av  
kunnskap/ fordommar  
- modifisering.

"Tilfeldige" problem  
"Marknadsregimet"(!)

Styringsgruppa sentral,  
"demokratisk" prosess.

## Første sortering: "Topic and resource"

Utdraget over er eit av dei første som blir introdusert i avhandlinga, og det gir høve til ei kort drøfting av korleis intervju- utdraga skal bli brukte vidare utover. Dersom denne avhandlinga skal prøve perspektivet til Boltanski og Thévenot, må konfrontasjonen med det empiriske materialet vere ein viktig prøvestein. Særskilt viktig er dette når tilnærminga sjølv legg vekt på at rettferdsregima dei har kome fram til treng stadig prøving i høve empiriske historiske og geografiske forhold. Altså: Kva for "face validity" har dette utdraget i høve sosiologien om kritisk kapasitet?

Føremålet med å sette opp intervjuet i ein intervjuar-informant (venstre)- og ein analysekolonne (høgre), er å vise fram dei første stega i analysen av intervjuet. Kommentarane og stikkorda som står i høgrekolonna er identifisering av saker, vurderingar, argument og argument- typar som kan vere viktige i sorteringsarbeidet som blir utført av intervjuar og informant. I denne kolonna finst det også argument,

synspunkt og interaksjonelle reiskapar som kan vere vanskelege å relatere til verdiregima som Boltanski og Thèvenot skisserer opp, og som kanskje i det heile står i motsetning til eit slikt "strukturorientert pragmatisme"- perspektiv. Når eg brukar omgrepene "sortering" refererer dette til at både aktørar og analytikar må finne ut av kva for element som er til stades i samtalens, kva for av desse elementa som er viktige og bør vektleggjast, og også i kva grad ein slik samtale kan nyttast som informasjon om noko i det heile. Det seier seg sjølv at eg må kome fram til konstruktive konklusjonar på desse spørsmåla, men dette går føre seg som ein stegvise beslutningsprosess og derfor blir det operert med ei "andre sortering" nedanfor.

Kommentarane i høgrekolonna skiftar ikkje karakter undervegs i kapitlet, dei let seg ikkje påverke av drøftinga og "gangen" i hovudteksten, men er seinare i teksten meint å vere ei påminning om at alternative fortolkingar kan vere adekvate, og dei kan også fungere som illustrasjon på "motstanden" i materialet. I dei etterfølgjande kapitla i avhandlinga forsvinn kolonnene, fordi denne typen sorterings- og fastsettjingsarbeid da blir sett som avslutta, frå analytikaren si side.

Men på det noverande stadiet i analysen bør ein altså sjå "føresetnadsfritt" på det som blir sagt, både med omsyn til omgrepene om dei ulike regima i tilnærminga til Boltanski og Thèvenot, og med omsyn til kva for hending intervjuasmtalar i det heile kan seiast å vere.

Med tanke på det siste, har etnometodologien vore leverandør av fortolkingsprinsipp som er meint for andre forskingsinteresser enn det annan sosiologi normalt har hatt (Sjå m.a. Lynch 1991). Det handla m.a. om å "... recommend a research programme directed at examining how various types of social activity are brought to adequate description and thus rendered `accountable'." (Heritage 1984: 136) Mange har også oppfatta dette som eit program som legg strenge avgrensingar på kva eit intervju kan brukast til, og som dessutan er svært kritisk til meir konvensjonelle sosiologiske prosjekter (ibid)<sup>22</sup>. Tilnærminga er m.a. skeptisk til å bruke commonsense- utsegner og tale som ressurs i analyse av sosiale fenomen. Dette skjer både ved å fokusere på dei referensielle sidene ved utsegnene til dei sosiologen studerer, og i samanheng med dette, også ved at sosiolog og aktørar deler persepsjonen av kva som er dei viktige "problema" i samfunnet. I staden for ei slik felles fokusering på fenomen som ligg utanfor samtalens, og slik bruke samtalens som ressurs i analysen meiner

---

<sup>22</sup> Etnometodologisk "forklaringspolitikk" blir også diskutert i kapitlet under avsnittet "Analytikaren: Sortering av den vitskaplege situasjonen".

etnometodologar at ein bør gjere sjølve (sam)talen til emne, "topic", der kompetansen aktørar nyttar for å gjere ytringar "produserbare" og forståelege, står i sentrum for analyse (Sjå m.a. Zimmerman og Pollner 1990). Frå ein etnometodologisk synsvinkel er det i utgangspunktet ingen skilnad mellom realitet og ytringar - ytringar reflekterer ikkje realitet og dei blir heller ikkje "farga", eller påverka av (sosiale) forhold talaren er utsett for. I staden konstituerer ytringar realitet, "... the accounts are the reality; there is no reality beyond the constructs we imply when we talk of 'reality' (Garfinkel, 1952: 351)" (Woolgar: 1983: 245).

Dette avhandlingsprosjektet er ikkje eit studium av interaksjonsrituale (Goffman 1967) eller "konversasjon ved universitetet", men er meint å identifisere verdiregime som hjelper aktørar til å grunngi eigne synspunkt og å argumentere i høve andre aktørar. Omgrep som "rettferdsregime", "realitetstest" og "ekvivalensprinsipp" førekjem aldri i ytringar frå informantar. I den grad avhandlinga studerer desse omgrepa og samanhengen mellom dei, vil "topic" for avhandlinga derfor finnast "utanfor" sjølve intervjuasmtalene, som også i denne avhandlinga fungerer som "resource" for eit slikt føremål. Likevel er det ikkje uproblematisk å dele den varierte samlinga av ordningar inn i det som har med dei ettersøkte regima å gjere på den eine sida, og det som har med samtalen å gjere, (intervju- genren, oppfølgjing, indeksikalitet, temaskifte, deltakarane sin kunnskap om og bruk av roller, osb), på den andre. At intervjuar og informant er i samtalesituasjonen er sjølvsagt det som skapar eit krav om å seie noko i det heile, og genren "forskinsintervjuet" og rollene til deltakarane pregar sannsynlegvis nokså mykje av det som blir sagt og korleis ein snakkar om studieobjektet. T.d. vil det seinare i avhandlinga vise seg at intervjuet som kommunikativ hending i seg sjølv kan medverke til at informantar snakkar under eit "offentleg rettferdsregime" (sjå kapittel 3 og 4). Dette illustrerer at ein kan forsvare ei sortering av intervjuumaterialet som først og fremst ser etter spor av verdiregime som ikkje eksplisitt er tema i intervjuet og som slik sett rører seg bort frå ein analyse av det som måtte regulere dei einskilde intervjuet som lokale og situerte hendingar. Som sagt tidlegare ser eg på intervjuet i dette prosjektet som ein type kvardagsaktivitet - ein aktivitet som krev argumentering, analysering, grunngjevingar og oppstillingar av desse på bestemte måtar, og som av den grunn ikkje skil seg frå samtalar og diskusjonar deltakarane i intervjuet tar del i ved andre høve. I andre settingar der evalueringstiltaket og forholdet til dei vitskapleg tilsette har vore tema - i møte med styringsgruppa for tiltaket, diskusjonar i fakultetsleiinga, i arbeidet med å svare på

spørsmål frå vitskapleg tilsette - er det rimeleg å gå ut frå at mange av dei same argumenta og grunngjevingane har blitt sett opp. Intervjuet har kvar for seg ulike særdrag og samtaleorganiserande ordningar, men dei er også, og samstundes, eit "ekko" av sorteringa av viktige saker og argument i desse spørsmåla. I tillegg representerer intervjuet kompromiss og "forhandlingsresultat" som vart resultatet av møtet mellom dei ulike verdiane aktørane i evalueringstiltaket mobiliserte. For mange av desse utkoma gjeld det i sin tur at dei ikkje er ferdige, avslutta eller fastlagde ein gong for alle. Tvert om bør ein sjå dei som skildringar av aktuelle problemsituasjonar, samtidige "critical moments" der dei også er bunde saman med dagsaktuelle faglege og universitetspolitiske stridsspørsmål. Evaluatingsprosessen bør ein slik forstå som ein "variant", eit "case" av stabilisering og kompromiss mellom posisjonar i slike spørsmål, og kanskje er det eit av få eksplisitte uttrykk for slik stabilisering ved fakultetet.

I dette biletet blir intervjuet å sjå som ei "gjentaking" av evaluatingsprosessen. Det er gjennom at den "same" disputt-situasjonen blir re- etablert gjennom intervjuet, at ein også får informasjon om denne prosessen og om kva for verdiar som vart mobiliserte i han.

### **Andre sortering: Samanbinding av element**

Etter å ha argumentert for at intervjuet kan nyttast som informasjon om noko utanfor den situerte konteksten det går føre seg i, blir det neste steget i sorteringsarbeidet i analysen min å leite fram oppstillingane av argument, verdiar og "rettferdiggjeringar" som informantar nyttar for å skildre situasjonen der ein skulle presentere evalueringstiltaket for dei vitskapleg tilsette. Kva for koplingar blir gjort her mellom dei ulike elementa som dukkar opp?

Som vist i høgrekolonna, kan mange av vurderingane i intervjuet bli relaterte til ulike "objekt", "arrangement" og "verder" som ligg utanfor denne bestemte samtalen. Dei er relaterte til noko utanfor sjølve snakket gjennom at det verbale også utgjer representasjonar av verda. I eit forsøk på å spesifisere desse representasjonane vil eg altså sjå etter korleis dei kan henge saman med det Boltanski og Thévenot kallar "orders of grandeur". Det kan dreie seg om fag/fagterminologi, byråkratiske og/eller demokratiske prinsipp, finansierings – kostnad- omsyn, "personlege/ private" tilhøve og kanskje fleire element. Parallelt med referansen til desse kategoriane følgjer

gjerne sidekommentarar som "dette er gjerne subjektivt, men", "no rotar eg kanskje det organisatoriske saman med andre ting", "det blir gjerne flåsete i intervju", o.l. Informantar driv mao. sjølve eit løpande sorterings- og legitimeringsarbeid, der "reglane" og refereransen for dette arbeidet er definerte av korleis desse ordningane er utforma.

For å forstå kva behov dei tilsette hadde var det naudsynt delvis å etablere, delvis stadfeste eit allment bilet av korleis dei er, dvs. kva for situasjon desse er i. I utklippet ovanfor ser vi at informanten først nyttar situasjonen av prestasjonskonkurranse som døme på det som møter vitskapleg tilsette. Dei er "... akademikarar, det er vaksne folk, men her er ein eller annan grunnleggjande psykologisk mekanisme.." - altså ikkje "det er vaksne folk *og* her er ein eller annan..". Denne måten å ordleggje seg på kan tyde på at informanten ser ei motsetning i kravet til akademikarane om "å vere voksen", og reaksjonane dei hadde på å bli prestasjonsvurdert. Det er for akademikarane eit konfliktfylt møte mellom to verdilada omsyn, der det "å vere voksen" (å ha integritet og ikkje bry seg om kva andre måtte meine?) må vike for ein "grunnleggjande psykologisk mekanisme" (kva meiner andre om ein?). Dette ser vedkomande likevel som eit "sunt" fenomen, noko som truleg tyder at folk er opptatte av å gjere ein god jobb og at spenninga kring resultata av evalueringa indikerer eit slikt engasjement. Det å vere på "defensiven" eller "offensiven" er først knytt til persepsjonen dei vitskapleg tilsette har av sine eigne prestasjoner: Er ein "god", er ein på offensiven i evalueringssarbeidet, er ein "svak" er ein på defensiven. Men andre stader blir denne forståinga utvida m.a. gjennom påverknaden av fagleg sosialisering ("strukturalismen i eit nøtteskal") og fagleg- politiske holdningar ("sympati for styringssynspunkt").

Ei anna ramme denne informanten set rundt dei vitskapleg tilsette er holdninga deira av å ville endre på minst mogleg, sjølv om også dei ser eit behov for endring. Evalueringstiltaket fungerte derfor som ei påminning om dette endringsbehovet; det vart gjort eksplisitt av instansar utanfrå ("det at noen også seier det"). Denne innstillinga er ikkje utan vidare resultat av hardnakka og prinsipiell motstand mot all styrt endring, slik informanten ser det, men er meir eit spørsmål om kva tid og merksemrd som blir retta mot eigenaktiviteten. Evalueringstiltaket vart frå tidleg av konstruert og presentert nettopp som eit høve til å rette fokus mot eiga forsking og

undervisning på ein meir systematisk og kollektiv måte enn vanleg. Når da det vitskaplege personalet fekk rom til å utføre ei slik sjølvgransking, viste det seg at det ein "kunne visst på førehand" om kva fag som er skeptisk til styring, også stemte. Hendingar rundt institutt for informasjonsvitenskap spelar ei særskilt rolle i evalueringa av SV-fakultetet i Bergen. Fleire av informantane omtalar den spesielle situasjonen dette faget var i, og kva evalueringstiltaket hadde å seie for utviklinga der. Kort fortalt hadde dette faget blitt handsama av eit tidlegare evalueringstiltak som konkluderte med at faget stod svært svakt og som opna for å leggje det inn under andre fag ved universitetet, nærmere bestemt institutt for informatikk. Dei tilsette ved informasjonsvitenskap var lite nøgde med desse framlegga og hadde også sterke innvendingar til måten denne evalueringa hadde gått føre seg på (sjå under).

Fakultetsadministrasjonen fann i denne historia eit levande døme på korleis evaluering ikkje burde bli utført<sup>23</sup>, og med dei tilsette ved informasjonsvitenskap som viktige allierte i høve igangsettinga av fakultetsevalueringa, danna episoden også ei form for legitimering av tiltaket. Konsulenten i fakultetsadministrasjonen relaterer episoden m.a. til "seriøsitet" i slike prosjekt, noko som her refererer til kor viktig det er å nyansere kva som ligg i "kvalitet" ved forskingsinstitusjonane. Måten informanten her ordlegg seg på indikerer eit samanfall i interesser mellom desse "institusjonane" (fagmiljøa ved fakultetet) og administrasjonen. Samstundes aksepterer vedkomande argumentet dei vitskapleg tilsette ofte nyttar i slike saker: "viss det blir gjort veldig enkelt, så kan det vere feil, og det kan gjere skade for institusjonane".

Ein annan del av denne forståinga handlar om kva utforming ein måtte gi evalueringssomiteane for at desse skulle ha legitimitet. Komiteane skulle ikkje vere uttrykk for eit "kollegaopplegg", forstått som at ein berre skulle bli vurdert av venner og kjenningar, men det var viktig at dei tilsette likevel skulle ha innverknad på utvalet av fagfeller. I dette spørsmålet kjem det inn meir langsiktige omsyn som administrasjonen ville ta i høve lagnaden til evalueringstiltaket – dersom forskarane var med å utforme opplegget ville det vere vanskeleg for dei å kritisere og avvise det i ettertid. Delvis kan ein sjå ordninga med eigen-evalueringar i det same lyset. Samstundes som desse dokumenta danna eit nødvendig grunnlag for komiteane å

---

<sup>23</sup> Til dels fyller den nasjonale evalueringa av faget sosiologi (og andre nasjonale evalueringssopplegg) den same rolla som kontrast til fakultetsevalueringa. I enkelte samanhengar kan ein mogleg tilleggsfunksjon vere å tene som "ris bak spegelet" mot kritikarar av evaluering mellom dei vitskapleg tilsette.

vurdere på, sikra produksjonen av dei også eit synleg og "dokumentert", engasjement frå dei tilsette si side.

Blikket for kva som motiverer dei vitskapleg tilsette er også retta mot det som for administrasjonen framstår som eit vitskapleg autoritetshierarki:

SP: Utvalet av personar til komiteen, det var jo også institutta som	Motvilje mellom dei tilsette?
SV: Ja, men vi måtte mase littegrann på dei..	
SP: Ja, var det.. har du ei oppleving i ettertid av at det var ein litt.. treg masse den her	Liten motstand etter ei tid.
SV: nei	
SP: faglege, dei faglege miljøa.. dei var med på tiltaket og få dei praktiske tinga gjennomført	Motstanden oppgitt etter det formelle vedtaket?
SV:.. Då vi hadde kome så langt, så vil eg seie at dette rusla kolossalt fort.. av stad, altså.. Det gjekk jo på løpende band, dei der.. møta og.. Nei, då var det full rulle, vil eg seie..	Avgjerande dokument i høve aksept for tiltaket.
SP: Ja, engasjementet endra seg underveis	
SV: Ja, eg opplevde det.. Altså då vi endeleg hadde klubba at dette skulle vi gjøre.. og hadde sett opp endeleg tidsplan for det, så var det rett fram. Men eg kan huske på eit tidspunkt at.. han N.N.. var jo med i den styringsgruppa.. Eg trur det var X.X som.. delvis, men N.N overtok.. på.. i ein periode, og så kom vel styrar.. dei hadde vel styrarskifte.. sånn var det.. N.N. var styrar, og så vart Z.Z. styrar.. Men på eit visst tidspunkt, så synest eg at N.N kom med eit veldig.. konstruktivt.. innspel i den diskusjonen om.. verdien av evaluering, altså basis for evaluering.. ved at han laga eit framlegg.. på mandatet, som liksom skulle gi.. ein slags basis.. bakgrunn for evaluering på universitet.. og alle slutta seg til det innspelet frå N.N.. då følte eg det var ein ganske viktig brikke som fall på plass, altså.. ein del, kanskje, uro.. for kva dei kunne gripe fatt i og kva som var omsynet.. Så eg trur N.N brukte dette tilbake til instituttet sitt.. Så dette er jo no klubba av.. referansegruppa, det er dette grunnlaget vi skal jobbe på.. Eg spurte han ikkje direkte om det, men eg følte at det var slik, og i alle fall.. i komiteen, så var liksom den diskusjonen også der.. Vi hadde jo.. Vi hadde Y.Y. der, vi hadde Q.Q. der, vi hadde... B.B..	
SP: B.B.	Mobilisering av "tunge" namn.
SV: B.B. med, ja.. som heilt.., veldig utvetydig sa at dette her går heilt fint.. Det skulle berre mangle at ikkje vi kunne gjøre dette her.. og det er klart.. og C.C. også nokså mykje det same.. det måtte jo (latter).. bli lagt merke til at dei sa det, liksom.. skulle i grunnen berre mangle.. Og.. ja, eg trur P.P også.. var inne i bildet og sa det.. Dei som liksom hadde vore med og grunnlagt fakultetet.. følte at dei kunne stå.. oppe og vise fram det som var gjort, så kunne jo desse nye vere med på det..	Professoral makt?
(Int. 12)	

Det administrasjonen ser som ei litt usystematisk mengd av nærsynte og ofte irrelevante motargument frå ein del av dei vitskapleg tilsette blir altså nøytralisert gjennom denne alliansen med dei som "hadde vore med og grunnlagt fakultetet".

Ein annan av informantane er ein person som vart rådspurt av fakultetsleiinga i samband med oppstarten av evalueringstiltaket. Vedkomande spelte også ei sentral rolle i utforminga av evalueringrapporten for SV- fakultetet samla, han har mykje erfaring med evalueringstiltak også i andre samanhengar og er dessutan ein påskjøna forskar, ikkje minst innafor utdanningsfeltet. Denne kompetansen og erfaringa

medverkar til at vedkomande har eit stort register å spele på under intervjuet - analysane hans omfattar m.a. relasjonane mellom vitskapleg tilsette og administrasjon både på eit lokalt, (SV- fakultetet) nasjonalt og internasjonalt nivå. I liten grad ser det ut til at han oppfattar seg som "part" i disputtane ved universiteta - meir er det observatørposisjonen som er utgangspunkt for synspunkta. Grunnen til at det er verd å ta med denne stemma her, er at også han analyserer dei vitskapleg tilsette som objekt for evaluering. Vedkomande meiner at evalueringstiltak i Norge hittil ofte har vore gjenstand for kunnskapsmangel, amatørisme, etteraping av utanlandske tiltak og svak forståing for framtida, og dei vitskapleg tilsette er ikkje noko unntak i dette biletet:

SP: Dei som er skeptiske til evaluering av dei eg har snakka med, viser jo nettopp til at den individuelle vurderinga er så sterkt, ..eller så viktig, at ei slik institusjonell vurdering blir overflatisk i forhold til dette..

Individuell vs.  
institusjonelle  
vurderingar.  
Manglane innsikt.

SV: Altså eg trur vel at når dei kommenterer slik som du seier, så er dei ikkje så klar over.. Det kan godt vere at på kort sikt, så vil den enkelte forskar.. kan tenke seg at .. eg skal vurderast til ei stilling ein gong og eg må ta alvorleg denne bedømmingsa, for den får konsekvensar for mitt opprykk, grad, tilsetting.. og det er rett, på kort sikt, så held dette. Men den evalueringa vil eg ikkje kunne leggje ved, når eg søker på noe etterpå.. den rekka (av instansar som i?) framtida skal tilsette meg.. altså, men når eg skal sökje om pengar, så er eg avhengig av å dokumentere ryktet mitt på ein annan måte.. Og i eit stort system, der det er mange søkerar og mange institusjonar, så .. vil det ikkje vere så gjennomsiktig.. at ein utan dokumentert vurdering av ein eller annan sort, kan gjere kjent kva ein står for.. Så lenge Oslo universitet og Oslo by, er liksom staden.. for det heile, .. så.. sjølv Oslo er såpass .. oversiktleg at alle historikarane veit om kvarandre.. men allereie no med fire universitet, så har du det problemet at.. den går ikkje så fort, informasjonen, på tvers av universiteta.. Berre for å sjå på bokhandelen?.. ikkje sant, og kor mange hovudoppgåver fra Trondheim eller Oslo står oppstilt i bokhandelen?.. ikkje sant, og kor mange gjesteforelesningar fra Oslo, er det du får her.. altså det tar veldig lang tid, eigentleg, før .. sjølv genia.. på ein lærestad, har fått gjort kjent bidraget sitt ein annan stad.. altså gjennom ein spontan prosess.. Så igjen .. så er det særleg aktuelt i .. ei tilsettingssak eller ei.. som assistent på eit prosjekt eller noe slikt, så må ein .. ty til noe ekstraordinært..

Kortsiktig tenking  
mellom dei vitskapleg  
tilsette.

Korleis skal ein  
dokumentere ryktet sitt  
i ein oversiktleg  
situasjon?

Treg informasjon, sjølv  
om geniale arbeid.

Behovet for ei  
institusjonell vurdering.

(Int. 9)

Ved eit anna høve peikar informanten på at i den grad forskarar oppfører seg "lurt" i evaluatings- samanhengar er det gjerne i samband med å annektere og transformere evaluatingsresultat til føremål som tener eigen kortsiktige fordel.

I likskap med informanten over, minner også den tidlegare fakultetsdirektøren om dei internasjonale trendane for organisering av det høgare utdanningssystemet, utviklingstrekk som uunngåeleg vil slå inn også i det norske systemet, men som mange av dei vitskapleg tilsette overser:

Og det tredje, det eksterne som eg tenkjer på.. eit moment som har dukka opp fleire gonger dei siste åra, er jo.. at departementet nærmar seg jo eit opplegg.. for evaluering,

Eksternt moment,  
departementet.

rett nok primært av undervisning, da, undervisning og utdanning.. Så alle desse her.. låg i kjømda.. låg i alle fall i bakhovudet for meg og dekanus, då vi begynte å tenke på dette. Då låg det rett nok, vi visste at dette låg nokre år fram i tid.. kanskje det har gått nokre fleire år.. enn det vi tenkte på i 1988, 1989.., då vi begynte å tenke på det.. Men einkvar oppegåande.. både forskar og administrator som såg seg rundt og hadde besøkt nokre utanlandske universitet.. visste at dette ville vi få. Ein kunne vanskeleg tenke seg at norske universitet.. ikkje ville møte det kravet.. med større og større tyngd. I tillegg til dei tre, så kan eg vel kanskje også nemne.. NFR evalueringa.. av forsking, som det er gjort fleire av.. og no er det jo særleg dei matematisk naturvitenskaplege fakultet.. Ein av grunnane til det, seier mange som eg kjenner, er jo nettopp at det er det fagområdet i NFR som er sterkest.. og det tyder jo nokså sannsynleg på at dei andre vil kome etter med.. like stor tyngd. Ho som var direktør i NT- området, ho er jo no blitt strategidirektør i NFR, så.. det trur eg..

SP: Du seier at dette måtte kome.. fann du og dekanus ut, basert forskjellar de observerte mellom norske og utanlandske universitet, men har det ikkje alltid vore slike forskjellar, mellom eit norsk system, nærmast.. og universitet i utlandet.. Var det nokon særskilt grunn til at ein på slutten av 80- talet, byrjinga av 90- talet skulle endre på.. styringssystem, eller i alle fall innføre dette med evaluering i mye sterkare grad?

SV: .. Altså, i Europa.. var jo ikkje dette gammalt, men.. det var nært sagt som aldri i tørt gras.. Før vi begynte, så hadde det kome i gang i Nederland, som første landet.. og så i Storbritania. Men vi såg jo at Danmark begynte å røre på seg og Sverige begynte å røre på seg.. og vi visste at EU.. var i ferd med å sette opp store forskingsprogram.. og ein kan vanskeleg tenke seg slike store forskingsprogram, utan eit vesentleg element av evaluering.. Så det var jo det nære.. men både eg og dekanus og andre hadde jo vore i USA og.. ved å lese universitetsdebatt(?), så såg vi jo at dette her åt seg inn på oss, også frå ein meir teoretisk synsvinkel, altså at forskarar var opptatte av dette her.. med utviklinga av universitetet, som igjen sjølvstyrke kunne tilbakeførast til.. massifisering av universitetet.. til enormt mykje større pengebruk til sektoren høgare undervisning og forsking.. Og da.. er i alle fall ein lett konklusjon hos meg, og ikkje berre hos meg, at.. vi ser når det offentlege brukar meir og meir pengar på ei sak, så.. strammar grepset seg også.. på rett nok litt ulike måtar, men.. det vil vere veldig vanskeleg å tenke seg at den gamle fridomen som universiteta hadde då dei var små institusjonar.. kunne vare ved då dei vart store institusjonar. Eg med mi.. meir sånn praktiske erfaring i administrativ verksemd, kan i alle fall veldig vanskeleg tenke meg det.. Det ville etter mitt syn føre til svært.. svært stor ressurssløsing.. For vi har ikkje så gode system.. hadde det ikkje, og kanskje har vi det ikkje heller.. Berre ta for eksempel.. den første organiserte forskarutdanninga.. veldig vanskeleg å tenke seg at vi skulle ha fem.. kor mange har vi.. fem, seks hundre doktorgradskandidatar.. på den gamle doktor philos ordninga.. Eg har i alle fall svært vanskeleg for å sjå.. korleis det skulle gå.. altså at dei tek doktorgraden når dei var mellom 40 og 55 år.. og.. Eg opplevde jo ofte at stipendiatar.. var først tre år i NAVF- systemet, så var dei på universitetet.. der var dei i sju år, så gjekk dei som lausarbeidarar i to til fem år til, slik at dei lett kom opp i ti til tolv år stipendtid.. før dei disputerte for doktor philos.. Uhyre vanskeleg å tenke seg ei slik ordning, saman med ei tredobla tal på kandidatar.. Så det er ein del slike forhold, som alt i alt vart ein sum.. som førte til at vi såg at.. dette var.. Det var mykje betre at vi prøvde å gjennomføre ei evaluering sjølve og prøvde å vise kva slags element som måtte inn for at eit fakultet skulle kunne sjå at dette var av verdi for seg.. enn å vente på det heilt stramme og fikst ferdigsnekra eksterne opplegget, som berre vart dytta ned over oss.. Og det er jo.. England og.. eller Storbritania har den siste, og Nederland har den første, dei greidde å få dette her til sjølve gjennom sitt frivillige universitetsråds.. samarbeid.. medan i England kom det slik.. pang pang frå regjeringa..

(Int. 12)

Evne til framsyn.

Kunnskap fører til aksept for evaluering.

Matematisk naturvitenskaplege fag som førande. Personlege interesser som institusjonelle interesser?

Kva var eigentleg nytt akkurat no?

Evalueringar si geografiske gjennomslagskraft.

Evaluering har legitimitet også i forskingssamanhengar.

Stor pengebruk fører til større behov for kontroll.

"Jordnær" tenking som ressurs.

Dr. Philos- ordninga som døme på forelda organisering.

SV- fak. Evalueringa som ein måte å halde på lokal kontroll.

## **Den kritiske analysen av dei vitskapleg tilsette**

Dersom ein frå dette skal oppsummere kva bilete administratorane har av situasjonen til dei vitskapleg tilsette, eit bilete som altså la viktige rammer for presentasjonen og utforminga av evalueringstiltaket, så kjem det fram eit slag misforhold, eller ei spenning i denne situasjonen. Dei vitskapleg tilsette strevar med å forvalte ei samling dygder, men klarer av ulike grunnar ikkje å halde dei skikkeleg i hevd: Dei burde vere sjølvstendige, verdifrie og uavhengige av andre sine oppfatningar av dei, dei burde vere systematiske og konsekvente i praktiske og prinsipielle saker og dei burde ha kunnskap, oversikt og evne til å utvide blikket og sjå lengre fram i tid. Men i mange situasjonar er dei i høgste grad opptatte av kva for omdømme dei har, dei er i visse samanhengar lett til å mobilisere til arbeid for pengar (slik dei vurderande fagfellene var), dei er truande til å krangle på resultata av evalueringar dersom dei ikkje kjem godt ut sjølve (derfor er det viktig å la dei utforme delar av prosedyrene sjølve), og dei er lite villige til å sette seg opp mot (vitskaplege) autoritetar. Til dette kjem ein litt perspektivlaus horisont og ein "akademisk- distre" mangel på orden (leveransen av c.v. i mange ulike utformingar, etc.).

Dette biletet av situasjonen til dei vitskapleg tilsette og innverknaden denne situasjonen har på reaksjonane og holdningane deira, er konstruert i høve den bestemte oppgåva administrasjonen hadde med å setje i verk evalueringstiltaket.

Denne oppgåva ser i korte trekk slik ut:

Problemsituasjon/ oppdrag:

- Overtide vitskapleg tilsette om at evaluering er adekvat, helst forstått som "nødvendig", "akseptabelt", eller i det minste slik at det ikkje utløyser massive protestar eller sabotasje.

Analyse:

- Kva for argument, verdiar og behov må ein møte og få i tale for å oppnå dette?  
Svar: Forskarane opererer med eit sett av verdiar som er viktige for dei på eit argumentativt plan, men som bleiknar og blir "gløymde", i situasjonar der meir allmenne (allmennmenneskelege, "psykologiske") verdiar og behov står på spel.

Konklusjon:

- Presentasjonen og utforminga av evalueringstiltaket må legge vekt på fleksibilitet og vere lydhøyr i høve kva dei vitskapleg tilsette, særleg på eit retorisk plan, måtte

meine er viktige omsyn i ein slik prosess. Men mange av dei vitskapleg tilsette har ei ufullstendig og akademisk- nærsynt forståing av konteksten universitetet står i, og dei kan derfor ikkje aleine få avgjere lagnaden til evalueringstiltaket.

Men ei tids- og rom- messig avgrensa oppgåve som dette krev som vi ser ei meir allmenn forståing av problemsituasjonen til dei vitskapleg tilsette. Til ei slik forståing finst det mange kjelder; tidlegare erfaringar, kunnskap om historia til fakultetet og dei viktige personane i denne historia, kunnskap om arbeidsdeling, analyse av dagsaktuell forskingspolitikk, "mytar" og anekdotar, og ikkje minst sjølve erfaringa med forskarane undervegs i evalueringstiltaket.

Heile denne forståinga er i tillegg utforma i relasjon til analysen av eigen problemsituasjon. Denne "sjølvanalysen" vil eg kome tilbake til også seinare i avhandlinga (kapittel 4), men i denne samanhengen kan ein særleg nemne opplevinga administrasjonen har av å vere i ein "mellomposisjon". Her ser det ut til at fakultetsadministrasjonen oppfattar seg i ei slags meklarrolle mellom det ein på den eine sida kan kalle "akademisk utopisme" og på den andre sida "politisk instrumentalisme". Administrasjonen er i dette biletet dei som tar vare på viktige kollektive omsyn mot dei like inadekvate og sjølvfokuserte regima til forskarane ("inspired - opinion") og politikarar/ byråkratar ("industrial – market"), og som dessutan fungerer som kommunikasjonskanal for dei to ytterpunktta. Denne sjølv-diagnosen ligg sannsynlegvis til grunn for den vekslande kritikken av og identifikasjonen med både forskarane og dei nasjonale utdanningsbyråkratane. I den grad ein kan skildre situasjonen med fakultetsevaluering som ein disputt mellom partar, er det derfor også rimeleg å identifisere to motpartar, sett frå administratorane sin situasjon.

### **Dei vitskapleg tilsette: Evaluering av fakultetet; kva er dette for noko?**

Eg har fleire gonger vore innom dei vitskapleg tilsette sine generelle synspunkt i høve ekstern styring og organisering av den vitskaplege verksemda (sjå kap 1). Under dette avsnittet vil eg vise fram typiske reaksjonar og argument i samband med evalueringstiltaket. Også her vinklar eg framstillinga slik at det er forståinga av situasjonen til "dei andre" som kjem fram. I mindre grad enn i fakultetsadministrasjonen finst det mellom dei vitskapleg tilsette ei samlande og lik

oppfatning av denne prosessen. M.a. har fagtilhøyr og erfaring med administrativt arbeid ein del å seie for kva analyse som blir utført. Graden og typen av kritikk mot tiltaket er noko av det som varierer. Under dette avsnittet vil eg først gi plass til dei tydeleg kritiske argumenta, før den særskilde posisjonen til institutt for informasjonsvitenskap blir skildra.

Liksom administratorane rettar inn evalueringstiltaket i høve biletet dei har av forskarane sin situasjon og verdiane som ligg i denne, utarbeider også dei vitskapleg tilsette analysar av konteksten til administrasjonen ved fakultetet. Ikkje minst fordi så mykje av initiativet til evalueringa blir plassert i fakultetsadministrasjonen sjølv, er det sjeldan tiltaket blir forstått og fortolka utan at forståinga av fakultetsadministrasjonen ligg i bakgrunnen. Tiltaket blir dermed forstått ofte med utgangspunkt i ulike lokale vilkår og tilhøve, sjølv om nasjonale og internasjonale forskingspolitiske trendar også er viktige. Oppfatninga administratorane har av å danne buffer mot slike politiske utviklingstrekk, der igangsettinga av dette evalueringstiltaket er ein måte å fylle denne funksjonen på, er ikkje delt av majoriteten av dei vitskapleg tilsette. Dei ser oftast ein sterkare kontinuitet her mellom "det lokale" og "det globale" - administrasjonen ved fakultetet blir gjerne sett som ein agent for dei nasjonale og internasjonale trendane. Eit uttrykk for denne oppfatninga kan sjå slik ut:

Eg trur nok eg ville gjort det, heller enn å komme dragande med ein eller annan modell frå eit universitet i midtvesten.., slik det vart gjort. Det er .. ikkje noe .. for oss, altså.. SP: Vart det gjort, sa du?

Nei, men i fakultets.. eg huskar eg las så masse papir i den tida.. Som eg sa, det var surrealisk.. og i stor grad har eg fortrengt mykje av det.. Men det var noe som dekanus og .. fakultetsdirektør på eit visst tidspunkt kom med og fortalte om .. Det var den .. ein modell frå eit eller anna universitet som ein eller annan av desse her.. Eg trur ikkje det var Minnesotamodellen,.. er ikkje det denne modellen for behandling av narkomane?.. trur eg.. Men det var nokre slike .. måtar å organisere.. fagleg verksemد på.. Heilt sikt, synest eg, for det var jo eit filleuniversitet, som .. unnskyld meg.. som ingen har hørt om..

Evaluering som  
dekontekstualisert  
kunnskapsproduksjon.  
Evaluering som  
surrealisme  
Kunnskapsløyse som  
ressurs.

Universitetshierarkiet.

Sikkert kjekt for fakultetet.. og for den dengang utgående fakultetsdirektør, han syntest sikkert det var flott å ha gjort dette her... Ikkje noe vondt om han, men .. han var jo den typen.. Han syntest nok det var kjekt..

Evaluering som  
underhaldning.  
"Overberande"  
personlegdomsanalyse?

(Int. 6)

Inspirasjonen til evaluering som fakultetsleiinga har frå den "større verda" blir her viktig avslørt ved å blande saman modellar for evaluering med modellar som kan

hende er til bruk i handsaminga av narkomane, medan den eigentlege drivkrafta for igangsettinga av tiltaket er å finne hos fakultetsdirektøren og administrasjonen elles ("ingen evaluering utan dei"). Markeringa av 25 års- jubileet for fakultetet var med som ei grunngjeving for igangsettinga av evalueringa, og dei vitskapleg tilsette meiner at ei slik symbolmarkering var viktig for fakultetsleiinga i det generelle arbeidet med "synleggjering" i det forskingspolitiske landskapet. Dessutan er fleire inne på at den "dengang utgåande fakultetsdirektøren" var den eigentlege drivkrafta bak tiltaket. Enkelte (sjå ovanfor) meiner også at omtanken hans for ettermålet sitt som direktør var eit viktig motiv for å starte opp evalueringa. Oppfatningane omkring posisjonen til fakultetsdirektøren skal eg kome tilbake til i kapittel 4 – det ser ut til at han kan danne døme på det Boltanski og Thèvenot omtalar som eit objekt innan eit regime av "familiarity", dvs. ein person eller eit objekt som på bestemte måtar er lausrive frå formelle eller abstrakte handlingsregime til fordel for eit personleg, familiært regime. Sjølve igangsettinga av evalueringa blir dermed av informantane analysert som ein prosess utanfor regima for offentleg rettferdigjering som Boltanski og Thèvenot skisserer.

Når denne første analysen av dei lokale motiva og omsyna i administrasjonen er unnagjort, er det gjerne sjølve evaluatingsfenomenet som blir vurdert. Følgjande utklipp illustrerer denne typiske overgangen:

SV: Ja.. Kven begynte med denne evalueringa, veit du det?	"Lurt" spørsmål?
SP: Eg trur det var.. N.N.	Eit "avlurt" svar?
SV: N.N, ja.. Ja, eg meiner også det var han	Berre stadfesting gjenstår.
SP: Det var jo andre med også.. X.X .. og Z.Z.	Kva er motiva til adm?
SV: Ja, .. men eg trur det kom mykje frå N.N, det er mitt inntrykk...	Kva med forskarane?
SP: Ja, trur du administrasjonen har hatt ei spesiell rolle.. det er greitt nok at dei har gjennomført mykje av det.. men er det her initiativet ligg	God nok evaluering finst allereie.
SV: Ja, eg trur ikkje du hadde fått nokon evaluering av andre, det trur eg ikkje	Overflatisk teljing.
SP: Forskarane sjølve er ikkje interesserte	Referanse til informantens tidlegare nyttu uttrykk.
SV: Ikkje dei eg kjenner.. Grunnen til det er jo at vi har våre måtar å vurdere kvarandre på, å vurdere miljøa på.. som gjer at dette dels blir unødvendig, og dels kanskje øydelegg.. meir enn det hjelper til.. I alle fall dersom ein får sånne ekstreme eksempel som at du skal begynne å telje alt mogleg.., det trur eg..	
SP: Ja, kunne det vere ein ide at forskarane sjølve starta opp.., nettopp å ta tyren ved horna	
SV: Ja, men vi driv jo med dette heile tida	
SP: Ja, men at .. ein formaliserte det meir, eller	
SV: Ja, men det er formalisert. Kvar einaste gong du søker ei stilling, så blir du vurdert, ordentleg, godt og grundig.. opp til fleire gonger for året..	
(Int. 3)	

Den individuelle vurderinga av forskarane er den viktigaste og dessutan mest gjennomførbare, slik dei vitskapleg tilsette ser det. Slike evaluatingsformer skjer m.a. i samband med søknader til stillingar, om forskingsmidlar, ved bedømming av avhandlingar, bøker og artiklar og ved at media, organisasjonar og institusjonar fattar interesse for det vitskaplege arbeidet. Vurderingar av eit institutt eller andre institusjonelle evalueringar støyter derimot på ei rekke prinsipielle og praktiske problem:

det som ofte.. er problemet også med samfunnsfaga, er jo at det ikkje finst.. gode.. eller.. skal vi seie standardar.. for suksess og fiaskoar.. Altså kva er bra, og kva er därleg.. altså eg trur det kokar ned til mykje av det, at folk har ulike syn på kva som er bra, og det finst ikkje noko sånt fasitsvar som ein kan halde evalueringa opp mot, og så sjå om ein er fjernt eller nært dette.. i motsetning da til naturfag og.. realfag, der det kanskje er lettare å slå fast kva som er bra.. Litt av det som driv samfunnsfaga er at folk har.. Det nokre synest er kjempebra, synest andre berre er eit makkverk.. og det er jo klart at da.. vil jo også evalueringa bli vanskeleg. Evaluering byggjer jo på at ein har ein slags underliggende ide om at ein har nokre standardar som ein kan vurdere suksess, eller prestasjonar i forhold til.. Men når ein har sosialkonstruktivistar på den eine sida, og positivistar på den hi, eller noko slikt da.. korleis skal ein da vurdere.. ut frå folk som har heilt ulike standardar?.. så blir dette her.. ei vanskeleg affære, altså..

Særtrekk ved samfunnsfaga.

Særtrekk ved realfaga.

Same objekt som "kjempebra" og "makkverk". Ingen felles standardar i mange samanhengar i samfunnsfaga.

Viss ein ser på evaluering som ein prosess som fører til ei bevistgjering og litt sånn.. arena for å lufte sine frustrasjonar og sympatiar og antipatiar, så er jo det.. det kan jo vere.. Altså det spørst jo kva ambisjonane med dette her skal vere.. Litt av problemet med evaluering er i denne universitetssamanhengen det at ein har veldig få verkemiddel.. Altså.. kven skal da.. Viss ein da kjem til ein konklusjon om at eit.. institutt er.. ja, det er därleg stelt ved eit institutt, skal ein da leggje det ned? og kven skal i så fall bestemme det.. Eller for ikkje å snakke om.. viss ein tilsett er udugeleg.. kan universitet da sparke han, eller kva skal ein gjere.. sånn som ein held på med desse her.. evaluering av undervisning.. år etter år etter år.. Alle veit jo kven som er gode og därlege og desse evalueringane kjem jo ut med at den er god og den er därleg og slikt.. Kva gjer ein med det da? Ingenting, altså.. Det er ein total mangel på verkemiddel. Så det er jo ikkje det at ein ikkje.. Ein har meir enn nok kunnskap.. og det er litt av det same med den evalueringa her, altså det var.. Ein visste ganske godt kva som var dei sterke og svake sidene ved instituttet, når det galdt undervisning og forsking. Ein kunne ha ei evaluering for å få stadfesta det ein allereie visste.. Men.. kva så, altså? Kva skal ein gjere med det? Det er jo det det som er det kritiske punktet og det svake punktet i evaluering..

Evaluering som uforpliktande "bevistgjering"?

Evaluering som repetering av allment kjent kunnskap.

Evaluering som tiltak utan konsekvensar.

(Int. 16)

Det som ligg i forkant av denne kritikken mot evaluering ser altså ut til å vere erfaringsbaserte oppfatningar og logisk analyse. I første runde er det ikkje tydelege verdistandpunkt som er grunngjevinga for skepsisen. Slik forskarane ser det er det administrasjonen, politikarar og byråkratar som målber verdiar, ideologiar og politikk. Verdiane hos desse blir likevel pakka inn i nøytrale uttrykk og omgrep som "behovet for bevisstgjering", "omstilling", "kvalitetsutvikling", "profilering", og liknande. For å

forstå evalueringsfenomenet er det dermed nødvendig å gå "vitskapleg til verks" gjennom å vurdere kvalifikasjonar hos evaluatorar, granske mål og midlar i tiltaket og å samanlikne dette med realitetane innafor dei samfunnsvitskaplege miljøa. Etter ein slik analyse ser ein at evalueringar, slik dei no framstår, høver därleg saman med sættrekk, historie og viktige oppgåver i samfunnsfaga. Her ligg også mykje av forklaringa på at slike tiltak heller ikkje fører noko særleg anna med seg enn tidsbruk for dei vitskapleg tilsette og det ein informant kallar "window- dressing" andsynes departement, politikarar og forskingsråd for dei administrativt tilsette. Også rådgjevaren som eg tidlegare har referert undrar seg over kvifor evaluering fekk slikt gjennomslag i Norge.

Da evaluering kom til Norge, så var det eigentleg ikkje understøtta av noe veldig stort behov innanfor norsk politikk.. eller.. fagsystem, slik at det var meir det å ape etter det som gjekk føre seg andre stader.. Ein ville vise at vi er moderne.. Og det er noe av grunnen til at futten gjekk slik ut av det.. at legitimeten sank så kraftig etter 80.. Ein fekk liksom ei stor evaluering, og internasjonalt gjennomført, da.. det var denne av teknologi, fire teknologiinstitutt.. Og det er jo i seg sjølv eit problem verd ei utforsking, korleis gjekk det eigentleg til at ein fekk eit så kraftig avbrekk med all mogleg norsk tradisjon?

(Int. 9)

Evaluering som imitering.  
Evaluering som framsyning av modernitet

Evaluering mot "norsk tradisjon".

Vedkomande gir naturleg nok ikkje sjølv noko eintydig svar på dette spørsmålet, men gir i hovudsak støtte til dei sterke kritikarane av evaluering mellom dei vitskapleg tilsette. Derimot er det ikkje slik at han utan vidare godtar dei same forskarane sine meir generelle skildringar av eigne behov, grunngjevingar og situasjon. Forskarane kan ha rett i skepsisen sin mot evaluering, men den kan samstundes vere innbakt i andre og meir eigen- nyttige prosjekt.

Ei oppfatning som også er vanleg mellom fagpersonalet er at evalueringstiltaket i seg sjølv ikkje har hatt tydelege eller sterke verknader, men at det finn ein plass i allereie eksisterande diskusjonar om faglege og utdanningsmessige tilhøve. Desse diskusjonane går føre seg heile tida, men gjerne i mindre grupper av tilsette i uformelle settingar. Det positive med prosjektet var derfor at gruppene måtte diskutere også med kvarandre, sjølv om ikkje så mykje nytt kom fram. Ei slik lunken holdning står i sterk kontrast til engasjementet for evalueringa ved instituttet for informasjonsvitenskap. Her hadde dei som nemnt fått ein førespurnad tidlegare om å delta i ei forskingsråds- initiert evaluering av informatikkmiljøa i Norge. Styraren ved

instituttet hadde gitt tilbakemelding om at ein ikkje ønskte å vere med i denne evalueringa, m.a. fordi han meinte evalueringskomiteen ikkje hadde kompetanse til å vurdere den særskilde samfunnsvitskaplege innrettinga informasjonsvitenskap hadde. Forskningsrådet aksepterte desse argumenta, men instituttet fekk likevel spørsmål om komiteen kunne få ein samtale med ein eller fleire tilsette:

Og.. høflege som vi var.. dumme som vi var, så sa vi ja, .. det skal komiteen så gjerne få.. og .. det var ikkje eg som var styrar her da dei kom, det var N.N.. og ho gjekk bort til desse og dei spurte henne om kva vi underviste i .. og sånn.. kva for pensum vi brukte, og det eine med det andre.. i laupet av ein halvtimes tid, trur eg, dei brukte .. på det ho karakteriserte som eit avhøyr... da ho kom tilbake.. og så var vi ferdig med det. .. Så skriv dei ein rapport, og kjem med rapporten, og der har dei tatt oss med i rapporten, og dei skriv at dette instituttet.. driv med ei verksemld som .. snarast bør avsluttast .. dei driv med utdanning på eit felt, dei brukar dei same lærebøkene som ved informatikk, så personalet, i den utstrekning det er brukbart, kan overførast til informatikk... og så vidare... Og det vart eit voldsomt rabalder.. Eg laga noen svære protestskriv.. og i det heile tatt, .. og det førte jo da til eit skisma mellom .. informatikk og oss, fordi .. min mistanke, og mange andres mistanke var jo at dette var sett i regi av informatikk .. for å få tak i dei ressursane som vi disponerte, blant anna ein etasje som vi disponerte nede i HIB,.. og da ein del personar her som dei nok kunne tenke seg kunne vere nytta å ha... Og det førte jo da til at.. etterkvart så måtte jo formannen i denne komiteen på eit møte.. da erkjenne at, vel, dei hadde jo ikkje sett noen dokumentasjon rundt dette instituttet, .. dei hadde ikkje noe anna å halde seg til enn det dei var blitt fortalt av andre.. og av instituttets dåverande styrar i ein halvtimes intervju.. dette hadde dei da lagt til grunn for vurderinga, ..så etterkvart så roa det heile seg bort, men det førte jo til at vi sit her, altså... Universitetsdirektøren sa at vi må jo få ein orden på dette forholdet til informatikk, og den einaste måten eg ser at vi kan gjøre det er at vi finn ein plass til dykk, som gjer at de finst nærmare det samfunnsvitskaplege fakultet, sånn fysisk.. Og i løpet av eit års tid, eller vel så det, så flytta vi hit.. Og informatikk fekk lokala våre, .. så dei oppnådde jo sine ting.

(Int. 1)

Narrativ om å vere høfleg og naiv i ein situasjon der ein burde ha nytta "mistankens hermeneutikk".

"Fysisk" løysing på ein akademisk disputt.

Etter denne erfaringa var informasjonsvitarane positivt innstilte til ei evaluering som sannsynlegvis ville ha eit anna forlaup og utfall enn informatikkevalueringa. I hovudtrekk vart desse forventningane innfridd ved vurderinga av SV-fakultetet, der informasjonsvitenskap fekk gode skotsmål og oppmodingar om å halde fast ved innrettinga mot samfunnsvitskaplege applikasjonar. Men informanten ovanfor er mindre nøgd med kva som har kome ut av evalueringa for fakultetet sin del. I det heile, meiner vedkomande, manglar det for tida (dvs. 1998) ein samla visjonær politikk for utviklinga av samfunnsfaga ved fakultetet. Høvet som fakultetsevalueringa gav til å danne springbrett for slike internt motiverte målsetjingar har blitt skusla bort, delvis fordi det mellom dei vitskapleg tilsette er mange som ser med mistanke på eit slikt framsynt prosjekt.

## Spennvidda i intervjustituasjonen

I diskusjonane om evaluering som hittil er vist fram dominerer bestemte typiske argument og synspunkt. "Evaluering er noko ein må forhalde seg til, ikkje fordi vi er opptatte av det, men fordi "dei andre", som vi står i ein uunngåeleg relasjon til, er opptatte av det." Eller: "Ein positiv bieffekt er at vi kollektivt fekk snakke om faget og instituttet vårt."

Sjølv om det finst variasjonar av dette og andre synspunkt, ser det ut til å vere semje mellom forskarane i høve kva for saker og argument som er adekvate å hente fram som svar på spørsmåla mine. Spørsmål og svar utgjer slik ei samling av kunnskapselement som tematisk er relevante i høve kvarandre i situasjonen. Enkelte informantar bryt med dette mønsteret av eit "sakleg" samsvar mellom spørsmål og svar. Eg vil ta med eit døme på dette fordi det er eit sjølvstendig poeng å vise fram svarsekvensar som sorterer elementa i situasjonen på ein utypisk måte, og som slik sett også illustrerer den potensielle spennvidda i handlingsrommet for aktørar undervegs i intervjuet. Informanten under er ikkje utypisk fordi vedkomande snakkar allment om politikk, politikarar og kollegaer, men fordi slike synspunkt ofte kjem på uventa tidspunkt og i sterke spissformulerte ordelag. I forkant av utklippet nedanfor har tema vore kva det vil seie å utøve god samfunnsvitskap, noko informanten relaterer til det å ha ein sterk, kvantitativ metodologi. Intervjuaren spør deretter om ikkje det er slik at mykje av det teoretiske grunnlaget for samfunnsfaga kjem frå sosiologien sjølv, eller frå filosofi:

nei.. Nei det kan eg ikkje sjå i dette augeblikket, det kan eg ikkje.. Viss det er noko som sameinar ting i augeblikket, så må det jo vere.. spelteori.. og... .. og den.. spelteori.. dei som har vitalisert den som brukarar er jo.. det er jo biologar og økonomar.. Dette er jo eit felles.. beite, eit fellesområde for dei fleste fag, statsvitenskap, sosiologi og.. Eit felt der vi har... .. fort blir einige om.. eksempel.. generiske eksempel, omgrep.. problem, osb.. Filosofi har eg ikkje tru på i det heile tatt. Ikke i norsk samanheng.. Eg har veldig tru på filosofi, men ikkje i norsk samanheng. Den er overfylt av.. filosofi førebuande og filosofi avsluttande.. som eg er.. svært irritert på. Eg kan vanskeleg tenke meg at det finst ein nasjon som har så mange akademiske filosofar.. per capita.. som Norge.. Og det einaste vi har fått ut av dette er Sofies verden.. pluss nokre brev i frå Torbjørn Jagland. Det er jævlig lite.. Det må eg seie.. Det er ein del pompøse menneske der oppo og har vitskapleg.. senter for vitskapsteori.. Eg kan ikkje sjå at det er så.. Dette universitetet er jo stappfullt av senter.. som eg.. ikkje har hatt det ringaste utbyte av.. Ikke eitt av dei..

(Int. 14)

Ingen "tru" på norsk filosofi  
Mange filosofar,  
magert utbyte.  
Torbjørn Jagland som filosof.

Informanten har ei sjølvironisk innstilling til denne måten å snakke på – som han forklarar ein kollega som kjem innom kontoret under intervjuet: "Det er han som vil

intervjue meg for mine reaksjonære standpunkt..." Ein skal heller ikkje sjå bort frå at vedkomande legg vekt på å etterkome det som må vere motivet hos intervjuaren for frammøtet.

### **Den kritiske analysen av administrasjonen og evaluering**

Medan administrasjonen si første oppgåve var å overtyde dei vitskapleg tilsette om å delta i det dei oppfatta som eit nyttig og nødvendig evalueringstiltak, og slik sett måtte leggje omtanke i presentasjonen av kva slag tiltak dette skulle vere, står forskarane ved fakultetet i ein situasjon der dei frå første stund kan vurdere dei konkrete framlegga frå administrasjonen. Når det gjeld spørsmålet om ein i det heile skal delta i prosjektet spenner vurderingane frå synspunkt om at ein bør avvise det og bruke ressursane på andre ting, til at tiltaket er høgst ønskverdig. Dei fleste held seg nokså avventande; det er ikkje noko ein ville ha prioritert sjølv, men når leiinga i administrasjonen og eit utval røynde og viktige vitskapleg tilsette først går inn for dette, så får ein gjere det beste ut av det; "så dei ikkje skjemmer seg ut", som ein informant uttrykkjer det.

Vurderingane av evalueringstiltaket har slik to objekt: På den eine sida den lokale administrasjonen, og relasjonane som den har til fagmiljøa. Her dukkar det opp oppfatningar om bestemte personar, bestemte hendingar og lokale ordningar. Å evaluere SV- fakultetet er her ein ide som blir forvalta og utarbeidd i tråd med dei spesifikke forholda som råder innan denne konteksten, eksempelvis ved at fakultetsdirektøren har bestemte markeringsbehov i høve avslutninga av jobben som direktør.

På den andre sida blir evaluering vurdert som eit generelt fenomen. Her finst det også ulike oppfatningar av korleis evalueringar bør bli bygt opp, kor omfattande tiltaket bør vere, kor tydelege mål ein skal operere med, kva form resultata skal ta, osb. Dei fleste er likevel skeptiske til om slike vurderingar i det heile bør ha ein plass ved eit universitet, gitt dei strenge vurderingane dei individuelle forskarane allereie er eksponerte for. I alle fall er ikkje erfaringane med evalueringar hittil nokon god reklame for denne typen tiltak. Generelt og prinsipielt er det problematisk med evalueringstiltak fordi det ikkje let seg gjere å etablere kriterium for forskings- (og undervisnings-) kvalitet som mange nok kan vere samde om. Tiltaka er dessutan del av ein trend som er sett i verk og administrert av instansar utanfor universitetet, og

som ofte set økonomisk nytte, "effektiv" organisering og statiske (gjerne statistiske) mål på kvalitet i høgsetet. Ei skissemessig skildring av situasjonen til dei vitskapleg tilsette ser derfor slik ut:

#### Problemsituasjon/ oppdrag:

- Fortolke, ta stilling til og vere med i utforminga av eit konkret evalueringstiltak, som ein ikkje i utgangspunktet har eit spesielt sterkt engasjement for.

#### Analyse:

- Evalueringstiltaket er m.a. eit "forsøk på å vere moderne" frå administrasjonen si side. Det som er viktig for dei er å få dette gjennomført slik at fakultetet (og personar i leiinga der) har noko å vise til i høve departement, universitetsleiing osb. i situasjonar der pengeressursar, men først og fremst ære og prestisje står på spel.

#### Konklusjon:

- Vi må delta i tiltaket på ein minst mogleg tids- og arbeidskrevjande måte. Det er for energikrevjande å avvise tiltaket eller å engasjere seg for sterkt i det, så enkelte tilsette får i oppdrag å arbeide med eigen- evalueringar, framskaffing av naudsynt dokumentasjon, osb. slik at prosjektet kjem i hamn. Kanskje kan ein få noko positivt ut av det gjennom faglege diskusjonar med kollegaer, og det er i alle fall ikkje særleg sannsynleg at evalueringa vil ha direkte negative verknader.

I argumentasjonen rundt og mot evaluering finst det dermed praktiske og lokale forhold å ta omsyn til, men også appellar til generelle og verdimeslige standpunkt. I høve den siste typen argument finn ein to slike: Universitetet er ein spesiell institusjon i kraft av å vere den (trass alt) mest autonome kunnskapsproduserande institusjonen. I prinsippet bør det her vere plass til samfunnskritikk som ikkje er basert på eigeninteresse, og det skal også vere mogleg å formulere forskingsområde og problemstillingar som ikkje har andre omsyn å ta enn forskarane sine eigne interesser. Sjølv om mange er klar over at dette ikkje er ei uttømmande skildring av motiv og aktivitet ved universitetet, og andre eksplisitt går i mot slike idealistiske og "realistiske" idear, så er dei fleste samde om at dersom nokon skal prøve å etterleve slike verdiar, så må det vere forskarane ved universitetet. I denne mobiliseringa av universitetet som ein "spesiell" stad, ligg også det andre verdistandpunktet. I ein slik

spesiell funksjon ligg det nemleg også eit kollektivt element. Alle medlemmer av samfunnet har interesse av at det finst ein slik institusjon utan bindingar til økonomi, politikk og religion. Vitskapleg tilsette ved universitetet tar i dette biletet vare på viktige kollektive omsyn andsynes alle særinteresser som elles finst.

### **Analytikaren: Sortering av den vitskaplege situasjonen**

*Vi ser ovanfor at du no likevel har falle tilbake til ein type "kritisk sosiologi", der dei to (tre?) partane i disputten om evaluering forsvarar sine posisjonar ut frå gruppeinteressene sine, og at du rett og slett ikkje klarar å forstå situasjonen vår gjennom repertoaret "sosiologisk analyse". I praksis endar du opp med*

Nei, stopp no! Først må du forklare korleis STOR SKRIFT - stemma brått vart kursiv-stemme, som forresten også har tatt på seg å vere autoritativ, starte opp teksten, ser seg sjølv som aktivt subjekt (fleire aktive subjekt til og med?), og som uttalar seg bastant om innhaldet i analysen hittil. Det er eg, den vanlege små skrift - stemma, som til no har hatt denne posisjonen, medan du er den passivt observerande, som vurderer og kritiserer og ikkje skitnar til hendene dine med det empiriske grovarbeidet.

**JA, MEN DETTE VAR IKKJE MEG. DET VAR EIN TENKT INFORMANT SOM EG KONSTRUERTE FOR DEG.**

Nei, dette går ikkje. Det er ikkje plass for fleire her no, eg har meir enn nok med å halde styr på deg.

**BERRE SLAPP AV, EG SA DET VAR EIN TENKT INFORMANT - DEI EKTE INFORMANTANE KAN IKKJE OPP TRE HER. VISS DU SKAL FÅ DET TIL MÅ DU OPPSØKJE DEI IGJEN OG FÅ DEI TIL Å KOMMENTERE ANALYSEN DIN OG DERETTER PLASSERE DESSE KOMMENTARANE UENDRA INN I AVHANDLINGA.**

Det har eg ikkje tid til, og kva skulle i så fall vere motivet for det?

**VEL, NO NÅR VI HAR FÅTT TILBAKE STEMMENE VÅRE, OG DEN *kursive* og fiktive informanten ER FJERNA, VIL EG KOME MED NOKRE (PASSIVT OBSERVERANDE) SYNPUNKT. GRUNNEN TIL AT EG STARTA OPP ANALYSEN DIN HER I FORM AV EIN TENKT INFORMANT VAR AT EG VILLE SKAPE EIN KONSTRUKTIV UORDEN. MÅLET MED DETTE ER I PRINSIPPET IKKJE MEIR MYSTISK, ELLER MEIR INNSIKTSFULLT ENN DET SOM ER MÅLET I "METODEDISKUSJONAR" I AKADEMISKE**

AVHANDLINGAR ELLES. DET DREIAR SEG RETT OG SLETT OM Å GJERE GREIE FOR KORLEIS EIN HAR FORTOLKA DATA, OG KORLEIS DENNE FORTOLKINGA STÅR SEG I FORHOLD TIL ALTERNATIVE TILNÆRMINGAR. LIKEVEL; DET SOM VAR POENGET MED Å LA DEN FIKTIVE INFORMANTEN "STELE" STEMMA DI I BYRJINGA AV AVSNITTET, VAR Å MOBILISERE UORDEN PÅ EIN MINDRE KONTROLLERBAR OG PREDIKERBAR MÅTE ENN DET SOM ER VANLEG. DEN GJENGSE FRAMGANGSMÅTEN ER Å VURDERE DET TEORETISKE PERSPEKTIVET EIN ARGUMENTERER FOR OPP MOT ANDRE TENKELEGE PERSPEKTIV, MEDAN EIN FRAMLEIS SJØLV HAR KONTROLL MED KVA TYPE OG FORM KRITIKKEN FRÅ ANDRE PERSPEKTIV SKAL TA.

KRITIKKEN ER DERMED UTVALD ETTER KRITERIER FOR KVA TYPE KRITIKK EIN LIKAR BEST, ELLER KVA EIN KLARAR Å FORHALDE SEG TIL. FOR Å AVHJELPE DETTE PROBLEMET KAN DEN DIALOGISKE FORMA VI NO NYTTAR VERE TIL GOD HJELP OGSÅ HER. GIR EIN ROLLA "AKTIVT SUBJEKT" TIL ANDRE ENN DEN ANALYTISKE STEMMA, KAN KRITIKKEN FRAMSTÅ MEIR SYMMETRISK. I DETTE TILFELLET TYDER "SYMMETRI" AT KRITIKKEN SOM KJEM ER UKONTROLLERBAR FOR DEG, SLIK ANALYSEN DIN AV INFORMANTANE SIN SITUASJON ER UKONTROLLERBAR FOR DEI.

Men kontrollen med kritikken er jo uunngåeleg, så lenge den kjem fram innan ramma (permane) av denne avhandlinga. Dette kan vi ikkje hindre uansett kor dialogiske vi er.

NEI, DET ER HEILT RETT. DERFOR ER DESSE SYNSPUNKTA HEILE TIDA DEL AV EIN "I PRINSIPPET"- DISKUSJON. I PRINSIPPET BØR EIN DRØFTE FORTOLKINGA AV DATA MED UTGANGSPUNKT I TILNÆRMINGAR SOM BLIR PRESENTERTE LIKE RETTVIST OG HEILSKAPLEG SOM TILNÆRMINGA EIN SJØLV HAR MEST SYMPATI FOR (ELLER PÅ ANDRE VIS SYNEST ER MEST ADEKVAT), OG I PRINSIPPET BØR DESSE ANDRE TILNÆRMINGANE OGSÅ VERE REPRESENTERTE GJENNOM DEI SAME INSTRUMENTA - STEMMA TIL DEN AUTORITATIVE ANALYTIKAREN - SOM DET FØRETRUKNE PERSPEKTIVET. FOR DEG, I DITT PROSJEKT BLIR DESSE PRINSIPIELLE SYNSPUNKTA ENDA VIKTIGARE NÅR VI I DETTE BILETET OGSÅ INKLUDERER "AKTØRANE", "MEDLEMMENE",

"SUBJEKTA", ELLER FOR DEN SAKS SKULD "OBJEKTA" SOM BLIR STUDERTE. SLIK DU HAR LAGT OPP STUDIEN DIN, M.A. I STARTEN AV DETTE KAPITLET ER DET JO FØRST OG FREMST "AKTØRANE" (SOM EG ER NØYDD Å SETTE I HERMETEIKN, SIDAN DU OGSÅ GIR "ANALYTICKAREN" I PROSJEKTET AKTØRSTATUS), SOM BØR BLI GITT EI ROLLE SOM KRITIKARAR I HØVE ANALYSEN DIN. DET ER HER DET SKAL VERE PLASS TIL EIT MØTE MELLOM AKTØRANE SIN "SOSIALE METAFYSIKK" OG SOSIOLOGEN ELLER SOSIOLOGIENS "SOSIALE METAFYSIKK" (Jfr. Wagner 1999 og kap. 1 i avhandlinga.). DETTE ER Å TA KONSEKVENSEN AV BOLTANSKI OG THÈVENOT SIN PRAGMATISKE KUNNSKAPSSOSIOLOGI, DER FORKLARINGSREPERTOARA I SOSIOLOGIEN BLIR SIDESTITLE MED SLIKE REPERTOAR I ANDRE FAG, MEN OGSÅ MED FORKLARINGAR OG VURDERINGAR UTANFOR VITSKAPLEGE INSTITUSJONAR. MEN VI FINN DET MEST PRESISE ARGUMENTET FOR AKTØRENS RETT TIL Å KOMMENTERE OG KRITISERE DEN SOSIOLOGISKE FORTOLKINGA I ISABELLE STENGERS OG VINCIANE DESPRET SI NYDEFINERING AV "OBJEKTIVITET", OG SOM LATOUR LEGG UT SLIK: "Objectivity does not refer to a special quality of the mind, an inner state of justice and fairness, but to the presence of objects which have been rendered `able` (the word is etymologically so powerful) to object to what is told about them."

(Latour 1999: 6)

I EI SLIK FORSTÅING AV OBJEKTIVITET ER SAMFUNNSVITSKAPEN MINDRE "OBJEKTIV" ENN NATURVITSKAPEN – RETT OG SLETT FORDI NATURVITSKAPEN PRØVAR Å SEIE NOKO OM OBJEKT SOM ER UINTERESSERTE I PROSJEKTET TIL FORSKAREN, OG SOM DERMED OPPFØRER SEG "ULYDIG", AV OG TIL PÅ SÅ UTVETYDIGE MÅTAR SOM Å SPRENGE LABORATORIET TIL FORSKAREN I LUFTA.

SAMFUNNSVITSKAPEN HAR VED Å TA VISSE VITSKAPSTEORETISKE FRAMSTILLINGAR FOR GOD FISK, MISFORSTÅTT OG OVERSETT DESSE EVNENE TIL NATUROBJEKTA. DERMED HAR SAMFUNNSVITSKAPEN OGSÅ GJORT FORSØKET PÅ Å ETTERLIKNE VITSKAPEN OM NATUROBJEKTA TIL EIN "COMEDY OF ERRORS" (Latour, op. cit: 5), HOVUDSAKLEG VED Å STREVE ETTER AVSTAND OG FRÅVERE AV PÅVERKNAD I RELASJONEN MELLOM FORSKAR OG SUBJEKT. DET

KOMISKE I SLIKE FORSØK ER AT DEI MENNESKELEGE SUBJEKTA SJØLVSAGT ALLTID HAR EIT ELLER ANNA ENGASJEMENT I FORHOLD TIL FORSKINGSPROSJEKTET, EIT ENGASJEMENT SOM OFTE RESULTERER I AT DEI OPPFØRER SEG SLIK FORSKAREN VIL (T.D. VED Å LATE SOM DEI IKKJE ER PÅVERKA AV FORSKINGSPROSJEKTET), MEDAN FORSKAREN ER NØGD MED IKKJE Å HA PÅVERKA DEI. SLIK MIKROBAR, KJEMISKE SUBSTANSAR, PRØVEKANINAR, M.M. LAGAR UFORUTSETTE OG TILSYNELATANDE VITSKAPLEG INADEKVATE VANSKAR OG PROBLEM I FORSKINGSSITUASJONEN - OG DERVED PROTESTERER ("OBJECT TO") MOT DET SOM BLIR (FORSØKT) SAGT OM DEI - BØR OGSÅ MENNESKE OG TING SOM SAMFUNNSVITSKAPEN STUDERER BLI GITT SJANSEN TIL Å PROTESTERE MOT DET SOM BLIR (FORSØKT) SAGT OM DEI. SAMFUNNSVITSKAPEN BØR ALTSÅ PRØVE Å ETTERLIKNE DEN REELLE, IKKJE DEN MYTISKE NATURVITSKAPEN. DET ER DERVED IKKJE SAGT AT DET ER LETT Å FÅ MENNESKE TIL Å OPPFØRE SEG I FORSKINGSSAMAHENG SLIK SOM NATUROBJEKT GJER. MEN DET ER I TRÅD MED DETTE AT DU I PRINSIPPET SKULLE HA FÅTT DEI EKTE INFORMANTANE TIL Å KOMMENTERE ANALYSEN DIN.

Alt dette kan eg vere med på, men eg synest kritikken du let den tenkte informanten starte opp med var urimeleg, dersom eg forstod den rett. Måten Boltanski og Thèvenot utformar sitt perspektiv på gjer det jo mogleg å unngå desse mistaka - unngå at det aktørar sjølve oppfattar som relevante forklaringskategoriar blir ignorert, og gjennom dette også unngå at omfanget av (dei historisk utvikla) forklaringsrepertoar i sosiologien dannar grensene for kva ein kan seie om fenomenet. Her er det jo nettopp eit poeng at det ikkje er "gruppeinteressene" som er i fokus, men korleis eit fenomen, ei sak, eit objekt, blir representert, forstått, forvalta eller endra i den bestemte situasjonen der dette objektet opptrer. "Gruppeinteresser" er eit av fleire objekt som aktørar handterer i prøvinga av saka "evaluering", og dei handterer det på ein måte der historiske, økonomiske, estetiske og humoristiske element blir mobilisert for å halde kategorien "gruppeinteresser" ved like som eit praktisk og eksisterande fenomen. Perspektivet som eg har kalla "strukturorientert pragmatisme" (inspirert av Dodier 1993) prøvar også å identifisere rettferdsregime, "common worlds", som bind saman og gjer saker forståelege, ikkje berre for sosiologar eller andre vitskaplege aktørar, men for "alle". Kritikken din ovanfor er jo nettopp noko av det som ligg til grunn for

at eg har valt å prøve ut Boltanski/ Thèvenot- perspektivet, ei tilnærming som for så vidt også gjer at ein slik diskusjon som vi no har er mogleg. Dersom det likevel ser ut som analysen min av presentasjon og oppfatning av evaluering dreiar seg om "gruppeinteresser" i form av den rolla dette omgrepet har i den kritisk- sosiologiske "metafysikken", er dette eit problem som er knytt til framstillingsmåten - enten min eigen, eller den forma som i det heile er mogleg i avhandlingar. Slik sett kan det hende informanten din har rett,- at det er sjølve "sosiologirepertoaret" som ikkje strekkjer til.

EG VIL SEIE BEGGE DELAR. DET ER SJØLVSAGT SLIK AT DET ER DU SOM ER FORFATTAR AV DENNE AVHANDLINGA OG AT DEI ANDRE AKTØRANE BERRE ER REPRESENTERTE GJENNOM TEKSTEN DIN. SOM SAGT KAN IKKJE DEI UTAN VIDARE SKRIVE SEG INN, BOKSTAVELEG TALT, I DENNE. MEN DET ER OGSÅ NOKO MED FRAMSTILLINGA DI SOM GJER AT DET IKKJE ER VANSKELEG Å PROVOSERE DEG MED Å SEIE AT DU HAR "FALLE TILBAKE" TIL DEN KRITISKE SOSIOLOGIEN. EG ER KLAR OVER AT DINE DATA ER EI SAMLING INTERVJUINFORMASJON OM NOKO SOM LIGG TILBAKE I TID, OG AT DENNE INFORMASJONEN IKKJE ER SKRIVE UT I HØVE ETNOMETODOLOGISKE KONVENTSJONAR FOR EIT SLIKT ARBEID. DESSE TO FORHOLDA LEGG RAMMER FOR MÅTEN Å FORSTÅ DET VIKTIGE OMGREPET "SITUASJON" PÅ. DET BLIR M.A. VANSKELEG Å FANGE DET ETNOMETODOLOGAR KALLAR PRINSIPPET OM "UNIQUE ADEQUACY" (Lynch 1994 sitert i Latour, op.cit.: 4) ELLER "THE OCCASIONED CORPUS OF SETTING FEATURES" (Zimmerman og Pollner 1990: 94). DESSE PRINSIPPA ER MEINT Å SIKRE AT FORKLARINGANE OG SKILDRINGANE TIL SOSIOLOGEN IKKJE FORLET DEN KONKRETE "HER-OG- NO"- KONTEKSTEN DET FORKLARTE ELLER SKILDRA FENOMENET OPPTRER I. SKAL EIN GJERE GREIE FOR KORLEIS AKTØRAR SORTERER OG ORGANISERER UTSEGNE sine, MÅ EIN ALTSÅ VISE TIL ORGANISERINGSPRINSIPP SOM SPELAR SEG UT I SITUASJONEN, IKKJE TIL ABSTRAKTE TEORETISKE SYSTEM UTANFOR SETTINGEN. LAT OSS VERE LITT KONKRETE: NÅR DU T.D. SORTERER UT OPPFATNINGA TILSETTE I ADMINISTRASJONEN HAR AV Å VERE I EIN "MELLOMPOSISJON", AT DEI TENKJER UT STRATEGIAR FOR Å GI LEGITIMITET TIL EVALUERINGSTILTAKET, ELLER NÅR DU FINN AT DEI

VITSKAPLEG TILSETTE HALVHJERTA OPPONERER MOT EVALUERING, FORDI DEI (PR. I DAG) IKKJE SER SLIKE TILTAK SOM NOKO SERIØST TRUGSMÅL MOT FORSKINGSAKTIVITET - ER DET IKKJE DA EIGENTLEG EIN STUDIE AV GRUPPEINTERESSER DU UTFØRER? OG VIDARE; ER DET IKKJE EIN TYPE ANALYSE SOM PLASSERER MEININGSREFERANSEN FOR DET INFORMANTANE SEIER TIL EIN SETTING UTANFOR HER- OG- NO-SETTINGEN? OG ENDA VIDARE; ER IKKJE DET EIN ANALYSE SOM SLÅR FØLGJE MED AKTØRANE SINE OPPFATNINGAR OM KVA SOM ER VIKTIG, INTERESSANT OG RELEVANT, SOM ALTSÅ BRUKAR COMMON SENSE SOM RESSURS I DEI VITSKAPLEGE FORTOLKINGANE?

PRINSIPPET OM "OCCASIONED CORPUS" MEDVERKAR TIL Å BRYTE OPP LIKSAPEN SOM ELLES EKSISTERER MELLOM KVARDAGSLEGE OG (KONVENTSIONELLE) VITSKAPLEGE TENKEMÅATAR. HELD EIN FAST VED AT BERRE ELEMENT OG ORDNINGAR SOM OPPTRER I KONTEKSTEN KAN NYTTAST SOM FORKLARINGAR, VIL DETTE UTGJERE EI HINDRING MOT AT ANALYTIKAREN BRUKAR KVARDAGSKUNNSKAPEN (COMMON SENSE) SOM RESSURS I ANALYSEN AV SITUASJONEN. DERMED KAN EIN HELLER IKKJE SJÅ "LAY ACCOUNTS" SOM DÅRLEG KONKURRANSE FOR SOSIOLOGISKE SKILDRINGAR, MEN SOM EMNE FOR SLIKE SKILDRINGAR.

Slik det ser ut no er dei etnometodologiske prinsippa du nemner på den eine sida til støtte for "Boltanski/ Thèvenot/ Latour" (fokus mot situasjonen), på den andre sida utgjer dei ein kritikk (manglande brot med kvardagskunnskapen). Når det gjeld det støttande poenget, er det rett at mine fortolkingar av skildringane til informantane om situasjonen til "dei andre" går ut over det ein kan finne i den konkrete intervjustituasjonen, og skiljet eg først etablerer mellom "topic" og "resource" er også problematisk. Men grunnen til at det i denne samanhengen er vanskeleg konsekvent å følgje etnometodologiens prinsipp for analyse av situasjonar, er at ein gjerne endar opp med analysar av det slaget Wieder (1990) gjer i studiet av åtferdskodane til innsette i fengsel.

Dei innsette fortalte Wieder om eit sett av reglar som galdt for alle innsette som ville unngå sanksjonar og stigmatisering frå medfangar. Å informere dei tilsette om lovbro ("snitching"), å blande seg opp i interessene til medfangar, eller å menge seg med og stole på tilsette, utgjorde døme på regelbrot som kvalifiserte for sanksjonering. Dei

innsette fortalte vidare at eit eller fleire brot på "the convict code" kunne føre til at ein vedvarande vart sett som ein "kiss ass" (å vere vennleg innstilt til dei tilsette), "snitch" (informant), eller "sniveler" (å klage på forholda i fengselet for å få det betre for seg sjølv). Slike åtferdsreglar vart oppgitt av innsette som forklaring på aktiviteten som går føre seg der. Tilsette i fengselet viste også til "the convict code" for å gjere fengselsmiljøet forståeleg, og også samfunnsvitskaplege framstillingar har tradisjonelt vist til ein motkulturell normativ orden for å forklare åtferdsmønster hos kriminelle avvikarar (Wieder 1990: 158). Men Wieder er skeptisk til å stoppe analysen her.

Praksisen "telling the Code" har ein viktigare funksjon enn å referere til kva reglar som faktisk gjeld for innsette i slike institusjonar. "Telling the Code" ("do not snitch", "do not cop out", "share what you have", etc.), er eit refleksivt arbeid som først og fremst organiserer og "forklarar" her- og- no- situasjonen. Det er ein etno- metodisk praksis som produserer skildringa av, og gjer synleg ei verd som er ordna i mønster av typiske, motiverte og forståelege handlingar. Sjølv etter å ha identifisert reglane i "the convict code" vil det framleis vere eit opent spørsmål kva for normative føringar som regulerer åtferd hos fangar i situasjonar der dei ikkje legg ut om "the code". I eit etnometodologisk perspektiv vil dette dessutan alltid vere eit opent spørsmål som ein aldri kan gi sikre svar på, fordi realitetsstatus berre blir gitt til ytringar, ikkje til det ytringa viser til. Dette samsvarar igjen med programmet om at "fortolking er konstituering", dvs. at det sosiale objektet blir skapt gjennom fortolkinga og snakket om det (Sjå m.a. Mehan og Wood 1975).

Sett i dette perspektivet blir også analysane som mine informantar utfører ein slags "code- telling", der ein primært må sjå dei som tilfelle av den realitetskonstituerande praksisen "å- gjere- greie- for- sosial- aktivitet- innanfor- universitetsarbeidet". Eg har prøvt å ta utgangspunkt i ordningar, argument og "rettferdiggjering" som blir mobilisert i konversasjon i situasjonar, men desse elementa blir vidare prøvd knytt saman med "verder" og verdiregime som ein ikkje kan observere direkte innanfor den analyserte konteksten. Det siste er kan hende i konflikt med etnometodologiens prinsipp om "unique adequacy", mellom anna fordi ein ved ein slik operasjon står i fare for å nytte kvardagskunnskap som ressurs i analysen av situasjonen (men sjå

Mehan og Wood sin diskusjon og kritikk av "fortolking er konstituering av realitet"-programmet, Mehan og Wood 1975: 197-8)<sup>24</sup>.

Dermed er vi også inne i det kritiske poenget fra etnometodologien om kravet om å skilje mellom kvardagslivskunnskap og vitskapleg sosiologisk kunnskap. I den strukturorienterte pragmatismen utgjer ikkje denne samanblandinga eit problem på den måten etnometodologien identifiserer det innanfor andre sosiologiske teori/forklaringstradisjonar. Grunnen er at dette perspektivet ser aktørskildringar på ein annan måte, og brukar dei som ressurs på ein annan måte enn ein gjer innan konvensjonell struktursosiologi. I staden for sjølvsikker "utkonkurrering" av kvardagslivskunnskapen med basis i kunnskap som til sjuande og sist er ein meir "raffinert" kvardagslivskunnskap, erkjenner og aksepterer dette perspektivet at aktør og analytikar er "på same nivå", at begge perspektiva refererer til og omhandlar dei same (felles) objekta. Derfor er analysen av gruppeinteresser og strategiar i høve evaluering relevant – ikkje som forståingskategoriar som er eksklusive for analytikaren – men som delar av ei felles verd som alle engasjerer seg i.

#### HAR IKKJE DENNE DIALOGEN NO BLITT OMFORMA TIL LANGE MONOLOGAR DER FLEKSIBILITETEN ER BORTE?

Dette må vere eit påskot for å kome unna denne abstrakte og kompliserte diskusjonen.  
JA, DET KAN HENDE DET.

Kva er problemet?

EG HAR M.A. PROBLEM MED DET SISTE DU SA, OM AT DET FINST "ei felles verd som alle engasjerer seg i". KVA TYDER I GRUNNEN DETTE? KVEN ER I EIN POSISJON TIL Å PROKLAMERE EI SLIK VERD?

Dersom du no framleis gir stemme til ein etnometodologisk inspirert kritikk, reknar eg med at du er skeptisk fordi alle referansar til altomfattande, store teoretiske system som er konstruert av sosiologiske "tenkarar" eller matematisk avanserte metodikarar, blir sett på med mistru – jamfør diskusjonen over.

NETTOPP.

Dessutan, og i forlenginga av denne skepsisen, ligg det ein sterkt scientistisk ambisjon hos mange etnometodologar om å rydde bort uvitskaplege tenkeformer i sosiologien,

---


<sup>24</sup> Mehan og Wood meiner tidlegare skildringar og fortolkingar må bli forstått som ein objektiv, faktisk realitet og lanserer uttrykket "hermeneutic spiral" for å fange inn forholdet mellom forståing av slike tidlegare skildringar og notidig "constitutive work". "We are in a spiral of our own making, but it is at once beyond our making" (Mehan og Wood, op.cit.: 198)

m.a. ved å snu om på prestisjen til ulike datatypar – å kalle kvantitative data for "mjukdata" og kvalitative data for "harddata", osb.

### NO BØR DU KOME TIL POENGET SNART.

Poenget er at Boltanski og Thèvenot, men særleg Latour prøvar å kome ut med ei anna løysing på problemet om "action at a distance", enn det (kunnskaps)sosiologien hittil har klart. Her må eg vise til ei enkel skisse som Latour (1988) har laga for å illustrere det han kallar "the politics of explanation", der forklaringar blir definerte som "a measure of a distance between contexts":

The politics of explanation:



Ulike former for sosiologi handterer denne relasjonen på ulike vis. I kritikken av etnometodologi og dekonstruksjonistar/ postmodernistar, hevdar Latour at dei første ikkje vil vedkjenne seg at dei opererer under domenet av A – dei pretenderer å kunne gjenskape B utan å leggje noko som helst til denne konteksten (jfr. prinsippet om "occasioned corpus"). Postmodernistar og dekonstruksjonistar strevar på si side med å hindre at det som blir sagt under A skal bli oppfatta som noko som gjeld B, og forblir derfor i A "without saying anything about anything" (Latour, op. cit.: 172).

Dekonstruksjonistar og etnometodologar er derfor ulike representantar for "metarefleksivitet", dvs. at dei prøvar å unngå at teksten blir trudd på. Desse to tilnærmingane forheld seg trass alt likevel eksplisitt til "forklaringspolitikken" som eit problem, medan storparten av den konvensjonelle sosiologien berre mobiliserer ressursar for å få stadfesta at ulike versjonar av A representerer eller kan erstatte B. Grunnen til at eit slikt erstatningsbehov oppstår er at ein vil "handle på avstand"; frå

ein kontekst vurdere, analysere og avseie dommar over ein annan kontekst.

Metarefleksivitet kan likevel ikkje endre på eller løyse dette problematiske aspektet ved representasjon, meiner Latour. "Metarefleksive" utsegner og analysar står berre ved sida av, ikkje "over" eller transcendent, i høve andre utsegner og analysar, fordi dei siste allereie inneheld både refleksivitet og metarefleksivitet. Mange former for kunnskapssosiologi undervurderer mao. "lesaren", "aktøren", "medlemmet", osb. Dei er sjølv refleksive, nyttar paradoks og retoriske "triks" i handlingane sine.

Kunnskapssosiologien har ein tendens til å oversjå den kritiske kapasiteten til aktørar. SÅ "ei felles verd som alle engasjerer seg i" DREIAR SEG OM Å AKSEPTERE AT VITSKAPLEGE YTRINGAR, I ALLE "KONVENSJONELLE", "REFLEKSIVE", "DEKONSTRUKTIVE" OSB. FORMER, ER SOM ANDRE YTRINGAR – AT ALLE ENGASJERER SEG I "VERDA" AV Å RØRE SEG FRÅ A TIL B, MELLOM EIGEN HER- OG- NO- KONTEKST OG ANDRE DER- OG- DA- KONTEKSTAR OG AT ALLE VED DENNE PROSEDYREN BLIR MEDPRODUSENTAR TIL EI "FELLESVERD"?

Ja, og Latour tar dette som utgangspunkt for det han kallar "infrarefleksivitet": "Since everyone is in any case moving back and forth between A and B, and is worried about how to establish (or not to establish) the ties and how to represent (or not to represent) one setting in another, why don't we take this activity as the name of our game: displaying the knower and the known and the work needed to interrupt or create connections between A and B? I take this as the non-scientific way of studying both natural and social sciences; I also take it as a possible definition of infra-reflexivity." (Latour, op. cit.: 172). At ein tekst er infrarefleksiv ser ein elles ved fråveret av eit "metaspråk", at ein prøvar å bli trudd av lesaren (og gjerne nyttar ulike "stilar" for å oppnå det), kastar vekk generelle årsaksforklaringar til fordel for spesifikke og varierte "one-off"- forklaringar og at "avansert" metodologi er nedtona.

Men i røynda er det ikkje naudsynt å gå lenger inn i dette no (sjå kapittel 5). Eg meiner vi kan ha god bruk for tilnærminga til Boltanski og Thèvenot i analysen av disputtane om evaluering, utan å bry oss for mykje om dei omfattande og "filosofiske" spørsmåla som perspektivet kan utløyse og uansett kva vi måtte meine om Latour sin måte å greie ut om dei på. Derfor avsluttar vi dette kapitlet med ei oppsummering av desse disputtane.

## **Sorteringa av verdiar i evalueringssaka**

Partane som må utarbeide løysingar på evalueringssaka tar i bruk eit stort spekter av verdiar for å etablere ei forståing som skal bli brukt i dei endelige avgjerdene om korleis tiltaket skal utformast og kva resultata av det skulle føre til. Evalueringstiltaket blir også knytt til andre og meir omfattande saker innan universitets- og samfunnsliv. Å gi informasjon til eit forskingsprosjekt om tiltaket er også å ta del i dei same disputtane - det er eit av fleire høve til å gi ei eiga utforming til dei vedvarande diskusjonane på universitetet om finansiering, formidlingsoppgåver, utdanningsgrader, forskingsorganisering, internasjonalisering, fagsamarbeid, faghierarki, partipolitikk, osb. Å hevde at verdiar blir "tatt i bruk" høyrest intuitivt litt merkeleg ut, fordi verdiar gjerne blir assosiert med noko ein har heller enn noko ein brukar. Men i diskusjonar som oppstår i "kritiske situasjoner" er det nødvendig å nytte kunnskap om verdiar for å forstå, overtyde eller overtale dei ein diskuterer med.

Uttrykket er også litt misvisande fordi verdiane sjeldan kan bli brukte direkte, enten det er eigne eller andre sine verdiar ein er engasjert i. Verdiar blir formidla og representerte av ordningar, historier og ting. Allmenne psykologiske behov, ei forelda dr. philos utdanning, respekterte seniorforskarar, nederlandsk utdanningspolitikk, ein datafagleg strid, eit skriftleg notat om verdien av evaluering, kritikk av talbaserte og unyanserte vurderingsformer og ein mal for curriculum vitae, er noko av det som blir samla, bunde saman, gjort ekvivalent og mobilisert til eit felles engasjement for evalueringstiltaket. Ein australsk forskingsadministrator, eit malplassert ønske om å vere moderne, eit middelmådig amerikansk universitet, ei administrativ karriere, tid, sosialkonstruktivisme, positivisme og fri forsking blir sett saman til ein storleik som delvis avviser, delvis aksepterer og delvis problematiserer evalueringstiltaket.

Eg har vore varsam med å knyte desse diskusjonane direkte til "the orders of grandeur" slik Boltanski og Thévenot teiknar desse opp. Trass i at betydninga av desse verdene er avhengig av at dei blir sett som universelle, er dei historiske storleikar som også har rom- messige avgrensingar, og det er derfor eit empirisk spørsmål om dei uendra kan bli overførte til andre kontekstar. Eg har også vore opptatt av å gå opp konstruksjonen av slike moglege verdiregime "frå grunnen av", dvs. at dei bør bli sorterte ut av ei rekje andre ordningar, først og fremst ved å problematisere forholdet mellom tale som emne eller ressurs for sosiologisk analyse (sjå "Første sorteringsrørsle: topic and resource", og "Analytikaren: sortering av den vitskaplege situasjonen").

Men det ser likevel ut til at ei slik verd er svært sentral som referanse både for dei vitskapleg tilsette og for administrasjonen ved fakultetet. Dette er "the civic world".

Begge partar understrekar at dei står som representantar for kollektive goder, for fellesskapet. Omsynet til kollektivet er også det som kvalifiserer kritikken av dei andre. Dei vitskapleg tilsette blir t.d. kritiserte for til tider å vere for opptatte av, eller redde for, korleis andre vurderer dei, noko som i verste fall kunne ha hindra at nødvendig, kvalifisert og allmenn- nyttig informasjon om forsking og utdanning ved fakultetet kom fram. Administrasjonen blir på si side kritisert for å nytte inadekvate modellar for forskingsorganisering i utforminga av eit allereie diskutabelt evalueringstiltak. På kvar sin måte kan ein sjå dette som kritikkar av å introdusere framande og illegitime verdiordningar (domestic, renown, industrial, market) i ein situasjon som burde bli handtert under "jurisdiksjon" av det sivile regimet. Men administratorar og forskarar har altså ulike oppfatningar av kva eit slikt domene skal handle om i disputtar om forsking og utdanning. Slik sett er diskusjonen om evaluering også ein diskusjon om kven som er dei "rette", legitime representantane for dei kollektive omsyna.

Det ser dermed ut som "the civic world" utgjer stridsområdet i spørsmålet om evaluering ved fakultetet. Ein kan lett finne døme i intervjua på at andre argument og verdiar blir påkalla og lagt vekt på. Deltakarane kunne også sjølve ha definert sine eigne prosjekt som forma etter andre regime, eksempelvis gjennom effektivitet og funksjonalitet innan eit industrielt regime for administrasjonen, og ved kreativitet og nyskaping innan eit "inspirert" regime for forskarane. Men slike verder har ikkje den same appellen i den situasjonen evalueringstiltaket utløyser. Dei er for spesifikke og blir assosiert med kritikkverdige posisjonar - den pretensiøse og livsfjerne "frie" forskaren og den marknads- nytte- og effektivitetsorienterte administratoren.

SV:... Så no skal evalueringa evaluerast?

SP: ..Ja, det er jo gjerne slik ein kan seie det... men eg skal prøve å gjere dette til noe anna enn det..

SV: ..Og til slutt skal du evaluerast..

SP: Ja, det endar jo med det.

SV: ...Joda..

(Int. 2)

## **Kapittel 3**

### **Verdimobilisering som fagutvikling**

#### **Innleining**

I dette kapitlet blir spørsmålet om korleis fag utviklar seg tatt opp att. For å få grep på dette spørsmålet er det tilrådeleg å utvide tematikken utover sjølve evalueringscaset. I kapittel 1. argumenterer eg for at dette er nødvendig både fordi "fagutvikling" sjølvsagt dreiar seg om fleire saker enn evaluering, men også fordi dei vitskapleg tilsette sjølve i liten grad ser relevansen av dette evalueringstiltaket i høve det dei meiner "fagutvikling" dreiar seg om. Her må ein slå fast at dei som sette i verk evalueringstiltaket i liten grad har nådd fram til den "vanlege" vitskapleg tilsette med bodskapen om at tiltaket skulle "... bidra til at instituttene – så vel som hele fakultetet og universitetets hjelpetjenester – som organisasjoner er egnet til kvalitetssikring og kvalitetsforbedring av den vitenskapelige forskning innen samfunnsfagene."

(Publikasjon II/II: 7) Delvis er det slik fordi slike mål og intensjonar blir sett som for abstrakte og knytt til ein bestemt styringsdiskurs i universitetsfeltet som vitskapleg tilsette ikkje identifiserer seg med og stort sett tar avstand frå. Men først og fremst kan ikkje tiltaket fylle slike funksjonar rett og slett fordi dei fleste informantane på intervjudispunktet har nokså avgrensa kunnskap om kva som var målet og resultatet av evalueringa av SV- fakultetet. I medvitet til forskarane er dette ein tilbakelagt prosess som ein huskar fragment og episodar av, men som no stort sett må vike for oppgåver og utfordringar ein møter i arbeidet frå dag til dag. Mellom desse oppgåvene; rettleiing, utforming av prosjektsøknader, rapportering, administrative oppgåver, forelesingar, eiga forsking - finn ein også nye diskusjonar og planar rundt organiseringa av universiteta (Mjøs- utvalet, etc.). Evalueringa av SV- fakultetet er eit tiltak som for mange allereie har blitt utdatert og lite aktuelt.

Likevel, i og med at evalueringstiltaket vart sett i verk m.a. med tanke på å hjelpe fram utviklingsprosessar i fagmiljøa, er det interessant å prøve å finne fram til kvifor det etter dei fleste informantane si meining ikkje har fått særleg nemneverdig konsekvensar i dei interne fagutviklingsprosessane<sup>25</sup>, og å danne seg eit bilet av kva

---

<sup>25</sup> Her finst det rett nok unntak. Informasjonsvitskap sin situasjon er allereie nemnt i kap 2, og for dei andre faga sin del har evalueringa hatt innverknad både for refleksjonane rundt og planar for struktureringa av metodeundervisninga på lavare nivå. Ved økonomi oppgir ein informant at ei planlagt endring av innhaldet i utdanninga på høgare nivå har blitt kansellert som følgje av evalueringa. I saker som vedkjem utvikling eller endring av forskingsområde, enten det gjeld organisatoriske eller

for tema og element informantane sjølve dreg fram som viktige i fagutviklingsprosessar. Langt på veg har eg gitt svar på den første delen av dette spørsmålet. Dei vitskapleg tilsette møter tiltak som dette med bestemte forventningar; dei kjem "ovanfrå", har størst relevans i administrative, ikkje-faglege samanhengar, og flyt saman med meir eller mindre abstrakte og skiftande ideologiar for styring av universitetssektoren, slik også andre offentlege institusjonar er eksponerte for.

I kontrast til slike meir overflatiske og symbolske former for fagutvikling, finst det prosessar som i større grad handlar om reell fagutvikling, men desse er mykje meir komplekse, uoversiktlege og pågår gjerne over lang tid, slik informantar ser det.

Nokre faktorar er det lett å peike på som viktige for utviklinga til eit fag; rekrutteringssituasjon, forholdet mellom grunnløyvingar og eksterne midlar til forsking, talet på studentar som m.a. avgjer delar av ressursgrunnlaget, nettverk som instituttet, men særleg einskildforskarar tar del i, osb. Men hittil blir sjølv slike forhold lite påverka av evaluering, meiner dei vitskapleg tilsette. Dessutan er ikkje slike vilkår i seg sjølv dekkjande for kva fagutvikling dreiar seg om. Forsking og undervisning skal også ha eit innhald, og når det gjeld spørsmål om korleis forskingsidear, eller forskingsfelt oppstår og utviklar seg, er det verre å gi eintydige svar.

Kapitlet vil prøve å gå inn i denne kompliserte materien, og fordi det er eit langt kapittel som omhandlar problematikken frå ulike utgangspunkt, kan det vere på sin plass med ei kortfatta orientering om kva det vil innehalde.

Teoretisk inspirasjon til kapitlet har eg fått frå delar av vitskaps- sosiologien, nærmare bestemt Bruno Latour sine arbeid i feltet, men sosiologien om kritisk kapasitet (Boltanski og Thévenot 1999) blir også ført vidare i kapitlet. Ulike vurderingar og tilpassingar av desse perspektiva i høve caset mitt går føre seg i ca. femten sider framover. Deretter tar eg til med den meir empirisk informerte analysen av prinsipp som blir aktivert i intervjugprosessen. Prinsippa oppstår gjennom at ulike element blir bunde saman og gjort ekvivalente, og eg ser det som at dei gir form til samfunnsvitskapleg arbeid. Det kan vere verd å merke seg at perspektivet som bli lagt

---

idemessige forhold, er det derimot svært få som bind dette saman med tilrådingar frå evalueringstiltaket. Sjølvsagt bør ein ikkje dermed utelukke sjansen for at slike effektar likevel finst, så og seie utanfor forskarane sitt medvit. Det er heller ikkje utenkeleg at evalueringstiltaket blir framstilt som utan vesentlege konsekvensar, fordi informantar har generell motvilje mot slike tiltak.

til grunn nettopp tar utgangspunkt meir i "former" enn i "innhald", noko som meir presist tyder at det er prosessar og operasjonar som gjer fagdisiplinar, fagpersonar og fagområde aksepterte og påskjøna i vitskapssamfunnet og/ eller samfunnet, som står i sentrum. "Innhaldet" i faga, forstått som empiriske problemområde som det blir arbeidd med, kjem med meir indirekte, men analysen føreset at forskingsområda i fagdisiplinane alltid vil vere relaterte til formene ein kan gi dei. Eg gjer forsøk på å skilje ut to verdidimensjonar som kvar inneheld og samlar ekvivalente verdiar og handlingar, og som står til disposisjon for aktørar i bestemte problemsituasjonar. Den første problemsituasjonen som blir omhandla er spørsmålet om kva som er den rette konteksten for samfunnsvitskap - kven som er publikum og interessentar for samfunnsvitskapen. Diskusjonen rundt dette blir presentert under overskrifta "Distanse". Den andre problemsituasjonen handlar om i kva grad, og korleis ein skal styre og organisere samfunnsvitskapleg aktivitet. Argumenta som her kjem fram er samla under overskrifta "Styring og organisering". Saman dannar eit utval av verdiar i desse dimensjonane eit dominerande regime som eg har kalla "meritokratisk kosmopolitisk". To typar av kritikk mot dette regimet blir presenterte, som viser alternativ til det, samstundes som kritikken forsterkar biletet av det dominerande regimet. I eit eige avsnitt gjer eg også forsøk på å bruke omgrepa om "regime" og "ekvivalensprinsipp" til å forstå organiseringa av kunnskap i samfunnsvitskapleg metode og teoriutvikling. Til slutt kjem ei oppsummering og ein diskusjon, der ekvivalensprinsippa eg har identifisert m.a. blir prøvd opp mot Boltanski og Thèvenot (1999) sine "orders of worth".

## Lærdom frå vitskapssosiologien

I utforminga av intervjuguiden for dette prosjektet hadde eg med meg bestemte forventningar til kva som ville danne tematikken rundt fagutviklingsproblematikken, utan at eg dermed alltid hadde slike tema eksplisitt med i introduksjonen til denne problematikken. Hovudramma for ei forståing av denne problematikken blir rissa opp i kapittel 1. Her argumenterer eg for at ein bør prøve å problematisere tematikken på ein annan måte enn det som har vore vanleg i dei to typiske og tradisjonelle tilnærmingane til vitskapsstudiar. I ein oversikt over vitskapssosiologien identifiserer Steven Shapin (1995) opphavet til den første versjonen, "sociology of science" representert ved Robert K. Merton, i ein klassisk filosofisk diskurs der kunnskap vart

vurdert som "... properly philosophical, sacred, or genuine insofar as the circumstances of its attainment were removed from the domains of the practical and the political." (Shapin 1995: 299). Merton sine studiar av vitskap tok denne føresetnaden vidare i form av analysar av korleis "sosiale faktorar" påverka "mentale produkt". Mykje av det tidlege arbeidet til den neste versjonen av vitskapssosiologi, ofte kalla "sociology of scientific knowledge" (SSK), handla om å overtide kollegaer i sosiologien om at slike "produkt" meir er (mikro)sosiale enn mentale, og at dei i så måte skil seg lite eller ingenting frå "mentale" produkt i andre sosiale og institusjonelle samanhengar. Ei rekkje studiar av arbeid i naturvitskaplege laboratorium og av andre vitskaplege praksisar danna empirisk basis for denne kritikken av forestillinga om ein særskilt "ethos" innan vitskapen. "Nothing special is going on" vart slagordet. I denne versjonen, representert ved Barry Barnes, David Bloor, Michael Mulkay, Karin Knorr- Certina, Michael Lynch, Harry M. Collins, Steve Woolgar, m.fl., har interessa for makrovilkåra for vitskapen dermed kome i bakgrunnen. Det blir i dette perspektivet i beste fall vanskeleg å bestemme innverknaden til slike forhold, og enkelte stiller også spørsmål ved om "makrovilkår" i det heile meiningsfullt kan bli gjort til gjenstand for sosiologiske studiar. Slik fell denne interessemessige ulikskapen også saman med ei institusjonell arbeidsdeling mellom analytikarar av organisatoriske, institusjonelle og offentleg-politiske kontekstar "rundt" vitskapen, og analytikarar av mikrosamhandling "innan" vitskaplege disiplinar. Perspektiva blir ofte assosiert med ulike metodar og utført av ulike særskilt trente sosiologar. Latour (1983) relaterer dette til den vanlege trua mellom sosiologar på at der er ein verkeleg nivåskilnad mellom mikro- og makro-objekt (Jfr. også Knorr- Cetina og Cicourel (ed.) 1981). Begge desse versjonane av vitskapssosiologi reproduserer slik den tradisjonelle men problematiske dualismen mellom eksternalistiske og internalistiske skildringar av vitskapleg aktivitet. "The terms have changed, the belief in `scientificity` of science has disappeared, but the same respect for the boundaries of scientific activity is manifested by both schools of thought." (Latour 1983: 142).

Denne oppstillinga av vitskapssosiologien baserer seg på ulike tilnærmingar til, og empiriske analysar av naturvitskaplege disiplinar. Dermed blir det også eit spørsmål om den same tematikken i desse analysane og dei problema som følgjer av den moglege reproduksjonen av "eksternalistiske" og "internalistiske" posisjonar, også blir reist i studiar av samfunnsvitskaplege disiplinar.

Mange presentasjonar av og diskusjonar rundt utviklinga av vitskapssosiologien tar eksplisitt opp forholdet mellom naturvitenskap og samfunnsvitenskap. Shapin (op. cit.) peikar på at Peter Winch (1958) inspirerte til interesse for å utvikle ein samfunnsvitenskap som var grunnlagd på andre modellar og metodar enn naturvitenskapen. Ein liknande funksjon har Hans Skjervheim sine tekstar "Deltakar og tilskodar" (1957) og "Objektivismen og studiet av mennesket" (1959) hatt i Noreg. Ei slik "omdefinering" av grunnlaget ville hindre at studiet av naturvitenskap, og dei kritiske resultata av dette studiet, samstundes ville rive grunnen under samfunnsvitenskapen sjølv. Så lenge ein opererte under føresetnad av at samfunnsvitenskapen hadde dei same metodane og dei same måla som naturvitenskapen, ville slike studiar nemleg representere eit trugsmål av denne typen. Shapin relaterer mykje av motstanden mot vitskapssosiologiske studiar til at samfunnsforskarar var urolege for slike effektar. Enkelte fann derfor gjennom Winch ein større tryggleik til å sette i verk vitskapsstudiar. Etter kvart vart hovudreaksjonen til talsmenn (og kvinner) for SSK likevel at skilnaden mellom naturvitenskaplege og samfunnsvitenskaplege studieobjekt ikkje bør bli etablert apriori, men at dette nettopp var noko av det som burde bli undersøkt nærare av vitskapssosiologar. Ein delte heller ikkje frykta for at bruken av "sosial- konstruksjonistiske" perspektiv ved studiar av (natur)vitskap skulle rive grunnen under eins eigen aktivitet. Tvert om, sosiologien burde studere vitskapen (implisitt alle "typar") som ein studerte andre sosiale institusjonar og praksisar – med soknjelyset mot sosial organisering, sosial fordeling, sosiale hierarki og andre sosiale relasjoner.

Mykje av det intellektuelle grunnlaget for striden mellom Latour, Callon og Woolgar på den eine sida og Barnes, Bloor, Collins og Yearley, finn ein nettopp i understrekinga av "det sosiale" hos dei sistnemnde (Jfr. Pickering (ed.) 1992). At vitskapssosiologien omhandlar eit felt som vrimalar av "konstruerte" objekt, er alle samde om, men Latour og Callon oppfattar vektlegginga av "det sosiale" hos sosiologar som ei insistering som berre kan ha basis i eit imperialistisk og monopoliserande sosiologisk prosjekt. Dei identifiserer ein ny type "assymmetri" hos Barnes og Bloor i handsaminga av vitskapen som også er problematisk i sosiologien sine analysar av det moderne samfunnet elles. Bloor og Barnes forklarar (feile eller rette) kunnskapsoppfatningar utelukkande med utgangspunkt i storleiken "samfunnet" eller "det sosiale". Ting eller ikkje- menneskelege storleikar får i seg sjølv i dette skjemaet ingen sjanse til å utforme måtane menneske tenkjer om dei på. Slik Latour

ser det har det sterke programmet gitt talspersonane for naturen (arvtakarane etter Robert Boyle) konkurranse i form av ei mobilisering av talspersonane for samfunnet (arvtakarane etter Thomas Hobbes)<sup>26</sup>. Men medan denne striden går føre seg lever ting, kvasiobjekt og ikkje- menneskelege storleikar - "the missing masses" - framleis i eit vakuum utan talspersonar. "Det sosiale" som forståingskategori og sosiologien som fag, blir i dette perspektivet ufullstendig for analysen av vitskap og eit nytt intellektuelt prosjekt oppstår i forsøket på å etablere ein ståstad utanfor representantane til både naturen og samfunnet, og som er i stand til å gi "tinga" ei rettmessig stemme.

A PROPOS Å GI TING EI RETTMESSIG STEMME: KVA HELD DU PÅ MED NO? FOR DET FØRSTE, DENNE GJENNOMGANGEN DIN AV "LÆRDOM FRÅ VITSKAPSSOSIOLOGIEN" ER BÅDE INNFORSTÅTT, OVERFLATISK OG UNYANSERT. DEI SOM VIL SETTE SEG INN I DESSE DISKUSJONANE BØR HELLER LESE OVERSIKTSARTIKKELEN TIL SHAPIN (1995), DISKUSJONEN MELLOM COLLINS/ YEARLEY OG WOOLGAR/ LATOUR/ CALLON SOM VI FINN I PICKERING (ed. 1992), ELLER MANGE ANDRE BØKER OG SKRIFT. ENDA TIL MELLOM STIPENDIATKOLLEGAENE DINE FINN EIN MYKJE BETRE DISKUSJONAR AV DENNE DEBATTENENN DET DU HOSTAR OPP HER (Sjå Skarpenes 2000, særskilt: 20, 21). FOR DET ANDRE, OG MEIR VIKTIG: KVA KAN DU EIGENTLEG GJERE MED DENNE BLANDINGA AV PRINSIPIELLE SYNPUNKT, EMPIRISKE FUNN OG MOTSETNADER SOM HAR OPPSTÅTT MELLOM MEDLEMMER AV EI RELATIVT LITA SUBGRUPPE AV SOSIOLOGIEN? MED UNNTAK AV LATOUR ER DEI STORT SETT OPPTATTE AV NATURVITSKAPLEGE "FUNN", DET ER MED ANDRE ORD SNAKK OM SOSIALE STUDIAR AV NATURVITSKAP. OGSÅ LATOUR, SOM DRISTAR SEG TIL Å MEINE AT HANS STUDIAR ER GRUNNLEGGJANDE FOR EI FORSTÅING AV HEILE MODERNITETEN, TAR UTGANGSPUNKT I DET NATURVITSKAPLEGE LABORATORIET FOR Å OPPNÅ DETTE. DET DU SKAL GJERE I DETTE KAPITLET ER JO EIT EMPIRISK STUDIUM AV EIT NORSK CASE AV VITSKAP, - SAMFUNNS- VITSKAP. ENDA TIL ER DET IKKJE SPØRSMÅLET OM KVA SOM SÆRPREGAR DENNE AKTIVITETEN I OG FOR SEG SOM SKAL VERE I

---

<sup>26</sup> Referansen for Latour her er sjølv sagt Shapin og Schaffer 1985: Leviathan and the Air-Pump. Hobbes, Boyle and Experimental Life.

SENTRUM, MEN DEN MEIR AVGRENSA PROBLEMATIKKEN OM KORLEIS DEN BLIR UTFORMA FRÅ DAG TIL DAG. DU BØR I ALLE FALL HA AMBISJONAR OM Å FÅ FRAM AKTØRANE SINE OPPFATNINGAR OM DETTE. I EIT SLIKT ARBEID KJEM DU IKKJE NOKON VEG MED SLIKE ABSTRAKTE DISKUSJONAR OM EIN ANNAN TEMATIKK, LANGT BORTE FRÅ. NÅR DESSE DISKUTERER RELASJONEN MELLOM "DET SOSIALE" OG "NATUREN", ER DET MED UTGANGSPUNKT I EIN DISPUTT OM KVA TYPAR FORKLARINGAR SOM BØR HA FORRANG I DET HEILE I SOSIOLOGIEN. DEI ER I GRUNNEN IKKJE OPPTATT AV KVA ROLLE SAMFUNNSVITSKAPEN HISTORISK HAR HATT I HØVE SAMFUNNET RUNDT, OG ENDA MINDRE HAR DEI GJORT EMPIRISKE STUDIAR AV SAMFUNNSVITSKAPEN SOM SVARAR TIL DET SOM FINST AV ANALYSAR AV DEI NATURVITSKAPLEGE LABORATORIA.

Så du meiner dette er to ulike og inkompatible storleikar: Ein debatt om kva sosiale studiar av naturvitskap har ført med seg av endra oppfatningar kring "sosiale forklaringar" og eit doktorgradsprosjekt som m.a. dreiar seg om utviklinga av faga ved eit norsk samfunnsvitskapsfakultet?

JA.

Begge delar handlar for så vidt om forståingsformer i samfunnsvitskappen, men det første er resultat av ein diskusjon mellom samfunnsvitarar (som har "vitskap" som interesse), medan det andre skal kome fram gjennom å gjere samfunnsvitarane ved eit norsk fakultet (som stort sett har andre interesser) til "gjenstand" for studiar.

JA.

Og du meiner ein ikkje utan vidare kan nyte funn eller konklusjonar (i den grad ein finn slike) frå det første til å utføre det andre?

NETTOPP. I STARTEN AV DETTE AVSNITTET NEMNER DU KVA FORESTILLINGAR DU HADDE OM "FAGUTVIKLINGSPROBLEMATIKKEN", ELLER RETTARE SAGT DU NEMNER STORT SETT AT DU HADDE SLIKE FORESTILLINGAR UNDERVEGS I INTERVJUARBEIDET. NÅR DU DERETTER (FORT) REPETERER DISKUSJONAR FRÅ VITSKAPSSOSIOLOGIEN VERKAR DETTE SOM EIN TEORETISK REDNINGSPLANKE ELLER EIT ALIBI I EIN FORSKINGSSITUASJON DER DU IKKJE TØR LITE PÅ DINE EIGNE FORESTILLINGAR. DET EG NO HAR SAGT KAN EIN FAKTISK (MED VISSE OMSKRIVINGAR) NOKSÅ PRESIST

GJENTA I EI UTLEGGING AV "HISTORISK- SOSIOLOGISK" METODE: "Når vi som her har norsk industri (samfunnsvitskapleg fagutvikling?) og det man kan kalle det norske industrisamfunnet (det norske universitetet?) som vårt forskningsobjekt, så innebærer dette en tilnærming der man ikke forliter seg på allmenne teorier og universelle modeller om denne typen samfunn, men at vi starter med å spørre oss selv om hva slags forestillinger **vi** har om dette objektet." (Korsnes, 1997: 63, MINE PARANTESAR) DU BØR (BURDE) MAO. STARTE MED SPØRSMÅL OG PROBLEM SOM FINST PÅ DET LOKALE NIVÅET, OG SOM INFORMANTANE DINE HAR SJANSE TIL Å FORHALDE SEG TIL.

Men kvifor er det så opplagt at mine eigne og informantane sine forestillingar om dette er annleis enn dei spørsmåla og problema som blir reist gjennom dei vitskapssosiologiske diskusjonane? Vil ikkje nettopp problematikken her vere ein viktig (den mest viktige?) "impulsen" til eigne forestillingar omkring eit område som både allmenta og forskrarar veit såpass lite om? Dannar ikkje desse analysene delar av eit kunnskapsrepertoar i den "kritiske kapasiteten" både aktørar og analytikar gjer bruk av for å kunne sortere desse spørsmåla? Og sidan du først er i gang med å referere rettleiaren vår, så kan ein i passasjen før finne støtte også for mitt syn: "Sagt med andre ord, så må forskningsprosessen sjøl ses som et element i konstruksjonen av objektet. Det betyr ikke at jeg ser på den historisk-sosiologiske tilnærmingen som en slags "begrepshistorie" som reduserer historieforskningen til kunnskaps-sosiologi, men heller at den kan bidra til at både sosiologien og historieforskningen på en konstruktiv måte tar høyde for problematikken omkring konstruksjonen av forskningsobjektet som en samfunnsmessig prosess i studiet av objektet sjøl." (op.cit: 63) Ei "historisk- sosiologisk" tilnærming inneber altså at ein rett og slett går ut frå at det ein studerer er "sosialt konstruert" frå før, og at tidlegare og notidige forskingsprosessar er ein del av denne konstruksjonen. Relevansen av dette for oss, i den situasjonen vi er no, er at spørsmåla som blir reist i vitskapssosiologien, og som eg (sant nok) skissemessig gjekk gjennom ovanfor, sannsynlegvis finst som ein problematikk i ulike utformingar, og kanskje på ulike "nivå", også hos informantar. Diskusjonar om internt vs. eksternt initiert fagutvikling er t.d. ein aktuell problematikk for informantar<sup>27</sup>. Det finst også informantar som

---

<sup>27</sup> I strategidokument, planar og evalueringar som blir produsert i samband med universitetet, er det nokså vanleg å ta for gitt ei "indre" og ei "ytre" verd som universitetet må forhalde seg til, kategoriar som deler mellom seg det som er verd å seie om kva som påverkar fagleg aktivitet. Eit døme kan ein

sjølve har arbeidd med og/ eller er kjent med "evaluering" av ulike prosessar og institusjonar, også for høgare utdanning. Ein kan enda til finne att problematikken rundt "sosiale forklaringar/ samfunnsmessig representasjon" vs. "naturlege forklaringar/ naturleg representasjon", som Latour/ Callon og Collins/ Yearley diskuterer, (Pickering (ed.)1992), i analysene til informantar – i diskusjonar rundt metodar, evalueringstiltaket og bruksverdien av fag. Igjen er det altså snakk om å vere varsam med apriori å tilskrive aktørar eit for avgrensa repertoar av kunnskapar og handlingar, og å gi eit meir fyldig bilet av den "kritiske kapasiteten" deira. I eit slikt perspektiv hjelper det å halde fast ved at vitskaplege teoriar, teknologi, historie, organisatoriske ordningar- kort sagt alle objekt eller "ting" som dukkar opp i handsaminga av ei sak, er objekt som både aktørar og analytikar må fastsette "storleiken" til. Ting på "det lokale nivået", som du framhevar, er dermed noko som gjerne blir prøvt gjort "globale", (dersom dei ikkje allereie er det) eller allmenngyldige på andre vis, i ein prosess der "actors macro-structure reality", for å nytte eit uttrykk frå Callon og Latour (Callon og Latour 1981). Dvs. at ein viktig del av det å vinne fram med sine eigne oppfatningar og argument, eller å forsvere seg mot det som kjem frå andre – alt etter kva for situasjon aktørane meiner dei står i – handlar om å gjere seg "større" gjennom alliansar med "store" og varige objekt og kollektiv. Fagtradisjon, organisasjonsprinsipp eller andre prinsipp, internasjonale kontaktar, (inter-) nasjonal publisering, metodisk kompetanse og samfunnsrelevans er døme på objekt som er "store" fordi verdien av dei ikkje lenger er gjenstand for strid. Også det å kritisere og stille seg i direkte opposisjon til slike storleikar, ironisere over dei, eller å forhalde seg til dei som irrelevant for eins eigne prosjekt og mål, kan ein sjå som ein allianse med storleiken "kritikk, avsløring, individualitet". Dette siste er faktisk ein viktig situasjonsrelatert "alliansestorlek" for mange av informantane i denne studien.

---

finne i ein ny handlingsplan for universitet i Bergen: "*Samfunnsmessige utfordringer*. Fagmiljøene kan finne det interessant og viktig å utvikle forskningsområder eller studieopplegg som har stor samfunnsmessig betydning. Det kan for eksempel dreie seg om grunnleggende faglige bidrag i forbindelse med helse og velferd, makt- og demokratiproblemer, utviklingsrelaterte oppgaver eller forhold innen arbeids- og næringsliv og den verdiskaping som finner sted i regionen. Slike samfunnsmessige utfordringer må være høyst relevante og legitime som utgangspunkt for faglig profilering. I tråd med dette vil endringsprosesser i samfunnet ofte reflekteres i faglig fornyelse på forskjellige områder. Et viktig prinsipp er imidlertid at det må være universitetet selv og dets fagmiljøer som vurderer hvorvidt og hvordan ulike samfunnsmessige forhold kan og skal innvirke på utviklingen av den faglige virksomheten. Hensynet til den faglige autonomi og til forskningens frihet tilslier at universitetet ikke kan pålegges å utføre bestemte faglige oppgaver." (Handlingsplan for faglig profilering og kvalitetsutvikling: 8, 9. Universitetet i Bergen, februar 2001)

Men når dette er sagt, så er det rett at det er problematisk å finne klare indikasjoner på korleis ein kan bruke innsikter og funn frå (natur-) vitskapssosiologien i studiar av samfunnsvitskapen. Her må eg gjere eit arbeid. Kritikken din om det manglande samsvaret mellom studieobjektet og måten eg legg opp studiet av det på, kom slik sett litt tidleg. Planen var nemleg etterkvart å konsentrere meg om ein bestemt del av den vitskapssosiologiske kunnskapen og å prøve ut ei flytting av dette perspektivet slik det blir brukt i studiet av naturvitakaplege forskingsprosessar, til den tematikken eg prøvar å skrive om her: samfunnsvitskapleg fagutvikling. Ein kan nok diskutere om ei slik tilnærming i seg sjølv er meir robust i forhold til krava i historisk sosiologisk metode, eller andre metodiske omsyn, men eg meiner det er forsøket verd basert på følgjande resonnement: Dersom ein aksepterer føresetnaden om at det ikkje er mogleg å etablere eit skilje mellom natur- og samfunnsvitskap før ein empirisk har studert den eine eller andre "typen", så må det vere mogleg å bruke eller prøve ut perspektiva frå studiar av naturvitakap også i studiar av samfunnsvitskap. Funn, resultat og perspektiv som måtte finnast i litteratur og studiar elles, kan heller ikkje utan vidare danne utgangspunkt for nye empiriske case (sjå STOR SKRIFT- kritikken ovanfor). Det eg har tilgang til av arbeid som spesifikt dreiar seg om SV- fakultetet er nokså prega av at ein del forhold omkring fagas "indre og ytre liv" og kva som driv utviklinga framover, blir tatt for gitt (jfr. t.d. Universitetet i Bergens historie 1996, og ulike evaluatingsstudiar). I vitskapssosiologien etter Merton er det derimot nettopp slike forhold som blir problematisert, og dermed opna opp for fleire typar empiriske studiar. Ved å ta med seg desse "nyvinningane" inn i eit "nytt" empirisk område, samfunnsfaga i Bergen, har ein sjansen til å ta vare på den teoretiske inspirasjonen frå dei sosiale studia av (natur)-vitakapen, samstundes som ein gjennom den empiriske vinklinga unngår, eller kan unngå, at denne inspirasjonen automatisk og ureflektert blir ført over til ei anna sak.

### **Prøve: Overføring frå vitskapssosiologi om naturfaga til vitskapssosiologi om samfunnsfaga**

I dette forsøket på overføring, er det særleg Bruno Latour sin vitskapssosiologi som dannar utgangspunkt. Grunnen er at han mest konsekvent avviser å ta utgangspunkt i

"almenngyldige" kategoriar i studiet av vitskapleg aktivitet<sup>28</sup>. Opphavet til ei slik innstilling finn ein i "det generaliserte symmetriprinsippet". Ein definisjon av kva dette prinsippet går ut på, finn ein i følgjande formulering frå "Vi har aldri vært moderne" (1996): "Antropologen må plassere seg i det midtpunkt hvor han kan følge attribueringen av ikke-menneskelige og menneskelige egenskaper samtidig (Callon 1986). Han har ikke lov å bruke den ytre virkelighet til å forklare samfunnet med, og heller ikke å henvise til maktspill for å redegjøre for det som former den ytre virkelighet. Likeledes har han ikke lov til å alternere mellom naturlig realisme og sosiologisk realisme, gjennom å bruke "ikke bare" naturen, "men også" samfunnet, for å bevare de to opprinnelige asymmetrier alt mens den enes svakhet blir skjult under den andres (Latour, 1989a)." (Latour 1996: 127) Bakgrunnen for denne litt kryptiske definisjonen finn ein delvis i ein dialog som Latour, m.fl., har ført med Bloor og Barnes sitt "sterke program" for vitskapsstudiar, som går ut på å søkje forklaring både på sanne og falske, rasjonelle og irrasjonelle oppfatningar. Programmet for forklaringar av kunnskapsoppfatningar skulle vere symmetrisk "..., det vil si at samme type årsaker skal forklare sanne og falske beliefs. Og endelig skal det være refleksivt, slik at det kan anvendes på sosiologien selv." (Skarpene 2000: 17) Som nemnt tidlegare blir problemet for Latour med dette symmetriprinsippet, at "samme type årsaker" for Bloor og Barnes i praksis alltid vil vere sosiale årsaker: "Det er følgelig assymmetrisk, ikke fordi det i likhet med epistemologene atskiller ideologi og vitenskap, men fordi det setter naturen i parantes og lar samfunnspolen bære hele tyngden av forklaringene." (Latour 1996: 126)<sup>29</sup>. I forklaringar av vitskapelege funn, prosessar, metodar og prosedyrer, bør ein derfor ikkje ta for gitt verken "naturlege" eller "sosiale" storleikar - slike kategoriar er resultatet av at disputtar og kontroversar i den vitskaplege aktiviteten blir avslutta, dei er ikkje årsakene til dei (Skarpene 2000:


---

<sup>28</sup> Ein slik påstand meiner eg er uproblematisk når det gjeld dei empiriske studiene til Latour (Jfr. Latour og Woolgar (1979)1986, Latour 1983) Etterkvart som desse studia har utvikla seg og blitt sett i samanheng med den meir generelle modernitetsanalysen hans (Latour (1991) 1996) har han sjølv sagt konstruert omgrep og kategoriar som sjølve kan sjå allmenngyldige ut – "den moderne forfatning", "de to Store skiller" og "Tingenes parlament" er døme på slike. Men i dette avsnittet vil eg sjå meir mot dei meir prosaiske omgrepene som vart utvikla i dei tidlegare og meir empiriske studia. "Black boxes", "translation", "inscription" er døme på slike. Likevel, det er etter mitt skjøn ein konsistent samanheng mellom modernitetsanalysen og dei empiriske studia.

<sup>29</sup> I kva grad Latour har rett i denne analysen sin av "det sterke programmet" er eit uavklart spørsmål, også mellom debattantane sjølve (sjå Pickering (ed.) 1992, Bloor 1999, Latour 1999d). Same kva, meiner eg denne uvissa ikkje har vesentlege konsekvensar for analysen i denne avhandlinga. Dersom "det sterke programmet" også i praksis opnar for å inkludere andre element enn dei sosiale (og å la dei utgjere ein skilnad i måten vi tenkjer om dei på) i analysen av vitskaplege handlingar og vitskapleg konstruerte fakta, vil eg få ytterlegare eit argument for å bruke "det sterke programmet" som ein "alliert" i mitt prosjekt.


21). Denne debatten er interessant nok på eit allment plan, men det mest inspirerande med framlegget til Latour er å prøve å følgje dette generaliserte symmetriprinsippet i høve eit empirisk case. I studiet av Pasteur sin suksess med å få kontroll med "the anthrax bacillus", og gjennom dette også få kontroll over store delar av fransk landbruk, har Latour vist korleis dette kan arte seg. Pasteur klarte ved fleire operasjonar å overtyde andre samfunnsmedlemmer om at det som gjekk føre seg i hans laboratorium hadde relevans for allmenne ønske, mål og interesser. Igjen snur Latour om på den vanlege forestillinga om kva forsking og vitskapleg aktivitet handlar om: Den store interessa for det som gjekk føre seg i Pasteur si forsking "... are a consequence and not a cause of Pasteur's efforts to translate what they want or what he makes them want. They have no a priori reason to be interested at all, but Pasteur has found them more than one reason." (Latour 1983: 143). M.a. skjer dette ved å omsette omgrepa bøndene brukte om sjukdomen og sjukdomsprosessen til eit laboratoriespråk og dermed "overta" sjølvé sjukdomsfenomenet (som før Pasteur hadde sine årsaker i mange og ulike typar fenomen), ved førebels å flytte laboratoriet til nærleiken av ein gard, ved å "kultivere" bakterien og drive avl av han, ved i det heile å reinse bort "uvesentlege" forhold, halde bakteriefloraen på eit passande og kontrollerbart nivå og slik endre styrkeforholdet mellom bakterie og menneske. Skiljet mellom natur og samfunn og eksterne og interne forhold blir utydeleg når ein slik følgjer forskaren Pasteur i arbeidet hans. Han gjer forskinga og laboratoriet sitt "stort" ved å kople seg til, omdefinere, kontrollere og gjere ekvivalente fleire ulike element; dyrehald, sjukdom, økonomi, mat, helse – og for alle desse gir det lite mening å fastsette dei som tilhøyrande enten "naturen" eller "samfunnet". Likeeins gir det lite mening å skilje mellom dei indre og ytre prosessane som går føre seg, fordi interesser og behov "utanfor" laboratoriet blir konstruert og transformert "inne i" laboratoriet. Betydninga av laboratoriet blir i det heile bestemt av i kva grad Pasteur, som ein mikroaktør mellom andre, klarer å binde kollektive problem og ønske til aktiviteten sin. Aktørar som på denne måten vil gjere seg større kan ikkje diskriminere mellom kva for typar av element dei vil knyte til seg. Dei vel ut ordningar, ting, verdiar og behov som er adekvat for føremålet utan å uroe seg for om dei høyrer til ein "samfunnsskapt" eller "naturskapt" røyndom, eller om dei kjem til å få slike statusar etterpå.

Latour og Callon sitt generaliserte symmetriprinsipp gjer det også lettare å opne samfunnsvitskapen for vitskapssosiologiske studiar, fordi repertoaret av "forklaringar" til det som går føre seg blir meir mangfaldig, nyansert og opent. Den omstridde modellen for sosiale studiar av naturvitenskaplege emne ser skissemessig slik ut:



Medan store delar av vitskapsfilosofien, mange medlemmer av naturvitenskaplege disiplinar, og samfunnsvitarar som vil kopiere det dei trur naturvitenskapen handlar om (sjå kap. 2) held fast ved at forskningsfelt og resultata ein oppnår i det må forklarast ut frå at naturvitenskapen avdekkjer realiteten til naturen, så held vitskapssosiologien (i Edinburgh og Bath) fram at det er den kollektive vurderinga av (og undervegs i) eit forskingsarbeid som bestemmer om eit funn endar som eit vitskapleg fakta eller ikkje. Dersom denne modellen skulle bli overført direkte til samfunnsvitskapen ville den sjå slik ut:

## **Samfunnsvitskap**



Kanskje vil ikkje introduksjonen av "sosiale forhold" i forklaringar av samfunnsvitskapen vekke den same motstanden som denne operasjonen gjorde (og gjer?) i forklaringar av naturvitenskapen, noko som i seg sjølv i så fall er verd å merke seg. Men i den samanhengen eg no prøvar å etablere, er det meir sentralt å diskutere introduksjonen av den andre "polen" av forklaringar på samfunnsvitskapen – "samfunnets natur". Dette er ein storleik som Latour gjer problematisk, men som i større grad er uproblematisk for andre vitskapssosiologar og sosiologien elles. Det er her Latour meiner sosiologien "diskriminerer" element som ikkje passar inn i biletet av samfunnet som "sosialt konstruert", i første rekke materielle, teknologiske ting og naturelement.<sup>30</sup>

Det første ein må ta stilling til dersom ein skal unngå slik diskriminering i analysen av fagutvikling ved SV- fakultetet, er korleis ein skal forhalde seg til studieobjektet til samfunnsvitarane i Bergen. Det aksepterte grunnlaget for å ha eit samfunnsvitskapleg fakultet er nettopp at det er kunnskapsutvikling om samfunnet som står sentralt. Institusjonen sjølv er altså basert på ei implisitt og sjølvsagt forståing av kva som legitimt hører til interesseområdet for dei tilsette, og kva som ikkje gjer det. Dei som

<sup>30</sup> Sannsynlegvis er ein del av striden Latour har med andre, meir "tradisjonelle" vitskapssosiologar også basert på at han har eit meir strengt krav til kva som fortener nemninga "sosial" enn det dei andre har. Medan det er vanleg i sosiologien elles å kalle ting og ordningar "sosiale", dersom dei har ei felles (sosialt konstruert) meinung for samfunnsmedlemmer, ser det ut til at Latour reserverer "det sosiale" for meir uformidla (umedierte) kontaktar og band meir mellom menneske. Forstått slik er det ikkje uventa at "det sosiale" spelar ei nokså avgrensa rolle i analysane hans. Ei meir omfattande forståing av det sosiale, meiner Latour fort fører til ei altomfattande forståing, at alt i bunn og grunn er sosialt, men tar "fetisjistiske" former (som religion, kunst, vitskap) i vanlege samfunnsmedlemmer sine oppfatningar. "Providing a social explanation, thus, means that someone is able in the end to *replace* some object pertaining to nature by another one pertaining to society, which can be demonstrated to be its true substance." (Latour 1999a: 2)

er tilsette ved fakultetet er det fordi dei interesserer seg for og utviklar kunnskap om samfunnet. Sjølv om dette også vil vere den intuitive oppfatninga til dei fleste av informantane mine (i alle fall for praktiske føremål i eit intervju), så inneber perspektivet til Latour at ein i analysen av den vitskaplege aktiviteten, og for min del, utsegnene om denne aktiviteten, set denne føresetnaden i parantes. Dette tyder sjølvsagt ikkje at dei vitskapleg tilsette ikkje gjer jobben sin, men at ein ser interesseområdet deira som noko som dei på ein bestemt måte arbeider opp og held ved like. Ein viktig del av aktiviteten – å studere samfunnet - handlar om å gjere ulike element sosiale. Slik Pasteur fann fram til og "oppdaga" mange årsaker til at fellesskapet skulle vere interessert i forskingsarbeidet hans (og mikrobiologien), kan ein sjå arbeidet til dei tilsette ved fakultetet som ein prosess der saker, verdiar, ordningar og hendingar som i utgangspunktet har mange eigenskapar og er relevant for ulike livsdomene, først blir prøvt innrullert i og mobilisert til teneste for "det sosiale", og deretter for dei meir spesifikke underkategoriane: politikk, administrasjon, økonomi, kultur, informasjonsteknologi . Arbeidet pågår kontinuerleg og kan både lukkast og mislukkast. Tidlegare opparbeidde tema kan halde seg sterke, bli svakare eller endre seg. Graden av styrke har m.a. å gjere med kor "nødvendige" dei (og dei som forvaltar dei) blir vurdert å vere, noko som igjen kan tyde fleire ting og som ein kan utforme som spørsmål alle aktørar, både "innafor" og "utanfor" fakultetet kan stille seg: Har denne kunnskapen i det heile nokon verdi? Kan ein klare seg fint utan? Og viss ikkje – finst det alternativ som medfører mindre motstand i høve eigne mål, prioriteringar og ressursar? Og viss ikkje – kan ein på noko vis annektere eller omforme kunnskapen som tilsynelatande er nødvendig og uunngåeleg, men som skapar friksjon i høve eigne mål og eigen posisjon? Eit overordna perspektiv på "fagutvikling" blir dermed at aktørar<sup>31</sup> rører seg i slike kraftfelt av "store" og "små" element, at dei gjer meir eller mindre vellukka forsøk på å binde seg til og kontrollere dei og dermed skape anerkjente, aktive og kreative forskingsfelt, men at dei også er gjenstand for tilsvarande "samanbindingsforsøk" frå andre aktørar. Samanbinding av element som blir tatt for gitt og ikkje lenger gitt merksemd kallar Latour svarte boksar. For nokre aktørar kan slike boksar vere ein ressurs ein byggjer seg større på,

---

<sup>31</sup> I skjemaet til Latour er heller ikkje omgrepet "aktør" eller "aktant" reservert for menneske. Hybridar eller kvasi- objekt kan også ha eigen handlekraft, slik han ser det. "What is an 'actor'? Any element which bends space around itself, makes other elements dependent upon itself and translates their will into a language of its own. An actor makes changes in the set of elements and concepts habitually used to describe the social and the natural world." (Callon og Latour 1981: 286)

for andre kan det vere noko ein for all del må unngå å havne i. Slike innstillingar varierer etter kva for situasjon som har oppstått, noko som aldri heilt er opp til enkeltaktørar å avgjere. Tidene skifter, nye behov og "signal" om kva som trengst blir skapte av andre aktørar. Føresetnader ein har kunna lite på før treng reparasjon, eller ein må forkaste dei fordi ein ikkje har tid eller ressursar til å drive slikt reparasjonsarbeid.

Eit slikt perspektiv legg sjølvsagt rammer for kva for typar av spørsmål ein kan stille om "fagutvikling". Individuelle prestasjonar og framifrå evner hos dei tilsette blir her i første rekkje knytt opp til dei kompliserte prosessane av å skape, investere i, kanalisere og mobilisere interesse hos andre for fagområde og spørsmål dei tilsette sjølve har sjanse til å dominere<sup>32</sup>. I den grad ein kan snakke om intelligens og kreativitet er det altså evnene til å manøvrere i og utforme dette landskapet ein kan omtale. Ein kan heller ikkje apriori leggje eit "kritisk perspektiv" på fagutvikling, t.d. i den forstand at bestemte faglege tilnærmingar og temaområde illegitimt blir "undertrykte" av andre posisjonar. Her er perspektivet til Latour på linje med Boltanski og Thevenot sin prinsipielle skepsis til ideen om ein slik endeleg posisjon for avsløring (Dodier, 1993, Wagner 1999, sjå også kap. 2.) Kritikk og avsløring er aktivitetar og evner som i dette perspektivet blir "gitt" alle aktørar og alle posisjonar. Den same posisjonen som i ein situasjon og for enkelte aktørar er kritisk og avslørande, kan i den neste, og for andre vere dominerande og forvaltar av "doxa". Denne føresetnaden har analytiske konsekvensar ved at eksempelvis "dominans", "maktutøving" og "kontroll" blir kontekst- og posisjonsavhengige storleikar, og at ei ettersporing av dei gjer det nødvendig å få tak i (delar av) det varierte ressursgrunnlaget aktørane nyttar for å bygge dei opp. Men den representerer også ei "demokratisering" av forklaringar på sosial handling ved at evnene, i både "sjanseskapande" og "avgrensande" forstand, for avsløring, kritikk og argumentasjon, (i prinsippet) blir jamt fordelt mellom forklaringar og aktørar. Ei tilsvarende demokratisering skjer også i forholdet mellom forklaringar på handlingar innan ein vitskapleg kontekst/ situasjon/ institusjon og handlingar i andre samanhengar. Fagutvikling som ein vitskapleg aktivitet er i utgangspunktet altså ikkje ein spesiell type aktivitet med ein tilhøyrande spesiell "ethos". Som andre institusjonar og aktørar arbeider grupperingar og einskildaktørar ved universitetet først og fremst med å skape

---

<sup>32</sup> I språket til utdanningspolitikarar og byråkratar heiter dette å "ta vare på komparative fortynn".

skilnader i nivå og storleik i høve andre aktørar, herunder også andre vitskaplege aktørar. Sjølv sagt er det ei viktig oppgåve å vere merksam på at universitetet og/ eller vitskapen har eigenarta måtar å oppnå slike "fortrinn" og asymmetriar på, men dette krev i seg sjølv ingen spesielle omsyn i analysen av denne aktiviteten. Sagt på ein annan måte er "det spesielle" innan vitskapleg aktivitet spesielt på den same måten som aktivitet innan offentleg byråkrati, skipsbyggingsindustri og omsorgsarbeid er det.

Heile denne tilnærminga har fram til no likevel status av å vere "allmenne teorier og universelle modeller" som ein ikkje bør "forlite seg på" utan å konfrontere den med (og helst alliere den med) det empiriske materialet. Som sagt er det heldigvis nettopp former for konfrontasjon, prøving, og kritikk av synspunkt og posisjonar som utgjer ein av hovudaktivitetane for informantane i intervjustituasjonen. Dette gjer det mogleg å følgje skapinga av "fagutvikling" i ulike stadium – frå det førebuande arbeidet der aktørar er "små", til vedlikehaldet av ressursar og føresetnader der dei er "store". Utfordringa blir derfor i første rekke å følgje dei godt nok – og å ikkje misse denne aktiviteten av syne undervegs.

## Aktørar og institusjonar

"Men det hadde skjedd viktige ting før dette. Allerede i 1960 hadde en komite under Det historisk-filosofiske fakultet etterlyst satsing på samfunnsvitenskapelige fag, og året etter hadde Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole, og Chr. Michelsens Institutt gått sammen om å nedsette en komite som skulle legge fram forslag om utbyggingen av de samfunnsvitenskapelige fag i Bergen. I denne komiteen var Fredrik Barth, Dag Coward, Knut Mykland og Stein Rokkan med, og Magne Lerheim var sekretær. Resultatet av komiteens arbeid ble lagt fram i august 1963 i Innstilling om utbygging av de samfunnsvitenskapelige fag i Bergen. Innstillingen legger en fast og ambisiøs plan for utviklingen av samfunnsfagene i Bergen i årene framover."

(Øyen 1994: 35)

Historia var vel eigentleg det at desse gutta borte på realfag.. snakka med gutta borte på HF, og tenkte at dei skulle prøve å få tak i han der Fredrik Barth.. og Rokkan.. For det huskar eg før eg reiste til USA i 66, at da var professor Godske som eg var assistent hos .. han var .. veldig opptatt av dette her at ein skulle få eit samfunnsvitenskapleg fakultet.. Det var jo ingen som den gongen trudde at vi tilnærningsvis skulle bli så store som vi er no.. og overgå i antall studentar og tilsette, langt det som er der borte.. Det veit eg forresten ikkje, det har eg ikkje dekning for.. Men i alle fall kva studentar angår.. at vi skulle få ein slik kjempemengde studentar .. Eg huskar at desse folka gledde seg, for no skulle dei få eit litt rart dyr.. borte på den andre sida, nemleg han der Barth.. og så Rokkan.. Dei skulle da kome der, og så skulle dei lage noe nytt og flott .. Det var den måten som Godske reagerte på det..

...

Eg huskar i alle fall at dei var veldig opptatt av dette med at det skulle kome eit .. det skulle kome samfunnsvitarar.. folk som kunne noe anna enn desse HF- gubbane og .. jus var vel ikkje kome i det

heile tatt.. og medisinarane.. dei møtte rett nok i selskapet til vitenskapens fremme, men ... no skulle dei jammen få noen som kunne noe som ingen andre kunne, og det var .. dei gledde seg.. Det var eit lite .. prosjekt.. Det syntest dei var gøy..

Int. 7

Slik desse to ulike versjonane av opphavet til SV- fakultetet i Bergen viser, har institusjonen sjølv i dobbel forstand gått gjennom ein prosess av å vere "lite" til å bli "stort". I kva grad skildringane som blir gitt er rette, eller om den eine gir eit meir sannferdig inntrykk enn den andre, er ikkje denne avhandlinga innretta til å gi svar på. Dei indikerer likevel at opprettinga av SV- fakultetet ikkje gjekk føre seg gjennom strid med andre fakultet eller instansar ved UiB. Universitetet ser i denne samanhengen ut til å ha arbeidd som ein, samordna aktør. Begge framstillingane problematiserer dermed eit anna spørsmål, nemleg om korleis ein skal organisere skildringane om fagutvikling. Følgjer ein perspektivet i førre avsnitt konsekvent er det ikkje nødvendig eller tilrådeleg å dele analysen av fagutvikling inn i "nivå", dvs. etter kva som har med individuell fagleg aktivitet å gjere, det som har med instituttet å gjere, universitetet, osb. Slik eg har prøvt å greie dette ut ovanfor er utbygginga av slike skilnader i nivå gjerne uttrykk for ein mogleg og ofte ønska prosess av asymmetri- skaping. Nivåa har ikkje vore der frå før og ein kan heller aldri ta dei for gitt i sine noverande former. Dei er sjølve resultatet av diskusjonar, motsetnader, alliansar og "omsetjingar". Sjølvsagt er det dermed ikkje sagt at alt er like varig eller like flyktig – ein institusjon som fakultetet er meir motstandsdyktig mot undergraving enn eit forskingsprogram for "helseøkonomi", "kjønn i endring", eller "militærstudiar" – men "nivåskilnader", forstått som graden av stabilitet, tyder i denne samanhengen ikkje anna enn at ein ser på saker i det som kan vere ulike fasar i ein prosess av "forstørring". Dei "store" nivåa; fakultetet, universitetet, departementet, osb. er varige og stabile fordi arbeidet med å grunngje dei no er lite og at dei har materialisert seg i form av bygningar, lover, regelverk og stillingar, m.m. Men desse storleikane krev ikkje dermed eit anna analyseapparat, enn det ein treng for å analysere det som går føre seg mellom aktørar i danninga av eit nytt interessefelt ved eit institutt<sup>33</sup>.

---

<sup>33</sup> Diskusjonane rundt Mjøs- utvalet si utgreiing om høgare utdanning og forsking i Noreg, "Frihet med ansvar" (NOU 2000: 14), viser m.a. at også storleiken "universitetet" kan bli sett under debatt og bli ein "lekkande svart boks", for å nytte Latour sin terminologi. Perspektivet er i denne sakta fruktbart fordi det held opent spørsmålet om kor alvorleg denne lekkasjen er. Avhengig av dei framtidige handlingane (og av synspunkta ein sjølv har) kan Mjøsutvalet vere ein del av ein prosess der utfallet blir alt frå "nedbygging og ekstinksjon av universitetet slik vi kjenner det i dag", "eit nytt løft for institusjonen", til ei "historisk betydninglaus hending".

I planlegginga av denne avhandlinga og i førebuinga til intervjuarbeidet sikta eg spørsmåla spesielt inn mot å undersøkje fagutviklingsprosesser som dei tilsette ved institutta arbeider med. Det meste av tematikken i intervjuasamtalene har derfor relevans for oppgåver og arbeid dei tilsette har i denne konteksten. Eksempelvis har alle institutta minst eit og oftast fleire forskingsområde som dei arbeider mest med. Men i denne aktiviteten brukar aktørane kunnskap om institusjonar og personar på "nivå" med dei sjølve, så vel som "over" og "under" seg. Resultatet av ein diskusjon om kva veg universitetet tar, har konsekvensar for kva sjansar ein kan gi eins eige spesialfelt og dermed, alt etter kor mykje ein har investert i dette feltet, eins eige eksistensgrunnlag innan forskingsarbeid. Tilsvarande konsekvensar kan persepsjonen av grupper i samfunnet og konstruksjonen av ulike "brukarbehov" ha. Har vi fattigdom i Noreg? Er sjukehusa for ineffektive? Manglar folk kunnskap om kva dатateknologien kan nyttast til? Burde næringslivsleiarar lese antropologiske studiar av ritual i stammesamfunn? Klarer ein å få viktige allierte til å stille spørsmåla slik og å svare det same som ein sjølv, kan ein etappe av forstørringsprosessen vere lagt attende. Mao: Dei fleste av informantane mine er tilsette ved ulike institutt og det er aktivitetar og prosessar som normalt blir sagt å høyre til der som dannar utgangspunkt for samtalene. Men gjer ein forsøk på å reinse vekk frå intervjuet som ut frå klare definisjonar av ulike "nivå" er irrelevant for denne konteksten, er det lite å arbeide vidare med.

Mellom linjene på det som hittil er skrive ligg det dermed eit synspunkt om at kategorien "fagleg" også har ei usikker og mangesidig tyding. Det faglege er det aktørane gjer fagleg. Ei slik formulering høyrest laus og uforpliktande ut, men skjerpar faktisk blikket for kor varierte ressursar som blir nytta for å skape eit fag, eller delar av det. Aktørane er ikkje "puristar" verken i "fagpolitiske" eller "faglege" samanhengar. Studien min er ikkje retta særleg inn mot detaljane i den faglege aktiviteten og "politikken" som går føre seg der. Materialet mitt er spreidd over for mange aktørar til at eit slikt studium av "science in action" let seg gjennomføre skikkeleg. Men det er ikkje vanskeleg å finne delar og fragment av det samla ressursgrunnlaget som må til for å skape ein storleik innan ein "reint fagleg" kontekst.

## **Teoretisk og empirisk skarpstilling**

Det "reint faglege" er slik sett avhengig av og konstruert i høve mange relasjoner til andre mindre "reine" institusjonar, aktørar og verdiar. Alt før eg går meir grundig inn i dei ulike empiriske diskusjonane om fagutvikling ved SV-fakultetet, er det klart at det generelle symmetriske analyseapparatet til Latour treng ei skjerping av merksemda i høve det som særmerkar ein norsk og kanskje bergensk kontekst. Dette er også i tråd med perspektivet eg vil følgje. Å "følgje aktørane" forpliktar ein til å ta alle element og synspunkt i framstillingane deira alvorleg. Går ein t.d. nærmare inn på kva som dannar rammene rundt og får noko til å framstå som "reint fagleg" for aktørar, kan ein sjå moglege spor etter slike meir spesifikke vilkår. Rune Slagstad relaterer "samfunnsvitenskapens gjennombrudd i det norske system" til etterkrigstida med Einar Gerhardsen som statsminister. "Det var et gjennombrudd spaltet i to: på den ene side en styringsvitenskap, bl.a. sosialøkonomi og pedagogikk, på den annen side en opposisjonsvitenskap med basis i filosofi og sosiologi. Det var en splittet samfunnsvitenskap: i det ene tilfelle en reformteknokratisk styringsdiskurs, der samfunnsvitenskapenes primære adressat var det regulerende og intervenierende forvaltningsapparat; i det annet tilfelle en reformdemokratisk dannelsesdiskurs, der samfunnsvitenskapenes primære adressat var den diskuterende og aksjonerende offentlighet; i det ene tilfelle vitenskap og politikk formidlet via offentlig administrasjon, i det annet vitenskap og politikk formidlet via offentlig kommunikasjon." (Slagstad 1998: 367, 368).

I intervjuaterialet mitt er det fleire eksempel på aktørar som gjer seg til talsmenn for sidene i denne "splitta" samfunnsvitskapen. Eg har også nemnt tendensen mange informantar har til å distansere seg frå det dei oppfattar som faglege og administrative politisk korrekte handlingar og prioriteringar, noko som kanskje kan vere utslag av ein type "opposisjonsvitenskapleg" orientering. Men aktørar er også kjente med denne måten å kategorisere norsk samfunnsvitskap og politikk på, og like ofte som dei proklamerer kva side dei står på, så diskuterer og prøvar dei desse sidene. Oppdelinga av motsetnader i "det norske system" høyrer altså til registeret av moglege verdival for informantar og delinga står til disposisjon ved fleire ulike situasjoner og alltid med sjanse for å bli brukt annleis i neste situasjon.

Til liks med generelle teoretiske perspektiv kan derfor empiriske spesifiseringar av "den norske konteksten", eksemplifisert ved skildringa til Slagstad ovanfor, også danne eit for stivbeint utgangspunkt for å sortere argument og synspunkt hos aktørar i

denne konteksten. For mine Bergens- lokaliserte informantar er t.d framstillinga av samfunnsvitskapens opphav som Slagstad og andre gir, i liten grad ei framstilling av deira historie. Med opprettinga av SV- fakultetet så seint som i 1970, er denne historia "ny" og svært få av dei tilsette ved fakultetet meiner dei har vore med å utforme den nasjonale, i røynda Oslo- baserte, historia på dette området, eller at dei står som vidareførarar av dei sentrale ideane i denne. Derimot er ein viktig del av sjølvforståinga til mange informantar at fagmiljøa i Bergen heller har vore innretta mot å danne ein alternativ samfunnsvitskap enn det Oslo- miljøet stod for, først og fremst gjennom ei sterkare orientering mot kvantitative metodar og kanskje også ved utforming av meir "praktiske" og mindre teoretisk motiverte forskingsprosjekt. Denne typen samfunnsvitskap er likevel ikkje noko informantane mine kan samlast om, og uansett er hovudinntrykket til aktørane at omsyna og argumenta som dominerte debattane under opprettinga av samfunnsvitskapen både i Oslo og Bergen, spelar ei underordna rolle når det gjeld formainga av faga i dag.

Utgangspunktet er altså: Fagutvikling forstått som ein prosess av å binde saman element utan anna diskriminering enn vurderinga av kva som vil auke storleiken av konstruksjonen. I dette siste ligg ei empirisk avgrensing av handlingsrommet, som vil ha ei eiga utforming for samfunnsvitskapen i Bergen, og også mellom dei ulike faga (og grupper innan desse) ved fakultetet.

I den samanhengen det her er snakk om, meiner eg Boltanski og Thèvenot sin sosiologi om kritisk kapasitet kan representera ei teoretisk skarpstilling av Latour sin symmetriske og generelle nettverks- sosiologi. I repertoaret til samfunnsvitarane spelar ikkje materielle ting og naturobjekt ei like stor rolle som dei gjer i naturvitenskapen, og som Latour legg vekt på spelar ei rolle i alle moderne former for "sortering" og kategorisering. Boltanski og Thèvenot understrekar sterkare betydninga av konvensjonaliseringa av bestemte verdielement i form av "verder" eller "regime", og dette set ein lettare på sporet av den særeigne samanstillinga av slike i bestemte empiriske kontekstar. Med andre ord er det ikkje slik at det materielle eller naturobjekt ikkje er viktig for samfunnsvitskapen i Bergen, men mykje av betydninga ligg i ei sjølvsagt og konvensjonalisert vitskapleg arbeidsdeling der natur- og teknologifaga sine konstruksjonar av desse objekta er så "stabile" at dei sjeldan blir prøvt omforma gjennom alternative samfunnsfaglege konstruksjonar. Det er i alle fall ikkje slike forsøk som dannar "mainstream" ved SV- fakultetet i Bergen. Dermed blir det mogleg og nødvendig å bygge samfunnsfaga rundt element og problem som frå

før er formulert som "samfunnsmessige", eller som utan for mykje motstand kan bli det. I ein gitt empirisk og historisk situasjon er det altså mange element som rett og slett kan vere for kostnadskrevjande å mobilisere til teneste for det sosiale. Eit slikt empirisk og historisk gangsyn ligg til grunn for sorteringa av element hos aktørane i denne studien.

Samfunnsfaga står også på ein annan måte enn naturvitenskapen i ein løpende legitiméringsdialog med kvarandre og med aktørar utan direkte tilknyting til faga. Dei står slik sett oftare ovanfor situasjonar der dei må grunngje kvifor dei forskar på (og underviser om) det dei gjer, og gjennom dette kvifor dei i det heile har mening og i siste instans rett til å eksistere. Desse tilbakevendande kritiske situasjonane endar sjeldan i kriser der det er snakk om å overleve som fag, (jfr. likevel situasjonen til informasjonsvitenskap i kap. 2) men fører dei tilsette oftare fram til møte med allmenne verdiregime. Desse møta kan gjerne arte seg som "å møte seg sjølv (eller kollegaer) i døra", fordi teoriar, metodar og modellar frå dei ulike faga blir funne att i politiske og byråkratiske argument. Denne diskusjons- og legitiméringssituasjonen, der medlemmer nyttar ulike versjonar av eit fellesrepertoar av verdiar høver også godt til Boltanski og Thévenot sin modell av fleire "common worlds" som gir aktørar ressursar til legitiméringsarbeidet. Også desse fellesverdene er utarbeidd i fellesskap av ekspertar og lekfolk.

### **Felles verdidimensjonar**

I staden for presentasjonar av dei studerte faga i tur og orden, vil eg ordne den vidare framstillinga etter kva for verdiar som gir form til samfunnsvitskapleg forskingsarbeid. I ein slik gjennomgang vil både "små" og "store" forskingsprosjekt og interesser bli omtalte. Men eg vil unngå konsentrerte presentasjonar av dei einskilde faga, fordi dette i seg sjølv lett gir inntrykk av at faga har, eller er på leiting etter bestemte tema og problemstillingar utifrå intellektuelle, epistemologiske eller metodiske omsyn som er eksklusive for det gjeldande faget. Sjølv om dette gjerne er del av grunngjevingane institutta gir for aktivitetane sine i informasjonsmateriale til studentar og i vitskapsteoretiske diskusjonar, er eit slikt utgangspunkt lite i samsvar med dei teoretiske perspektiva eg har skissert ovanfor. Til det er det for ahistoisk og lite interessert i dei praktiske sidene ved fagutvikling.

Dette tyder sjølvsagt ikkje at perspektivet eg brukar i seg sjølv hindrar interesse for dei særskilte oppgåvene dei einskilde faga måtte ha. I ein konkurranse om merksemد og autoritet med andre aktørar, der alle i prinsippet stiller med like vilkår og like ressursar, vil det på gitte historiske tidspunkt ha krystallisert seg ut bestemte problemsituasjonar for bestemte fag(grupperingar). Medlemmer av faginstitutta er altså slik sett meir ført saman av eit historisk lagnadsfellesskap enn av eit tankefellesskap. Grunnen til at eg likevel ikkje vil framstille institutta kvar for seg, er at det er uklart i kva grad instituttmedlemskap stiller medlemmer overfor den same problemsituasjonen med omsyn til fagutviklingsprosesser.

For det første er det slik at "alle" samfunnsforskarar står, relativt sett, saman i forsøket på å "finne opp årsaker" til at lekfolk, andre fagfolk og institusjonar skal vere interesserte i dei. I høve ei slik allmenn problemstilling om "interessering", er det altså liten grunn til å skilje mellom dei. For det andre er det gjerne slik at allianseband og nettverk går i andre retningar enn mot fagkollegaer ved eige institutt. Dette er noko som varierer, men solidaritet og integrasjon oppstår i alle fall ikkje direkte som følgje av instituttmedlemskap<sup>34</sup>. I ein del viktige saker, som i ressursspørsmål og studentrekruttering, er det instituttkollektivet som dannar den mest viktige grupperinga for dei enkelte tilsette (enten dei likar det eller ikkje), men når arbeidet med å vise fram felles interesser og felles prioriteringar er gjort, kan ein gå tilbake til det som for mange er den eigentlege konteksten for fagleg utvikling og utbygging. Og da er instituttet både for lite og for stort - for lite gjennom det avgrensa repertoaret av verdiar, fagtema, "store" personar og andre ressursar som finst der - for stort i den forstand at det med alle sine medlemmer er for lite rørleg og fleksibelt, for tregt og for hengt opp i kollektive "omforente" løysingar og prioriteringar. Det er ikkje denne typen storleik ein vil skape gjennom den faglege aktiviteten. Tvert om kan det vere gjennom avstand til og kritikk av det nære kollektivet, tradisjonar og historie at vegen legg til ein større plass for eigne prosjekt.

## **Distanse**

Ein viktig verdidimensjon for samfunnsvitarane er faktisk (graden av) "distanse". Kva er den rette konteksten for eit samfunnsvitskapleg arbeid? Kven er dei viktige

---

<sup>34</sup> Kapittel 4 tar meir nøye for seg ein måte å forstå instituttet og andre lokale grupperingar på.

adressatane, lesarane, kritikarane? Verdi/ storleik blir her gitt til personar og vitskaplege arbeid som relaterer seg til kontekstar utanfor det nære og med lesarar og kritikarar langt borte - eller motsett, det blir gitt til dei som rettar seg mot problem og saker i den nære konteksten, med lokale lesarar og kritikarar. Viktige objekt i denne avstandsverdi- ordenen er flyreiser, konferansar, gjesteprofessorar, utanlandsopphald, publikasjonar i internasjonale tidsskrift, fleirnasjonale forskingsprosjekt – eller regionale samarbeidspartnarar, studentar, eige institutt og universitet, regional og nasjonal "kultur". Dette er i utgangspunktet ein "geografisk" dimensjon som også i større eller mindre grad er assosiert med storleikar som "modernitet" og "globalisering". Det er mindre moderne og meir provinsielt å relatere seg til eit nært publikum av lesarar og kritikarar, og ein oppnår altså større verdi ved å utvide nedslagsfeltet for arbeida ein utfører. Mange av informantane uttrykkjer ein større eller mindre porsjon "dårleg samvit" for at dei ikkje i stor nok grad klarer å vere avstandorienterte nok i ein slik forstand. Særleg gir dette seg uttrykk i samband med publikasjonar, som i følgje denne verdidimensjonen helst bør vere internasjonale, men i alle fall nasjonale.

SP: Når det gjeld publisering, så får jo dette instituttet, som mange andre, kjeft for at den internasjonale publiseringa ikkje er bra nok.. og .. Men har dette noe å gjere med at ein er opptatt av norske institusjonar og norske forhold.. at dette ikkje er like lett å skrive om i ein internasjonal samanheng?

SV: Nei, mi oppfatning av det er.. Altså vel har faget i utgangspunktet hatt ein veldig slik .. norsk orientering.. Men eg føler at det har forandra seg veldig.. Og .. når vi har lege lavt, som mange andre fag, når det gjeld internasjonal publisering.. som ikkje i seg sjølv er noe eg meiner at vi skal jakte etter for einkvar pris, fordi at det vil vere å gå.. sånn.. meir naturvitakapleg måtte å forhalde seg til publisering på.. noe av det strider nok mot samfunnsfaga.., men likevel, så føler eg at dette har meir med kulturar og tradisjonar å gjere.. og det at vi har fått.. ein litt sånn.. opprusking der, av denne tradisjonen som gjekk på.. å skrive for skuffa, den er jo ganske håplaus.. Og det føler eg veldig er i ferd med å endre seg, og eg trur mest på godt.. Men også når det gjeld orientering i faget, så vil du sjå her at folk er opptatt av.. Altså vi jobbar jo.. Mange av oss jobbar med komparative studiar.. fleire og fleire, etterkvart, det er vel få som ikkje gjer det.. Så slik sett så er det jo ikkje.. Altså det er jo ei historisk begrunning for.. at dette faget er eit eige fag, og .. så lenge det er eit eige fag, så vil det vere ei historisk begrunning for at det er det det er (latter)...

(Int. 10)

Her ser ein at informanten ikkje berre avviser "tradisjonen" med å skrive for skuffa - som også andre problematiserer, sjå under -, vedkomande problematiserer samstundes den "meir naturvitakaplege" måten å forhalde seg til publisering på, dvs. først og fremst å vektleggje og verdsette internasjonale publikasjonar. Dessutan blir det peikt på at også innhaldet i det ein arbeider med no i mindre grad er grunngjeve og forankra lokalt. Om det å arbeide med "komparative studiar" i seg sjølv inneber mindre grad av

lokal orientering er sjølvsagt usikkert, men i den samanhengen det her kjem fram, tyder det på at slike studiar også kan understreke eit engasjement for problemstillingar av ein meir generell og de- lokalisert type.

Ein annan informant bind enda meir tydeleg (og eintydig) publikasjonar saman med høg verdi i universitetsarbeid:

Det er ein slik.. ein slik.. egalitær kultur, som ikkje.. som sjølvsagt har kvaliteter ved seg, men som ikkje er heilt sunn, altså.. som på ein måte ikkje premierer folk som produserer, men som premierer.. alt.. uansett kva ein held på med.. Og det meiner eg er undergravande.. for universitetet.. Det må bli meir slik at folk som er dyktige og som gjer ting, som produserer og er i stand til å.. gjere noko utanom det vanlege, dei må også få utteljing for det. Ein kan ikkje berre halde på med å.. telje hovud og gi alle likt.. Så det er veldig forskjell på universitetet mellom dei som gjer mykje og dei som gjer lite.. Og dei som produserer mykje og dei som produserer lite.. Ein har folk gåande i årevis, som er nesten.. kjem ikkje ein publikasjon frå altså .. Likevel skal dei altså ha sabbatsår kvart sjette år og få akkurat like mykje støtte som alle andre.. Kvifor skal dei eigentleg det? Er det ikkje litt urimeleg?..  
(Int. 16)

Ved at det er den viktigaste reiskapen for å løfte kunnskap ut av lokale kontekstar har publikasjonar ei særskilt viktig tyding ikkje berre innan "avstandsverdidimensjonen", men for all fagutvikling slik eg tematiserer det i avhandlinga. Ein kan drive forskingsarbeid, kunnskapsutvikling og undervisning utan å publisere, men berre ved publisering blir alt arbeidet med samanbinding, kontroll, omsetjing og kategorisering tilført det avgjerande potensialet for å bli "stort". Utan publisering blir ikkje arbeidet kjent utover relativt små grupperingar, det kan ikkje flytte seg rundt på eigenhand mellom aktørar ein ikkje har kontakt med sjølv og det forblir dermed knytt til ein avgrensa lokalitet og dermed ein avgrensa generalitet. Publisering medfører sjølvsagt også ei eksponering for kritikk - eller verre, ignorering, men utan å gjere bruk av denne reiskapen står ein i moderne vitskap utanfor "the cycles of credit" og ein forblir "liten" (jfr. Latour og Woolgar 1986, kap. 5).

Dei andre objekta i avstandsordenen følgjer i hovudsak det same mønsteret med at det som relaterer seg til stader, ting og personar borte frå lokale kontekstar har større verdi, men krev rett og slett forskarens tilstadevere på ein meir konkret måte enn det publisering gjer. Dermed er slik aktivitet meir krevjande å følgje opp samstundes som dei er meir sårbare overfor tida og minnet.

Orienteringa mot kollegaer og forskingsmiljø på avstand, og for enkelte fag også kulturelt fjerne tema, gjer ikkje nære kollegaer sine arbeid irrelevante, men desse funna og analysane kan opptre for dei tilsette som noko framandt og eksotisk som ein kan "bruke" meir uforpliktande i forhold til teoretisk perspektiv, metode eller

fagområde. Etter først å forlate dei nære kollegaene gjennom avvisinga av store instituttbaserte fellesprosjekt, nærmar ein seg dei att ved å gjere dei eksotiske:

Det er nok sånn her, ved antropologien i Bergen, at den tid er over.. då faget .. som sådan.. var basert i eit tett.. institusjonelt samarbeid .. inne på instituttet.. Den tid er forbi. Det som snarare skjer er at alle vi som jobbar her.. i større eller mindre grad, medverkar til å .. å formidle .. verda.. ut frå høgst ulike perspektiv.. inn til oss.. til våre kollegaer og ut igjen. No snakkar eg om den interne verksemda i faget, vi inviterer gjesteforelesarar.. vi reiser på konferanser.., vi diskuterer, så av og til.. på lunsjrommet.. det hender det.. og vi har veldig ofte sånn.. to og to på eit av kontora til ein av dei.. som sit og diskuterer eit eller anna. Vi les kvarandre i alt for liten grad.. ikkje sant.. Eg har slettes ikkje lest.. dei fleste bøkene som kollegaene mine har gitt ut dei siste åra.. det gjeld alle, det.. og det burde ein gjort enda meir.. men .. den samansveisinga.. det er nok ein nostalгisk leiting etter den, altså.. og eg trur snarare at du kan sjå på det som .. eit stort, men sprikande fellesprosjekt.. der det meste er relevant for.. det meste. Det er nøkkelen til dei kollegiale relasjonane våre også, det er for meg interessant, å høyre.. det bør, det vil seie viss eg er i det rette hjørnet og har tid, .. så er det interessant for meg, som jobbar med samfunnsliv og slektskap og kulturøkologi og historie på øyane i Stillehavet, så er det interessant.. å høyre ein kollega.. kome her og fortelje om .. interne .. religiøse.. kosmologiske ritual.. hos ein kaste i India.. eller .. relasjoner i ei norsk bygd, om du vil.. Det gir meg noko.. nokre innspel som kan brukast på ein eller annan måte..

(Int. 6)

Ein kan også sjå her korleis det å vektlegge verdien av å ha kritikarar og interessentar på distanse kan leggje til rette nettopp for eit fleirparadigmatisk og mangslungent fag. For nokre fagområde medverkar orienteringa mot "den store verda" til produksjonen av eit stort og variert repertoar av teoritilfang, empiriske interesseområde og metodiske tilnærmingar som kan inspirere aktørane sitt eige arbeid. I neste omgang dannar denne verda ei like variert samling av interessentar til det vitskaplege produktet, og sjansar til å skreddarsy arbeida til bestemte miljø.

Andre informantar tilhøyrer fagmiljø som på grovt sett arbeider under dei same og sameinte teoretiske føresetnadene:

Det som på ein måte skil økonomi og ein del av dei andre, det er .. jo sånn det aksiomatiske grunnlaget, sant.. På ein måte så tar vi ein del ting for gitt altså.. Sånn at.. vi har på ein måte ikkje.. Vi har på ein måte ei retning som er den dominante.. og så er det ulike variantar av den.. Sånn at når folk er med oss, så må dei på ein måte vere nokon lunde med på at.. ok, det er noe som har eitt eller anna knytta til atferd basert på rasjonalitet.. på eit eller anna vis..

(Int. 17)

Eit slikt fellesgrunnlag gir færre alternative grupper å relatere det vitskaplege arbeidet til, og eit mindre fruktbart miljø i høve det å mobilisere nye interessentar innan disiplinen gjennom å opponere mot det felles grunnlaget. Ein av fordelane med eit einerådande teoretisk grunnlag er likevel at arbeid som er utført med relativt liten motstand kan reise bort frå det lokale og flytte seg raskt mellom ulike lokalitetar og ulike aktørar som alle har akseptert grunnlaget:

når du har dette grunnlaget, så blir det på ein måte.. Viss du skal .. kva skal du evaluere, ok., så kan du finne.. vi har masse fagtidsskrift, økonomiske sant, alle byggjer på det same grunnlaget... og vitsen er å bli publisert i desse tidsskrifta.. internasjonale tidsskrift med referee- ordning, sant.. og grunnlaget for vurderinga er det same.. så.. og det er felles for.. alle økonomar i heile verda, sant.. så du konkurrerer fullstendig likt med .. alle.. Eg seier ikkje at dette ikkje er tilfellet i andre fag, men det som er særpreget her, er på ein måte at alle økonomar vil meine at det er.. det er det som er viktig å tenke på.. og vi er samde om kva for tidsskrift det gjeld, sant. Det finst rangeringar av desse økonomitidsskrifta.. som er.. ok, relativt enige.. American Economical Review er på topp.. Der er vel American Sociological Review.. hos dykk.. (latter)..

SP: .. Ja, internasjonalt kanskje..

SV: Ja, vi tenkjer ikkje så mykje på det nasjonale, vi tenkjer berre på det internasjonale, sant.. og det er bra å kome inn i desse her, og da kan du bruke dette som kriterium for evaluering av forsking..

(Int. 17)

Ein av grunnane til at informantar har därleg samvit for manglande (internasjonal) publisering er at svært mange er opptekne med forskingsarbeid knytt til regionalt eller nasjonalt funderte problemstillingar. Prosjekta har gjerne opphav i ulike program ved forskingsrådet eller dei blir sett i verk som følgje av ønske og oppdrag frå andre aktørar med midlar til å finansiere forsking. Forskingsresultat i samband med slike prosjekt er ikkje heilt lett å konvertere til publiserbare artiklar i internasjonale tidsskrift. Tema, problemhorisont og den nasjonale faglege dagsorden kan skape for omfattande hindringar i forhold til eit slikt omsetningsarbeid. Sjølv for aktørar med eit samlande teoretisk grunnlag kan dette vere problematisk, men det er ikkje uløyseleg:

SP: I forhold til publisering.. Er det like lett å få publisert ting som handlar om spesifikt norske problem.. for eksempel innan arbeidsmarknad eller helse.., som det er å skrive om generelle eller abstrakte problem?

SV: Ja.. det er eit godt spørsmål det.. Det er noko vi diskuterer.. For ein del av oss arbeider jo med empiriske ting anvendt på norske forhold, sant.. Og.. det er jo ikkje tvil om at økonomiprofesjonen er veldig sånn USA dominert, sant.. altså dei store leiande tidsskrifta er amerikanske tidsskrift, og veldig mykje er sett ut frå amerikanske forhold og slikt.. og.. og viss det ikkje er det, så er det engelsk, sant.. Så det er klart, kvifor skulle ein vere interessert i eit lite land med.. i utkanten av Europa.. Så vi må på ein måte.. Viss ein skal skrive ein artikkel basert på norske forhold for internasjonal publisering, så er på ein måte kunsten.. som vi må gjere.. det er å seie noe om kvifor det er interessant å vite noko om norske forhold.. Altså kva for institusjonelle forhold i Norge er det som er av generell interesse for andre, slik at dei kan vere interessert i å lese om ein effekt på Norge. Og da, viss du tar arbeidsmarknadsøkonomi, så er det ein del ting som kan vere av interesse for folk, det med rolla til fagforeiningar, stor dominante fagforeining i form av LO, som har veldig mykje å seie for lønsfastsettjinga.. og ein kan argumentere for at det er ein spesiell modell som er den skandinaviske modellen.. sant... og det er ein måte å organisere samfunnet og økonomien på som har betydning for arbeidslivet, det har betydning for fordelinga mellom arbeidarar og kapitalistar.. Og dette er amerikanarar interesserte i å høyre om.. Akkurat som dei er interesserte i å høyre om den japanske modellen, sant.. Så det må på ein måte vere noe.. altså du må ikkje berre kome med nokre norske data.. og tru at folk er interesserte i det i utlandet.. i England, Tyskland, USA.. kor som helst.. Det må vere fordi at dette er noko som er forskjellig frå korleis ein gjer det i andre land, men det kan godt tenkast at det er måten ein burde gjøre det på.. Så det er alltid det vi må gjøre når vi skal publisere ting basert på norske data, vi må på ein måte.. overbevise utlendingane, som alltid eller oftast er dei som er referee.. og som les artikkelen svært kritisk.. ok... er det interessant å sjå på .. sjå på Norge, altså... Så når det gjeld veldig spesifikke norske forhold, da er det eit par norske økonomitidsskrift som du brukar for det, da.. Det er klart.. for det er jo ein del ting som er interessant å sjå på, sant, men som ikkje har den internasjonale interessa.. og da har vi i alle fall to slike reine samfunnsøkonomiske tidsskrift og så eit par bedriftsøkonomiske..

SP: Men dei har ikkje den same prestisjen?

SV: Nei. Nei... Men det vart kommentert i vår evaluering.. av den internasjonale evalueringsgruppa at.. ja, det var vel at instituttet hadde gjort det bra når det galdt internasjonal publisering, men at vi burde kanskje gjere litt meir nasjonal publisering.. (latter).. Det var vi veldig overraska over.. På ein måte så har vi alltid meint at suksesskriteriet var internasjonal publisering, så det nasjonale har vi på ein måte ikkje.. i økonomi, da.. eg snakkar berre om mitt felt.. så har det vore slik da, at.. og da vart vi.. vi synest kanskje det var litt pussig, men vi er for så vidt ikkje usamde i det, så det er klart.. Vi gjer jo det, vi skriv også i Sosialøkonomien og Norsk økonomisk tidsskrift.. Kanskje ein del mindre enn andre universitet gjer..

SP: ..Kanskje dette var fordi at dei som sette i gong denne evalueringa hadde liksom denne tanken om at.. at det var fakultetet som sådan som skulle evaluerast.. og gjerne da i forhold til ein nasjonal kontekst.

SV: Jada, eg trur nok også det, men samstundes så var jo desse økonomane som var med, altså .. som var etablerte.. sånn som N.N, for eksempel.. som vel er Norges mest publiseringe økonom sånn internasjonalt, sant.. Dei som var med var veldig publiseringe økonomar.. og.. (latter).. Men det er klart at fordelen med å vere ein veldig publiseringe økonom, er jo kanskje at du har evne til å.. løfte deg opp litet grann å seie at.. ok, men husk at du også er i Norge.. og.. (latter) det kan godt vere noe der.. Men det er klart, vi må jo også kommunisere innanlands.. Men vår ide som økonomar er sånn.. eller i vårt felt har vore.. og Bergen har vore veldig tidleg når det gjeld internasjonalt.. Viktigheten av å publisere internasjonalt var noko som begynte før i Bergen faktisk enn i Oslo, altså.. på Handelshøgskolen.. gjennom.. (X.X)(?).. var ein sånn.. på ein måte skaparen av den moderne Handelshøgskolen.. Veldig mange av oss har jo da bakgrunn der utafrå, så vi er opplærte i akkurat den måten å tenke på.. Og litt av tanken med det, det er jo at.. ei viktig rolle for norske økonomar, det er på ein måte å kommunisere.. kan du seie.. forskinga internasjonalt til norske beslutningstakrar.. og i Norge.. Men for å gjere det, så må du få aksess.. i det internasjonale forskarnettverket.. og det får du ved å publisere og det du gjer, altså.. og gjennom kontaktar og besøk.. så.. det er viktig å gjere det berre for å vinne innpass også, altså.. for å få lov til å fortelje noe, sant.. Så vi legg veldig vekt på den internasjonale delen, altså..

SP: Ligg det nokre spenningar her mellom dei vilkåra som blir gitt av politikarar og byråkratar i den nasjonale konteksten.. og den internasjonale.. verda de forheld dykk til forskingsmessig?

SV: Eg trur det kan vere det, sant.. Det er jo slik at når du blir involvert i ulike forskingsprogram og slikt, så er det jo alltid noen beslutningstakrar som vil ha noe.. policy-relevant, sant.. eitt eller anna som ein kan bruke.. Men det er klart.. ein kan jo også tenke slik at.. forskinga alltid bør vere policy-relevant, men det er klart.. det hender jo at det da oppstår.. og det har vi jo vore borti, sant, at.. ting vi får her, som er veldig viktig eller som vi har lyst til å forske på sant, men som det for tida no ikkje er noen pengar eller interesse til å løyve pengar til den typen forsking.. og da er det veldig vanskeleg, fordi at viss du ikkje får pengar til å engasjere noen.. noen.. utover akkurat dei som er lønna i fast stilling, eventuelt at vi får høve til å gjere noe av det gjennom bistillingar i forskingsinstitusjonar og slikt.. så vil det alltid.. altså viss du ikkje får pengar til å gjere ting, så vil det alltid bli konkurrert bort, for det er alltid noen som er villig til å betale for det, sant.. Fleire av oss er jo t.d. engasjerte i bistillingar på SNF ved Handelshøgskolen, sant.. og er involverte i program med.. Telenor og masse andre.. Kommunenes sentralforbund.. ja, så at så lenge desse har pengar.. det er lett å kjøpe interessar til folk.. (latter).. så.. det er klart at det alltid er ein fare for at det mest interessante kan bli konkurrert bort, altså..

(Int. 17)

Det lange utkippet er berettiga ved at det i samanheng tar opp ei rekkje trekk ved distansedimensjonen. Det sentrale grep i eit omsetjingsarbeid frå det lokale til det internasjonale er å reinse bort det som er spesifikt lokalt – ein kan ikkje berre kome med "nokre norske data". For å "overtide" (eit omgrep informanten eksplisitt nyttar) utlendingane om at dei bør vere interesserte, må ein mobilisere (lage i stand, konstruere) ein "skandinavisk modell", dvs. ei samanstilling av bestemte trekk ved det norske samfunnet som ein kan måle med, omhandle i forhold til, samanlikne med, - som kort sagt blir gjort ekvivalent med andre slike samanstillingar, eksempelvis med

"den japanske modellen". Å få utlendingane interesserte blir sett som ei viktig oppgåve, ikkje berre fordi ein vil gjere eins eige arbeid kjent utover det lokale, men også fordi ein ved opparbeiding av "aksess" i det internasjonale fagmiljøet samstundes opparbeider ein posisjon som formidlar av idear frå dette miljøet over til ein lokal kontekst. Prosedyren er mao. også med på å konstituere medlemmene av dette fagmiljøet som aktørar i ein nasjonal setting. Engasjement i "innhaldet" av eit fagområde skapar aktørar som får "lov til å fortelje noe" i "konteksten" for aktiviteten. Informanten analyserer sjølv denne effekten gjennom skildringa av "fordelen med å vere ein veldig publiseringe økonom", – har ein arbeidd opp denne eksistensen kan ein utan vidare stige ut av (eller "løfte seg opp" av) regelverket som gjeld for dei som ikkje har kome så langt, og gå inn i andre, kritiserande regime. Vi får vi også ei stadfesting av prestisjen til nasjonale tidsskrift i miljøet, sjølv om dette kan vere annleis for andre aktørar. Den siste spørsmål – svar sekvensen i utklippet over omhandlar hindringar i forhold til å konsentrere seg utelukkande om ein internasjonal forskingsfront. Her, som ofte elles, er desse knytt til kravet om "policy-relevant" forsking, dvs. forskingsprosjekt og resultat som blir oppfatta som potensielle handlingsreiskapar for nasjonale beslutningstakrar. Informanten viser til at vitskapleg tilsette kan vere oppfinnsame i forhold til kven ein får pengar frå til prosjekt som ikkje har slik relevans, og korleis ein oppnår ei slik interesse hos andre. Men vedkomande er usikker på om denne sjansen for at "det kan bli konkurrert bort" er ein positiv eller negativ tilstand ("det er alltid noen som er villig til å betale for det" vs. "at det alltid er ein fare for at det kan bli konkurrert bort").

Informanten over diskuterer kva for former ein må investere i for å bringe kunnskap utover den lokale konteksten. Parallelt med denne oppgåva oppnår ein også at kunnskaps- og informasjonsflyten går den andre vegen, frå det internasjonale til det norske – der ein sjølv fungerer som formidlar. Ein meir praktisk, og kanskje meir tidkrevjande måte å ta verda inn i det lokale på, fortel det neste utdraget om:

Sidan er det området overtatt av andre og eg har spesialisert meg berre på systemdynamikk, da.. Så har jo tida, frå 1994 av..., gått med til å bygge opp dette M. Phil. studiet som vi har hatt no og kjørt no.. Eg trur dette blir.. ja, neste år blir det fem.. fem år vi har kjørt det studiet.. Og.. Det har jo gitt både gruppa som jobbar med dette her.. og instituttet, universitetet ein standing internasjonalt som.. det einaste universitet som gir eit slikt undervisningstilbod i verda.. Vi har.. systemdynamikk- undervisning på MIT, på doktorgradsnivået,.. eit par kurs på MBA studiet.. Vi har ei lavaregradsutdanning i Oslo på technic institute(?), vi har ei utdanning med anvending i public policy design ved New York state University.. og vi har ei rekke europeiske og asiatiske universitet som har det som delar av si fagutdanning på ulike område, finansiering, accounting, environmental... engineering, osv, osv.. Men.. ei full spesialisering innan det fagfeltet, det er det berre vi som tilbyr på M. Phil og doktorgradsnivå..

(Int. 15)

Her er ein ikkje berre interessert i å utveksle forskingsresultat og å debatttere med aktørar og instansar langt borte – ein har utvikla og styrer eit fagfelt som utanlandsstudentar kjem til Bergen for å studere, og som ein kontrollerer gjennom overoppsyn med utdanninga der det elles finst. I den grad ein lukkast med slike prosjekt oppnår ein status som "nødvendig gjennomgangspunkt", og som ligg nært Latour sitt omgrep om "center of calculation", dvs. "Any site where inscriptions are combined and make possible a type of calculation"(Latour 1999: 304). "Calculation" kan i dette tilfellet bli forstått som "teori" eller "forståingsform". Førebels har universitetsinstitutta ein liknande status i forhold til høgskolar og andre fagmiljø som tilbyr undervisning innan fagområde som først har fått eksistens ved institutta.

Som bakgrunn for distansedimensjonen finn ein opplevinga mange av dei tilsette har av eit manglande fagleg fellesskap ved instituttet. Viljen og evna til felles mobilisering av samfunnsvitskap generelt og eige fag spesielt gjennom store fellesprosjekt har sannsynlegvis blitt svekt etter at fakultetet og faga har stabilisert seg som institusjonar. I den "gode gamle tid her i Bergen" vart denne institusjonaliseringa drive gjennom av relativt få "tunge" personar med yngre tilsette som medhjelparar og rekruttar. Men med mange fleire tilsette, ein etablert faginstitusjonell kontekst og større tilgang i høve ein internasjonal kontekst som også har blitt større og meir mangfaldig, har denne situasjonen no blitt prega av fagleg pluralisme, kontakt på tvers av fag og mellom ulike universitet nasjonalt og internasjonalt. Dei som i størst grad arbeider under sams teoretiske føresetnader (økonomane), er naturleg nok dei som i størst grad unngår kjensla av fagleg fragmentering. For desse er det ikkje nødvendig med anna enn ei viss temamessig reorientering for å delta i det same faglege universet som kollegaer ved eige eller andre institutt:

.. altså vi vil jo ha dei same folka involverte i fleire typar ting.. For eksempel har vi folk ved instituttet som jobbar både med energiøkonomi.. og med familieøkonomi.. Det høyrest jo.. Og fleire av oss som driv med arbeidsmarknadsøkonomi.. og helseøkonomi, osb.. har jo også drive å jobba litt med regulering og.. og næringsøkonomi.. og styring av marknader og slikt.. ikkje sant.. Og det er som du seier litt sånn at den grunnleggande metoden.. er det jo semje om i økonomien.. så du kan bruke det mange stader, sant.. Det er ikkje bare slavisk og du bare kan døtte det ned på ein stad, det er det ikkje, for du må.. du må vite noe om den marknaden eller den typen ting du snakkar om, sjølv sagt, men.. på ein måte så har du alltid eit grunnlag for å.. for å refokusere.. og sjå på andre typar ting..

(Int. 17)

Når det gjeld forskingsprosjekta til dei tilsette, er det kanskje eit paradoks at desse for mange er knytt til lokale, nasjonale forhold og problemområde. Det eg her har kalla verdiregimet av distanse går elles hovudsakleg i retning av å gi verdi til objekt og handlingar som er meint for, og som fungerer i relasjonar på avstand. Lokal publisering, nasjonale eller regionale relasjonar og forskings- og undervisningsarbeid ved eigen institusjon blir vurdert som "mindre" enn tilsvarande arbeid i ein internasjonal og universell kontekst. Denne spenninga kan løysast ved å gjere dei lokale arbeida interessante for internasjonale aktørar, slik eit av intervjuutklippa ovanfor viste. Men det å vere tilsett ved eit lite universitet i Noreg og å oppta seg fagleg med problemstillingar og tema i ein norsk og lokal kontekst kan i bestemte situasjonar arte seg som eit problem innan denne verdidimensjonen. Særleg gjeld dette for tilsette i fagmiljø som delvis har oppstått som svar på behov og ønske i ein nasjonal eller regional kontekst, og/ eller som tidlegare har sett sitt viktigaste publikum i lokale kontekstar. Men også miljø som ikkje har slike historiske bindingar står i eit spenningsforhold mellom verdikriterium i det som blir oppfatta som "reine" forskingssamanhangar og verdiar som blir mobiliserte av brukarar og investorar i forsking. Det er uvisst om det å etablere studietilbod for utanlandsstudentar i Bergen er utvikla som ein strategi av informanten ovanfor (int. 16) for å løyse dette dilemmaet, men slike former for fagutvikling kan uansett vere ein effektiv måte å svare på slike ulike krav. Spenninga som ofte er mellom "policy-relevant" forsking og "det som er veldig viktig" eller som ein "har lyst til å forske på", blir også aktualisert ved at evalueringar med internasjonalt påskjøna forskarar som dommarar i så stor grad legg vekt på omfanget av internasjonal publisering i vurderingane. Gitt vilkåra for finansiering av forsking ved norske universitet, der dei som finansierer forsking gjerne siktar seg inn mot å løyse eller problematisere nasjonale eller regionale forhold, er utfallet av evalueringar derfor ofte avhengig av dei tilsette sine evner som "omsetjarar" av det lokale til det internasjonale.

## **Styring og organisering**

Verdidimensjonen for styring og organisering følgjer på mange måtar motsetnaden mellom vektlegging av den frie forskinga og tanken om planlagde samansetningar av forsking i "profilar". Danning av profilar utgjer framleis den sterkaste versjonen av styrt forsking ved dei samfunnsvitskaplege institutta, sjølv om også utvikling av

profesjonsstudium har blitt aktualisert ved SV- fakultetet i det siste. (Jfr. Profesjonsstudium innan IKT og ulike andre samansette studieløp.) Kven har rett til å utforme forskingsprosjekt og "satsingsområde"? Dette spørsmålet kjem nært og blir ofte relatert til det "klassiske" idealet om den frie forskinga, som særlig blir aktualisert i situasjonar der interessene til politikarar, universitetsleiing og/ eller andre samfunnsinteresser blir oppfatta enten som for påtrengande eller for lite lagt vekt på. Men spørsmålet kjem også opp i situasjonar der vitskapleg tilsette sjølve ser verdi i meir organisering og styring av forsking og undervisning. Verdi/ storleik har innan denne dimensjonen å gjere med i kva grad ein (på ulike måtar) følgjer sine eigne interesser eller om ein (på ulike måtar) arbeider under sterk påverknad av andre sine, eller felleskonstruerte interesser. Viktige objekt og ordningar er forskingsrådet, forskargrupper, evalueringstiltak, finansieringskjelder, stillingstypar (opne eller spesifiserte/ øyremerka), tid, samfunnskritikk og personlege interesser. Dette er den mest typisk "politiske" ordenen som blir omhandla her, i den forstand at det er i samband med spørsmålet om styring og organisasjon at deltakarane i størst grad mobiliserer argument som er politiske i ein typisk forstand av at gruppeinteresser står mot kvarandre. Argumentet fridom står mot argumentet samfunnsnytte. Men ei slik motsetning er alltid innbakt i analysar av den aktuelle situasjonen for vitskapleg arbeid. Andre storleikar og argument kjem inn i diskusjonen, og etablerer slik ei anna problemstilling: Kva sjansar har vi til å føre ein eigen politikk i det heile?

For oss så er det prega av marknadens dom, altså.. og marknadens dom kjem inn både når det gjeld forsking... og det bare foregår sånn.. Eg har oppe noe som heiter spirsamt(?) (publiseringssstatistikk på internett), og du kan bare skrive namnet, så kjem det ut.. ja, så det.. og så kjem marknadens dom inn også når det gjeld studentar, altså.. Så vi er liksom.. Kontinuerleg så er vi mye opptatt av .. viss du hadde site der oppe i samband med semesterstart, og site ved ulike institutt, så.. Det som foregår på sosiologi er sikkert noe totalt forskjellig frå det som vi .. altså vi.. Vi diskuterer korleis vi no skal forsøke.. korleis skal vi forsøke å få fleire studentar, korleis skal vi forsøke å få fleire grunnfagsstudentar, korleis skal vi trekke til oss folk, korleis skal vi forsøke å presentere stoff her på ein litt annan måte.. kutte litt, kan vi kutte litt på matematikk, altså heile.. heile tida sånne diskusjonar som det. Eg er ikkje sikker på om det.. Eg trur faktisk at det ikkje foregår så mye på sosiologi, altså.. Ikkje fordi at dei ikkje er interesserte i faget sitt, men dei er i ein heilt annan situasjon, altså.. Der kjem det studentar i bøtter og spenn, det er meir enn det dei klarer å gape over.. og da kjem ikkje den diskusjonen der, altså.

(Int.13)

I tilfellet ovanfor er det snakk om "marknadens dom" i forhold til utviklinga av forsking og utdanning. Andre snakkar om betydninga av SV- fakultetets historie, eller oftare, denne historias manglande betydning. Kvar på sitt vis dannar desse to storleikane, "marknad" og "histore", vilkår for utfalding av fridom eller styring.

Informantane utfører mao. analysar av sjanske ein har til å følgje det eine eller andre idealet. I tillegg kjem sjølvsgåt at fridom og samfunnsnytte kvar for seg kan tyde ulike ting. "Marknadens dom" er eksempelvis ikkje nødvendigvis samanfallande med samfunnsnytte, og dei som skildrar denne dommen kan vere kritiske til verknadene av den:

Det er jo klart at den type verksemdu som vi utfører er jo forsåvidt.. Eg synest nok at den spelar ei viss rolle, når det gjeld sånn kritisk.. å vere.. Universitetet er i alle fall ein viktig arena for den type ting, altså, for her er det faktisk.. Folk er jo faktisk betalt for.. eller dei er sett i ein posisjon der dei kan meine noe som går over tvers med det andre meiner, altså.. Så dette er ein viktig plass, der sågne ting bør foregå, altså.. Altså andre plassar så.. Du har sterke stemmer innanfor næringsliv og du har sterke stemmer innanfor politikk og så vidare, men dei har åpenbart eigeninteresser og betaling for å meine noe heilt konkret noe.. Medan her har du kanskje.. personar som kanskje.. ikkje nødvendigvis har den same type innsikt.. detaljinsikt i ei bestemt næring eller eit bestemt problem, fordi dei ikkje er spesialisert til å drive på med.. Ja, lat oss seie at det var noen som skulle seie eit eller anna om betalingsformidling, så vil jo ofte.. Viss du har eit bestemt synspunkt, så vil du ofte kome i debatt med ein frå ei bestemt næring som har konkret.. heilt konkrete ting som dei veit.. og.. då er det forsåvidt.. eg synest forsåvidt at det da er eit poeng at.. det er noen her oppe som klarer å kaste seg ut og.. sjølv om dei ikkje liksom har.. heilt inn til margbeinet har drive på med ting i 10 år, altså.. at dei da klarer å få fram noen prinsipp og klarer å .. altså det synest eg er viktig, altså.. Så eg trur nok det at universiteta spelar ei rolle, når det gjeld.. kritisk.. kritiske samfunnsbidrag, det synest eg nok..

(Int. 13)

Å vere "betalt for" eller å vere i ein posisjon der ein "kan meine noe som går over tvers med det andre meiner", medfører skepsis i høve ein politikk om å følgje forskingsmessige behov i "marknaden" (som i denne konteksten er ein marknad av byråkratiske behov, behov frå media, behov frå næringsliv eller politiske grupperingar).<sup>35</sup> Likevel oppfattar informanten situasjonen slik at det er nødvendig å følgje "marknadens dom". Ut frå ein annan situasjon påpeikar ein annan informant at bruk av marknadsmekanismar er nødvendig i samband med lønsfastsetjing for tilsette, ikkje først og fremst fordi dette prinsipielt er rett(vist), men for i det heile å få engasjert mange nok dyktige forskarar:

Det må vi bare tåle det, for det er mykje verre for meg å sitje å jobbe 16 timer i døgnet.., utan å få overtid for noe, enn å kunne jobbe 8 timer i døgnet.. og så seie, ok, vi får ein person til, og vedkomande tener meir enn meg.. det gir eg ein god dag i, for da får eg eit liv.. Så det er eit spørsmål om overleving.. og.. det høyrest kanskje overdrive ut, og alt det der.., men det er faktisk slik..

(Int. 15)

---

<sup>35</sup> Samstundes er det verdt å merke seg at den same informanten i utklippet før viser at det er svært vanskeleg å reservere seg mot krava som ligg i marknaden for eins eiga yrkesgruppering, ein marknad som "dømmer" etter talet på publikasjonar (Jfr. betydninga av publisering innan verdidimensjonen "distanse").

Dessutan kan alle vinne på eit fleksibelt lønssystem:

Eg må jo seie det at den beste.. sikringa av at vi kan gå opp i løn, det er at du tilset folk som har høgare løn, slik at du kan begynne å peike på dei og seie.. sjå her.. eg fortener minst like mye løn. Så det er ei misforståing.. å tru at det at andre tener meir.. og sånn.. at det.. at det set deg tilbake. Det er mulig du føler deg mindre verd, men altså, da får du søren meg kjempe for det da.. og vise din verdi.. Slutte, eller truge med å slutte, skaffe deg andre jobbar, og så får universitetet kome tilbake, viss dei er interessert i deg.. og tilby deg det du fortener..

(Int. 15)

Men dette er til sjuande og sist politiske avgjerder:

Det betyr at no må universitetsleiinga gå inn å gjere strategiske val som er tøffe og som er vanskelege og som krev prioritering..

(Int.15)

Spørsmålet om styring blir altså bunde saman med argument omkring rammevilkår for å styre. Informanten over viser fram ein bestemt versjon av ei forståing mange av dei tilsette har felles: Å styre forsking som eit kollektivt prosjekt er i liten grad mogleg for dei tilsette sjølve; til det er dei faglege og forskingspolitiske interessene for sprikande, rammevilkåra for forskingsaktiviteten er utforma i hovudsak av krefter utanfor universitetet, og forsøk på å predikere framtida og planleggje i forhold til det, har i det heile ein tendens til å bli undergrave av historias nokså tilfeldige gang. Dei som kanskje uttrykkjer det siste poenget mest kompakt, held fram at slike innsikter også finst i det teoretiske repertoaret deira:

... det er jo klart at det er ein del av ballasten at ein skal vere kritisk til dette.. Slik at det er nok .. ei hindring .. for å.. Eg tenker jo at det er ein del ting her ein kunne prøve å .. kva heiter det på norsk no.. å .. commitment.. på engelsk.. bestemme seg for å gjere noe og prøve å følgje opp det da, men så er det ein veldig sterkt .. teoretisk ballast som seier det at dette her kjem ikkje til å gå bra likevel, så det er ikkje verdt å prøve seg ein gong .. Så det huskar eg.. i ein slik diskusjon.. Vi har hatt nokre slike seminar ein gong i året.. og da første året, så hadde vi ein diskusjon der om vi trengte ein strategisk plan.. og det var vel ei utfordring frå fakultetet da, at vi skulle lage til eit eller anna.. kanskje det kom sentralt frå universitetet.. og da.. Da var nok motstanden i kollegiet av ein slik type at .. her skulle ein ikkje gjere det, det måtte bli meir ein sånn.. darwinistisk .. prosess, ei naturleg utvikling rundt dette her.. Ja, så det har nok noko å gjere med korleis ein .. tenker om kva som.. eller dette fokuset på avgrensa rasjonalitet.. Men det er eit eller anna med gjenstandens karakter. Eit slikt institutt som dette her .. er.. altså det er mykje meir.. desentralisert.. Makta ligg mykje meir spreidd enn viss du samanliknar med ei privat bedrift, så vil makt.. så vil .. den administrerande direktør ha mykje større makt til å treffen beslutningar og få dei gjennom, enn ved eit slikt institutt som dette her, for her er det jo ikkje noe slikt.. forum som har makt på same måte. Ein kan nok ha makt til å treffen nokre beslutningar om .. ressursfordeling og slike ting, men når det gjeld sjølve den faglege utviklinga som er viktig, så er ikkje det noko ein besluttar.. Så det er nok noe med karakteren til verksemda som .. i tillegg til denne her.. spesielle faglege bakgrunnen som utstyrer folk med tolkingar av verda, så er det noe med karakteren av desse systema som gjer at .. det er .. som bekreftar teorien. Det er vel ikkje tilfeldig at

denne garbage can modellen er utvikla med utgangspunkt i studiar av universitetsorganisasjonar, og den seier jo at beslutningar.. er stort sett basert på tilfeldigheiter.. straumar av deltarar og straumar av muligheter.. slike ting..

(Int. 8)

Oppfatningar om betydninga av historie har ikkje direkte konsekvensar for oppfatningar om styring av forskingsaktivitet. Men det ein kan kalle den "rådande" historieoppfatninga hos dei tilsette er også av ein slik type at forestillingar om å gjennomføre "... en fast og ambisiøs plan for utviklingen av samfunnsfagene i Bergen i årene framover" (Øyen 1994), no er vanskeleg å halde oppe. I alle fall dersom slike initiativ skulle kome frå dei tilsette sjølve. Underveis i intervjuet er det mange som nemner Historia om SV- fakultetet: Komitear vart nedsett, Barth og Rokkan kom til Bergen, statsvitenskapen fekk etterkvar to institutt, med Johan P. Olsen og Knut Dahl Jacobsen som leiande figurar innan det eine, informasjonsvitenskap med Svein Nordbotten som pioner vart eige fag med eit engasjement for statistikk og systematisk oppbevaring av slikt materiale, økonomane, (Tor Rødseth som første professor), var i den tidlege fasen opptatt av offentleg økonomi og arbeidsmarknadsøkonomi, mange av faga var før organisert under det store institutt for sosiologi og statsvitenskaplege fag, osb. Ei slik summarisk framstilling av historiske fragment seier sjølv sagt lite om kva historia har hatt å seie for den faglege situasjonen i dag. Men dette er også poenget for mange av informantane – historia framstår i hovudsak nettopp som anekdotar, fragment av saksforhold, nemning av "entreprenørar", fagområde ein tidlegare var opptatt av, osb. Når tilsette går til og omtalar historia på ein slik måte, inneber det samstundes ei diskvalifisering av henne som eit viktig forklaringselement. Rett nok må ein her minne om at informantar i intervjuet står oppe i ein bestemt situasjon, der dei uansett ikkje har høve til å gå grundig gjennom kva den tidlege historia kan ha ført med seg av vilkår for dagens situasjon. Mange av dei har dessutan ikkje lang nok fartstid som tilsette ved fakultetet til at dei personleg har erfart heile utviklinga etter oppstarten av fakultetet. Men det er også mogleg å sjå det slik at informantar aktivt utarbeidar og presenterer historia slik fordi dei vil vektlegge andre forklaringsmodellar for fagutvikling. Historia om fakultetet, slik denne framstår for tilsette gjennom anekdotar, skrift, festtalar og evalueringar, representerer ei oppfatning om at det faglege og administrative personalet på kollektivt grunnlag har hatt ei viktig rolle å spele for utviklinga av fagområde, utdanningsløp, konkrete forskingsprosjekt, organisering av instituttet osb. Denne oppfatninga kolliderer med

framstillinga mange av dei noverande tilsette ved fakultetet gir. På den eine sida tar oppfatninga for lite omsyn til den faglege pluralismen som no råder både ved fakultet og ved institutta, og som gjer vanskeleg felles styring av område som blir oppfatta som reint faglege. På den andre sida plasserer den institusjonaliserte Historia for mykje handlekraft og initiativ hos aktørar som er lokaliserte ved universitetet. For mange, og kanskje særleg dei "yngre" tilsette, er det vanskeleg å kjenne seg att i dette scenariet. Biletet som dermed kjem fram er at historiske forhold, forstått som tidlegare fag- og temaorganisering og innverknaden etter pionerar i faga, spelar ei avgrensa rolle for korleis situasjonen er no. Konsekvensen dette har for tankar om styring og planleggjring av framtidig aktivitet blir at eit slikt arbeid (i den grad det i det heile er ønskeleg å styre verksemda, sjå under) i liten grad kan ta utgangspunkt i historia om SV- fakultetet og faginstitutta der. I dette ligg ikkje ei prinsipiell avvising av at historiske forhold kan vere viktige, men ein skepsis mot at dette representerer det viktigaste forklaringselementet i dag.

For å oppsummere analysen så langt er det altså slik at tilsette gjer bruk av ulike argument omkring spørsmålet om styring av vitskapleg aktivitet, og at desse i hovudsak samlar seg rundt eit repertoire om individuell fridom eller kollektiv planlegging. Men begge desse måtane å organisere aktiviteten på, er av ulike grunnar vanskeleg å realisere i den noverande situasjonen. Den sterke innverknaden av "marknaden", eit fragmentert fagleg landskap og kraftig styring frå eksterne instansar er noko av det informantar dreg fram av forhold som på sett og vis nøytraliserer dei vitskapleg tilsette sine eigne initiativ på dette området. Kanskje har dette vore annleis i tidlegare fasar i utviklinga av fakultetet, men i dag er avgjerder og prioriteringar i den tidlege historia berre ein mindre viktig del av forklaringa på den notidige situasjonen.

Korleis skal ein så "lese" denne framstillinga av problemsituasjonen? Også her meiner eg det er viktig å sjå etter kva for former, modellar og verdiar som blir mobiliserte av aktørar i diskusjonen, og korleis desse heng saman.

Stikkordsmessig kan ein seie at verdien av kollektiv planleggjring og styring er assosiert og knytt saman med "vektlegging av historie", "(tverr)fagleg samarbeid", "samfunnsengasjement/ samfunnsnytte" og "forvaltning av fag, fakultet og tradisjonar". På den andre sida inneber mobilisering av fri forsking samstundes gjerne framheving av "brot med historia", "individuelle arbeidsformer", "kritikk av

samfunnsnytte", vektlegging av "individuelle interesser", og "vitskapleg/metodologiske omsyn" heller enn fakultets- eller institutt-tradisjonar. Kanskje er også den første "forma" assosiert med nasjonale/ lokale omsyn og den andre med ei internasjonal, dekontekstualisert orientering. Det er sjølvsagt vanskeleg å sette dette opp som gjensidig utelukkande verdiar, men ein kan sjå sterke konturar av eit slikt mønster. Mønsteret tek form av at desse verdiane heng saman i talesekvensar, dvs. at dei same informantane kan gi uttrykk for positiv tilslutnad til både "kollektiv styring" og "fri forsking", men at dei gjer det i møte med ulike tema i det same intervjuet. Men det er også eit mønster av at ulike informantar meir konsekvent mobiliserer det eine eller det andre repertoaret. Tar ein utgangspunkt i den siste typen mønster, kan vi sjå på nokre døme, først med eit utdrag av ein analyse av evalueringstiltaket:

... dette skulle vere ferdig til fakultetets 25-års-jubileum, skulle liksom vere ein statusrapport.. kor er det vi står i dag etter 25 år.. Og det syntest eg var interessant.. Men kva var det som starta det heile opp, jo det var ein plan, ei skisse, eit framlegg .. eg huskar ikkje kva det heitte, om korleis skal ein utvikle eit samfunnsvitskapleg fakultet ved universitetet i Bergen.. Og den vart aldri vedlikehalden, det var eit saksdokument nærmast om at slik burde vi gjere det for å få til eit samfunnsvitskapleg fakultet.. Det eg var litt opptatt av, det var ..Ein, no er det sanneleg på tide at vi skaffar oss eit nytt dokument, .. som ser litt framover og som trekker opp visjonar, og som seier som så, at vi lever i ei verd med avgrensingar.. vi kan ikkje gjere alt.. kva er det vi vil gjere og kor vil vi satse.. Så det eg var ute etter var altså ein.. eit strategisk plandokument, programdokument, for det samfunnsvitskaplege fakultet.. og eg meinte at denne evalueringa, ville vere eit rimeleg godt utgangspunkt for dette.. Så kom denne evalueringa, som eg syntest... eg er kanskje ikkje objektiv, men eg syntest det var ei god evaluering... både for institutta og for fakultet.. Den vart lagt fram, og vi hausta både ris og ros.. og så begynte arbeidet med å leggje ein strategisk plan for fakultetet.. Eg var med i ei gruppe ein periode for å førebu dette.., men eg ... oppdaga jo egentleg fort at når eg snakka om ein strategisk plan og eit strategisk dokument.., så snakka eg om noe anna enn det nokså mange andre kolleger ved dei andre institutta gjorde.., for dei kom trekkande med.. kva, kva .. forskingsrådet meinte, og kva som kom frå departementa.. og korleis.. den strategiske planen for HF såg ut.. og ikkje kva, egentleg, kva vi burde spørje oss om.. kva er vi tent med, viss vi skal sjå på dette som noe fakultetet skal vere tent med. Skal vi vere tent med å legge oss til å skrive ein strategisk plan som akkurat er det som forskingsrådet vinkar med, eller departementet .. og ettertida har jo vist at det var bare bluff, sant.. eller akkurat det HF har lagt seg på.. Skal vi ikkje spørje oss sjølve om det er eit anna verktøy, ein annan plattform.. etter mitt skjønn skal vi ha ein plattform med sprett i, så det går an å verkeleg gjere framsteg... Og .. eg forsøkte... så forsiktig eg kunne, men antakeleg ikkje forsiktig nok... å kjøre desse tankane, men eg såg jo.. eller forstod jo nokså raskt at ... dette var ikkje måten folk tenkte på vanlegvis .. Etterkvart så har eg .. trukke meg nokså mye ... eller eg kjänner egentleg ikkje til .. kva som i dag skjer på dette arbeidet, men eg må vel seie at eg er nokså skuffa over at det no har gått .... tre.... kanskje fire år snart.. sidan evalueringssrapporten... vart fullført .. utan at eg kan sjå .. noe spor.. som når ned på grasrota til meg om kva som .. egentleg skjer på dette feltet.. Skjer det noen ting, eller har ein mista kontrollen. Den gongen plan 2000 vart laga ... i ... rundt omkring 1980.. så skjedde det heile tida noe. Ein kunne vere uenig.. eller djupt uenig i det.. men det skjedde i alle fall noen ting .. ein fekk plandokument og slikt.. SP: Ja.. dei få inntrykka eg har fått av dette foreløpig tyder jo på det .. at denne evalueringa ikkje har hatt så store verknader.. folk er kanskje likegyldige til dette  
SV: Akkurat,, ein er ikkje innstilt på å ha framsyn, så vidt eg kan sjå. Eg meiner ein skal vere engasjerte og sjå på våre hjertesaker og spesielle fag .. med stor subjektiv merksem.. Men det eg synest er litt skuffande er at ... her befinner du deg ved .. kjernen av den samfunnsvitskaplege kompetanse, ikkje sant... og så har ein ikkje framsyn.. eller interesse til å tenke seg.. korleis er det.. kva for problem er det vi skal takle om fem år, ti år.. korleis vil verda egentleg sjå ut da? Kva vil vere sentrale tema, vi må jo forberede oss, for vi veit jo det at .. å bygge opp kompetanse, å rekruttere folk osb, vri på studier .. det er ikkje gjort over natta, det... Så eit eller anna må vi gjere.. og så kan ein seie,

det er ingen som veit sikkert korleis situasjonen vil vere om fem år, og det er det mange døme på..., men ... da får ein heller seie at, allright, da får ein innføre ein prosedyre som er slik at .. når det skjer noe, eller kanskje kontinuerleg.. så sjekkar vi om vi er på rett spor.. at det ikkje har skjedd noe i mellomtida som forrykker det biletet vi har.. men denne tanken på å sjå framover, å ha visjonar .. og korrigere visjonsbiletet.. som eg trudde var viktig for samfunnsvitskapane.. den synest eg ikkje eg ser noe særleg av... Kva?

(Int. 1)

Vedkomande informant var positiv til evalueringstiltaket fordi det blir bunde sammen med eit prosjekt om å sjå historisk på fakultetet; kva er gjort og kva veg skal vi gå vidare? Evalueringstiltaket vart likevel aldri nokon strategisk plan som kunne avløyse Universitetsplan 2000, m.a. fordi mange kollegaer ikkje klarte å fokusere på eigne prioriteringar og visjonar, men vart for opptekne av andre, meir overflatiske og sneversynte omsyn. Her ligg det ein kritikk av at kortsiktige "marknadsomsyn" for ofte verkar inn på handlingar i universitetslivet, ein kritikk som også er mynta på studentane ved eige fag:

... Andre folk stoppar i hovudfagsarbeidet og går ut og tar seg jobb og blir borte... Kva er det slags jobbar dei får, jo.. vi hadde ein gjeng no som gjekk ut .. til eit konsulentfirma, og kva gjer dette konsulentfirmaet? Jo, dei sender dei på kurs.. eg veit ikkje kor mykje du er inne i dette faget, men dei sender dei på eit programmeringskurs i cobolt.. det var eit språk som vart brukt i seksti, sytti- åra.. og ein god del av .. bank, forsikring.. kanskje ein del større bedrifter.. har altså da ein del større tyngre system som er laga i cobolt.. Og så har dei da dette år 2000 problemet.. og desse menneska som kjem ut frå oss .. det er ikkje det at dei har ein spesialitet, men det er det at dei ein eller annan gong har lært å programmere litt .. og så blir dei sendt på programmeringskurs i cobolt, og så blir dei tatt tilbake og sendt ut i bedrifter.. for å identifisere desse ulike .. 2000 problema, med sikte på om det er mulig å lappe noe på dette .. Dette viser jo at om vi .. driv å trenar dei i både det eine og det andre, så er det ikkje det dei eventuelt blir brukt til.. Dei blir brukt til noe relativt primitivt og grunt.. som dei kunne ha lært på ein langt enklare måte enn å gå årevise hos oss..

(Int. 1)

Kritikken av marknaden er derimot ingen avvising av å styre eller å planlegge den vitskaplege verksemda. Når informanten snakkar om å "tene samfunnet" i utkippet under, er dette ikkje å forstå som at ein utan vidare skal gjere aktiviteten økonomisk lønnsam:

... spørsmålet er jo.. er det vi som er her for universitetets skuld, eller er det universitet som er her for vår skuld.., ikkje sant.. Viss vi har den oppfatninga at universitetet er her for at vi skal kunne utvikle oss fritt i alle mulige retningar .. så er det klart at da er eg .. fullstendig utanfor her.. Men eg har no den oppfatninga at universitetet, og vi som er her, er til for at vi skal tene samfunnet, og da gjeld det å finn den rette balansen mellom det å drive ei målretta verksemnd som tener samfunnet og å drive fri forsking, som seinare kan gi eit godt underlag for å drive målretta forsking og aktivitet.. Og da må ein ha ei viss styring, etter mitt skjønn.. på dette.. Men eg er heilt klar over at.. dette er ikkje ei meining, på langt nær, som blir delt av alle..

(Int. 1)

Særleg burde samfunnsvitarar vere opptatte av å planleggje verksemda kollektivt. For informanten framstår samfunnsfaga med eit særleg ansvar for å systematisere og samordne kunnskap om problem som vil møte alle, som "vi må takle" og vere budde på. Vedkomande ser det som ansvarslaust og visjonslaust ikkje å sjå framover med tanke på slike problemstillingar. Tilsvarande ansvarsløyse gjer seg gjeldande i holdningane mange universitetskollegaer har til instituttstyrarvervet:

Det er jo sagt at det er frykteleg vanskeleg å finne folk som er villige til å påta seg verv som instituttstyrar .. det er to typar som er villige .. enten dei som ser at dei kan ha ein personleg fordel av det.. at dei kan kjøre fram sine eigne kjephestar .. og sånn.., eller dei som er så uduglege at dei ikkje ein gong kan seie nei til valet, men seier ja, og så sit dei der.. Dette er sannsynlegvis sett voldsomt på spissen, ..men det ser ikkje ut til å vere noe særleg engasjement og interesse for det å vere leiar for instituttet, og det har vel ofte vore slik at det var ein sånn .. drittjobb som ein skulle la gå på omgang.. og du ser jo at det blir praktisert .. i ein del av institutta, at ein lar dette gå på omgang.. og det betyr jo .. at ein prøver å bli brydd minst mogleg med denne jobben.. slik at ein får tatt vare på sitt eige interessefelt .. og at ein blir minst mogleg skadelidande så lenge ein sit der som instituttstyrar.. Da har ein ikkje tid eller kapasitet til å sjå framover for heile instituttet.. ein kan sjå framover for .. sitt snevre interessefelt, men ikkje gjere dette med .. visjonsgenerering .. og oppfatningar av ... korleis er det .. korleis er det ein skal utforme ... profilen .. og få den diskusjonen i gang...

(Int. 1)

Utdraga frå denne informantens samlingar dermed dei sentrale verdiane for dei som gjer seg til talstmenn for kollektiv planlegging og styring av den vitskaplege verksemda. Det kan også vere verd å merke seg at verdiane gjerne blir sett opp som motsetningar til andre, mindre verdifulle omsyn: Historisk perspektiv mot skiftande moteblaff, samfunnsnytte mot marknad, allmenne, generelle omsyn mot individualistisk og "snever" fridom.

Den andre samlinga av verdiar, knytt til at forsking skal vere fri frå styring, blir også kontrastert til mindre verdifulle verdiar. Sjølv om det finst andre tilsette som i hovudsak vil vere samde med informanten ovanfor (int. 1), er det mellom dei vitskapleg tilsette denne personen som mest konsekvent held fram kollektiv styring som ein verdi. Som talstmenn for "den frie forskinga" finn ein fleire personar, men dermed også ei meir samansett og mindre koordinert samling av verdiar som dannar grunnlag for ein kritikk av kollektiv styring. Det første utdraget her stiller spørsmålsteikn ved verdien av storleiken "fakultetet" i det heile.

SP: Men slik sett, så var det kanskje ei begrunna frykt, da, når folk på fakultetet var redde for å miste økonomi til eit anna fakultet, eller at koblinga den vegen.. vart for sterk... Det er vel kanskje ein tanke som ligg bak om at faga ved fakultetet bør ha ein samfunnsvitskapleg profil?

SV: Det er flott viss dei har ein profil, men vi driv jo.. vi driv jo i hovudsak eit universitet.. Poenget er jo at vi skal ha eit godt universitet her, og at vi skal produsere gode kandidatar.. Fakultetet er ikkje interessant for meg i det heile tatt.. Det finst ikkje interessant.. For meg er det ein konstruksjon som er heilt.. Så lenge det fungerer, så er det greitt nok for meg.. Men.. Eg ser på det som ei administrativ sak.. Så fakultetets profil, det blir litt.. det blir ein abstraksjon for meg.. Eg ser jo at folk ikkje nøler med å bruke tverrfaglegheit som symbol.. for å gi massasje på.. på dei som løyver pengar.. men..

(Int. 14)

I denne versjonen av samfunnsvitskap er samordning basert på tradisjonar, historie og fellesskap ei sperre i høve det som er, eller bør vere, kjerneverksemda for dei vitskapleg tilsette. Denne skal handle om å "drive eit universitet", dvs. å produsere gode kandidatar og å arbeide fram vitskapleg kunnskap:

.. kva er vitskap? Det må vere.. ein av fleire ting.. helst alt, teori, analyse, empiri, observasjon, eksperiment.. i det.. i dei beste tilfella, så finn du alt..

(Int. 14)

Kritikken av kollektiv styring hentar her kraft frå å setje likskapsteikn mellom universitetsarbeidet og forskingsprosessen; i arbeidet med å vinne ny kunnskap blir det irrelevant, distraherande – "ein abstraksjon" å bry seg med kva som måtte vere fakultet eller andre instansar sine profilerte omsyn. "Tverrfaglegheit" sorterer for denne informanten under det same fenomenet, som noko "det er flott viss ein har", men som i siste instans ikkje har noko å gjere med det endelige føremålet med å arbeide ved universitetet. "Profil" og "tverrfaglegheit" høyrer heime i verda av (symbol)politikk der det ikkje er arbeidet med etterretteleg kunnskap som styrer verksemda, men alle slags andre omsyn. I vitskapleg aktivitet og i vitskapleg argumentasjon og kommunikasjon er (eller bør) ikkje slike omsyn vere til stades i det heile, slik det går fram av den følgjande skildringa av akademiske seminar.

Det er kanskje.. også.. ein litt.. forfall i... standard for kommunikasjon.. på eit seminar.. på eit akademisk seminar.. akkurat som i samfunnet elles.. at det går ikkje an å tilkjennegi klart at ein har ikkje tru på dette.. Dette meiner eg er tull.. sant.. Men viss det er noko som pregar skikkeleg vitskaplegheit, så er det jo det at.. Eg trur det argumentet er feil.. Eg er ikkje overbevist om.. sant?.. Som av og til blir oppfatta som ei personleg uvennlegheit, det er uvennleg mot argumentet, men ikkje mot personen.. At akademia på sitt beste, det er ein stridsarena, det.. Dette trur eg.. (dette er subjektivt?) men eg trur mange (..) har vanskar med å skjöne dette.. viss dei understrekar empati, og så vidare.. Det er klart det kan vere svake motsetningar.., men viss du seier frå at du meiner argumentet ikkje er rett, så blir du.. klassifisert som arrogant.. Så.. Der.. Du kan jo sjå dei miljøa som fungerer vitskapleg, verkeleg gode, der er jo.. eit trykk utan like, for du må jo.. du blir.. du blir jo så provosert..

(Int. 14)

Styring og planlagd organisering av vitskapleg aktivitet kan også bli kritisert med utgangspunkt i ei anna "kjelde". Her er ikkje vitskapleg aktivitet først og fremst vurdert i høve ein "test" av objektiv og kompromisslaus sanningssøking, men som ein aktivitet som har bakt inn i seg eit normativt, samfunnskritisk og oppdragande element. Etter ytringar om kor få verknader evaluering (som ein type styring) har hatt, stiller ein informant seg spørsmålet om kvifor det har seg slik.

Kvifor blir det investert så mykje pengar i eit slikt prosjekt, og så skjer det ikkje noko substansielt?.. Anna enn det som hadde skjedd likevel, altså.. Ta for eksempel enkelte av desse forslaga som denne internasjonale komiteen kom med, var vel at ein skulle lage til sånn.. ja, eit vekttalssystem, som var meir fingradert og .. gå ned til tre og to- vekttalskurs, og så skulle ein kople saman ting.. og ... det er jo greitt, det er jo eit forslag, men .. kvifor skal du det? Det skriv dei ikkje så forferdeleg mykje om, .. det er for å kombinere, ikkje sant, men det som er holdninga i hovudsak på fakultetet, og i alle fall på instituttet, det er at dette vil vi ikkje.. Vi vil ikkje ha fag som er oppsplitta på den måten der.. Og det har ingenting med vitskap å gjere, dei kriteria som er sette opp.. det har med kva for syn dei sjølve har på fag.. og kombinasjonar og slikt .. og der er folk usamde, og det er grunnen til at det ikkje skjer noko særleg..

(Int 3)

Usemja med dei som har villa splitte opp faga i mindre bolkar – og som med innføringa av "kvalitetsreformen" altså likevel har fått viljen sin gjennom – har å gjere med "kva syn" evaluatorane/ reformistane har på faga. Slike "syn" på faga vil variere, ikkje berre etter om ein er innafor eller utanfor universitetsinstitusjonen, men også mellom universitetstilsette. Dette er i seg sjølv normative spørsmål, og informanten fortel tidlegare i intervjuet om si eiga holdning til kva som bør drive fram forsking.

Når det gjeld mi eiga holdning til dette der, så meiner eg vel det at viss du ikkje har noko å .. setje fingeren på, så har du ikkje så forferdeleg mange problemstillingar å fare med.. då kan du la vere.. Du må ha noko du vil formidle om samfunnet.. dette er mi oppfatning av samfunnet.. og eg studerer dette fordi det er noko her, som eg meiner kunne vore på ein annan måte.. Så eg brukar vel å seie at eg er forholdsvis normativ når det gjeld forsking.. Det må vere eit eller anna, som ein vil seie .. kunne vere på ein annan måte..

(Int. 3)

Appellar til ein "normativ vitskap", i den meininga informanten her gir det, er også ei mobilisering av akademisk fridom for enkeltforskarar. Ein skal stå fritt til å følgje sine eigne interesser utan å ta omsyn til eventuelle forskingspolitiske mål og ønske. Helst bør det også vere til stades eit engasjement for å endre noko ved samfunnet til det betre. "Kunnskapsinteresse" har slik ei dobbel tyding; interesse for kunnskap, men også interesse i å gjere noko med kunnskapen. Tilsvarande bør også studentar ha fridom til å følgje interessene sine.

Eg høyrde no seinast i .. radioen at ikkje studentane tok alle dei eksamenane dei skulle ta.. Som om det står nokon plass at dei skal ta eksamenar.. Det må jo vere i lånekassa eller departementa at det eksisterer nokre forestillingar om det.. Og så snakkar dei om at.. i introduksjonen vart det sagt at.. universiteta produserer ikkje så mange vekttal som dei skal.. Altså, det er jo ein språkbruk som ikkje høyrer heime på universitetet, det synest eg. Vi produserer ikkje vekttal, vi lagar kunnskap for folk som .. dei som er interessert i det, kan lære seg. Og sett på spissen.. viss dei vil opphalde seg ved universitetet litt lenger enn det som det tar, og dei klarer å finansiere det, så må dei gud hjelpe meg få lov til det..

(Int. 3)

I boka "Kunnskap og makt" skisserer Ivar Bleiklie opp to "hovedtyper av begrunnelser" for at det offentlege bør engasjere seg i universiteta. Det dreiar seg om eit spenningsfelt mellom to typar grunngjevingar. På den eine sida har ein "...et kulturargument som sier at vitenskapelig virksomheter er en viktig emancipatorisk kraft i utviklingen av våre åpne samfunn. Den andre er et nyteargument som sier at universitetene bidrar til å forsyne samfunnet med kvalifisert arbeidskraft og forskningsresultater som fremmer landets økonomiske vekst." (Bleiklie (red.) 1996: 24).

Desse argumenta for eit offentleg engasjement i universiteta er også til stades hos dei argumenta gjeld, og informanten ovanfor kan ein sjå som typisk representant for universitetstilsette som ser universitetet som ein "kulturinstitusjon". Men som eg har prøvt å få fram er det viktige nyansar i motstanden mot styring og organisering av vitskapleg verksemrd, og også dei som talar for å leggje planar for, og profilere faga, vil at det er dei universitetstilsette sjølve som skal gjere dette arbeidet. Informanten eg har brukt som talsperson for styring av universitetsarbeidet etterlyser samfunnsanalyse og samfunnsansvar hos kollegaene sine. Det er med basis i eit slikt gjennomtenkt samfunnsansvar at ein sjølv bør styre verksemda ved universitetet. Slik sett er det i høgste grad eit normativt "kulturargument" som blir påkalla her; for denne informanten er det å kombinere kulturargumentet og nyteargumentet som gir forskingsaktivitet høg verdi.

Men det som kanskje er viktigare for dei tilsette enn sjølve argumenta omkring styring, er å få fram problemsituasjonen for vitskapleg tilsette i høve dette spørsmålet. Kva for handlingsrom har ein til å avgjere slike spørsmål? Svaret dei fleste gir, er at dette er svært lite. Uavhengig av holdninga dei tilsette måtte ha til styring og organisering, er alle samde om at dei sjølve er relativt makteslause i forhold til dei

større kreftene som også er "engasjerte" i universitetsarbeidet. Det finst konjunkturar for kva som er etterspurt kunnskap, merksemda til studentar, politikarar og media skiftar stadig. Dessutan er den generelle samfunnskonteksten samfunnsvitskapane må forhalde seg til ofte kritisk, og ikkje så sjeldan direkte fiendtleg til forskinga som går føre seg.

... vi skal liksom vere nødt å legitimere oss heile tida. Men no er jo den rådande samfunnskonteksten i Norge grunnleggande.. anti- intellektuell, sånn at.. det skal ikkje vere lov å drive på med.. Det er ein slik drosjesjåfør... kultur.. blant norske politikarar og slikt, sant. Det finst politikarar som finles forskingsrådets rapportar, årsrapportar.. årsmeldingar, for å sjå om det er nokre absurde prosjekt som har fått støtte.. og antropologane har ein tendens til å bli kandidatar i så måte.. både titt og ofte.. Altså, sant, kvifor faen skal ein bruke skatteinbalarane sine pengar på å betale forsking på .. på .. mannleg initiasjons- kultus på Ny Guinea?.. sant..

(Int. 6)

Viss "samfunnet" er slik, er den einaste vegen til å drive med forsking som ikkje er umiddelbart nyttig den som går gjennom å tilsløre dei verkelege forskingsinteressene i søknader til dei som skal finansiere forsking, og/ eller å produsere forskingsresultat som er mynta på eit allment publikum for seg, og eit vitskapleg publikum for seg. Også dette medverkar til at det blir etablert ei indre og ei ytre verd, i høve vitskapleg verksemd.

Framstillinga informanten ovanfor gir av forholdet mellom universitet og samfunn kan ha mykje for seg, men ein pragmatisk sosiologi om fagutvikling må også sjå etter korleis styrkeforholdet mellom universitet og samfunn blir påverka av slike framstillingar, eller meir presist, kva for idear om fagutvikling som blir fremja av slike situasjonsbeskrivingar.

Opplagt ligg det kritikk av samfunnet i dette. Nytteargument, "drosjesjåførkultur", "vekttalsproduksjon", "profilering" osb., blir sett saman til ein storleik som er kritikkverdig fordi han ikkje legitint høyrer heime i universitetssamanhangar. Det er ein kritikk av at "vesen" frå andre verder blir introdusert i det som legitint bør vere politikken for universitet og vitskap på området av styring og organisering<sup>36</sup>. Men etter at denne kritikken er framført delar argumentasjonen seg i fleire versjonar.

---

<sup>36</sup> Ein av informantane påklagar denne illegitime importen av storleikar utanfrå i følgjande indignerte analyse av verdien av å få audiens hos paven, ei "ære" som var ein av professorane ved SV- fakultetet til del: "... Då.. har vi liksom.. du finn innafor universitetet at du abonnerer på evalueringssystemet.. som finst utanfor.. At den som får audiens hos Paven, den som lukkast i å kome fram på Dagsrevyen.. den må vere den beste.. Og administrasjonen har jo den vurderinga også.. Administrasjonen er jo livredd for at institusjonen ikkje er omgitt av legitimitet.. Og legitimitet blir jo delt ut på kronikkplass i Bergens Tidende, eller på Dagsrevyen.. Viss du ikkje hentar den inn der,.. så er det risikabelt.. Dette har eg svært lite sans for..." (Int. 14)

Fortolkinga av "fridom" er den sentrale "testen" i denne problematikken. Nokre framhevar at universitetstilsette bør organisere og planleggje den faglege aktiviteten ut frå ein type normativt samfunnsengasjement. Ein versjon av dette igjen går ut på at dette er noko som bør vere eit kollektivt prosjekt, basert på felles samfunnsvitskapleg kompetanse og analyse (representert ovanfor ved int. 1). Ei anna, og meir vanleg utgåve, er at dette engasjementet i å påpeike at ting "kunne vere på ein annan måte" mest legitimt bør vere del av enkelpersonar sine forskingsorienteringar (representert ovanfor ved int. 3). Andre framhevar vitskapleg aktivitet som søking etter kunnskap utan nokon normativ grunngjeving, og i alle fall utan at dette er del av ei samordna, kollektiv interesse (representert ovanfor ved int. 14). Endeleg har ein også dei som ser organisering og styring av fagleg verksemd som eit nødvendig tiltak, nettopp for å gi dei vitskapleg tilsette fridom, representert ved det følgjande forsvaret for LOS-sentret.

Eg meiner at LOS sentret har vore ei velsigning for instituttet og har ført til.. har ført til ei vitalisering og ein.. tilføring av ressursar som vi elles ikkje hadde fått til.. og denne ideen om at det er konkurranse eller motsetningsforhold.. den synest eg er nokså misforstått.. Eg synest det må vere mykje viktigare å tenke på faget enn på instituttet.. Nokre har ein tendens til å sjå litt snevrare på det.. .det må foregå innafor dei bygningane, altså.. viss ikkje så er det..... ja dei ser ein slags konkurrent, eller noko slikt.. Så.. Det er viktig for instituttet å ha ei slik tilknyting som LOS- sentret, der folk kan få.. kome seg litt bort i frå.. desse her, ja daglege pliktene, få litt.. ekstra ressursar og kunne drive litt meir.. litt større ting..

(Int. 16)

Under den felles kritikken av "den rådande samfunnskonteksten", der universitetet stadig blir utsett for forsøk på å styre det som ei produksjonsbedrift eller som eit direktorat, finst det dermed nokså varierande oppfatningar mellom dei tilsette sjølve om kva for politikk ein bør følgje. Dette er synspunkt som sjeldan blir diskutert og sett på prøve i forhold til kvarandre mellom dei tilsette, sjølv sagt fordi det ikkje er dette som er dei primære arbeidsoppgåvene deira, men også fordi innspel frå dei "eksterne" kreftene blir oppfatta som så presserande at det blir sett som meir viktig å etablere ein felles motpolitikk i høve desse. Men det å sette styrings- ambisjonar frå ei ytre verd opp mot ei indre, gir også handlingsrom for vitskapleg tilsette. Den mest opplagde, og kanskje mest viktige konsekvensen er at kontrollen over eigen fagleg aktivitet blir plassert hos dei tilsette sjølve. Kan ein berre stå i mot, omforme eller ignorere det ytre presset, blir ein heller ikkje bunde opp av instituttet, fakultetet eller andre fagleg relevante grupperingar. Ei avklaring av det politiske spørsmålet om

korleis ein skal styre og organisere forsking og undervising, – ei avklaring som sett på spissen handlar om at tilsette sjølve ikkje blir gitt sjansar til å utforme ein slik politikk grunna mistillit frå samfunnet omkring – flyttar dei politiske handlingane over frå området av kollektive, demokratiske avgjerder til området av individuelle faglege kontaktar og prosjekt. På denne måten blir det halde opent eit rom der varierte og fleirtydige strategiar og argument kan eksistere side om side, utan at sortering, prøving og samordning av desse seg i mellom er nødvendig. Fridom frå organisering av forskinga er viktig for å organisere meir effektivt – raskare, meir individuelt, meir fleksibelt etter situasjon, og med støtte frå eit meir variert repertoar av verdiar. Med det i minnet at dei tilsette sine eigne verdiar knytt til styring av vitskap sjeldan blir sett opp mot kvarandre i form av daglege diskusjonar, og sjølv om dette er pragmatiske, situasjonsavhengige synspunkt, kan det vere oppklarande med eit skjema over nokre av dei mest typiske argumenta eg har støtt på, og ei forsøksvis kategorisering av dei:

Problemstilling: Skal vi styre og organisere samfunnsvitskapen?

*Appellar til "vitskap som del av samfunnet"*

- Samfunnsansvar gjennom kollektive visjonar hos tilsette. Planlegging og organisering positivt.
- Forsking som reiskap til samfunnssendringar, individuelt føretak. Inga planlegging.
- Demping av destruktiv konkurranse viktig. Organisering for å fremje samarbeid.
- Sympati for "praktisk" tilnærming til forsking og vitskap. Kollektive inngrep i samfunnet. Styring av samfunnet, ikkje omvendt. Sans for aksjonsforskning.

*Appellar til "vitskap som autonom kunnskapsutvikling"*

- God vitskap/ "det beste argumentet", er alltid overordna. Faga som sjølvkontrollerande "laug". Inga profilering og organisering elles.
- God forsking krev ressursar, tid og talent som blir gitt særleg gode vilkår. Organisering av "frisoner" positivt.
- Samarbeid basert på personlege relasjonar, inga "administrering" av dette.
- Instituttet som "fotball- lag", avgjerande å trekke til seg "synlege" velrenomerte folk, som publikum er interesserte i. Rekruttering basert på omdømme.
- Utvikling av satsingsområde og karriæreplanar for tilsette viktig. Styring

av instituttet positivt.

- Publisering i påskjøna tidsskrift særkjenner god vitskap. Kritikk av lokale publikasjonar (instituttserier, notat osb.) som ofte omhandlar lokale problem og/eller "elendigheitsforsking".

Det er spenningar mellom desse orienteringane, men det er sjeldan dei blir sett direkte opp mot kvarandre i intervjuet, nettopp fordi spørsmålet om styring og organisering av forsking er noko som primært blir attribuert til "eksterne" instansar. Det er heller ikkje slik at spenninga hovudsakleg dreiar seg om kor vidt ein vil styre eller ikkje. Derimot kan det vere nærliggjande å sjå det som ei spenning mellom eit "idealistisk/kollektivistisk" og eit "fleksibel/ individualistisk/ kosmopolitisk" verdidomene.

Begge kan bli engasjerte som alternative "realitetstestar" til "marknads/ nytte" – testen som ofte blir tilskrive ulike eksterne instansar, men innbyrdes er det ikkje lett å få i stand kompromiss mellom desse, eller å gjere dei kompatible. Kva er det som gir forsking verdi? I det første domenet er det å vere forplikta til eit engasjement i høve samfunnet. Det er å ville handle i samfunnet, gripe inn i problem og urett, eller å hindre at slikt oppstår. Historisk og politisk engasjement, støtte til ikkje-vitskaplege organisasjonar og dialog med samfunnsinteresser er verdifulle handlingar.

I det andre domenet er det å reindyrke og vidareutvikle "god forsking" som gir verdi. Engasjementet rettar seg her mot metodar, argumentasjonsrekker og perspektiv som blir sett som vitskapsinterne. Viss det finst grupper elles i samfunnet som har interesse av funn og resultat, så er det fint – og ein kan lage skreddarsydde publikasjonar og føredrag for slike føremål, - men det viktige publikumet for denne forskinga er dei som er i stand til å forstå og kritisere det vitskaplege innhaldet. Verdien blir avgjort i ein nasjonal eller internasjonal forskingsfront. Publisering i prestisjetunge tidsskrift, å nå fram i herredømmefrie diskusjonar og å bli sitert i andre gode vitskaplege arbeid gir verdi.

Som sagt er dette orienteringar som i stor grad må bli identifiserte utan hjelp frå konkrete disputtar der aktørar prøvar dei mot kvarandre. Slik sett er skjemaet ovanfor mest eit resultat av mine, og ikkje informantane sine forsøk på å "... connect stories and details sampled from the past in order to display the pertinent characteristics they share." (Boltanski og Thévenot 1999: 361). Men ein kan også sjå fråvære av direkte

disputtar mellom dei tilsette om dette temaet, som ei aktiv tilsidesetjing av ein konflikt dei fleste veit er der, men som få har interesse av å løyse ut<sup>37</sup>. Fridomen til å engasjere alle storleikar ein vil i faglege utviklingsprosessar, er viktigare enn å gjere ein slik politisk konflikt eksplisitt og dermed risikere å måtte forplikte seg til eventuelle institusjonaliserte "løysingar" på konflikten i ettertid. I spørsmålet om styring og organisering av vitskapleg aktivitet er det dette som er det fremste politiske målet.

## To typar kritikk

I skapinga av fag og fagområde er tilsette ved universitetet ikkje – diskriminerande og fleksible i høve kva verdiar ein står seg på, og korleis ein utformar ein politikk for gjennomføringa. Å hevde at alle argument og alle "vesen" er like eigna som (samfunns)vitskapleg legitimering er derimot problematisk. Der "normal" aktivitet går føre seg, dvs. at det ikkje oppstår disputtar, der det ikkje er nokon kjensle av at noko er gale og må endrast, rår eit regime av "fri vitskap", på mange vis oppsummert i høgre kolonne i skjemaet over. Testen i dette regimet handlar om å identifisere og avvise krefter som ikkje er legitimate som støtte for handlingar og ytringar innanfor ein moderne, internasjonal, prestasjonsorientert vitskap.

I materialet mitt er det fleire informantar som modifiserer og kritiserer denne testen, gjerne med basis i meir nasjonalt/ lokalt baserte og normativt orienterte omsyn. Men dei som understrekar slike verdiar aksepterer at dette er kritikk som i beste fall berre kan justere det dominerande regimet. Det står for sterkt til å vere sårbart for kritikk som tar sikte på å endre viktige delar av det (t.d. verdien av internasjonal publisering), og enda mindre vil det vere mogleg å erstatte det. Ikkje minst er det problematisk å ytre for sterke kritikk med utgangspunkt i omtanke for det lokale og normative, fordi ein da fort kjem i selskap med kritikk som typisk kjem utanfrå; - forsking er for lite "policy-relevant".

I det følgjande vil eg trekkje fram to andre typar av kritikk, som opptrer meir sjeldan i materialet mitt, men som ein likevel kan tenke seg er, har vore, eller vil bli viktige.

Den eine er feministisk kritikk og den andre er ein type kulturell kritikk med grunnlag

---

<sup>37</sup> Sjølv sagt kan det vere at desse verdiene vert sett på prøve i andre samanhengar på universitetet enn den som oppstår i eit forskingsintervju, men tolkinga mi her er at dersom dei hadde vore tydeleg representert som "posisjonar" i typar av offentleg debatt ved institusjonen, så ville desse posisjonane i større grad også ha blitt sett opp mot kvarandre i intervju med individuelle aktørar.

i omsynet til vørdnaden til institusjonen, studentar og tilsette. Desse kritikkformene har ikkje anna felles enn at dei begge blir sett som illegitime/ irrelevante innan det dominerande regimet.

Den feministiske kritikken av vitskap og vitskapsinstitusjonar er sjølvsagt både omfattande og respektert, og eg har ingen ambisjonar om å gjengi feministisk kritikk slik den kjem fram i litteraturen. Det er måten kritikken blir framført på i materialet mitt eg har sjanse til å referere, og i følgje informanten er det sannsynlegvis i ei slik kvardagsleg, empirisk form at denne kritikken har størst vanskar med å rettferdiggjere seg i høve det dominerande regimet. Synspunkta som kjem fram er interessante også fordi dei eksplisitt blir bunde saman med forhold som har med fagdisiplinar å gjere.

SP: Det som eg nesten må spørje deg om er jo dette med .. kjønnsdimensjonen her på universitetet.. her på instituttet også.. de er jo svært einsame.. Ja, korleis kan ein forklare det, rett og slett, meiner du?

SV: Vel altså, eg trur at det må forklarast.. mykje med .. statsvitkappen. Altså statsvitkappen.. er ein disiplin.. nær makta... i den norske erfaringa veldig kopla til det statlege maktapparatet.. og dermed er det også bestemte forståingar av kva som er politikk.. og forståingar av kva politikk er og korleis politikk skal studerast som verken har gjort det til eit spesielt attraktivt fag for kvinner.. eller som har synes spørsmål som fell litt ved sida av dei såkalla store spørsmål har vore noe særlig interessante.. har hatt noe med politikk å gjere. Så det eg hevdar er ei årsak til at vi er så få.. det har å gjere med fagets karakter.. Og det må sjølvsagt vere samanlikna med andre fag der det er fleire kvinner.. og det er jo relativt få fag det er så få kvinner som det er i statsvitkappen..

SP: Men det er jo ein del likskapspunkt med sosiologi.. i dette faget, og der er ein jo velsigna med mange kvinner

SV: Det trur eg.. Min forklaring på det, det kan vere mange forklaringar på det, men min forklaring på det er at sjølv om sosiologien også er eit slikt fag som i norsk samanheng .. har flørt med makta og slikt.. så har du .. Den kritiske sosiologien har hatt ein mykje større plass og vore ein mykje større del av sosiologien, og derfor er det ei litt sånn lausare og breiare forståing av kva som er interessant fagleg.. og .. Eg meiner det har jo med sosiologiens fokus også.. samfunnet, det sivile samfunnet er ikkje mindre interessant enn stat og politikk og slikt.. Så eg trur det har med denne ulikskapen .. mellom faga som sådanne, i alle fall slik som dei tradisjonelt har blitt definerte, no begynner jo dei å forandre seg litt.. men også i den norske samanhengen.. meir makt.. både i forskingsområdet og praksisområdet, for å seie det slik da. Eg trur det ligg noe der, sjølvsagt ikkje alt, men eg trur det ligg mye der..

SP: Den generelle forklaringa om at kvinner blir selektert bort, enten så gjer dei det sjølve, eller så stoppar.. systemet dei, det er ikkje den viktigaste forklaringa?

SV: Å nei, no berre begynte eg.. her er det mange forklaringar, og det eg antyda er på ingen måte mindre viktig.. Nei, eg meiner det er veldig viktig. Altså utgangspunktet her er ei bestemt forståing av kva faget er og kva faget ikkje er, kva som er interessant og kva som er vitskapleg, kva som er god forsking og kva som er därleg forsking.. altså det følgjer ein serie av synspunkt, ut frå ein eller annan ide om kva .. politikk er og ikkje er. Og eg synest at i løpet av dei åra eg har jobba ved instituttet, så har vi sett veldig mange eksempel på korleis det er noen fagområde som .. som systematisk blir meir synleg enn andre, og folk som jobbar innafor desse systematisk blir meir synlege enn dei som ikkje gjer det. Så eg synest at dette faget her er eit ormebol på den måten. Eg mislikar det sterkt.

....  
Men med meg så var det slik at dei første åra eg var her, så såg eg det ikkje. Altså eg såg ikkje at kjønn betydde noko. At det bare var eitt kjønn og meg, da, for å seie slik.. at det betydde noko i det daglege livet. Og så har det skjedd ei endring. Eg trur ikkje instituttet har endra seg, eg trur det er eg som har forandra meg.. og no ser eg kjønn i alt som skjer.. Det er veldig rart.. Så tar eg nokre konfliktar og så tar eg ikkje andre..

SP: Ja.. Sånn med doktorgradsstudentar og slikt, korleis er fordelinga

SV: Nei, altså det er jo mulig at det.. Det er mange kvinner no som er doktorgradsstudenter, og det ser jo ut, og det er jo sånt som.. altså som ein etterkvarthar ein del kunnskapar om.. at jo lenger ein kjem oppover, så.. altså desse flaskehalsane dei forflyttar seg.. For tida er flaskehalsen.. ikkje inn på hovudfag, ikkje inn på stipendiatnivå, men inn på fast stillingsnivå.. Og det er veldig vanskeleg å sjå korleis vi skal få fleire kvinner inn på dette instituttet her.. sånn viss ein tar situasjonen til universitetet i sin allminnelighet i betrakning, og situasjonen på instituttet her, utan at det skal skje gjennom øyremerka stillingar for kvinner..

(Int. 10)

Kritikken av det dominante regimet er heller ikkje her "radikal" i den meining at den relaterer seg til og legitimerer seg i høve eit anna verdiregime enn det som blir kritisert. Å vere kvinneleg forskar er uproblematisk innafor det "meritokratiske" regimet, men testen må følgjast rettvist og konsekvent. Det er dermed ei form for "reingjering" av realitetstesten som blir etterlyst her. Som informanten legg vekt på, så er det "kva faget er og kva faget ikkje er, kva som er interessant og kva som er vitskapleg" som er det springande punktet i kritikken. Ein viktig premiss i realitetstesten er at det skal vere rom for mange fortolkingar og svar på desse spørsmåla – testen skal ikkje først og fremst prøve kva for tema som er legitime å ta opp innanfor statsvitenskapen. Det er kvaliteten på forskingsprosjekta slik ein kan avlese den i metodebruk, teoretisk innsikt og evne til å få fram ny kunnskap som skal bli fastsett i det vitskaplege regimet. Men i prøvinga av dette har det kome inn andre og irrelevante "vesen", slik informanten ser det. Gjennom ulike band til staten har statsvitenskapen vore "nær makta" i Norge, og dermed har forståinga av det viktige omgrepet "politikk" også blitt på ein bestemt måte: Politikk er det som går føre seg i viktige statlege beslutningsorgan. Denne politikkoppfatninga har fungert som ein test for seg sjølv, så og seie, og har laga uorden i vitskaplege vurderingar gjennom å konkurrere med den legitime realitetstesten. Dermed blir bestemte forskingsfelt og bestemte folk "systematisk meir synlege" enn andre.

Feminismen i denne kritikken ligg i at tema og interesseområde som kvinner ofte er engasjerte i blir vurderte som mindre verdifulle, slik denne "politikktesten" er utforma. Å øyremerke stillingar for kvinner er den mest effektive måten å få fleire kvinner inn i faget på, slik informanten ser det. Ein slik strategi er nødvendig fordi den vitskaplege testen her ikkje er "rein", og fordi det ikkje er mogleg å få alle aktørar med på ei reingjering av han.

For andre aktørar vil ei løysing med øyremerkning gjerne framstå som "kjønnskvotering" – ein ting som absolutt ikkje høyrer heime i vitskaplege

vurderingar, det er dette som vil gjere realitetstesten uryddig. Og som forsvar for politikkoppfatninga som blir kritisert av informanten, vil ein kunne hevde at denne ikkje er konstruert for å passe til "maskuline" interesser, men tvert om utgjer det faglege kjerneområdet i denne disiplinen. Dermed kan ein kontrovers som dette også føre til at meir allmenne vurderingar av disiplinære grenser blir introdusert og sett på prøve. Men spørsmål om kva som er eit fagleg kjerneområde får ein ikkje svar på ved prøving gjennom ein "vitskapleg" test, som nettopp bør vere blind for slike normative og historiske omsyn. Kritikken informanten framfører er derfor "sterk" i den grad forestillingar om statsvitenskapen sine faglege kjerneområde er omdiskuterte - og det er semje om at dette er fagområde som mest appellerer til menn -, men den er "svak" dersom det er allmenn aksept for at politikkoppfatninga som blir kritisert i grunnen er det som definerer statsvitenskapen som fag. I det første tilfellet må ein rydde opp i prosedyrene for gjennomføringa av den vitskaplege realitetstesten. I det andre kan ein stå på at den vitskaplege testen, som berre vurderer prestasjonar, framleis er "rein" og blir utført i følgje føreskriftene. Ein må forstå informanten ovanfor slik at det er det siste tilfellet som best dekkjer oppfatninga av situasjonen til flesteparten av kollegaene ved instituttet til vedkomande, og i faget elles<sup>38</sup>.

Feministisk kritikk kan mao. vere døme på kritisk aktivitet som også set autonomien til fagdisiplinar på prøve. Ved å stø seg til ein modell av ein reint vitskapleg test, kan etablerte fagområde, og forskrarar som arbeider med desse, bli kritiserte for å ekskludere tilnærmingar som er av forskingsmessig god kvalitet, men som ikkje samsvarar med sosiale konvensjonar i faga om kva dei handlar om. I siste instans kan gjennomslag for ein "scientistisk" realitetstest derfor endre eller truge etablerte og sentrale forskingsfelt i disiplinar, alt etter korleis aktørar orienterer seg i ein slik situasjon.

Den feministiske kritikken er i høgste grad til stades i norsk samfunnsvitenskap<sup>39</sup>. Den vil også vere til stades i ei framtid med sannsynlegvis mange fleire kvinnelege tilsette,

---

<sup>38</sup> Den pågåande maktutgreiinga kan derimot bli sett som uttrykk for ei forsøksvis reformulering av korleis ein forstår "politikk". Informanten eg her har referert er m.a. positiv til å trekke inn andre fag, som dei humanistiske, i dette arbeidet, medan andre informantar ved instituttet oppfattar slike tværvitenskaplege forsøk som ei utvatning av problemstillingar om makt.

<sup>39</sup> Sjølv om det er meir uklart i kva grad den kjem til uttrykk i konkrete diskusjonar i fagmiljøa, og om ein kan seie den dannar eit alternativt verdiregime til det "meritokratisk kosmopolitiske" vitskaplege regimet. Ved SV-fakultetet i Bergen merkar sosiologi seg ut med høg kvinnepresentasjon i den

sjølv om det ikkje er gitt kva form argumentasjonen da vil ha. I likskap med feministisk kritikk er kritikktypen eg no vil vise fram også sjeldan i materialet mitt, men til skilnad frå feminismen, har den truleg også ei meir usikker framtid.

Grunngjevinga for å ta den med er at denne kritikken viser tilbake til noko som kanskje har vore eit viktig verdiregime ved universitetet, men som no gjerne framstår som "gammaldags". Sannsynlegvis er det mange informantar som har hatt erfaringar med og kan hugse episodar der verdiar frå dette regimet har vore viktige. Enkelte har også med historier om tida da faglege leiarar gjekk til lunsj på bestemte kafear i byen, med ein flokk av rekruttar og beundrande studentar som haleheng etter seg. Kafeane i byen og dei nye samfunnsfaga sine tilhaldsstader på Nygårdshøyden hadde etter seiande ein samlande kulturell og psykologisk funksjon<sup>40</sup>. Å vere til stades her markerte fellesskap med eit fagleg perspektiv, og det var viktig for å bli sosialisert inn i akademiske interesser og tenkemåtar. Sentralt i ei slik sosialisering var å ha respekt for personane, bygningane og ordningane som saman utgjorde universitetet. Å ha respekt for studentar og tilsette ved universitetet, og for kunnskap, er ei holdning som sjølvsagt framleis er til stades i miljøa. Men det er ein annan symbolikk rundt denne holdninga no; det er eksempelvis ikkje noko ekstraordinært med professoren og det er mange fleire av dei i dag<sup>41</sup>. Bygningane rommar meir eller mindre praktiske arbeidsstader for tilsette og studentar, dei har ikkje lenger nokon symbolsk eller "rituell" funksjon. I den moderne vitskapen kan ein endatil klare seg bra forskings- og undervisingsmessig utan bestemte fysiske tilhaldsstader, gjennom internett og nettbasert undervising. Informanten nedanfor meiner derimot at ei slik avmystifisering av respekten for universitetet og kunnskapen fjernar noko av det viktigaste ved universitets- tilværet.

Det viktigaste er jo det at vi skal ha eit universitet, og det skal kome unge menneske, entusiastiske.. og vi skal ikkje drepe entusiasmen deira.. Og eg gir no faen i om dei kjem ut att på den andre sida, så stappfull i lærdom.. Dei skal ha ei hyggeleg tid, i alle fall til ein lavare grad, som lat oss seie.. dei aller fleste tar. Da skal dei ha det hyggeleg og vere her, og treffe gode lærarar som er interesserte i framgangen deira. Og det med karakterar er jo sjølvsagt idiotisk, at vi er nøydde å evaluere dei etter det.. Men ein må tenke på kor liten del av tida ein lever, at ein eigentleg oppheld seg ved ein slik høgare institusjon.. så skal det vere all right å vere her.. og gjer du det ikkje bra, så er det sikkert mange

---

vitskaplege staben, men ettersom dette er mitt eige "lokalmiljø", og eg ikkje har villa plukke informantar derfrå, har det vore vanskeleg å få særleg god innsikt i desse spørsmåla. Ved dei andre institutta kan det vere svært langt mellom kvinnene. Men dette "forskningsproblem" seier openbart noko om problematikken i seg sjølv.

<sup>40</sup> Jfr. også Bagge 1996: 611.

<sup>41</sup> Det ekstraordinære finn ein i såfall ved å telje opp kor mange publikasjonar vedkomande professor har i påskjøna tidsskrift.

nok som fortel deg det etterpå, om ikkje direkte, så i alle fall i form av manglande avansement, osb. Men den tida du skal vere her, så skal det vere flott. Det skal vere gode lærarar, det skal vere snille lærarar, det skal vere tøffe lærarar som set i gong dei prosessane som gjer at folk anstrenger seg litt ekstra.. Det skal vere bygningar som er monumentale, som signaliserer at politikarane set pris på den institusjonen som vi er tilsette i .. og så er det der andre med hovudfag og slikt.. Det er ikkje sikkert at vi er så jævla gode her ved universitetet i Bergen.. til å lage hovudfagskandidatar, men i alle fall .. vi kan i alle fall gjere ein god jobb med å lage ei allmennutdanning på spesielle felt som vi har føresetnader for.. Og det må vere ramma for det vi gjer.. Det er der dei fleste kan flyte gjennom og seie .. Universitetet i Bergen, det var pokker så grei stad å vere.. Slik var det då eg studerte i utlandet, eg studerte ved Princeton.. Det var ikkje alt ved Princeton som var så jævlig glupt, men jaggu hadde du kjensla av at lærarane gjorde sitt beste for å ta vare på deg.. Det var eit flott område.. du kunne gå der om kvelden.. det var opplyst, du hørte musikk frå desse dormane.. lauvverket om hausten som strekte seg opp mot himmelen.. Dei hadde til og med ei kyrkje.. the university chapel.. som var kopi av ein eller annan bygning i Europa.. men det var imponerande og det var flott, og du følte du var med på noe genialt noe.. Du har faen ikkje kjensla av at du er med på noko genialt, når du subbar bortover Fosswinckelsgate på veg til ei eller anna forelesning borte på realfagbygget.. Det er noko som manglar..

....

Det er noko som manglar ved universitetet i Bergen med akkurat det der.. vi har ikkje style.. Vi har rektorar som opptrer i underbuksar, når dei deler ut akademiske borgarbrev, slik N.N gjorde.. Kva slags style er det? Hm?.. Det har blitt betre.. doktorgradspromosjonen i år seiast å ha vore veldig flott.. Eg veit om ein kritisk fyr som var til stades, og han heldt på å få hakeslepp, når han såg kor fint dei hadde fått det til.. Kvifor kunne ikkje alt vere slik? Kvifor kan vi ikkje tillate oss sjølve å vere litt grann .. ja.. projisere, ikkje sant.. Det er OK å vere student, det er ok å vere forskar.. og gi faen i kva som skjer etterpå.. berre vi har det.. har kjensla av at vi deltar i noko stort i den tida vi er her.. Der er vi ikkje flinke. Kanskje er det jantelova.. kanskje er det det at det blir for dyrt for oss, kanskje er det det at vi berre er fire millionar menneske, eller kva det no er.. at vi må gjere det på ein annan måte.. Men ute gjer no dei det.. Eg er ikkje sikker på at det er storleiken som gjer det..

SV: .. Nei.. Det går vel også på kven som kan styre dette her også.. Sjølv om ei vilje til .. innretningar og den typen ting som du snakkar om no, skulle vere til stades hos dei vitskapleg tilsette, så er det ikkje sikkert at finansiering og slikt blir deretter

SV: Nei, det er sant

SP: .. men det går vel kanskje meir i retning av at ein skal prestere i form av publikasjonar og .. at det liksom er det sentrale..

SP: Jo, det er nok rett.. men vi må ikkje la det overskygge.. for vi har jo også eit ansvar for desse studentane.. Vi kan ikkje berre ta dei inn her og stappe dei inn i eit auditorium og smelle dørene igjen.. og så trur vi at .. hyggelege ting skal skje inne i hovuda deira. Der trur eg vi er på villspor, altså.. Vi må vise.. mindre vilje til å gå med på politikarane si manglande evne til styring.. som berre droppar store ungdomskull i hovudet på høgskolar og .. og universitet, fordi strukturen i arbeidslivet er slik at ein ikkje kan sende dei andre stader.. Etter mi meinig bør jo ikkje eit universitet vere ein stad ein oppheld seg berre fordi ein ikkje kan få jobb... Det er for lite pompøst.. Pompøst har i vanleg norsk tale ein negativ valør.. Men eg meiner det at når det gjeld høgare utdanning og det å opphalde seg ved eit universitet, eller høgskole.. så er det på sin plass.. Den bitte lille tida vi sender studentane våre gjennom ei utdanning..., samanlikna med heile det jævla lange yrkeslivet dei skal trege og rote med å betale dette her etterpå.. for lite pompøst...

(Int. 7)

Det er først og fremst måten universitetet framstår på overfor studentar som uroar denne informanten, men gjennom fleire gonger å nedtone betydninga av lerdomen studentane har igjen etter studietida, kan ein kanskje også gå ut frå at det ikkje er som forskingsuniversitet i internasjonal toppklasse vedkomande meiner UiB har sjanse til å markere seg. Det er i det heile ikkje denne dimensjonen ved universitetsinstitusjonen som blir lagt vekt på i framstillinga. Det som manglar er "style" – å signalisere eit verdig universitet, som gjennom flotte, monumentale

bygningar, engasjerte og oppofrande lærarar og storfelte universitetsarrangement markerer eit skilje til resten av samfunnet, som nødvendigvis må vere innretta på meir kvardagslege måtar. Eit slikt høgtideleg og verdig universitet kan danne eit pustehol for menneske som etter studietida er over, snart nok kjem inn i eit avmystifisert liv.

Kritikken mot det dominerande vitskaplege regimet er slik sett meir radikal her enn i det feministiske dømet over. Den hentar verdiar frå eit alternativt regime der det ikkje er "ny kunnskap" kvalifisert gjennom publikasjonar og siteringar som er det høgste godet, men "sosialisering/ danning" kvalifisert gjennom ulike ritual av tilhøyr. Å opptre i underbuksar under utdeling av akademiske borgarbrev kan fungere som god humor under eit regime av meritokratisk og kosmopolitisk vitskap, m.a. fordi ei slik framsyning reflekterer kva for handlingar som gir verdi i eit slik regime, og kva som ikkje gjer det. Å ha "style" gjennom å ta på seg kjole og kvitt, har liten eller ingen verdi – det er det ein presterer i forskingsprosjekta eller ved eksamen som tel, og begge desse typane prestasjonar kan i prinsippet bli utført i berre underbuksene<sup>42</sup>. Men under eit regime av vørtnad er dette alt anna enn god humor, fordi det effektivt fjernar alt ved ei slik tilstelling som gjer henne høgtideleg og minneverdig for unge menneske som skal innlemmast i ein ny, eksklusiv og tidsavgrensa livsfase. Sjølv om doktorgradspromosjonar og andre arrangement kan vere "flotte" for tida, er informanten klar over at denne indignasjonen nok ikkje blir delt av særleg mange av kollegaene ved universitetet. "Det pompøse" vil halde fram med å ha negativ valør i eit universitet som nok kan briske seg med borgarbrev, promosjonar og festmiddagar ved enkelte høgtidelege høve, men som nok – i alle fall forskingsmessig – har lagt bak seg eit "vørtnadsregime" av den typen informanten appellerer til.

### **Metode/ tankesett: Case: Komparasjon/ Tverrfaglegheit**

LAT MEG MINNE DEG PÅ FØLGJANDE: "Utgangspunktet er altså: Fagutvikling som ein prosess av å binde saman element utan annan diskriminering enn vurderinga av kva som vil auke storleiken av konstruksjonen." (Jfr. dette kapitlet). DET DU HITTIL HAR SKRIVE OM, VERDIDIMENSJONANE "DISTANSE", "STYRING/ ORGANISASJON", DET "DOMINERANDE" VERDIREGIMET OG KRITIKKEN

---

<sup>42</sup> Sjølvsagt kan det også vere eit ønske om å roe nervane til komande studentar ved å rive ned høge barriærer mot "kunnskapens tårn", som har lege bak dette stuntet.

AV DETTE, SER I GRUNNEN IKKJE UT TIL Å DREIE SEG OM SJØLVE  
KJERNEN I VITSKAPLEG AKTIVITET: KORLEIS EIN STEG FOR STEG KJEM  
FRAM TIL TEMA, PROBLEMATIKK OG PRODUKT. EG SER SJØLVSAGT AT  
DU LEGG OPP TIL AT DETTE ER EI KUNSTIG INNDELING I EKSTERNE OG  
INTERNE FORHOLD, MEN LIKEVEL – EIN KAN LESE DEI TO FØRSTE  
"PRINSIPPA" SOM REPERTOAR AV VERDIAR VITSKAPSAKTØRAR  
HENTAR INN FRÅ ALLMENNE TREKK VED DEN AKADEMISKE  
KULTUREN, ELLER RETT OG SLETT FRÅ DEN ALLMENNE KULTUREN,  
MEN AT "KONSTRUKSJONEN" SOM BLIR STØRRE VED DESSE  
HANDLINGANE FRAMLEIS ER EIN "INTERN" TING. ER DET SLIK Å  
FORSTÅ AT DU NO HAR TENKT Å SKRIVE OM SJØLVE  
FORSKINGSPROSSEN, EVENTUELTT (OG TRULEG) PÅ EIN SLIK MÅTE AT  
LESARAR FORHÅPENTLEGVIS LAR SEG OVERTYDE OM AT OGSÅ DENNE  
"TINGEN" ER KONSTRUERT GJENNOM Å AKTIVERE ULIKE  
VERDIREGIME?

Både ja og nei. Først må eg berre få protestere mot forståinga di av "distanse" og "styring/ organisasjon" som eksterne ressursar til internt bruk. Ein bør heller forstå det slik at når slike regime har fått eksistens for vitskapsaktørar, så gir dei form til alle sider ved arbeidet deira, også korleis ein utfører forskingsarbeid, kva ein tematiserer og kva for produkt ein kjem ut med. Eit prosjekt som tar sikte på publisering i eit internasjonalt tidsskrift må omhandle ein problematikk som gir ei bestemt mening for eit slikt publikum, og verdsetting av "fri" eller "organisert" forsking gir ulike handlingsvilkår for utforming av tema og produkt<sup>43</sup>. Sjølvsagt kan ein leite etter kognitive eller mentale operasjonar i forskingsprosessen og postulere at desse gir ei meir grunnleggjande form til aktiviteten. Men med utgangspunkt i materialet mitt kan eg ikkje gjere slike spørsmål sentrale, og uansett ville også dei kunne vere gjenstand for sosiologisk informert analyse<sup>44</sup>. Det eg kanskje likevel må gi deg rett i er at

---

<sup>43</sup> Forhåpentlegvis har det allereie kome fram at inndelinga i "fri" og "organisert" forsking ikkje er kategoriar som er særskilt godt eigna til realistiske skildringar av fagutviklingsprosessar, ikkje ein gong for aktørar. Dei er nettopp verdiregime som er historisk utvikla i forhold til legitimitetsspørsmål i bestemte situasjonar. Mobilisering av det eine eller andre regimet kan likevel forme det vitskaplege arbeidet.

<sup>44</sup> Randall Collins som har prøvt å skrive "The Sociology of Philosophies" Skriv følgjande linjer om desse spørsmåla, som eg kan slutte meg til: "Do we not have agency? It is a matter of analytical perspective. Agency is in part a term for designating the primitives of sociological explanation, in part a code word for free will. Do not human beings make efforts, strain every nerve or let themselves go lax, make decisions or evade them? Such experiences clearly exist; they are part of micro-situational

verdiordenen eg no skal prøve å gjere greie for er meir "intern" i ein pragmatisk forstand av at den også kan omhandle ordningar som er utvikla innan og som har ei særskilt tyding for vitskaplege grupperingar. For dimensjonane "distanse" og "styring/ organisasjon" er det ikkje vanskeleg å finne ekvivalente verdiordningar i andre delar av samfunnet. Verdsettinga hos akademikarar av å bli kjent utover det lokale og å få flest mogleg interessentar på distanse har likskapstrekk med verdsettinga av globalisering i næringslivet, eller for den saks skuld med statusen ein kan oppnå ved å ha vore på reise under fjerne himmelstrokk, som ein kan finne i ungdomskulturen i Vesten. Å gjere "geografisk avstand" til ein verdi finn ein i alle desse samfunnsfærene, sjølv om det sjølvsagt også er skilnader mellom dei med omsyn til kor lenge verdien har vore til stades, t.d. For "styring/ organisering" skulle det vere unødvendig med eksemplifisering. Denne problematikken blir dagleg diskutert i alle samfunnsinstitusjonar.

I forhold til metodar i forskingsaktivitet kan det vere meir vanskeleg å finne samsvarande ordningar i resten av samfunnet. Eg skal avgrense meg til ein forsøksvis analyse av "komparasjon" og "tverrfaglegheit" som element i samfunnsvitskaplege verdiregime. Eg nyttar uttrykket "forsøksvis" nokså medvite her, fordi ei slik tilnærming inneber ei "pressing" av perspektivet på to måtar. For det første medfører ein slik analyse at ein fullt ut tar i bruk Boltanski og Thèvenot sin sosiologi om kritisk kapasitet i forhold til (samfunns)vitskapleg forskingsaktivitet. Sjølv om perspektivet er utforma med utgangspunkt i at alle offentlege "kritiske situasjonar" innan alle samfunnsområde prinsipielt skal kunne late seg analysere ved hjelp av det, har dei ikkje gitt døme på eller råd i forhold til å bruke det som utgangspunkt for analyse av vitskapleg aktivitet<sup>45</sup>. Eg må altså gjere forsøk på å vise korleis dette kan sjå ut. For det andre, og eigentleg i forlenginga av det førre punktet, så vil ein slik analyse

---

reality, the flow of human life. I deny only that the analysis should stop here. One has the experience of will power; it varies, it comes and goes. Where does it come from? How do you will to will? That chain of regress comes to an end in a very few links. The same can be said about thinking. Are not one's thoughts one's own? Of course they are; yet why do they come into one's head at a certain moment, or flow out upon one's lips or beneath one's fingers in a certain sequence of spoken or written words? These are not unanswerable questions if one has a micro-sociological theory of thinking." (Collins 2000: 14)

<sup>45</sup> Innleiinga til boka "Rethinking Comparative Cultural Sociology" (Lamont og Thèvenot ed. 2000), viser kanskje likevel korleis ein slik bruk av denne sosiologien kan ta seg ut. I det komparative prosjektet om "kulturelle repertoar" i USA og Frankrike vart elles uuttalte forestillingar om omgrep som "kulturell arv" og "marknad" eksplisert gjennom diskusjonar forskarane mellom. Den ulike forståinga av desse omgrepa var relatert til forskarane sin eigen kulturelle og nasjonale bakgrunn, og skilnadene vart meir handgripelege då forskarane prøvde å gjere greie for korleis dei tenkte: "Interestingly enough, this aspect of our collaboration had not been anticipated and turned our collective meetings into a true laboratory." (Op. cit: 17)

kompromisslaust stille vitskapleg aktivitet og annan sosial aktivitet på linje. "Nothing special is going on"! Sjølv metodebruk og teoriutvikling går føre seg gjennom å legitimere og rettferdiggjøre bestemte verdfulle ordningar og "ting".

BERRE EIT PAR OPPKLARINGAR FØRST. ER IKKJE DETTE Å FØREGRIPE KONSEKVENSANE AV BOLTANSKI/ THÈVENOT – PERSPEKTIVET FOR EIT SLIKT FØREMÅL? PERSPEKTIVET DEIRA ER JO MEINT FOR ANALYSE AV VERDI- REGIME I KVARDAGSLEGE OG OFFISIELLE SITUASJONAR DER DELTAKARAR ER USAMDE OM FORTOLKINGA AV SITUASJONEN. ER DET GITT AT DET ER DEI SAME SITUASJONANE DU HAR SOM MÅL Å ANALYSERE? EIN KAN HEVDE AT "...the politics of intellectual practice, within the inwardly focused network of specialists, is not the same thing as the politics of gaining power in the state, or the politics of men and women in their homes or sexual encounters. Winning the focus of attention within the contests among philosophers is done with specifically intellectual resources, which are social resources specific to intellectual networks." (Collins 2000: 12, 13)

Ja, det kan ein hevde, men på den andre sida er likskapen kanskje meir viktig enn ulikskapane. Også vitskapsaktørar står ofte i ein situasjon av usemjø om korleis å fortolke "verda", i alle fall før ein metode, eller ein bestemt kunnskapsstatus har "stabilisert" seg. Eg har tidlegare lagt vekt på betydninga av eit symmetrisk perspektiv "..., det vil si at samme type årsaker skal forklare sanne og falske beliefs. Og endelig skal det vere refleksivt, slik at det kan anvendes på sosiologien selv." ( Skarpenes 2000: 17). Mao. er kanskje faren større for å føregripe at det finst noko spesifikt, enn at det finst noko felles. Eg har allereie skilt lag med Boltanski og Thèvenot når det gjeld den bestemte kategoriseringa av "the orders of worth" (men sjå avslutningsdiskusjonen i kapitlet), nettopp for å kome nærare dei "specifically intellectual resources", men elles har eg prøvt å følgje perspektivet. Skal ein i tillegg gjere forsøk på å følgje "symmetriprinsippet" konsekvent, kan ein heller ikkje sette i parantes det generelle teoretiske apparatet eg elles gjer bruk av når metodar og teori i samfunnsvitskapen skal bli omhandla, eller å la vere å omhandle temaet. Dette tyder at dei normative, verdimessige og handlings/ reiskapsmessige aspekta ved sosiologien om kritisk kapasitet bør bli sett i arbeid også i analysen av metodar og teori.<sup>46</sup>

---

<sup>46</sup> Under overskrifta "The Sociological Analysis of "Thought Processes" skildrar Latour og Woolgar den vitskaplege problemsituasjonen sin slik: "Our position is not unlike the opponents of vitalism in nineteenth-century biology. No matter what progress was made by biologists to explain life in purely

Med analysen av "komparasjon" og "tverrfaglegheit" som døme, har verdidimensjonen metode/ tankesett å gjere med bruken av andre grupper, synspunkt og kollektiv i faglege utviklingsprosesser. Verdi/ storleik blir her gitt til personar og forskingsprosjekt som tar kontakt med og innrullerer ulike typar kollektiv (andre typar fagpersonar eller fagpersonar av same type som ein sjølv lokalisert andre stader, andre kulturar, funn og innsikter frå andre fag, osb.) i den vitskaplege aktiviteten.

Alternativt blir storleik "attribuert" til forskingsprosjekt og personar som brukar, reindyrkar og vidareutviklar perspektiv som blir oppfatta som eksklusive for, eller særskilt viktige for eit bestemt fag.

Vurdér følgjande utkliipp:

SP: Kva for teori blir brukt, er det forskjell i teoritilfanget

SV: Ja, det er eit betre spørsmål..

SP:.. ja

SV: .. Idealmodellen, synest eg då, vil jo vere viss teori som er konstruert på bakgrunn av heilt andre empiriske forhold, blir brukt på norske forhold, det er jo veldig bra..

SP: .. For eksempel

SV: Eit eksempel i sosialantropologi, det er Marilyn .. Stratton (Mary Strathern?) som er professor ved Cambridge og som absolutt er ein leiane figur i faget, sjølv om ho til dels skriv heilt uforståeleg.. , men som har basert mange av sine analysar på sosialt liv i ei .. skarp kontrastering mellom materiale frå .. New Guinea.. og materiale frå England.. Altså ei slags kontrastering i korleis slektsskap.. konseptualiserast og praktiserast på New Guinea.. med tilsvarende i engelsk .. samfunnsliv.., spesifikt engelsk middelklasse.. veldig spennande.. og får innsikter der da.. i engelsk samfunnsliv som du elles aldri ville ha fått, dersom du skulle stille spørsmål på bakgrunn av det du visste om engelsk samfunnsliv.. Skjønnar du? Altså viss du konstruerer dine hypotesar og faktisk teoretisk rammeverk.. ut frå den empiriske verda du undersøkjer, så er det nok .. ikkje eit blindspor vil eg seie, men det er ein ganske smal veg du går inn på.. Men utfordringa ligg da i .. Mye av problemet med antropologisk .. og sosiologisk forsking om Norge.. har vore at ein i stor grad har ignorert... teoriar om stammesamfunn .. for eksempel.. N.N. burde lest og brukt mye meir.. teori basert på .. folk i New Guinea.. sant.. Eg synest reint personleg at mye av problemet er reint sånn .. at norsk antropologi og antropologi om Norge blir jævla kjedeleg.. Og det kan ikkje vere fordi Norge er kjedeleg, fordi det er ikkje det altså..

....

Når eg seier at det er så jævlig kjedeleg å lese om Norge, enten det er snakk om sosiologi eller antropologi, så kan det umogleg berre vere meg det er noko gale med. Det må også vere, meiner eg.. at det i alt for lite grad blir.. sjonglert utfordrande.. med komparative teoriar.. X.X., som du kjenner til, ikkje sant.. han er antropolog på arbeidsforskningsinstituttet i Oslo, han er på ein måte ein ekspert på det der.. Han samanliknar riksmelekingsmannen med ... leopardpelshøvdingen.. hos nuerane i Afrika, og sånn. Han har på ein måte litt det der lødige perspektivet. Det er jo veldig enkelt å gjere, ikkje sant. Men.. og eg meiner .. Z.Z... er jo også flink til å kome med dei der, sant.. Forskjellen mellom nordmenn og .. menneske som et småbarn til frukost, ikkje sant, altså.. Neida, .. det kan vere veldig morosamt, men det kan jo utover det vere veldig nyttig.. å benytte .. Men det er poenget i antropologien at våre

---

mechanistic and materialist terms, some aspects always remained unexplained. There were always some corners in which notions of "soul" or the "pure vital force" could find refuge. Similarly, the notion that there is something special about science, something peculiar or mysterious which materialist and constructivist explanations can never grasp, is pushed further and further. But this notion will remain as long as the idea lingers that there is some peculiar thinking process in the scientist's mind." (Latour og Woolgar 1986: 168) Synspunktet til Collins om at der er ein *særskilt* politikk for intellektuell praksis *kan* vere ein måte å gi ideen om at det er noko særskilt med vitskapen "refuge". Eg innser at også framstillinga mi kan bli ramma av den same kritikken, men dette er i alle fall eit forsøk på å anvende sosiologien om kritisk kapasitet symmetrisk.

teoriar er .. grunnleggande sett.. påstått å vere komparativt gyldige.. til ein viss grad. Så får ein sjå da, om det viser seg at visse teoretiske perspektiv.. la oss seie derivert frå feltarbeid på nomader i midtausten.. lar seg bruke på .. bønder i Troms, altså..

(Int. 6)

Analysen eg skal gjere av dette og dei andre utdraga nedanfor, har ikkje som mål å vurdere det vitskapsteoretiske innhaldet i dei, eller å avgjere kor fruktbart det er å følgje råda som blir gitt. Det er kva for ressursar aktørane nyttar for å gi argumenta ei overtydande form som skal stå i sentrum.

I tilfellet over er det kontrasten mellom det kjende og det ukjende, det heimlege og det framande, som blir framheva. Kritikkverdige er forskingsprosjekt som er "smale", i den forstand at dei omhandlar og rettar seg mot det som er nært forskaren og kjent for henne. Kjennskapen ein slik forskar har kan vere illusorisk, fordi ein kan vere blinda av implisitte, kulturelt spesifikke forestillingar om fenomenet og tidlegare opparbeidd kunnskap som gir forskaren ein falsk tryggleik i møte med studieobjektet. Vil ein unngå desse problema og utvikle verdifull, ny og "spennande" kunnskap, er "idealmodellen" å bruke kunnskap henta frå studiar av andre samfunn til å forstå eins eige. Objekta kan verke framande for kvarandre, men er det kan hende berre tilsynelatande – riksmeklingsmannen og leopardpelshøvdingen kan ha nok felles til at det er grunnlag for å samanlikne dei, bønder i Troms let seg kanskje forstå gjennom dei same teoriane som gjer nomadar i midtausten forstælege. Resultatet av å sette "ulike" kulturelle fenomen og objekt på linje med kvarandre på denne måten - ein kan kalle det teoretiske "ekvivalensøvingar" -, er at teoriane som blir utvikla av dei kanskje blir "komparativt gyldige.. til ein viss grad", og fordi antropologien (faget det gjeld i dette tilfellet) er eit fag som i større grad enn andre set saman slike kontrastar, må ein gå ut frå at det dermed også blir eit meir "komparativt gyldig" fag.

I denne skildringa av teori- og metodebruk kjem ny kunnskap fram ved å mobilisere kollektivet "det framande" som kontrast. Dette er eit kollektiv i denne samanhengen fordi dei ulike elementa i det – slektskapssystem på Ny Guinea, nuerane i Afrika, menneske som et småbarn til frukost, nomader – ikkje blir omhandla for seg, eller i høve til kvarandre, men står som eit disponibelt reservoar for dei som vil forstå Noreg og norske forhold. Informanten kallar sjølv denne prosedyren å sjonglere utfordrande med komparative teoriar, og i høve sorteringa eg gjer av dette, er det døme på eit tankesett som verdset forståing som er gitt form av teoretisk/ geografisk avstand til studieobjektet.

Det neste utdraget er ikkje så tydeleg på å tilrå konkrete metodiske strategiar i samfunnsvitskapleg forsking, men har meir karakter av eit hjartesukk over korleis samfunnsfagleg forsking har blitt.

Det er ein ting som har slått meg, og det er at det er mindre interesse no for allmenn teori... i samfunnsfaga.. Det har blitt veldig grått.. etter mitt syn.. Faga anvender allmenn teori, det er greitt det liksom, det er ikkje noko å diskutere.. og det er veldig mykje empiriske teoriar, altså.. teoriar som er knytte til spesifikke empiriske områder..

SP: Bindestreksfag..

SV: Ja, bindestreksfag.., veldig mykje problematisering på empirisk grunnlag.. Vi som studerer det, og vi som studerer det, ikkje sant... Det var ikkje slik før.. Ein rekna med at når ein arbeidde med det eine eller det andre empiriske området, så hadde vi eit stort sånt fellesskap, og vi følte at vi var mykje meir med på å .. konstruere ein allmenn teori som gjeld menneske og samfunn... Altså eg vaks jo opp i Oslo, da i det etnografiske miljøet der, eg tok psykologi.. dei viktigaste intellektuelle hendingane der, dei fann stad først og fremst innan samfunnforskning... der sat alle saman, alle som har betydd noko.. Innan sosiologi, N.N, X.X, Z.Z.. for å nemne tre namn.. Y.Y, Y.Y... eg nemner i fleng.. der sat dei alle saman..

(Int. 4)

På eit vis er "godet" i denne ytringa det same som i utdraget ovanfor, også her er målet å kome unna nærsynte perspektiv og å utvikle "allmenn teori" (ein ekvivalent til det "komparativt gyldige" hos informanten over), men kritikken er utforma annleis.

Hos denne informanten er det omtanken for kollektivet "samfunnsfaga" som står sentralt, og kritikken er forma som sjølvkritikk. Samfunnsfaga, som skulle ha konsentrert seg om å konstruere allmenne teoriar om menneske og samfunn, har i staden gått kvar til sine spesialområde og spesialfelt, medan ein pliktskuldig og likegyldig tar med seg den allmenne teorien på lasset. Alle må ta seg saman i denne situasjonen, det er ikkje nokon som er betre eller verre enn andre. Enten ein vil eller ikkje, er samfunnsfaga eit kollektiv av problem og interesser som flettar seg inn i kvarandre, og det blir "veldig grått" utan at ein samlar seg om dette som er felles.

Kunnskap blir her verdsett høgt dersom den re- presenterer spørsmål om, eller moglege løysingar på felles menneskelege utfordringar. For å få fram slike problemstillingar treng ein erfaringar frå alle samfunnsfaga, men det er nødvendig at medlemmene er i stand til å sjå utover sine eigne dagsaktuelle prosjekt. Ytringa er ein kritikk av spesialisering mellom og innan vitskaplege disiplinar, med basis i ein appell til det alle menneske har felles. Ein så "stor" ting, var det nemleg samfunnsfaga i si tid tok på seg å forvalte.

På eit meir praktisk og konkret plan tek vedkomande også til orde for å gjere overgangar og kombinering mellom fag lettare for studentar gjennom å dele dei opp i mindre modular, og å utvikle felles metodeundervisning på grunn- nivå. Men denne

informanten har alltid meint at dette er den beste måten å organisere utdanninga på, det er ikkje noko som har kome med "kvalitetsreformen", e.l., men har å gjere med eit grunnleggjande kunnskapssyn. "Tverrfaglegheit" er i denne versjonen eit middel til å oppnå kunnskap om ei felles verd/ "common humanity"<sup>47</sup>.

Å arbeide tverrfagleg er ikkje noko ideal for neste informant.

SP: Den faglege representasjonen i maktutredninga no da, kva synest du om den?

SV: Maktutredninga?.. nei, eg meiner jo at det er gjort heilt feil.. Eg meiner jo at det burde ha vore mykje meir konsentrert.. fagleg og geografisk.. Eigentleg kunne ein gitt alle pengane til ein og bede han om å gjere som han ville.. Altså den her ideen no, om at ein skal spre det på kjønn og på geografi og på fag og.. Da blir det omlag som eit anna forskingsråd.. så.. der kvar held på med sitt, går eg ut frå.. sidan dei er så forskjellige.. og så kokar ein saman alt til slutt, slik at det kjem i ein rapport.. Men altså.. ja.. Ein måtte ha profilert det på ein heilt annan måte meiner eg, ganske enkelt.. markert.. ja.. Eg skjørnar jo godt kvifor det har blitt slik det har blitt, altså, men.. Eg ville ikkje ha gjort det slik.. Men det er kanskje.. Litt av problemet er jo kanskje det at.. det er mogleg at ein ikkje har nokre.. unge internasjonale stjerner som kunne ha tatt ei slik utfordring.. så..

SP: Det er ikkje slik da at samfunnet har endra seg, og dermed treng ein andre faggrupper, og fleire faggrupper.. for å belyse.. den nye makta.. Det er jo det argumentasjonen går på da..

SV: .. Ja..

SP: .. når objektet endrar seg, må reiskapane endre seg også.. kanskje..

SV: Ja.. eg veit ikkje.. Ja, men.. tverrfagleg er sikkert vel og bra det, altså.. men eg veit ikkje,.. Er det ikkje det som driv forskinga framover da, at ein klarer å spisse det til.. og få konsentrasjon?.. Det trur eg..

(Int. 16)

I staden for å blande saman ulike fag, institusjonar og personar (t.d. med ulikt kjønn) ut frå politisk korrekte idear om at alle er viktige og alle har noko viktig å kome med, bør ein satse på ein eller få forskarar som får høve til å konsentrere seg og "spisse til" arbeidet sitt innafor ein bestemt fagleg kontekst. Det kan vere verd å merke seg at informanten ikkje tilrår ein bestemt fagdisiplin som særskilt eigna til å arbeide med maktspørsmål (sjølv om vedkomande sannsynlegvis har meininger om det også). Berre ein unngår spreininga av oppdrag til meir eller mindre tilfeldige forskargrupper "der kvar held på med sitt", så er det det viktigaste. Her er det kunnskap forma av

<sup>47</sup> Ut frå ein teknologifagleg ståstad, der "det fellesmenneskelege" gjerne får eit meir praktisk uttrykk, blir utviklinga også kritisert. Spesialiseringa som går føre seg i disiplinane, har også eit motstykke i finansieringsinstitusjonar for forsking. Å arbeide med tverrfaglege problemstillingar kan derfor arte seg som ei mislukka "investering": ".. Når vi sender ein søknad til forskingsrådet, så vil vi gjerne.. Vi gjorde det slik før.. så sendte vi det gjerne til den naturvitenskaplege seksjonen.. Det var dei som kanskje forstod det vi skreiv.. Men dei sa jo det at dette er eit SV-fag, så vi sender det over til kultur og.. samfunn..ja.. KS.. Og så seier dei det at, nei.. ja, dette er jo tverrvitenskapleg og vi har ikkje noen faggruppe for dette, og så endar vår søknad, da over i ein eller annan slik.. pool av søknader, som er så rare at dei aldri får pengar.. Altså vi fell jo mellom alt som heiter stolar, fordi ein i Norge.. og det er ein kritikk av norsk forsking og utdanning.. har vore vanvittig konservative, når det gjeld.. skal vi seie.. fag.. fagskiljer og fag.. ja, skille mellom fag.. Og det har jo gått.. det ser vi jo ved universitetet i Bergen.. med utskiljinga av SV frå HF-fakultetet, jus.. oppdelinga i institutt innan SV-fakultetet osb.. så er det diversifisering og spesialisering som.. skal ein drive med meir.. tverrfaglege ting, kanskje har vore uheldig.." (Int. 15)

spesialisering som blir gitt høg verdi. Argumentasjonen står seg også på oppfatningar om talent: Med nokre "unge internasjonale stjerner" som leiarar er det større sjanse for å drive forskinga framover. Men slike stjerner har ein kanskje ikkje for tida, og dette er med på å gjere det forståeleg "kvifor det har blitt slik det har blitt". Kontrasten som blir teikna opp av denne informanten markerer dermed også eit skilje mellom to tidsperiodar, som kvar innehold dei meir eller mindre verdifulle prinsippa for god forsking. Før, i arbeidet med den første maktutgreiinga, var det ein konsentrasjon av forsking i dei fagdisiplinane som opplagt kunne ta hand om maktspørsmåla; statsvitenskap og sosiologi (rett nok i bestemte versjonar av desse faga), og ein hadde nettopp unge internasjonale stjerner som evna å gi forskinga ei tydeleg utforming. Notidas samfunnsforsking er derimot vesentleg utbygt, både i talet på forskarar og i form av kva desse forskarane er opptatte av. I ein slik situasjon blir det ein meir "demokratisk" fordeling av oppgåver til mange fleire, men der dei sannsynlege resultata av forskinga også blir meir diffuse.

I desse tre utdragene frå intervjuaterialet finn ein likskapar og skilnader. Ytringane omhandlar kva for verkemiddel som er best eigna til å oppnå ny kunnskap, og slik er dei også grunngjevingar for, og døme på ulike forskingsprosessar. Dei to første verdset kunnskapsutvikling som ein kollektiv prosess, men på ulike måtar. I det første utdraget kan ein sjå "kollektivet" som at det inkluderer alle menneske på jorda, i siste instans. For å forstå og kunne sette oss sjølve (det norske/ det vestlege) i perspektiv, må vi sjå oss i relasjon til og som del av eit slikt omfattande kollektiv. I dette ligg det også kritikk av dei som enda ikkje har oppdaga at slik perspektivering er nødvendig. Typiske døme på slike er forskarar og fag som har norske eller vestlege samfunn som sitt studieobjekt, men som ikkje har interesse av å "sjonglere utfordrande med komparative perspektiv", eller som ikkje har kunnskapen som skal til for å gjere det. I denne kritiske vurderinga av andre fag og andre forskarar, har denne informantens meir felles med den siste, som også er skeptisk til ideen om at alle fag og alle perspektiv har like stor verdi. Det er etter denne informantens si mening i alle fall lite å hente på å kombinere forskargruppene som representerer faga. Viss det er kunnskap om det kollektive (kven vi er, kven som har makt) ein vil produsere, så er det ikkje eit omfattande forskarkollektiv som er best eigna til å framskaffe denne kunnskapen, men ein konsentrert kjerne av ein eller få spesialistar med spesielle talent. Av desse er det

derfor berre den andre informanten som gir det tverrfaglege stor verdi, og som gjer det ved å godkjenne alle samfunnsfaga som deltarar i det same kollektivet.

"Fjerne samfunn og kulturar", "samfunnsfaga", "spesialisten", – ser ein forskingsprosessen som ein situasjon der det rår uvisse om kva veg som er den rette for å oppnå kunnskap og innsikt og som kan produsere det beste biletet av "kven vi er" – kan ein også sjå storleikane som vegvisarar i prosessen. Ikkje berre viser dei vegen; aktørane som hentar dei fram gjer også forsøk på å overtyde ved å "selje" sin delegat ved å vise til kva bragder dei tidlegare har utført og ved å peike på kva for feiltrinn konkurrentane har gjort og kjem til å gjere. Teoriar om stamme samfunn, eit etnografisk miljø og unge internasjonale forskingsstjerner gir argument for og legitimitet til ulike vegval i denne situasjonen av uvisse. Også i forskingsprosessen går fagutvikling føre seg ved å binde bestemte storleikar saman med verdifulle ordningar, personar og historier.

MEN ER DET DØME PÅ FORSKINGSPROSESSAR DU HER HAR GRIPE TAK  
I? I BESTE FALL ER DET VEL SKILDRINGAR AV PROSESSEN DU  
REFERERER, DER PROSEDYRENE BLIR IDEALISERT OG TYPIFISERT I EI  
FORM DET ER MOGLEG Å FRAMSTILLE VERBALT. DESSUTAN ER DET  
VEL FRAMLEIS MOGLEG Å HEVDE AT FORSKARAR UTFØRER  
ANALYTISKE OPERASJONAR UNDERVEGS I EIT FORSKINGSARBEID SOM  
IKKJE GÅR UT PÅ Å ETABLERE EKVIVALENS MELLOM EKSISTERANDE  
ORDNINGAR OG TING, MEN SOM ER KREATIVE UTTRYKK FOR  
NYTENKING?

Det er i alle fall ei misforståing dersom forskingsprosessen, slik eg har framstilt den her, blir oppfatta som utan potensiale for kreativitet. For alle "ting" som er av interesse for samfunnsforskarar – kulturskilnader, politikk, system, handling, regulering, kjønn, beslutningar, språk, risiko, etnografi, spelteori, kroppen vår og korrespondanseanalyse – er det eit utsal vegar fram til å gjere dei interessante for andre, og det er alltid mogleg å gjere det på nye og uvanlege måtar. Likevel; Skal desse nye og uvanlege måtane bli vurdert som noko anna enn idiosynkratisk tankespinn må dei bli sett som relevante for noko som mange har felles. Oppnår ein det, er det nye og uvanlege noko positivt og verdifullt, klarer ein det ikkje, er det eit mislukka prosjekt.

Når det gjeld kva status utdraga mine ovanfor har, er det rett at dei først og fremst er skildringar av forskingsprosessen som vektlegg korleis denne ideelt sett burde gå føre seg. Men sjølv dersom ein set sokjelyset på modusen den individuelle forskaren er i under eit arbeid, med frustrasjonar, tilbakeslag, lysglimt og gjennombrot, meiner eg det er rimeleg å hevde at "ideala" som blir skildra dannar rammene for denne aktiviteten og gir form til kva for problem eller suksess ein møter.

## Fagutviklingsregime

Ein viktig teoretisk inspirasjon til denne avhandlinga er Boltanski og Thèvenot sin pragmatiske sosiologi om kritisk kapasitet. Den mest komprimerte framstillinga av elementa i denne sosiologien finn ein i kapittel 1. Det ein lett merkar seg ved hos Boltanski og Thèvenot er "the orders of worth", nærmare bestemt dei seks regima som kvar inneheld prinsipp for tileigning av verdi/ storleik. Eg har tidlegare gjort klart at desse verdiregima ikkje utan vidare kan danne faste rammer for kva ein kan vente å finne i ein studie av eit universitetsfakultet i Noreg. Dette ligg som eit sjølvsagt poeng hos Boltanski og Thèvenot sjølve, når dei framhevar den historiske konstruksjonen av regima. Likevel er det heller ikkje slik at ein heilt kan sjå bort frå dei. Tilnærminga som munnar ut i desse regima er meint å vere eit "... research programme that aims at analysing the knowledge forms of the social configurations of twentieth-century modernity with a view to understanding the relation between the academic social sciences and those practical forms of knowledge." (Wagner 1999: 342). Eit program som famnar så breitt må ein også forvente skal kunne ha relevans for konkrete forskingsprosjekt innafor denne moderniteten. Derfor er det på sin plass å prøve å etterspore moglege parallellar eller samband mellom ordningane eg har identifisert ovanfor og dei seks "common worlds" hos Boltanski og Thèvenot.

Sjølv om eg som ein forskingsstrategi har venta med å bruke dei seks regimene som fortolkingskategoriar i møte med det empiriske materialet – og slik sett halde det opent om dei er brukande som karakteristikkar av grunngjevingsformene mine informantar nyttar seg av – har det likevel vore viktig å halde fast ved den analytiske tilnærminga som kan hjelpe fram identifisering av verdiregime. I den grad dei skil seg frå "inspired", "civic", "industrial", "opinion", "market" og "domestic", skal ordningane eg har konstruert derfor likevel vere mogleg å vurdere mot Boltanski og Thèvenot sine, fordi dei forsøksvis er resultat av same analytiske prosess. Det er

snakk om ei tilnærming som prøvar å unngå både formal universalisme og uavgrensa pluralitet, "... by considering the possibility of a limited plurality of principles of equivalence which can be used in order to support criticisms and agreements" (Boltanski og Thèvenot: 365). Dessutan er det ei tilnærming ikkje har avsløring og kritikk som drivkraft, men som prøvar å vise kva for kritiske repertoar aktørar gjer bruk av.

Ein skilnad mellom prosjekta er sjølvsagt omfanget av den røyndomen regima er meint å vere relevante for. I prinsippet er det vanskeleg å fastleggje dette klart, både i mitt og Boltanski og Thèvenot sitt tilfelle, fordi det ikkje er eit mål innafor dette perspektivet å "lukke" rommet for fortolking ved å tilskrive bestemte former for logikk eller handling til bestemte institusjonar eller samfunnsområde, verken i forkant eller etterkant av det analytiske arbeidet. Ut frå bestemte funn i studiet av eit område eller objekt, kan ein ikkje slutte seg til kva ein vil finne eller ikkje finne, i studiet av eit anna. Men tar ein det empiriske materialet som ein indikasjon på kva for ambisjonar forskarar har i forhold til å gjere funn generaliserbare, er mitt prosjekt opplagt mindre ambisiøst enn forskingsprogrammet til Boltanski og Thèvenot. I denne avhandlinga har det vore snakk om å arbeide opp ei forståing av kva for verdiar og konvensjonar som er viktige for aktørar ved eit norsk samfunnsvitskapleg fakultet. Søkjelyset har også vore på problemstillingar som tilsette ved universitetet er, eller har måttå vere, særskilt opptatte av; evaluering, styring og planlegging av fagleg aktivitet. Sjølv om det frå dette er mogleg å spekulere rundt eventuelle samanhengar eller skilnader i høve eit særskilt "norsk" repertoar av verdiregime (t.d. eit egalitært?), kan slike synsmåtar vanskeleg bli anna enn nettopp spekulasjon. For å gjere slike koplingar meir overtydande, ville det vere nødvendig å ta inn i biletet typar av empiriske representasjonar av slike meir allmenne kulturelle trekk ved det norske samfunnet. Historiske, idehistoriske eller politiske analysar av norsk kultur og samfunnsliv, kunne tenkjast som kandidatar for eit slikt føremål. Når eg ikkje har gjort bruk av denne formen for empiri, så har det med arbeidsomfanget å gjere, men også fordi eg har hatt eit ønske om å la aktørane sine framstillingar spele ei stor rolle i konstruksjonen av verdiregima. Boltanski og Thèvenot er slik sett mindre forsiktige i utskiljinga av dei seks "orders of worth": Disputtar frå daglegdagse "kritiske situasjonar" blir forstått i samanheng med "udødelege" verk innan politisk filosofi (Jfr. kap 1.). Dermed har dei ein type empiri i prosjektet sitt som gjer at det framstår som eit ambisiøst forskingsprogram av den typen Wagner skildrar ovanfor. Dei seks

regimene er uttrykk for viktige verdirepertoar i "moderniteten", eller for sentrale delar av denne, og må dermed vere adekvate også for å forstå "norske forhold"<sup>48</sup>.

Mange av emna eg har vore innom i kapitlet ser ut som sjølvsagte og tilforlatelege trekk ved samfunnsvitskapen: Forsking om norske samfunnsforhold treng justering og tilpassing for å vere relevant i utanlandske forskingsforskarar vil halde på autonomi i høve styresmakter og administrasjon, for å forstå noko må ein trekke vekslar på ekspertise og ha avstand til det ein vil forstå. Men analysen av denne varierte samlinga av ordningar har vore eit forsøk på å følgje perspektiva som vart diskuterte innleiingsvis inn i kapitlet. Dei kjende objekta og ordningane framstår dermed på bestemte måtar. Dei blir sett som reiskapar, objekt og ordningar som blir mobiliserte i eit arbeid med å halde ved like, konkurrere med, eller skape nye faglege prosjekt.

Ein konsekvens av å studere caset evaluering og fagutvikling ved eit universitetsfakultet, er at analysane må ta utgangspunkt i tema og saker som aktørar kjenner og er engasjerte i. Verdiregimene som kan bli konstruerte på basis av dette har i utgangspunktet status av å vere lokale, "feltspesifikke" verdiar og ordningar. Dei kan eventuelt vere versjonar av meir allmenne verdiregime, men under arbeidet hittil har eg prøvt å ikkje la forestillingar om slike styre konstruksjonen av dei lokale ordningane<sup>49</sup>. Som lokale og historisk spesifikke ordningar ber dei vidare preg av å vere tidvis utsydelege, eller overtydelege, resultat av kompromiss eller i endring. Det er altså ikkje noko ryddig og ferdig bilet som kjem fram. Sjølv med slike etterhald meiner eg det er mogleg å identifisere eit dominerande offentleg verdiregime i spørsmålet om fagutvikling ved SV-fakultetet, og i tillegg nokre kritiserande eller alternative regime. At regima er offentlege er viktig å understreke, ikkje minst som eit metodisk poeng – det er verdiar som blir synlege ved at aktørar engasjerer

---

<sup>48</sup> Føresetnaden er likevel at Latour sin tese om at "Vi har aldri vært moderne" (Latour 1996), ikkje er meir treffande på Noreg, og nordmenn, enn på andre vestlege kulturar. Dette er vel lite sannsynleg, trass i Latour sin entusiasme over termen "Storting" som nemning på det norske parlamentet. Latour, som m.a. argumenterer for skipinga av "tingenes parlament", der ein på sett og vis bør føre tingningar med ting, vart gjort merksam på dette fengslande samantreffet av professor Knut Sørensen ved NTNU. (Innlegg ved Latour på norsk-fransk sosiologiseminar i Paris, hausten 2000)

<sup>49</sup> Ei slik tilnærming kan ein seie er ein versjon av det etnometodologiske prinsippet om "unique adequacy" (Jfr. kap. 3 og kap. 6). Meir generelt kan ein seie at det ein taper av oversikt og orden i ei slik "aktørnær" framstilling, kan ein ta igjen i form av meir praksisnære, men altså meir uryddige, representasjonar.

omgivnadene som ein offentleg, allmenn storleik (Sjå kap. 4 for innblikk i eit alternativt engasjement).

Det dominerande regimet for samfunnsvitarar i Bergen er det "meritokratisk kosmopolitiske". Som forskarar må samfunnsvitarar kvalifisere seg som dyktige utøvarar av vitskap, og i høve eit slikt arbeid er det utarbeidd realitetstestar. Eit forskingsarbeid er god vitskap dersom det skriftlege uttrykket for det blir gitt merksemd av påakta aktørar og instansar langt borte frå miljøet det blir skapt i. Publikasjonar på engelsk, eller andre framandspråk, invitasjonar til forskingsopphold og føredrag, vertskap for gjesteforskarar og bistillingar ved utanlandske universitet er objekt og ordningar som gir høg verdi i regimet. Eit universitet, fakultet eller institutt kan passere og kome godt ut av ein slik test ved å ha ein høg del av desse ordningane, men i siste instans er det einskildforskarar eller små samlingar av slike som blir prøvde i denne testen. Derfor er det ein test som oppmodar til å handle individuelt; på eiga hand mobilisere ressursane som skal til for å fange interesse for det ein held på med. Dette arbeidet inkluderer også å iverksetje ressursar som skal til for å få arbeidet til å framstå som individuelt<sup>50</sup>.

At dette regimet er dominerande, tyder verken at det kan fungere som ei skildring av den mest vanlege arbeidsforma mellom dei vitskapleg tilsette, eller at det ikkje finst kritiske røyster mot det. Det er dominerande i den forstand at det er noko aktørar enten prøvar å strekke seg etter, eller som dei gir som oppskrift for eit suksessfylt forskartilverke. Ein skilnad finst altså mellom dei som positivt sluttar opp om regimet, og dei som er villige til – frå deira ståstad – å vere mindre suksessrike, gjennom å vektlegge andre aspekt ved aktiviteten. Men det finst få alternative analysar av kva som gir "storleik" for samfunnsforskarar. Regimet er eit utprega vitskapleg regime, dvs. at det er som produsentar/ finnarar av ny kunnskap innan det som blir forstått som faglege og vitskaplege rammer, aktørar kan gjere seg store her. Andre omsyn, som politiske, regionale eller pedagogiske høyrer ikkje heime i dette regimet, sjølv om dei til tider let seg passe inn som sideaktivitetar og biprodukt av dei verdifulle handlingane.

---

<sup>50</sup> Sjå Latour og Woolgar 1986: 168 – 174, for gode skildringar av slike prosedyrer ved eit naturvitenskapleg laboratorium.

I eit bergensk og for så vidt norsk perspektiv er det i seg sjølv eit interessant spørsmål i kva grad dette representerer ei endring innan samfunnsvitskapen, og i så fall kva for ordningar og investeringar som har hjelpt fram eit slikt skifte. Analysen i avhandlinga indikerer at ei endring har skjedd: Informantar nemner at talet på publikasjonar pr. tilsett jamt over har auka, at det no er viktigare kva tidsskrift ein publiserer i, deltaking på internasjonale konferansar er heilt nødvendig for å halde seg fagleg oppdatert, og dei som oppgir å ikkje ha tid eller krefter til å følgje opp dette, har "dårleg samvit", sjølv om dagen elles er fylt opp av datainnsamling, litteraturstudier, lokalt samarbeid, fagleg formidling, administrasjon og undervisning. Kritiserande regime, som eg har eksemplifisert gjennom "normativ/ regional", "feministisk" og "vørldnadsbasert" kritikk, er ikkje ulike nok, eller sterke nok, til at dei representerer eit trugsmål mot det rådande regimet.

Det "meritokratiske" i det dominerande regimet ligg i den einsidige vektlegginga av prestasjonar i form av publikasjonar og siteringar i prestisjefylte tidsskrift. Det er "kosmopolitisk" fordi distansen det vitskaplege arbeidet må reise for å oppnå høg verdi (i internasjonale tidsskrift), ikkje blir sett som eit problem. At det er skilnader på vitskaplege arbeid ut frå kva for lokale kontekstar dei er produserte under, er sett som så lite vesentleg (viss det blir sett i det heile), at det berre med nokre enkle grep fordampar. Ein kan seie dette er ein eigen versjon av forestillinga om "det spesielle" ved vitskapen: Andre kulturar, kulturytringar, tankeformer, samfunnskonstruksjonar, m.m. er spesielle for områda dei finst i og må bli forstått med utgangspunkt i studiar av desse. Ikkje slik for vitskaplege arbeid. Det spesielle er at dei ikkje er spesielle<sup>51</sup>.

Boltanski og Thèvenot sine seks verdiordenar er i prinsippet gjensidig inkompatible og ureduserbare, men kompromiss mellom dei kan skje i handling (Wagner 1999: 343). Omsett til regima Boltanski og Thèvenot identifiserer, kva for orden er dette meritokratisk kosmopolitiske regimet? Er det kanskje eit kompromiss av

---

<sup>51</sup> I eit essay om korleis ein kan utføre etnografiar av moderne tenking, skildrar Clifford Geertz (1993) grupper av akademikarar, uavhengig av nasjonalitet, filosofar, kjemikarar, litteraturkritikarar, osb. som "... not that much larger than most peasant villages and just about as ingrown". ... "From such units, intellectual villages if you will, convergent data can be gathered, for the relations among the inhabitants are typically not merely intellectual, but political, moral, and broadly personal (these days, increasingly, marital) as well." (Geertz 1993: 157). Argumentet til Geertz går her på at ulike fagdisiplinar tar form av kulturelle grupperingar med tilhøyrande tankesett som ein må ha innsikt i for m.a. å forstå forhold som mobilitetsmønster, politisk orientering osb. Men ei slik påpeiking av diversitet innan "modern thought", bør også gjelde skilnader som oppstår gjennom danningen av fagdisiplinar innan lokale, regionale kontekstar.

verdiordenar? At det må vere eit kompromiss verkar rimeleg, fordi ingen av dei seks fullt ut ser ut til å dekkje alle aspekt ved det. Regimet av kjennskap/ opinion ser ut til å vere viktig. Verdi blir tileigna på basis av kor kjent ein er, ein kjennskap ein oppnår ved å "nå ut" til det rette publikumet. Formidlingsmediet for kjennskapen er også semiotisk, hovudsakleg gjennom skriftlege produkt. Men det er ikkje kva som helst form for berømtheit, som gir verdi. Det er den ein får innan spesialiserte miljø av ekspertar. Vidare er det krav om at mange, helst ein jamn straum, av publikasjonar skal lukkast i høve eit slikt ekspertpanel. Dette er eit innslag av effektivitet og planmessigheit som indikerer element frå eit industrielt regime. Men knytt til dei som oppnår høg verdi i regimet, er også ideen om noko kreativt, originalt og skapande, kvalifikasjonar som høyrer inn under eit inspirert regime. Å bli namngjeten, vere effektiv og vise kreativitet. Ein kan leggje eit karriereperspektiv på dette, der dei industrielle elementa framstår som særleg viktige tidleg i ein forskarkarriere, før storleik blir oppnådd i opinionsregimet, der ein av dygdene som er inkludert er å vere kreativ. Ein kan tenke seg andre samanhengar i kompromisset mellom desse regima, men det ser ut som desse tre er verksame. Ein kan også sjå likskapar med det Boltanski og Chiapello kallar ein "prosjektorden" (Boltanski og Chiapello 2002, Boltanski 2002). Her er det aktivitet i nettverk som gir storleik: "Life is conceived as a series of projects, all the more valuable when different from one another. What is relevant is to be always pursuing some sort of activity, never to be without a project, without ideas, to be always looking forward to, and preparing for, something along with other persons, whose encounter is the result of being always driven by the impulse of activity." (Boltanski og Chiapello 2002: 10). Denne ordenen, som framleis er i emning, er identifisert i eit studium av ein "ny kapitalistisk ånd", og er uttrykk for at kapitalismen har tilpassa seg og vore lydhør i høve ein type "artistisk" kritikk, medan "sosial" kritikk meir og meir har mista legitimitet (Boltanski 2002). Eg har ikkje grunnlag for å vurdere alle aspekt ved ein slik prosjektorden i høve samfunnsvitarar i Bergen, men ein del element i den let seg finne igjen i den "meritokratisk kosmopolitiske" ordenen. Verdien av å arbeide i nettverk, helst i ein internasjonal, "fjern" form, er viktig i begge. Sjølve nettverksorganiseringa, med individuelle, skiftande relasjonar og (dermed) ei devaluering av institusjonar og gruppedanningar som er regionale og har ein klar formell hierarkisk struktur, er også karakteristisk for dei to regima. Informantar vurderer ikkje universitetet, fakultetet eller instituttet som nokon sjølv sagt kontekst for utvikling av forskingsprosjekt. Det er

meir viktig å "følgje med" i det som skjer internasjonalt, og eventuelt alliere seg med lokale kollegaer som har same interesse. (Jfr. også Readings 1996).

Som sagt er det meritokratisk kosmopolitiske regimet dominerande som eit ideal for enkelte tilsette og ein ideatype for andre. Dei fleste må også ta andre omsyn i arbeidskvarden enn å halde oppe og opparbeide storleik i internasjonale nettverk. Denne meir kvardagslege og praktiske dimensjonen ved arbeidet kan også bli sett som "regulert" av prosjektordenen. Særleg er det lett å sjå ordningane for forskingsfinansiering som meir og meir i tråd med "grammatikken" i prosjektordenen. Informantar er tidvis indignerte over dei relativt kortvarige programma og prosjekta som blir initiert av forskingsrådet o.l., ofte med problemformuleringar og tematikk som fagmiljøa sjølv ikke har nokon større innverknad på. Kortsikte prosjekt tyder hyppige skifte i typar av forskingsprosjekt, der ein stadig må lese seg opp på nytt og etablere nye kollegiale relasjonar, vel vitande om at det felles tiltaket er kortvarig. I ein slik situasjon blir det avgjerande å vere fleksibel, tilpassingsdyktig og å kunne kommunisere lett innan skiftande relasjonar. Meir varige band mellom personar og institusjonar har liten verdi og blir vurdert som noko rigid og vanemessig.

I analysen av kritikken mot det dominerande regimet har eg vurdert den feministiske kritikken som "intern", fordi den først og fremst påpeikar det som blir oppfatta som feil eller manglar ved verdivurderingar innan regimet. Dersom ein ser kritikken primært som eit forsøk på å utvide interesseområda for fagdisiplinar, kan ein likevel relatere denne kritikken til det sivile regimet i Boltanski og Thèvenot sitt skjema. Vurdert slik, er kritikken meir i tråd med feministisk kritikk slik den har fått uttrykk i politikk, arbeidsliv og vitskap meir generelt, som kritikk av ulike institusjonar sin tendens til å forvalte interessene til berre halvparten av menneskeætta. Ein liknande kritisk kapasitet kan sjølvsagt ligge i "klassebasert" kritikk, noko som forresten er fråverande som offisielt kritikkregime i materialet mitt.

Den andre kritikken, som hentar styrke frå eit "vørdrnadsregime", har flest likskapstrekk med "the domestic regime" hos Boltanski og Thèvenot, og er slik ein meir radikal, "ekstern" kritikk. Universitetet blir i dette regimet ein ekvivalent til "storfamilien", der medlemmer tar vare på kvarandre ved gjensidig respekt og gjennom å følgje opp og markere tradisjonelle ritual. Som offentleg regime står dette sterkt berre i bestemte situasjonar; familieoppav eller tilhøyr, å vere tradisjonsberar

eller å vere representativ (å "ha style"), kan ikkje auke verdien av ein forskar eller eit forskingsprosjekt.

I analysen av kva verdiar som har relevans i samfunnsfagleg kunnskapsproduksjon, ein analyse eg gjer med utgangspunkt i diskusjonar rundt komparasjon og tverrfaglegheit, er det det sivile regimet som står fram. Perspektiv og prosjekt som representerer det kollektive er "store", medan prosjekt som berre er uttrykk for enkeltgrupper sine perspektiv, er "små". At samfunnsforsking handlar om å representer og forvalte "det kollektive" er eit sentralt poeng hos fleire analytikarar av samfunnsvitskapen (m.a. Bauman 1987, Latour 1996, Wagner 1998), og ein finn det også igjen i meir praktiske samanhengar, som i orienteringar til nye studentar (Jfr. studiehandboka for SV- fakultetet, UiB). Men det er ulike måtar å få i stand slike representasjonar på. Ein veg er å dra vekslar på andre, framande kulturar eller å prøve å unngå utviklinga av spesialiserte bindestreks- disiplinar. Ein annan er å spesialisere disiplinar og gi oppdraget til få, framståande personar.

Samla er det ei kompleks samling av ordningar og verdiar som kjem fram. Eg har lagt størst vekt på å ha eit "aktørnært" utgangspunkt for å finne fram til regime som gir form til fagleg verksemd ved fakultetet, dvs. at Boltanski og Thèvenot sine regime blir prøvd mot dei "lokale" ordningane først etter at desse er konstruert.

Som konklusjon på kapitlet vil eg peike på to moglege måtar å forstå det eg har kalla det dominerande regimet.

Det første dreiar seg om kor stabilt det er. For informantane er det til dels stor avstand mellom "verdifulle" handlingar og "vanlege" handlingar. Det er meir vanleg å gjere seg budd på ei forelesingsrekke enn å publisere internasjonalt, det er oftare ein arbeider med emne som har relevans i ein nasjonal kontekst enn ein internasjonal, og lokale nettverk og kontaktar, sosiale og finansielle, er meir brukte enn dei globale.

Dersom denne avstanden mellom "ideal og realitet" ikkje alltid har vore like stor, eller at den har bestått av andre ideal og andre realitetar, kan det vere rimeleg å lese dette som uttrykk for pågåande endringsprosessar ved SV- fakultetet. Verdiar som tidlegare har stabilisert fakultetet og legitimert dei vitskapleg tilsette der – utdanning/ pedagogiske oppgåver og regional eller nasjonal kunnskapsutvikling/ lokal publisering – er under kritikk, og ikkje minst er det dei tilsette sjølve som utformar denne kritikken. Utviklingstrekk som informantar framhevar, som krav om meir vektlegging av studentar sine "behov" og meir "policyrelevans", kunne blitt tatt til

støtte for nokre av dei "gamle" verdiane, men blir heller kritisert med basis i ein appell til "fri forsking". Tilsette er skeptiske til det dei oppfattar som eit overdrive omsyn til "brukarbehov". Denne reaksjonen må sjølvsagt lesast i samanheng med det tilsette oppfattar som ein kritisk situasjon for "fri" vitskapleg forsking, men holdninga fell uansett saman med den generelle oppfatninga av kva som gir verdi i samfunnsvitskapen. Det er ordningar, objekt og allierte som gjer ein "internasjonalt konkurransedyktig" som blir lagt vekt på. Men det er verd å merke seg at denne formen for internasjonal konkurransedugleik ikkje er basert på konkurranse om verdas studentar eller det å gi Noreg økonomiske fordelar gjennom nyskapande forsking, slik forskingspolitikarar, utgreiarar og evaluatorar ofte tenkjer seg det (sjå m.a. NOU 2000: 14: 101- 104, 73- 78). For å bruke Boltanski og Thevenot sine termar er det konkurranse innan "the world of renown" som regulerer verdiane, ikkje "the market world". Om det etterkvart vil utvikle seg større konvergens mellom dei dominerande verdiane til samfunnsforskarar, den daglege praksisen deira og behov eller ønske frå utdanningsstypesmakter og studentar, kan berre den historiske utviklinga gi svar på. Men utviklinga må uansett skje med eit sterkt meritokratisk kosmopolitisk regime som ein av ingrediensane i prosessen.

Ei anna oppfølging av identifikasjonen av dette dominerande regimet, er i kva grad det stadfestar inntrykket av at særskilde interne verdiar og normer regulerer vitskapleg aktivitet. Det er eit regime som verdset arbeid og prosjekt som er kvalitetsstempla av påskjøna forskarar, tidsskrift og universitet gjennom siteringar, publikasjonar og invitasjonar. Det beste argumentet når fram, uavhengig av stilling og bakgrunn til den som argumenterer, og uavhengig av kva for kontekst det blir framsett i. Er ikkje dette spesielt for den vitskaplege aktiviteten? Eit positivt svar på dette spørsmålet er avhengig av at ein ser bort frå konstruksjonsarbeidet som ligg bak dette "spesielle". Prøvar ein å få innsikt i konstruksjonsarbeidet, som nødvendigvis involverer studiar av kva eller kven forskarar re- presenterer, og kva ordningar som hjelper fram desse representasjonane, framstår det spesielle som ein konsekvens av dette arbeidet. Slik sett er samfunnsforskning politikk, ein politikk som med "andre middel" enn politisk filosofiske (Wagner 1998), både etablerer oppfatningar om samfunnet og verkemidla som gjer desse oppfatningane meir gjennomslagskraftige enn andre. I studien min kan ein sjå dette gjennom at "alle" aktørar vil representera spørsmål og interesseområde som er av kollektiv interesse (gjennom eit sivilt regime), medan autoriteten til

representasjonane blir fastsett gjennom ordningar som (gjennom eit opinionsregime) klargjer kva som er god, allmenngyldig vitskap og kva som ikkje kan bli transportert ut av det lokale og spesifikke.

Dette kan ein hevde utan å ha sagt noko om kvaliteten, i tydinga sanningsgehalt, av samfunnsvitskapen sine representasjonar. Følgjer ein perspektivet eg har lagt til grunn i kapitlet, er "representasjon" i grunnen berre delvis dekkjande for kva samfunnsvitskapleg aktivitet dreiar seg om. Dersom å representere noko berre tyder å reflektere samfunnet, misser ein merksemda på det som blir trekt frå og lagt til i prosessen. Dessutan går ein glipp av ei forståing av kva samfunnsvitskapane sjølve medverkar med i skapinga av samfunnet. Like mykje som samfunnet blir representert av samfunnsvitskapen, blir det omsett av den, og samfunnet får gjennom dette ordna, varige, oppløyselege eller fragmenterte eigenskapar. Desse eigenskapane er konsekvensen av, og ikkje årsaka til dei ulike samfunnsvitskapane si handsaming av samfunnet. I dette biletet – der samfunnsvitskapane utgjer "... in large part the stuff out of which socialness is made" (Latour 1999a: 5) – blir det irrelevant å spørje kor sanne representasjonane er. Omsetjingar kan vere meir eller mindre truverdige, men dommen over dette baserer seg på "prov" som blir stilte opp, og kva evner desse har til å overtyde oss.

## Kapittel 4

### Det familiære

*"An average mind or an average man, with the same perceptual abilities, within normal social conditions, will generate totally different output depending on whether his or her average skills apply to the confusing world or to inscriptions." (Latour, 1990: 47)*

I artikkelen "Drawing things together" ser Latour på det som "generate the most out of the least" i forhold til å forklare og definere den moderne vitskaplege kulturen (Latour 1990). "Skriving" og "biletkunst/ biletproduksjon" ("imaging craftsmanship") er etter hans syn gode kandidatar for eit slikt føremål. Dei er praktiske, materielle, kvardagslege og sjølvsagte handlingar, som likevel har vidtrekkande konsekvensar for organiseringa av moderniteten. Dei er uunnverlege reiskapar i produksjonen av "immutable mobiles", dvs. objekt og former som let seg flytte på frå stad til stad og kontekst til kontekst, samstundes som dei hovudsakleg held på eigenskapar som gjer dei presentable, forståelege, moglege å samanlikne og kombinere. Slike "ting" kan spele avgjerande roller i tvistar om kva for som er dei rette eller mest verdifulle framstillingane av verda, fordi dei aktiverer noko generelt og allment, noko "alle" må rette seg etter dersom dei berre forstår at tingen re- presenterer noko større enn det som ligg i enkeltepisodar eller berre *ein* situasjon.

I høve det teoretiske skjemaet til Boltanski og Thévenot har analysen Latour utfører av "immutable mobiles" relevans for handlingar og strategiar innan regimet av rettferdigjering og legitimering ("regimes of justification"). Begge perspektiva omhandlar handling som blir utført i, og som får støtte frå typar av offentlege kontekstar<sup>52</sup>. Dei to førre kapitla har vore forsøk på å omsetje dette skjemaet til ein kontekst av notidig bergensk samfunnsvitskap. Kapitlet som no tar til skal omhandle saker og tema som har eit meir uklart forhold til den felles verda av offentleg argumentering og legitimering. Medan tema i dei førre kapitla – evaluering, universitetet som ein "spesiell stad", organisering, føremål, m.m, av aktørane vart prøvt kopla saman med allment kjende storleikar for å etablere konvensjonelle fortolkingsprosedyrar i handsaminga av dei, er emna som no kjem opp forstått på ein

<sup>52</sup> Som det også tidlegare har blitt gjort greie for relaterer "det offentlege" her seg til allment kjente verdiregime, som ikkje (nødvendigvis) er formaliserte og gjort kjent gjennom nedskrivne reglar eller dygder, men som eksisterer som allmenne fortolkings- og forklaringsskjema hos aktørar i historia.

annan måte. Det er større uvisse i forhold til om det finst ekvivalentar i det offentlege som dei kan alliere seg med, og som kan gjere dei eigna for prøving mellom domena i verda (og verdene) alle har felles. Mao. kjem eg her inn på emne, problem og saker som ikkje direkte eller utan vidare kan bli analyserte som heimehøyrande innan rettferdsregime. Dei blir sett på som spesifikke særdrag ved ulike fag eller andre grupperingar, som det krev eit større arbeid å legitimere eller forklare ut frå felles samfunnsmessig verdigods. Sakene som kjem opp grensar i større grad mot typar av "familiære" regime.

Nokre ord må seiast om desse regima, forholdet mellom dei og forståinga av dei i dette prosjektet. Eit viktig skilje mellom legitimerings-/ rettferds- regime og familiære regime er rett og slett at ein innan det siste manglar eit publikum av dommarar og observatørar som ein kan appellere til (jfr. Wagner 1999: 347). Kanskje er dette til og med det viktigaste skiljet mellom regime- formene, fordi det elles ikkje finst noko prinsipielt i vegen for at eit emne, ei sak, eit objekt frå det familiære kan ende opp i ei form som let seg handsame av eit eller fleire rettferdsregime. Betydninga av det "familiære" er verken at det omhandlar problem mellom menneske som er i slekt, eller at sakene i dette regimet er for private eller "pikante" til at dei eignar seg for det offentlege lys, sjølv om det også kan dreie seg om slike ting. Ut over det manglande publikumet, er det som særkjerner det familiære at problematikken i det på eit bestemt tidspunkt blir sett som *for* samansett og lokalt basert til at den er mogleg å få oversikt over og sortere for utanforståande. Men dersom det er krav om det eller ønskeleg, er det mogleg å arbeide seg fram til, eller omarbeide denne problematikken til ei sak som også kan bli prøvd offentleg, sjølv om dette på sett og vis inneber "... destroying a fair amount of the familiar capacity of the complex web of habitat." (Boltanski og Thévenot 1999:...). I visse tilfelle kan ein altså sjå det familiære regime og regime basert på legitimering som eit kontinuum, der tema blir, eller ikkje blir omsett frå det eine til det andre. Eit par opplagde døme på eit slikt skifte kan vere at ein uoverenskomst blir definert som ein "arbeidskonflikt" e.l., og prøvt løyst med assistanse frå profesjonell kompetanse, eller at eit menneske går til psykolog for å sortere problema sine. Skifte som dette krev m.a. nettopp at sakselementa blir gitt form som "inskripsjonar"- noko ein kan re- presentere, måle, samanlikne og kombinere. I ei rørsle frå det familiære til det offentlege ligg det reduksjon av kompleksitet og ei forstørring av element som eignar seg særskilt for grunngjevings-

og legitimeringsdiskusjonar. Denne bruken av "ekvivalensprinsippet" er normalt ikkje naudsynt innan familiære regime.

Det offentlege rettferdsregimet som liknar mest på det familiære er "the domestic regime", fordi ein i dette finn mange av dei same objekta som også blir engasjert i det familiære. Folk ein kjenner og har hatt relasjonar med lenge, "tradisjonar", lokale og "heimlege" ordningar og objekt ein har tillit til (utdanningsstader, vennskaplege nettverk, bygningar), - alt dette er storleikar som spelar viktige roller i både det familiære og det "heimlege" regimet. Men den viktige skilnaden mellom desse regima ligg i måten aktørar går til slike element på, og i måten dei blir brukte på. Elementa kan bli mobiliserte som støtte i ein offentleg disputt der aktørar treng legitimering, men dei kan også danne kvardagslege omgivnader som ein må finne seg til rette i frå dag til dag. I det første tilfellet sorterer dei under det heimlege rettferdsregimet, i det andre under det familiære.

I artikkelen "L`action qui convient", viser Thèvenot at individuell handling kan bli spesifisert etter ulike nivå (Thèvenot 1990, referert i Dodier 1993). Denne spesifikasjonen baserer seg på å sjå handling i ein kontekst av adekvate handlingar (appropriate actions), dvs. at dei blir vurderte som meir eller mindre vellukka. På det lågaste nivået er folk fysisk involverte i relasjonane sine til ting – eit domene kalla "personal convenience". På det neste har ein "acceptable actions" som involverer at handling blir koordinert mellom fleire menneske, og til sist, på det høgste nivået blir ting forstått og vurdert etter "collective conventions" for rettferdigging. I Wagner (1999: note 7) blir det familiære regimet (dei to lågare nivåa) relatert til individua sin personlegdom, gjennom at element i "miljøet" utgjer delar av og er bunde sterkt saman med personlegdomen.

Dette indikerer at analyse av det "familiære" regimet potensielt kan omfatte heilt personavhengige, spesifikke måtar å forhalde seg til omgivnadene på som folk sjeldan eller aldri snakkar med andre om, men også stadium/ situasjonar som rommar prinsipp både frå familiære og offentlege regime. I kapittel 2 viste det seg at argumentasjon mot evaluering kunne ta utgangspunkt i analyse av særtrekk ved, eller motiv hos ein eller fleire bestemte personar som administrerte tiltaket, men også i ei "avsløring" av kva for rettferdsregime som leverte verdiane til evalueringstiltaket. Mao. har eg allereie støtt på "det familiære" i analysen av kva for verder som vart mobiliserte i forståinga av evalueringstiltaket, - noko som også illustrerer eit teoretisk

poeng hos Boltanski og Thèvenot; at menneske skiftar mellom desse regima og at elementa i dei får ulik karakter i forhold til kva for verdiar som råder.

Den følgjande analysen vil på liknande vis røre ved fleire av desse regima, men med ei hovudvekt på det som Thèvenot kallar "acceptable actions" – som krev koordinering og samhandling mellom fleire menneske, men som ikkje (enda) er mogleg å grunngje ved "collective conventions" (allmenne/ offentlege rettferdiggeringsregime). Dels er dette fokuset valt/ gitt gjennom interessa for fagutvikling, ei interesse eg særleg i kapittel 3 har relatert til prosessar av å gjere fag, fagområde og fagpersonar "større". Frå å vere lokale og spesifikke kan faginteresser, metodar, studieløp og sosiale relasjonar mellom vitskapsaktørar bli store gjennom å gi dei former som kan etablere samsvar til fellesverdiar som går ut over den nære konteksten. Skiljet mellom dette og det førre kapitlet blir at dette i større grad tek utgangspunkt i informantar sine skildringar av den spesifikke samansetjinga av element i dei viktigaste nære omgivnadene sine, som oftast tyder skildringar av faginstitutta. Sjølvsagt meiner eg ikkje dermed at dette dannar utfyllande bilete av stoda i faga. Meir er det snakk om å gå nærmare inn på banda mellom nokre av dei elementa aktørane sjølve dreg fram for å karakterisere faga sine. Det vil alltid vere instituttmedlemmer som har andre oppfatningar av miljøet. Men poenget her er nettopp å vise fram døme på familiære former å forstå miljøet på, og å diskutere korleis desse spelar saman med, eller er isolerte frå typar av offentleg grunngjeving og rettferdigging.

Det er rimeleg å gå ut frå at denne spesifikke samansetjinga ikkje er konstruert og samordna kollektivt av instituttkolleget, og at det heller ikkje er eit, eller eit fåtal verdiregime som har forma det lokale fagmiljøet. Ein slik føresetnad blir også i stor grad stadfesta av informantar. Heller er det bitar av historie (tidlegare fagfelt), personar som er eller har vore tilsette ved instituttet, program som har blitt utlyste og iverksett, kjensla av fagleg og andre typar fellesskap i kollegiet og forståinga av fagleg aktivitet andre stader i Noreg eller i utlandet som dukkar opp i skildringane til dei tilsette. Dermed kjem det fram framstillingar som ein kan seie blir forstått med utgangspunkt i familiære regime. Likevel er det viktig å ikkje vere for "optimistisk" med tanke på å kunne gjenskape "modusen" aktørar forstår kompleksiteten og samanhengen i dei nære omgivnadene sine på. Som (relativt) utanforståande er

intervjuaren per definisjon, så og seie, utelukka frå ei fullt ut inkluderande forståing av aktørens "familiære situasjon". Igjen har dette å gjere med den løpende vurderinga og oppfatninga aktørar gjer seg av personar og situasjonar. Visse personar og situasjonar krev mobilisering av visse regime, og ein intervjuar/ forskar og ein intervju/ forskingssituasjon vil berre til ei viss grense gi rom for å framstille objekt, personar og relasjonar "familiært". Ein god kollega gjennom fleire år har ein meir direkte kontakt med det familiære perspektivet til ein tilsett enn ein ukjend forskar. Dette poenget kan ein seie gjeld generelt, i den forstand at både evalueringstiltaket og forskingsprosjektet om det i etterkant utgjer noko som blir bunde saman med eksterne, formelle forhold – og som derfor først og fremst mobiliserer offentlege rettferds/ grunngjevingsregime. Ikkje minst medverkar forståinga av evaluering, og kanskje også forskingsprosjekt meir allment, som noko som er problemorientert – kva kan ein gjere betre ved SV- fakultetet? – til ei slik "regime- prioritering". Både evaluerings- og forskingsprosessen introduserer dessutan eit "vurderande og observerande" publikum til forhold ved institutta som sannsynlegvis forsterkar tendensar til å tale under regime av rettferdigging. Skal ein snakke i store bokstavar kan ein dermed seie at forskingsprosjektet medverkar i ein "moderniseringsprosess" av fagmiljøa ved SV- fakultetet ved å kalle fram situasjonar der forhold som i utgangspunktet kan vere av ein "familiær" type skal bli gjort eksplisitte, synlege, forståelege og moglege å sortere. Når tilsette ved fakultetet framhevar at evalueringstiltaket (trass alt) hadde verdifulle sider, er det ofte det at forhold vart eksplisitte og oversiktlege dei siktar til.

SÅ DET DU SKAL GJERE NO SER ALTSÅ UT TIL Å VERE EI  
SJØLVMOTSEIANDE OPPGÅVE – Å FÅ TAK I LOKALE, SPESIFIKKE,  
PERSONLEGE FRAMSTILLINGAR AV FAGMILJØA FRÅ EIN  
INTERVJUSITUASJON SOM PÅKALLAR EIN FORMELL OG OFFENTLEG  
TALEGENRE? OG DERSOM DETTE LIKEVEL SKULLE VERE MOGLEG; KVA  
SKULLE EIGENTLEG VERE POENGET MED Å FÅ FRAM SLIKE  
SKILDRINGAR? SLIK DU HAR FASTSETT "FAGUTVIKLING", VIL JO IKKJE  
DESSE SKILDRINGANE OMHANDLE DETTE TEMAET. DEI VIL SNARARE  
HANDLE OM – KVA SKAL VI KALLE DET? – KVARDAGSLIVET VED  
INSTITUTTA, ELLER ULIKE PERSONAR SINE IDIOSYNKRATISKE  
OPPFATNINGAR OM ARBEIDSSTADEN SIN.

For å svare på det siste først, så er det fullt mogleg å sjå på informasjonen frå dei tilsette også på denne måten. Sjølv om utvalet mitt av tema og saksområde i dei ulike kapitla er basert på ein analyse av kva som kan seie mest om dei ulike regima og kva for saker som "utløyser" dei, så og seie, så er det ikkje tvil om at dette også har å gjere med kva for perspektiv ein ser skildringane frå. Igjen er det likskapar her mellom informantar og analytikar – alle kan kalle fram/ velje å sjå t.d. "fagleg styring" som ein politisk ideologi, som eit slumpmessig fenomen, eller som uttrykk for ein eller fleire personar sine viljar eller personlegdomstrekk. Men det er også likskapar mellom informantar og analytikar i det at verken den eine eller andre "handlingsmodusen" heilt er utan tildriv til *korleis* ein skal presentere det som går føre seg. Både samtaletema og situasjonar legg rammer for, eller gir signal til kva for fortolkningsskjema som skal bli sett i verk. Dermed vil eg også hevde at arbeidsoppgåva i dette kapitlet ikkje er så sjølvmotseiande likevel. Intervjusituasjonen er ikkje ein "rein situasjon", men ein fleirtydig, dvs. at dei inneheld element frå fleire verder. Som sagt er "krava" om å snakke under regime av rettferdiggjering sterkt framme i ein slik situasjon, men den gir også rom for å gi uttrykk for engasjement eller oppfatningar som informantar ikkje kan (eller vil) sjå på andre måtar enn som "spesielle": Karriæra mi har hatt eit slikt eller slikt forlaup, her på instituttet er vi prega av arven etter den eller den, vi er venner alle saman, den personen har stor arbeidskapasitet, det instituttet er litt sært, osb. Kanskje kan intervjuet som genre for å seie ting i trumål, eller på andre måtar gi uttrykk for korleis ting *eigentleg* heng saman medverke til slike talemåtar. Slike uklare og fleirtydige situasjonar er likevel ikkje fleirtydige i ein slik forstand at dei skiftar mellom når ein kan ta informantar alvorleg og når ein ikkje kan gjere det, eller når dei seier noko sosiologisk interessant og når dei ikkje gjer det. Skifta handlar om veksling mellom ulike regime som kvar for seg ikkje er sannare eller meir interessante enn dei andre. "The regime in which one makes calculations is no more true, no more real, than the regime in which people inhibit their calculation abilities. It is the reshuffle in the perception of the world stemming from a quick shift from one regime to another which gives the illusion of a glaring truth." (Boltanski og Thèvenot 1999: 362).

Det analytiske perspektivet ein brukar for å sjå på informanteskildringar er altså viktig for kva ein les ut av dei, men ein kan også dra vekslar på at informantar/ aktørar også utfører eit slikt vurderingsarbeid i høve kva perspektiv ein skal sjå på ulike tema med. Eg meiner det er grunnlag for å seie at informantar har ein "hang" til å tale under eit

regime av rettferdigjering når tema er forskinga og undervisninga sin "kvalitet" i høve andre fagmiljø, andre teoriar og metodar og i saker som på ulike vis dreiar seg om "statusen" til universitetet; vis a vis andre universitet, andre forskings- og utdanningssituasjonar, eller andre samfunnsinstitusjonar generelt. Kva for tema som blir vurderte som adekvate innan familiære regime, skal dette kapitlet prøve å vise meir spesifikke døme på, men som eg allereie har vore inne på dreiar det seg gjerne om forhold rundt spesifikke individuelle eller institusjonelle historier (jfr. diskvalifiseringa av historie i kapittel 3), eller skildringar av notidige relasjonar mellom personar og grupper av personar i ulike miljø.

Men ein blir ikkje kvitt det fleirtydige med dette. Som sagt kan analytikaren vere usikker på kva for fortolkingsskjema som er mest "adekvat" i forhold til det som blir sagt, og ei tilsvarande uvisse kan opptre hos informantar i forhold til kva situasjon som rår og derfor kva for regime ein skal snakke ut frå i omtalen av ulike tema. Det fleirtydige i situasjonen artar seg heller ikkje nødvendigvis slik at aktørar undervegs i intervjuet stadig vekk er usikker på korleis dei skal skildre ei sak. Som det kjem fram over, postulerer sosiologien om kritisk kapasitet at aktørar i etterkant og i andre situasjonar kan vurdere saker på andre måtar, eller rettare, snakke om eit fenomen eller eit objekt som ein storleik av ein annan orden. Typisk for "ambiguous situations" er nettopp at elementa/ tinga/ objekta i dei er særskilt sårbare for kritikk. Intervjuet, som framkallar tema av ulik tyding og karakter og som er ein "talesituasjon" med rom for ulike genrar, framkallar "vesen" av ulike slag, som ofte kan bli avslørte eller avviste med basis i andre regime. Skildringane i dette og dei førre kapitla er skildringar som kan "avsløre" kvarandre for så vidt som dei omhandlar dei same objekta. Men eg vil ikkje ordne framstillinga med tanke på å vise fram slike "inkonsistensar" eller konfliktar. Som sagt er det skilnad på kva for objekt og saker som normalt hører til dei ulike regima. I den grad ulike versjonar av same sak kjem fram bør ein heller sjå det som uttrykk for og døme på at eit "vesen" kan vere stor i ei verd og lite i ei anna. Det blir produsert ulike utkome avhengig av om aktørar vender seg mot "the confusing world or to inscriptions".

Kapitlet bør dermed ikkje bli lest verken som personlege og uviktige synsingar om fagmiljøa og prosessane der, eller som historier om korleis alt verkeleg heng saman. Relevansen av det i høve analysen av fagutvikling ligg både på eit teoretisk og praktisk område.

Den praktiske verdien av framstillingane ligg i at eg kan få vist meir av oppfatningane om den "vanlege" konkrete aktiviteten ved institutta. Desse kan dreie seg om "fagutvikling", men i konteksten av dette kapitlet blir ikkje dette temaet bunde saman med prosessar og forsøk på å gjere fagfelt, personar og relasjonar "store"/ verdifulle gjennom å gjere dei ekvivalente med allmenne storleikar. Dei kan også dreie seg om andre ting – tema og saker som ikkje intuitivt ser ut til å ha med fagutvikling å gjere, men som kan danne grunnlag for meir eller mindre vellukka forsøk på å konstruere "store" ting som held saman. Faktisk er det ikkje sjeldan informantar viser til "familiære forhold" for å forklare historia til slike forsøk, og gjerne kvifor dei gjekk galt, eller ikkje vart sett i gong i det heile. Det er også mogleg å sjå analysen som ein "test" på om forståinga av fagutvikling som "forstørring" er adekvat, eller om det kan gå føre seg slike prosessar, også vellukka, utan at dei offentlege verdiregima blir mobiliserte.

Teoretisk er merksemda mot det familiære regimet viktig for å framheve andre aspekt ved menneskeleg handling og eksistens, enn dei som dreiar seg om å etablere ekvivalens, å kalkulere og å legitimere. Wagner legg denne problematikken ut slik: "Boltanski and Thévenot aimed at distancing themselves from critical sociology, since they regarded the social world as pictured by Bourdieu or by Michel Foucault as an unlivable one, because it was entirely governed by power. In this sense, the analysis of regimes of justice tried a rectification of this picture by underlining actual exigencies for justification. As a result, though, their picture became one of an equally unlivable world, since it appeared as if people were constantly engaged in justice and that they were always in action." (Wagner 1999: 349).

Avhandlinga mi er sjølvsagt ikkje eit prosjekt om å forstå alle aspekt ved menneskeleg handling og eksistens, men dette teoretiske poenget som førte Boltanski og Thévenot fram til å utvikle affektive ("régime d'agapè") og familiære regime, kan vere ei påminning om at fagutvikling slik eg hittil har definert det, berre er ein del av den totale samlinga av aktivitetar og livsformer som universitetsarbeidet gjer mogleg<sup>53</sup>. Eit fagmiljø skal "haldast saman" også på andre måtar enn ved å utvikle seg fagleg. Prosessar og handlingar som går ut på å etablere og stabilisere "sterke",

---

<sup>53</sup> I analysen skil eg ikkje mellom "kjærleiksregime" og "familiære regime". For føremålet i dette kapitlet meiner eg det er mogleg å sjå domenet av kjærleik (å aktivt sjå vekk frå vurderingar av ekvivalens og kalkulasjon) som ein underkategori av, eller ei handlingsform under det familiære regimet.

påskjøna fagmiljø kan medverke til å desintegrere andre aktivitetar og handlingsformer i eit sosialt miljø. Det kan vere viktig å sette til side måling og kalkulasjon i sosiale miljø for å unngå øydeleggjande konfliktar, eller rett og slett for å etablere andre, "sosialt nødvendige", typar av situasjonar. Eit søkjelys på det familiære regimet kan få fram oppfatningar om kva fagutvikling fører med seg av konsekvensar i ein slik samanheng.

### **Vennskap (er suksess)**

SOLA KJEM INN GJENNOM EIT KONTORVINDAUGE, VIDARE GJENNOM DØRA OG INN SOM EIT LYSFELT I KORRIDOREN. DET FINST FLEIRE SLIKE FELT BORTOVER – MANGE DØRER ER OPNE. TRAVLE STUDENTAR, KVINNER OG MENN, KJEM OG GÅR. FRÅ POSTROMMET BLIR SURKLINGA FRÅ KAFFITRAKTAREN STADIG VEKK OVERDØYVD AV LATTER. FEM, SEKS MENN STÅR DER I IVRIG KONVERSASJON, NOKRE HAR PAPIR I HENDENE, NOKRE EIN KOPP, ANDRE HAR BEGGE DELAR. FRÅ EIT KONTOR LITT BORTE HØYRER EG FAKTISK LYDEN AV GITARSPEL – ER DET NOKON SOM SYNG?  
EG SKAL HA INTERVJU VED INSTITUTT FOR ØKONOMI.

Takk for den sekvensen der. Det ville ikkje kle meg så godt å vere etnograf slik utan vidare.

BERRE HYGGELEG.

I dette tilfellet kan ein likevel ha bruk for ei "etnografisk stemme", fordi vennskapen mellom dei tilsette ved dette instituttet ikkje er nokon hovudsak for informantane i intervjua. Som andre informantar snakkar dei om fagområde, paradigme, viktige referanserammer i forhold til forsking og undervising, m.m. (sjå kapittel 3). Der fenomenet likevel blir nemnt, verkar det som observasjonane i etnografien ovanfor er meir enn slump.

SP: .. Er det i det heile noko ein kan seie er negativt med.. organiseringa av dette instituttet.. eller om forskinga.. Er det noe folk er.. kunne tenke seg var annleis? Det er kanskje noko ein lett snakkar om..

SV: Nei, men.. Nei, det kan sjølvsagt godt vere at der er folk som går med ting dei ikkje.. det veit ein jo ikkje sjølvsagt.. Men viss eg skal seie noe om akkurat no, så.. så er det ein veldig god sånn.. tone her.. Veldig open og god tone, og på ein måte så er dei fleste involverte i det meste.. Altså der er ikkje noen sånn.. Altså det er jo ein ting som pregar instituttet veldig, og det er jo at vi har ei veldig tyngd av folk i førtiåra.. altså veldig mange rundt omkring min alder, sant.. Ja, skal vi seie i aldersgruppa frå slutten av trettiåra til.. rundt om femti, sant.. der er ein stor del av instituttet, og det er jo da på ein måte folk i..

den mest aktive alderen, sant.. Og så har vi eit par stykke som er ein god del eld.. som er rundt om seksti, sant.. som for så vidt er aktive, men dei er for så vidt ikkje.. alltid aktive i ein del av dei nye aktivitetane, sant.. men likevel aktive i å skrive ting.. andre typar ting.. overfor(?) organisasjonar eller i styrer eller leiing av instituttet og slikt, altså.. Men det er klart at veldig mykje av aktiviteten på instituttet er prega av.. veldig mye sånn uformell prat, sant.. altså at vi samlast som regel.. Det sit nesten alltid noen der inn på postrommet der.. på midten.. sånn i ni, ti tida.. og da.. blir det veldig.. Det er på ein måte eit viktig forum for kva vi gjer.. Da kjem det plutselig opp noen sånn idear.. no kan vi tenke på å sette i gang den og den type aktivitet, eller.. lage eit program for å søkje det og det og det, sant.. Eller til lunsjen, då det også er veldig mye prat om forsking og undervisningsrelaterte ting.. så.. Så masse av tinga kjem via slike uformelle kontaktar.. så.. Eg har ikkje noen følelse av at der er noen som er sånn.. blir halde utanfor.. Det er jo ikkje alle som er med på alt mogleg, det er det jo ikkje, altså, men.. det er jo ofte.. det kan jo sjølvsagt vere fordi at folk har engasjement andre stader, og ikkje har ønske om å vere med på.. alt mogleg..

(Int. 17)

Dei vitskapleg tilsette ved institutt for økonomi har eit velordna og jamt over akseptert teoretisk og metodisk paradigme, respektivt (økonomisk) "rasjonalitet" og "å arbeide empirisk" (å arbeide med kvantifiserbare storleikar), og dei har i tillegg altså god og positiv uformell kontakt med kvarandre. Informantar relaterer ikkje desse fenomena til kvarandre. Det gode sosiale miljøet har å gjere med at dei er nokolunde jamaldringar, som dessutan er "den mest aktive alderen" og at det finst vilje til å etablere og halde ved like sosiale møtepunkt både ved og utanfor instituttet.

Sosialt sett, så er det eit glimrande institutt, det er veldig gøy, altså.. der er ein fin tone.. Men det trur eg.. det har eg syntest i heile den tida eg har vore her, altså.. Det er mange som.. mange som sit i lunsjen saman, eller.. til morgonen inni dette postrommet og.. vi sit gjerne med åpne dører, sant.. slik at folk går veldig mye ut og inn og.. Vi har masse kontakt og går gjerne ut ein gong i blant og.. tar ein øl saman.. sånn torsdag, fredag, t.d., at noen tar eit initiativ og.. Ja, så har vi eit seminar på fredagane.. vi kjører stabsseminar kvar fredag.. og da plar vi gjerne avslutte med å gå bort på Grillen og ta ein øl og.. som er av dei små ting som kan.. Det er jo sjølvsagt ikkje slik at alle alltid har høve til å vere med på den same tingen, sant.. men gjennomgåande så er dei fleste innom desse tinga ein gong i blant.. Så.. sånn.. eg trur ikkje eg kan seie at eg har mistrivdest her på instituttet.. Nei, det er ganske artig her, faktisk, veldig høg aktivitet.., det skjer veldig mye, veldig sånn press.. både i retning av publisering, og det er jo nokre gonger ubehageleg sjølvsagt.. men det er jo samstundes bra, for det får deg til å jobbe.. Men tonen er god..

(Int. 17)

Mykje av den sosiale kontakten er prega av diskusjonar om forsking og undervising, men det er også ei sterk fotballinteresse i miljøet, og under eit av intervjuja kjem ein kollega av informanten inn på kontoret for å avtale tidspunkt for tur med seglbåt. Slike interesser og relasjonar kan sjølvsagt også finnast ved andre institutt, utan at eg har fått auge på dei. Men kanskje kan dei her vere uttrykk for at samhaldet ved dette instituttet, som ser ut til å omfatte så godt som alle medlemmene, har fleire bein å stå på enn det som er vanleg i fagmiljøa. Det kan enda til vere uttrykk for at mange av

økonomane set grenser i forhold til kor viktig faget og det faglege skal vere i miljøet.

Å vere økonom er ein jobb, ein interessant jobb, men ikkje meir.

SP: Dei som blir rekrutterte i dag, trur du dei har dei same fridomsgradene som.. du hadde da du begynte

SV: Ja, det trur eg nok er rett altså.. men.. Men kva er faglege interesser? Eg huskar far min sa til meg, då eg var tjue år.. vi snakka om kva eg skulle studere, sant.. så sa han at det spelar inga rolle kva du begynner med, berre det ikkje er noe så kjedeleg som jus.., så når du har drive på med det, så er det problemstillingar der, som du synest er interessant, altså.. så det opptar deg.. Så igjen, tilfeldigheiter kan ha noe å seie, når det gjeld utvikling av interesser, altså.. Så eg trur ikkje det er sånn.. Mennesket er liksom ikkje skapte til å vere mikroøkonomar eller makroøkonomar..

(Int. 13)

Evalueringa av SV- fakultetet har i stor grad vore ei positiv oppleving for dei tilsette ved dette instituttet. Særleg vart dei oppglødde av samanlikninga med NHH og økonomiinstituttet ved UiO, med omsyn til publikasjonar<sup>54</sup>. Fordelt på talet på tilsette kjem instituttet svært godt ut i ei slik samanlikning, noko som også blir nemnt eksplisitt i evalueringssrapporten. Ein av informantane har forklaringar på dette gode resultatet, som kviler på kunnskap om dei lokale forholda og den dåverande situasjonen.

Altså, eg trur nok at den evalueringa av fakultetet kom på eit gunstig tidspunkt.. eg trur at då var.. Det var mange her som var i støtet då, for å seie det slik.. Vi hadde jo oppe.., vi har jo eit slikt instituttseminar.. kvart år, da .. før jul.. og der disuterer vi slike interne spørsmål.. og vi ser jo på produksjonen av working papers, som er arbeidsnotat og publikasjonar internasjonalt over tid, og da.. ein har jo observert at .. for 1997, så var produksjonen av working papers på nedadgåande, altså.. og det var liksom spørsmål om kvifor dette.., og da .. det var jo eit par.. mot slutten av evalueringssperioden, så var det eit par som var professorstipendiatar her.. N.N og X.X.. og dei jobba jo intenst begge to og produserte.. og prega jo da rett og slett aktivitetsnivået her, men.. så vart dei professorar, og dei arbeider framleis intenst, men kanskje ikkje så mykje med publisering osb.

(Int. 2)

Og meir generelt:

SP: Men det .. den stillinga, er den knytt til dette med ressurs og energi..

SV: Nei, altså N.N si stilling det er innan matematisk økonomi, eller operasjonsanalyse, og han.. og han... ja, han driv jo veldig intenst på feltet, han er jo ein voldsomt aktiv mann, og dermed så har han sett sitt preg på instituttet i mye større grad enn liksom ei stilling skulle tilseie .. med ein mann, skal vi seie, med eit ordinaert aktivitetsnivå.

(Int. 2)

---

<sup>54</sup> Dette var ei undersøking dei tilsette sjølve utførte i samband med arbeidet med sjølvevalueringssrapporten.

Den gode publiseringssstatistikken har likevel hatt ein avgrensa effekt i forhold til å auke omdømmet og kjennskapen til instituttet i høve ein nasjonal kontekst. I den grad dei tilsette opplever problem i instituttet sin situasjon, er dette eit av dei:

... ein professor ved sam. pol. og N.N hadde vore i Oslo ein gong og blant anna oppsøkt NORAD.. det var vel i samanheng med noen .. forskingsprogram, eller noe... .., nei det var vel i forskingsrådet, ja, rett og slett .. i .. i.. miljø og utvikling, i den avdelinga.. og så var det ho Z.Z, da som var avdelingsdirektør, eller kva dei kallar det.. og så hadde X.X sagt, ja, det her er N.N, X.X. var vel dekanus da.. N.N han er styrar ved institutt for økonomi ved universitetet i Bergen ... Å, er der eit institutt for økonomi ved universitetet i Bergen, seier ho... Ho er sosialøkonom, altså.. og dette her er ikkje.. det er vel kanskje fem, seks år sidan.. Så slik har vi eit problem altså. Og eg har jo snakka med våre kandidatar, og dei seier jo det at, i Oslo, for eksempel, så .. fordelen her, er jo at her tar folk eksamen kontinuerleg over året, dei kan levere når som helst.. og viss du da søker ei stilling i oktober, så ligg du gunstig an.. for i Oslo er det to kull i året.., men viss du derimot kjem med ein søknad i juni.. eller i desember, når eit nytt kull er ute der, så har du eit problem.. Bergen, kva er det for noe?

(Int. 2)

Eit anna eksempel på at instituttet blir sett til side kjem frå det nære universitetsmiljøet.

Der er liten interesse for våre aktivitetar frå andre fag. Det er jo forsåvidt litt slåande her.. Det er jo eit senter for utviklingsstudier her.. og da fekk eg oversendt eit papir.. det var ein som hadde skrive til dei, som gjerne ville komme her og legge fram noe økonomisk arbeid.. og han, han var frå Jordan, han her.. og då skrev han kontorsjefen at han sendte det over til institutt for økonomi, for dette var jo nettopp vårt fagområde, skrev han.. Men altså senter for utviklingsstudier, så vidt som eg har oppfatta det, skulle jo eigentleg vere.. for alle samfunnsfag, altså, men relatert til u- landsforsking, men dei oppfatta seg som .. altså økonomi har ikkje noen interesse for dei..

(Int. 2)

Basert på desse informantane sine utsegner teiknar det seg dermed eit bilet av at dei arbeider i eit godt sosialt miljø med ein vennskapeleg tone, hyppig fagleg og sosial kontakt og med eit kollektivt engasjement i undervising- og forskingsoppgåver. Som kapittel 3 viser, har dei også lukkast som bidragsytarar i den internasjonale fagkonteksten og har slik få problem med å rettferdiggjere aktiviteten sin. Særleg gjeld dette i høve instituttmedlemmene sine eigne rangeringar av verdi. Det er ei viss overraskning i miljøet over at andre, representert ved evalueringskomiteen, også framhevar betydninga av å medverke i ein nasjonal kontekst (dvs. å publisere i norske tidsskrift), men at instituttet kjem til kort i høve ei slik målsetjing rokkar ikkje ved den grunnleggjande verdiprioriteringa. Det er ikkje manglande evne som er årsak til få "norske" publikasjonar, ein kan alltid gjere noko med dette om det skulle vere ønskeleg.

I dei to siste historiene ovanfor kan det likevel sjå ut som "det nasjonale" representerer ein viss frustrasjon for institutt for økonomi. Sentrale maktpersonar i Oslo er uvitande om at instituttet eksisterer, og tverrfaglege senter i Bergen driv systematisk eksklusjon av økonomiske tema frå sine seminar. Begge desse forholda er for informanten (- ane) berre forståelege gjennom "familiære" briller – dei er utrykk for særegne holdningar og prioriteringar i Oslo og andre stader som ikkje kan rettferdigjera gjennom å appellere til generelle prinsipp som ligg utanfor desse instansane sjølv<sup>55</sup>. Dei må ha med norske fagtradisjonar, bestemte personar og lokale historiske forhold å gjere.

Desse problema, som eksisterer på eit slags nasjonalt/ lokalt "mellomnivå", kan likevel ikkje øydeleggje for det instituttet har oppnådd i ein heilt nær kontekst – godt vennskap mellom dei tilsette, og i ein fjern – mange publikasjonar i internasjonale tidsskrift. Det er som om informantar reduserer betydninga av dei (relativt få) nasjonale og Bergenske problema med ei "det får så vere"- holdning. Ein rekk ikkje over og kan ikkje lukkast med alt, og det er heller ikkje alt ein kan "administrere seg fram til". Denne holdninga kan ein m.a. finne uttrykk for i den følgjande analysen av den svake kvinnepresentasjonen ved instituttet.

Skandalaust, .. men vi klarer ikkje å finne noen gode grunnar til det, altså..

...

...vi har jo bare hatt ein kvinneleg doktorand.. og ho ville ikkje ha jobb her, altså.. Ho fekk seg jobb i Statoil, og der fekk ho professorlønn med ein gong.. og eg vil tippe at Statoil var interessert i å få inn kvinner, altså .. og rimelegvis.. ho kunne da konkurrere om ein førsteamans- stilling her.. og .. ja, eg veit ikkje om ho hadde fått den, men ho var ikkje interessert, ho søkte ikkje.. Så.. det er mulig kvinner er meir fornuftige i sine val enn vi er.. .. av og til har eg lurt på det, altså.. Dei ser med meir friske augo på kva som er gunstig og ikkje, medan menn er meir sånn flokk.. flokkyr..  
(Int. 2)

Men det er altså ein "flokk" som trivst godt i lag, og som klarer seg bra i forhold til korleis dei sjølv les det vitskaplege "verdikartet".

---

<sup>55</sup> For økonomiinstituttet ved UiO sin del blir dette ved eit høve tillagt eit "heimstadsprinsipp" ("domestic regime") i samanheng med den faglege profilen, men særleg med tanke på omdømmet dette instituttet har:

"Så i øyeblikket, så er det eigentleg ingen .. metodologiske skilnader mellom dei tre miljøa.. men Oslo har ein annan.. viss ein ser tilbake.. så hadde dei jo ein heilt distinkt tradisjon, altså.. og det var også eit pionerinstitutt innanfor sosialøkonomi.. Altså, to av tre nobelprismottakarar i Norge er jo sosialøkonomar.. Frisch og Haavelmo, og det seier jo ikkje lite, altså.. så dei har jo ein enorm tradisjon å ta vare på.." (Int. 3). Uansett tradisjon, er det likevel vanskeleg for profilerte tidlegare studentar ved dette instituttet å forklare manglande kjennskap til Bergens- instituttet.

## Eit "problematisk" fagmiljø

"De fleste forskere ved SV- fakultetet har opparbeidet et godt kontaktnett og samarbeid med andre forskere innen sitt fagfelt. Det ligger likevel en stor utfordring i å styrke den enkelte forskers tilhørighet til et felles forskningsmiljø ved eget institutt. Instituttene fungerer i dag som et felles fagmiljø i forhold til undervisningen, men i mer varierende grad som et felles forskningsmiljø. Skal instituttets stab kunne utvikle gode forskningsbaserte studieplaner, er det nødvendig både å holde vedlike og videreutvikle en felles forståelse av fagets / disiplinens grunnelementer og utviklingsretninger. På instituttnivå bør det drøftes grundig hvordan forskningsfrontene gjenspeiles i studieplanene. Gjennom en felles dialog om fagets grunnelementer vil lærerne også lettere kunne supplere hverandre i undervisningen." (Strategisk plan for SV- fakultetet 2000 – 2005: 9)

Det er kanskje underleg å ta med denne offentlege og formelle ytringa i den empiriske analysen av "familiære forhold" ved SV- fakultetet. Nyten formuleringane gjer her, er at dei introduserer eit ideal om faginstitutta, særleg i høve undervisning, som fleire institutt har problem med å leve opp til og som kan forklarast av dei tilsette på ulike vis. Kapittel 3 omhandlar m.a. andre ideal, der det å utmerke seg som einskildforskar eller forskargrupper oftast "står over" eit mål om å danne instituttbaserte fellesskap. Her er instituttet og fakultetet "for lite" til å gi dei tilsette tilgjenge til ein arena av internasjonal vitskap. Den marginale rolla institutta sine historier spelar i skildringane av forskingssituasjonen i dag, kan lesast på same vis innan regimet av rettferdigjering og legitimering. Historia er noko som var, det var viktig da, men no vender vi oss utover, framover, på andre og nye måtar. For mange institutt er det uproblematisk å forhalde seg slik, enten fordi det ikkje er noko i historia som no blir opplevd som aktuelt, fordi historia blir forstått som at instituttet alltid har vore i omstilling og internasjonalt orientert, eller fordi svært mange av dei tilsette nyleg har kome til og har omforma fagområde og/ eller introdusert nye. Dei følgjande informantane snakkar om problematikken rundt "instituttfellesskap" på ein meir spesifikk, lokal – familiær måte. Dei har også eit anna forhold til historia<sup>56</sup>.

Vi har i alle fall hatt to slike veldig markerte personar som har trekt og prega faget i veldig ulike retningar.. og som .. har vore sterke aktørar.. på mange plan, når det gjeld å bere fram to eigentleg ganske forskjellige faglege tradisjonar.. kor motsetningsfulle dei eigentleg er, når det kjem til stykke.. det er eg ikkje så sikker på.. men la oss seie ganske forskjellige.. Og at det da tar noe tid før.. før ein ser konturane enten av .. kraftfulle framhald av dei tradisjonane som ligg der, eller framveksten av noe nytt.. det synest eg er som det skal vere..

(Int. 10)

---

<sup>56</sup> Faktisk ser det ut til at dei fleste informantane har eit anna forhold til historie i den familiære modusen.

Dei to "markerte personane" har lagt vekt på ulike delar av teoriar og metodar i dette faget, men blir også framstilte som personar med ulike prioriteringar i høve kva universitetsarbeidet skulle handle om. Både i forhold til fagleg og sosial "stil" blir dette fagmiljøet av og til presentert som todelt etter kven av dei "markerte" ein følgjer. Av ulike grupper ved instituttet er dette i alle fall to, og ikkje så sjeldan står dei i opposisjon til kvarandre. Med utgangspunkt i ei kopling mellom organisasjonsteori og politikk/ statsvitenskap – som alle informantar sluttar seg til var grunnlaget i den tidlege fasen av faget i Bergen – har utviklinga gått i retning av ei deling av interessene. Litt vagt og motvillig blir desse relaterte til organisasjonsteori, profesjonar, demokratiteori og lokal og regionalforvaltning. Av desse er det organisasjonsteori og profesjonsforskinga som har vore hovudinteressene til dei to tidlegare mest viktige forskarane, og som i dag samlar to grupper av personar.

Informanten ovanfor skildrar oppstarten av interessa for profesjonar slik:

SP: Denne profesjonsproblematikken.. i kva grad eksisterte den her på instituttet før.. før din tid, hadde eg nær sagt.. og var den formande for interessene dine i så måte?

SV: Ja, slik eg ser det, så er jo det ein.. eitt av dei særtrekka ved den måten denne biten her av statsvitenskapen.. er blitt utforma på.. viss du tenkjer slik historisk, med N.N. som drog med portefølja si frå Oslo.. og starta instituttet her.. og .. hans doktoravhandling, som jo nettopp var opptatt av forholdet mellom profesjon og administrasjon i .. det norske politiske systemet, med landbruksforvaltinga da, som eksempel.. Innafor statsvitenskap, så er vel vi framleis det miljøet i Norge som .. mest breitt og mest kontinuerlig har både(?) mange som har engasjert seg på ulike måtar.. innafor dette litt sånn svære området.. om forholdet mellom fag og politikk..

(Int. 10)

Doktoravhandlinga til den omtalte personen blir ofte referert i intervjuet med dei tilsette ved dette instituttet. Den inneholder den spesielle analysen av relasjonane mellom profesjonar og forvaltningsapparatet som dannar eksempel til følgje for andre studiar. Problematikken rundt profesjonar står i eit "anstrengt" forhold til organisasjonsteorien for informanten:

Nei, altså det er jo dette med organisasjonsterien, da.. og.. eg.. innanfor mine forskingsinteresser.. har vel aldri forhalde meg noe særleg til organisasjonsteorien.. Det er liksom ulike forståingar av kva organisasjonsteori er.. og det er sikkert mange måtar å få fram dei skilnadene på. På eitt plan så kan du seie at profesjonsteori er ein del av organisasjonsteorien.. og vi likar vel å snakke om den som det, men innafor ein organisasjonsteori som sjølv sagt.. har endra seg.. og vi har veldig ulike oppfatningar om kva organisasjonsteori er for noe, slik som eg ser det. Men eg er ikkje noen ekspert på organisasjonsteorien.. eg har ein tendens til å sovne.. Så har du ein .. ein slik analytisk, amerikansk tradisjon innan organisasjonsteorien som liksom er knytt til ein spesiell del av organisasjonssosiologien.. og som har ei forståing av Weber og byråkrati og forholdet mellom organisasjon og fagkunnskap, organisasjon.. som er .. svært annleis.. enn det som eg oppfattar som ein

meir kontinental og historisk orientert tradisjon, når det gjeld organisasjonsforskning.. og der eg sjølv likar betre å lese både Webers arbeid.. inn i og den formen for profesjonsteori som eg meiner står sentralt i fagmiljøet her.. Men .. men profesjonsteori forheld seg nok.. det er forsåvidt lite kontroversielt at profesjons og organisasjonsteori.. hører i hop, men korleis og .. sånn.. det er vel ganske uavklart. Det er vel noen som har større interesse for dette enn andre..  
(Int. 10)

HER MÅ EG NOK BRYTE INN IGJEN.

Midt i den empiriske analysen?

KVIFOR IKKJE? FOR Å GÅ RETT PÅ SAK SÅ SYNEST EG UTDRAGA DINE  
HITTIL STÅR I EIT MINST LIKE "ANSTRENGT" FORHOLD TIL ANALYSE  
AV FAMILIÆRE REGIME SOM DEI TEORIANE INFORMANTEN DIN  
SKISSEKER STÅR I HØVE KVARANDRE. VEDKOMANDE SNAKKAR OM  
TEORIAR OG PERSPEKTIV SOM ER ALLMENT KJENDE FOR  
SAMFUNNSVITRAR, OG SOM UTMERKA GODT KAN DANNE  
UTGANGSPUNKT FOR LEGITIMERINGSDISKUSJONAR I DET  
OFFENTLEGE. ETTER MITT SKJØN ER DET OGSÅ NETTOPP DET SOM GÅR  
FØRE SEG HER. DESSUTAN HAR DU I DEN NEMNDE  
DOKTORAVHANDLINGA EIT GODT DØME PÅ EIT "OBJEKT" SOM BLIR  
MOBILISERT FOR Å FREMJE OG STØ AKTØRENS ARGUMENTASJON. (jfr.  
Dodier 1993: 559).

Eg meiner ein del andre utdrag som kjem vil vere meir tydeleg relevant for familiære perspektiv. Hittil er dette "familiært" berre i den forstand at det dreiar seg om spesifikke samansetjingar av faglege/ teoretiske element. Men det var også naudsynt med denne opninga for å "sirkle" meg inn på motsetningar som finst mellom dei ulike gruppene av tilsette ved dette instituttet, og som gjer det til eit "problematisk" institutt i høve den strategiske målsetjinga som er referert ovanfor<sup>57</sup>. Få av informantane mine snakkar direkte om desse motsetningane (sjå likevel nokså eksplisitte indikasjonar i utdraga nedanfor), så strategien min skulle vere å gå vegen om skildringar av fagelement, men å analysere dei som familiære storleikar. Dersom dette er utgangspunktet kan ein sjå omtalen av viktige personar som sentral. Dei er ikkje berre fagpersonar i dette miljøet, som fungerer som "store" ting ein mobiliserer i debattar i

<sup>57</sup> Berre så det er sagt, så framstår ikkje dette instituttet som særskilt problematisk i evalueringssrapporten frå 1995. Det blir påpeikt at instituttet har ei utfordring i forhold til å halde seg i forskingsfronten framover, at for mykje forsking er av den anvendte typen, mangel på eit felles forskingsseminar, m.m., men konklusjonen er likevel at instituttet er "... a well established, strong and dynamic environment for research and education. Other social science departements have a lot to learn from this well-run establishment." (Evaluering av SV- fakultetet 1993 – 1995, Publikasjon II/II: 34)

den akademiske allmenta. Dei er også figurar som har spelt roller i dei individuelle karriærane til dei notidige tilsette og som kanskje endatil har danna oppfatningar om lokale normsysteem eller kulturar i høve meir kvardagslege aspekt ved universitetsarbeidet. Følgjande utdrag set ord på korleis slike forhold artar seg, sett frå ståstaden til den eine av dei to gruppene:

SP: .. Går det eit skilje her parallelt mellom desse ulike faglege orienteringane

SV: Nei, det var.. Det var vel ei slags sånn.. N.N. linje og ei X.X. linje, kanskje.. ein del folk som følte dei gjekk i fotspora.. Og den der N.N. linja, den gjekk jo stort sett ut på.. at det var ikkje så farleg å publisere.. Ein skreiv jo stort sett notat til kvarandre, og så gjekk det i skrivebordsskuffa.. Og ein heldt på slik i årevis, altså, utan å publisere noko som helst.. Så han på ein måte legitimerte den tradisjonen da, gjennom sin eigen mangel på publisering.. Så meinte alle dei som følgde i hans spor da, at dei kunne gjere det same.. Det var ein slik kultur da, ein slik internkultur.. der dei skreiv til kvarandre, men publiserte ikkje.. Så det var noko med det.. at ein hadde ein annan profil, men også eit heilt anna syn på om det var nødvendig å publisere.. produsere noko, eller publisere noko.. Dei skreiv jo, det var jo ikkje det at dei ikkje skreiv, men det var jo ikkje så lett å.. få det publisert.. Men det er nok kanskje i ferd med å endre seg litt no, da.. No er nok.. Framleis er det nok.. alt for liten.. for mange som publiserer lite, da..

(Int. 16)

"Publisering" dukkar her opp att som viktig objekt, men denne gongen hovudsakleg for det føremålet å karakterisere den andre gruppa som produsentar av ein lokal "kultur". Ordvalet måtte truleg ha blitt annleis dersom den same kritikken skulle bli framført i ein situasjon av offentleg legitimering og rettferdiggjering. Medan den første informanten "har ein tendens til å sovne" i møte med organisasjonsteori, hintar den siste om at kvaliteten på forskinga til tilhengjarane av "N.N- linja" ikkje heldt mål som materiale for publisering.

Det er sjølv sagt ikkje tilrådeleg å ta ytringar som dette som nokon god indikator på forskingskvaliteten eller "kulturen" til verken den eine eller andre "linja" ved dette instituttet. Å utføre slike vurderingar er heller ikkje mi oppgåve her. Derimot kan det for ein utanfor- ståande vere ein illustrasjon på ein familiær modus i den akademiske verda. Sakene som er framme i samtalene er faglege interesseområde, perspektiv og arbeidsmåtar, men desse objekta blir her fargelagde av aktørane sitt "nære engasjement" i forhold til dei familiære omgivnadene. Eit forskingsarbeid og ein fagperson kan ha "internasjonal standard", men er samstundes lokalt tradisjonsskapande, eller fungerer miljøbyggjande. I den siste modusen skjer utviklinga av personlege forskingsinteresser eksempelvis på denne måten:

... for min eigen del, så er det jo heilt klart at det at eg fekk jobbe saman med N.N.. var jo heilt avgjerande.. for det var jo berre meir eller mindre tilfeldig at eg kom inn i dette her.. Eg vart shanghaia

på ein eksamensfest.. så.. det har i grunnen hatt mest å seie for meg, når det gjeld kva eg har interessert meg for.. desse åra etterpå..  
(Int. 16)

Eller slik:

I utgangspunktet, så brukar eg å seie .. Vi jobbar med den same variabelen heile livet. Vi skriv om det same, vi tenkjer på det same heile livet.. og dette er min variabel.. Det kan jo gå så langt at ein blir forbanna viss andre driv med det same som ein sjølv...  
(Int. 3)

Dei tilsette ved dette instituttet hører til eit fagmiljø som i høg grad er medvitne om eksistensen av "the confusing world" – at verda er komplisert, uoversiktleg og vanskeleg å planleggje i forhold til. For konsulenten som assisterte evalueringstiltaket er det dette som framstår som "... statsvitenskapens standardsynspunkt, ingenting nyttar, det er skjebnestyrt alt, alt går av seg sjølv.. det er... strukturalismen i eit nøtteskal.." (jfr. kapittel 2). Sjølv om instituttmedlemmene neppe ville gå god for ei slik framstilling av statsvitenskapen, er det kanskje noko med ei fagleg innsikt i ulike styringsproblem som gjer dei særskilt kritiske til forsøk på formell organisering og planlegging av fagområde og forskargrupper. Følgjande historie om korleis ein blir "ekspert" på noko, illustrerer kor vanskeleg det kan vere å føreseie og planleggje fagutvikling.

... det var N.N og eg som tok på oss å skulle sjå lite grann på dette der.. og så fekk vi til eit prosjekt på det, det vart ein rapport ut av det.. vart ikkje noko særleg meir.. og så .. då når Vassdalsulukka skjedde .. på slutten av åtti- talet, så var departementet interessert i nokon som kunne uttale seg om den granskingsrapporten som var komen og som var utarbeidd.. og i og med at vi hadde vore inne i dette tidlegare, så vart vi sett på som .. militær- .. ekspertar, men det var vi jo ikkje..  
(Int. 3)

Kombinert med dei omtalte faglege motsetningane får dette "garbage- can - perspektivet" også ei familiær form i høve instituttlivet. "Her på huset", seier ein informant, er det ein aversjon mot å planleggje og gjere vedtak om å prioritere visse forskingsområde framfor andre:

... ein del av den faglege ballasten seier at .. det å drive med .. strategisk langtidsplanlegging, det er eigentleg berre.. noko tull, fordi at der er så mange problem som dukkar opp undervegs, at i praksis så fungerer det .. aldri, slik at den organisasjonsteorien som ein.. du ser her på huset seier at .. dette med strategi og leiing er avgrensa kor langt du kan .. komme med det, da..  
(Int. 8)

Eit mogleg utslag av det same kan ein sjå i intervjuet med ein av dei tilsette som nesten konsekvent unngår å snakke om "miljø" og "grupper", og som poengterer stadig vakk at samarbeid og utvikling av forskingsinteresser dreiar seg om enkeltpersonar som på ulike vis finn saman. Ei slik framstilling av danninga av fellesinteresser er i utgangspunktet verken meir eller mindre rimeleg ved dette instituttet enn ved andre – og ein finn mange døme ved andre institutt på liknande skildringar – men hos medlemmer ved dette instituttet har denne "reduksjonismen" også klangbotn i eit spesifikt fagleg perspektiv. Dessutan kan desse svara på intervjuarens iver etter å lokalisere grupper, miljø og organisering også vere eit arbeid med å nøytraliser miljøa (personane som grunnla dei) og spenningane mellom desse som andre informantar er inne på.

... det ville jo vere trist for eit fag, at det var avhengig av at bestemte personar var her i tjue år, og så måtte du liksom tenke nytt.. Eg opplever det slik at instituttet har tenkt nytt nokså lenge, men ikkje som institutt.. det er ikkje noe planlagt det, men det er enkeltpersonar som har utvikla nye ting.. og det har dei gjort heile tida.. Det er ikkje avhengig av store .. enkeltpersonar.. Det er klart dei har betydd mykje, det skulle berre mangle, men eg meiner, det har jo skjedd andre ting også..

(Int. 3)

Vektlegginga av "enkeltpersonar som har utvikla nye ting" og kritikken av ideen om å planleggje seg fram til prioriterte forskingsområde, er ei framheving av det familiære som kontekst for fagutvikling. Det er i alle dei uformelle og ofte tilfeldige møta mellom personar, mellom personar og lokalsamfunn, gjennom tidlegare relasjonar og personlege interesser at nye idear oppstår og forskingsarbeid blir sett i gong.

Dei faglege og "miljømessige" motsetningane som blir omtalte av informantar ved dette instituttet, og som eg har prøvt ei kort rekonstruksjon av her, kan ein finne att versjonar av ved fleire andre institutt og faggrupperingar ved UiB og andre norske universitet (Sjå m.a. Hestholm 1995, Vabø 2002: kap. 6). Intervjua med dei tilsette ved dette instituttet skil seg likevel frå andre intervju i denne studien, ved at dei artikulerer mest tydeleg slike faglege motsetnader på eit lokalt nivå. Konsekvensane av dei ulike oppfatningane om ".. fagets/ disiplinens grunnelementer og utviklingsretninger", dreiar seg nettopp om sjansene for å drøfte ".. grundig hvordan forskningsfrontene gjenspeiles i studieplanene." (Strategisk plan for SV- fak.: 9). Det er i slike samanhengar konfliktane kjem opp:

SP: Men.. det kan ikkje vere ein misunningsverdig posisjon dette, da, at det finst nokså ulike grupperingar innanfor same instituttet.. Ein kunne argumentere for at det var eit positivt trekk ved instituttet.., at ein del av den faglege nyskapinga da kunne ligge i spenninga mellom desse felta..

SV: Det kunne ein jo tenke seg, men.. samstundes så har ein idear om at instituttet er integrert og har på ein måte ein felles profil, og dette her skal nedfelle seg i nokre pensumlister, t.d., og avspegle denne heterogeniteten som eg trur er ei ganske håplaus.. affære, altså, for dei fleste store konfliktane på instituttet kjem kvar gong ein skal endre desse pensumlistene, for då kjem jo folks faglege tilknytninger til syne.. så.. Viss ein tok konsekvensen av at ein var så forskjellig, og kanskje droppa heile felles.. og la det opp til eit kurssystem, der dei ulike gruppene eller.. kunne drive med sine ting, og at det ikkje var.. at ein ikkje leika denne leiken om at vi er så like og vi kan ha felles pensumlister. For det som skjer, det er jo det at desse pensumlistene blir veldig vanskelege .. å sjå korleis dei heng saman. Dei er berre ei opplisting av ulik litteratur, som er eit slags kompromiss mellom.. forskjellige syn.. og som jo må vere til dei grader frustrerande for studentane, vil eg tru.. som skal skjønne korleis dette heng saman.. og det gjer dei jo heller ikkje..

(Int. 16)

Som informanten her hintar om, er motsetnadene i dei fleste andre samanhengar stabiliserte slik at dei ikkje utløyser daglege konfliktar ved instituttet. Ein kan heller ikkje sjå bort frå, slik intervjuaren gjer framlegg om, at dei lokale faglege skilja kan ha konstruktive verknader i forhold til forskingsprosjekta til instituttmedlemmene. T.d kan det disponere dei tilsette til stor openheit i høve andre fag, og stor refleksjon omkring eigen faglege ståstad.

Same kva; ved dette instituttet er det mogleg å finne døme på kva faglege motsetnader og fagleg konkurranse kan handle om i ein familiær, lokal modus.

### Å ta kontrollen over eigen situasjon - eller historia om ein hybrid<sup>58</sup>?

Informantane mine ved institutt for informasjonsvitenskap (IFI) har til felles at dei tematiserer stoda ved instituttet som ein problematikk om forholdet mellom "aktør og struktur". Instituttet er aktøren i dette biletet og verda instituttet må forhalde seg til er strukturen. På sett og vis er dette ein måte informantar ved alle institutta snakkar om instituttet sitt på, men ved IFI blir dette skjemaet særleg tydeleg. Alle er lite nøgde med den faglege profilen ved instituttet, i ulik grad og i ulike versjonar, men dette botnar ikkje først og fremst i usemje om den faglege innrettinga som er. Meir er det snakk om at instituttet *manglar* ei innretting. Det er oppdelt i for ulike og for mange faglege spesialiseringar, gjerne i form av "einpersons- grupperingar" og utan nokon felles, heilskapleg forståing av korleis desse delane heng, eller bør henge saman. Dei

<sup>58</sup> Igjen kan det vere på sin plass å minne om at framstillingane av dei ulike faginstitutta ikkje gjengir nokon autorisert versjon av korleis forholda er der. Skildringane baserer seg dessutan på intervju frå 1998 og 1999. Endringar kan ha skjedd sidan da.

tilsette relaterer denne situasjonen til ei rekkje omstende som på ulike vis har falle därleg ut for instituttet. Ein av vanskane handlar om ei manglande evne til styring og planlegging av verksemda. Dette er eit problem informantane finn både ved eige institutt og ved universitetet elles. Med meir planlegging og styring kunne ein unngått den "utflytande og diffuse" profilen som gjer situasjonen til instituttet verre enn den elles trøng vere.

I kapittel 2 vart resultatet av NFR- evalueringa av informatikkfaga omtalt. Denne var svært kritisk til verksemda ved IFI, men på eit anna grunnlag og – slik informantane ser det – med det klare siktemålet å slå instituttet saman med, eller i alle fall overføre ressursar til institutt for informatikk. Ei slik løysing ville vere heilt uakseptabel, blir det sagt, men er på eit vis eit symptom på kva som kan skje med eit institutt som ikkje tar meir kontroll over eigen lagnad.

Informantane veit kva som må til for at eit fagmiljø skal lukkast i det moderne vitskapssamfunnet. Ein må samle kreftene om relativt få forskingstema og publisere, opprette kontaktar med andre (fag-) miljø som kan nytte kompetansen ein har og som kan bli avhengig av denne, rekruttere sterke fagpersonar, lage studieløp med godt ry for studentar, osb. Desse kriteria samsvarar med måla som ofte blir sett opp både av universitetet sjølv (jfr. strategiske planar) og av andre forskingspolitiske instansar, og det er ikkje nokon nemneverdig kritikk av desse verdiane ved dette instituttet.

Universitetet og dei tilsette der er der "for å tene samfunnet" og ikkje omvendt, blir det sagt. Den vanskelege situasjonen til instituttet har altså ikkje noko å gjere med at medlemmene identifiserer seg med ei alternativ, eller kritisk forståing av føremålet med faget eller fagleg verksemd i det heile<sup>59</sup>.

Det er samfunnsutviklinga og endringar ved universitetet som har sett informasjonsvitskap i ein vanskeleg situasjon. Ved universitetet har faget organisasjonsmessig vore delt mellom HF og SV- fakulteta frå instituttopprettингa i 1974 og fram til 1985 (Bagge 1996: 641), og fagleg rører det seg også i grenselandet mot naturvitskap (matematikk og informatikk). Det vart oppretta etter ønske frå Nordisk institutt (Holm Olsen) og Sosiologisk institutt (Rokkan) med grunngjevinga at "EDB var i rask utvikling, det var behov for en samlet organisasjon for forskning og undervisning på dette området, og en forsinkelse av utbyggingen kunne ha meget alvorlige konsekvenser." (op. cit.: 640) På den tida såg sosiologisk institutt faget som

---

<sup>59</sup> Jfr. likevel appellen til eit "verdig", "entusiastisk", "monumentalt" og "pompøst" universitet, som ein av informantane ved IFI gjer seg til talmann for (Kap. 3).

"... et arnested for noen av de faglige samfunnsvitenskapelige interessene som stod aller mest sentralt i denne perioden. Det gjaldt å vinne beherskelse av moderne dатateknologi i håndteringen av store datasett og uoversiktlig mengder informasjon." (Øyen 1994: 40). Betydninga instituttet vart tillagt i startfasen ser ikkje informantane mykje igjen av i dag<sup>60</sup>. Ein av informantane, som mest arbeider med statistikk, kjem med denne analysen av andre SV- fag, og sjansane for å tilpasse eigne interesser i desse.

... så Christiesgate 15 hadde på den tida folk frå alle rare institutt som var spreidd over etasjane der da.. Men eg trur nok det at det ville vere vanskeleg for meg å arbeide for eksempel på .. offentleg administrasjon og organisasjonskunnskap, det trur eg ikkje det hadde vore sjansar for i det heile.. Dei brukar ingen av dei .. modellane vi brukar i statistikken. Sosiologi, dei har jo ein del dataanalytiske konsept i samband med multivariat analyse og forskjellige skaleringsmetodar som ville passe godt innanfor .. Økonomi, der brukar dei store modellar i form av multipel regresjon i ulike former, men ulempa er det at .. det er ikkje heilt sikkert, eller det er ikkje klart nokonsinne kva som er data i økonomi. Faget som sådan seier at dei .. har data og gjer noko med det, men .. omgrep, tilfeldig prøve.. Ein kan jo spørje ein økonom.. Eg har kjensla av at det stort sett dreiar seg om data ein har klart å skaffe utan at ein kan garantere at det følgjer krava til ei tilfeldig prøve.. Så det er forskjellige problem der.. Sosialantropologi brukar ikkje matematisk argumentasjon i det heile tatt, dei har jo dette med hypotesetesting, triangulering og ulike ting .. eller spørje ein tjommi, eller kva pokker det måtte vere for noko, måten dei går fram på, så .. der passar eg no i alle fall ikkje. Her på huset er det ein viss antydning til at noko av dette her har struktur av å vere ein modell som er abstrakt og som .. med hvilken ein kan tillegge omgrep og relasjonar og slike ting. Men det er langt derfrå til statistikk. Eg er litt usikker på dette om omgrepet om ein tilfeldig variabel finst igjen i informasjonsvitenskaplege modellar.

(Int. 7)

Dei andre informantane har litt andre og litt mindre spissformulerte innfallsvinklar til ein slik analyse, men også dei kjenner seg litt tilsidesett som SV- fag, også som "hjelpefag".

..., viss du snakkar frå vårt fagfelts synsvinkel.. , så er det slik at vi heng i ein tynn tråd.. fast ved fakultetet.. Og det er ikkje slik det bør gjere, det er ikkje slik vi treng å gjere, men det er slik vi gjer.. Og eg meiner jo det at det skuldast til ting. Det eine er.. manglande, kanskje manglande vilje og interesse.. forståing for og.. alt mogleg.. sjansen for å knyte opp vårt fag og fagpersonane våre til andre institutt.. Altså eg trur at.. det hadde vore.. veldig lett for oss å knyte oss opp til ei rekke menneske ved SV- fakultetet, sånn personleg i forskingsgrupper osv, og eg trur at dei forskingsgruppene ville ha stort utbyte av det.. Det skuldast også at andre institutt aldri har sett på informasjonsteknologi og informasjonssamfunnet som eit særleg interessant forskingsfelt.. Og har dei gjort det, så har det ikkje vore i samarbeid med oss, men det har vore gjort, på mange måtar, på eigehand, da..

(Int. 15)

---

<sup>60</sup> Øyen uttrykkjer det slik: "Man kan si at agendaen, generelt sett, er den samme i dag, men underveis har det skjedd mye som demper inntrykket av informasjonsvitenskap som et sentralt hjelpefag for bl.a. sosiologisk forskning, slik det den gang var sett." (Øyen 1994: 40)

Eit tema som absolutt burde vere interessant for samfunnet og samfunnsvitarar er kva informasjonsteknologien har å seie for "samfunnets sårbarhet". Men dette temaet ser rett og slett ut til å vere for ubehageleg både for samfunnet og forskingsverda.

.. vi har fått ein uhyre svak.. uklar oppfatning av .. kva er eigentleg samfunnets sårbarhet idag med denne IT- teknologien. Det vart gjort ein sårbarhetsundersøking i slutten av 80- åra.. som var .. peikte på så mange ubehagelege ting at den vart skyve til sides og den vart aldri gjort noe med .. Det var Helge Seip som var formann i den .. Det er jo klart at.. det er mange ting som kan vere sårbare, og vi må jo bare takke oss sjølve for at ikkje noen aktivistar har funne ut at dette kan det spelast på.. for her kan det gjerast mye... Bare den problematikken her tilseier jo at det vi burde beskjeftige oss med ved dette instituttet er .. uhyre viktig. Kva slags innverknad har det for eksempel på holdningar til ulike ting .. når vi i dag er omgitt .. vevd inn nærmast.. i IT- teknologi... Det kan skrivast mange doktoravhandlingar der..

(Int. 1)

Oppgåva IFI var tiltenkt både som sjølvstendig forskingsfag og som hjelpefag for dei andre SV- faga er ikkje tilfredsstillande oppfylt. For eigen del er faget for fragmentert og for lite opptatt nettopp av spesialiteten som reiskapsfag,:;

... eg synest at det fagleg sett, .. profilmessig, smuldrar ut.. Mange folk er opptatt av ting som eg synest .. burde vore forankra i andre institutt.. i andre fag.. og blir fjernare og fjernare for det som er spesielt for oss.. det at vi har eit bestemt verkty, som vi gjerne vil tilpassa bruk på andre fagområde..

(Int. 1)

- men dei andre faga har også mista sitt opphavelege førehavande:

.. eg huskar då eg begynte på ... i dette fakultetet, så hadde vi dette store instituttet, sosiologisk institutt, som var liksom .. fakultetet. Vi hadde geografi og vi hadde sosialantropologi som låg utanfor, men elles så låg alt innanfor sosiologi.. Og .. du hadde jo da folk som hadde ein sterk kvantitativ tilbøyelighet der.., som for eksempel.. ja, Øyen, først og fremst som på det tidspunktet var opptatt av svært kvantitative, demografiske forhold.. Du hadde Gudmund Hernes, som jo hadde sin bakgrunn frå USA og .. folk som hadde sterke kvantitative tilbøyeligheter der, og du hadde Tormod Hermansen.. som var økonom og hadde sine .. oppfatningar der.. og du hadde ... Ja, det var vel eigentleg dette som var den kvantitativt orienterte gruppa som eg huskar blant mine kollegaer den gongen ... men som da begynte å sveve ut i forskjellige retninger ... Så .. det har nok skjedd noe der ja..

(Int. 1)

Ei voldsom interesse for datateknologi og it- kompetanse i arbeidslivet har gjort det vanskeleg å halde på studentar lenge nok til at dei blir ferdige med hovudfaget. Denne etterspurnaden skapar problem med rekruttering til vitskaplege stillingar, men den er i grunnen også problematisk både for studentane og dei som tilset dei.

SP: .. men viss du ser det i forhold til dette med jobbsjanser for kandidatar, så verkar jo dei svært veltilpassa.. eller det er i alle fall tida no for den typen kompetanse uansett om det er informatikk eller informasjonsvitenskap..

SV: Det er heilt rett det.. og det har vi jo opplevt ein gong tidlegare i midten av åttiåra, så hadde vi ein tilsvarande bølge.. Men eg synest ikkje vi skal ta .. noe av æra for at samfunnet kastar seg så langt ut i IT- teknologi at etterspørselet etter menneske med kunnskap i dette.. blir så stor at dei tar så å seie rubb og rake. Eg trur at vi ville sjå at våre kandidatar ville bli like mye etterspurt i dag .. om vi hadde hatt eit heilt anna studieopplegg og eit heilt anna pensum.. Poenget i dag er at .. Det gjeld for konsulentfirma eller for dei store verksemndene å skaffe seg folk.. som dei trur kan gjere ein jobb.. Dei skaffar seg ikkje folk fordi dei oppdagat at der har dei ei kjelde for folk med ein viss kompetanse som er særskilt verdifull for oss.. På mange måtar så kan du seie at vi driv .. ein relativt planlaus utvikling av ... av personar som .. tettar igjen hol i etterspørselet her og der..

(Int. 1)

Informasjonsvitenskap skal altså ha andre og større ambisjonar enn å dekke kortstiktige behov i næringslivet. Men også dette må instituttet delvis ta på si eiga kappe:

Så eg vil ikkje seie at eg er frustert over situasjonen i den forstand at eg synest det er ille at folk ikkje får jobb, for det får dei.. Men eg er litt frustrert over at eg ... synest ikkje vi har ein klar nok profil som gjer det interessant å etterspørje våre kandidatar for det dei er spesialistar i.. det dei eigentleg kan..

(Int. 1)

"Profilen" ved instituttet er vanskeleg å planleggje skikkeleg m.a. fordi det er vanskeleg å få tilsett personar i ledige stillingar, og dersom ein får tak i folk så er dei berre sjeldan "instituttets eigne produkt". Det er såleis ingen "innavlsproblematikk" som pregar instituttet:

... og det er vel kanskje ein liten fjær i hatten.. vi har aldri klart i særleg utstrekning å rekruttere vår eigne kandidatar.. Vi har i dag tre av stabens medlemmer som er instituttets eigne produkt.. om eg ikkje huskar feil.. Men elles så har vi folk frå informatikk her i Bergen, vi har frå informatikk i Oslo, vi har folk frå Norges handelshøgskole, vi har .. folk frå gamle NTH, pluss .. ein god del utlendingar...

(Int. 1)

Men dermed får ein også folk som tar med seg interesser og nettverk frå staden dei kjem frå, og som ikkje utan vidare passar inn i ein eksisterande profil, eller at dei sjølve skapar ein ny slik. For ein annan av dei tilsette er spørsmålet om fagprofil likevel underordna problemet med å få folk i stillingane i det heile, slik at arbeidsbyrdene kan bli fordelte betre.

Eg trur at hadde ein.. og det er eit veldig stort problem ved universitetet, ein må vere langt raskare i tilsettjingsprosessar. Hadde ein gjort dette med tilsettinga raskt, og gitt eit tilbod, lønstillbod som var... godt.., så ville vedkomande ha tatt den stillinga, og da hadde vi vore ute av ei vanvittig knipe som vi er i no. Og no.. når forhandlingane har trekt ut, og han har eigentleg sagt nei, og vi må gå tilbake og kanskje endre tilbodet.. Eg veit ikkje kva som foregår no, men det er typisk slikt som foregår.., så blir det heile ein ganske latterleg prosess, i staden for å skjere gjennom på eit tidleg tidspunkt og seie.. dette

er ein person vi treng, og det er noe av det beste vi kan få.. og så går vi ut og hentar han. Eg har gitt melding mange, mange gongar, at det er slik ein må gjere det.. Vi står opp i ein annan situasjon med ein utlending som har akkurat det same no.. Vedkomande har da fått eit veldig godt lønstillbod ein annan stad i utlandet.. og vi.. står.. med ein viss sjanse for, vi har bra sjanse for å få tak i vedkomande, og det skal ikkje.. vi må ikkje nødvendigvis matche den lønna der ute.. vi må gjere ein del grep her. Spørsmålet er, kan ein snu seg rundt og få det til?.. Instituttet vil ha eit svært stort utbyte av å få vedkomande her.. Instituttet vil stå i ein krisesituasjon, viss vi ikkje får den.., for da har vi ikkje noen andre å ta av akkurat no.. Der er permisjonar som står for tur og alt mulig slikt.. Det vi kan seie det er at instituttet er underkritisk, det gjeld generelt, underkritisk bemanna.. ved at.. eit sjukefråvere, ein forskingspermisjon, på mange måtar kan få.. veldig mye til å kolapse.. Og det skuldast jo at vi har spesialisert oss på forskjellige fagfelt, der det gjerne bare er ein eller to personar på kvart fagfelt.. (Int. 15)

Medlemmene av dette instituttet er så vidt ein kan sjå ikkje i konflikt med kvarandre, og dei er ikkje i opposisjon til forskingspolitisk rådande oppfatningar om verdien av forsking og utdanning. Dei meiner også at faget utan tvil er både aktuelt, nyttig og at det burde vere interessant for andre. Kva er det da som gjer dei så lite nøgde?

Faget blir rive og slite i mange retningar; av ein arbeidsmarknad som tek frå dei studentar og rekruttar, av ein samfunnsfagleg kvalitativ/ "linguistic turn" som stel interessa frå dei andre SV- faga bort frå dei, av eit framstormande informatikkfag som i mindre grad treng å ta omsyn til at det skal vere relevant for andre, nærskylde fag – ein relevans IFI oppfattar som ein verdifull del av sin fagidentitet, av ideal om lønnsmessig likskap ved universitetet som hindrar at ein får tilsett personar i professorstillingar og av for mange "frittflygande apex" i den faglege samansetjinga ved instituttet. Eit hjartesukk frå ein av informantane summerer på sett og vis opp situasjonen til instituttet: "Eg har vore den same staden, men den same staden har ikkje blitt verande der eg er".

Medisinens informantane føreskriv for denne tilstanden er å (re- ) etablere ein sterke leiarskap ved instituttet. Saman med ein meir kompetent instituttadministrasjon vil ein fagleg dyktig person som også har "visjonar" (eit ofte nytta uttrykk) i høve rolla instituttet bør spele både samfunnmessig og vitskapleg, på sikt kunne løyse problema.

.. eg trur vi har ein god stab, alt tatt i betrakting.. Hadde vi bare hatt ein leiar ved instituttet, som kunne sagt at .. vi skal gå denne vegen, og som hadde så stor kompetanse og .. respekt at saueflokkene ville følgje etter..  
(Int. 1)

Ein slik leiar kunne gjere instituttet til eit framståande sentrum for andre dyktige fagpersonar, studentar og eit næringsliv med meir kompetanse og framsyn. Med ein

klarare profil ville det også vere lettare for dei andre samfunnsfaga å sjå verdien av faget, i form av assistanse til eiga forsking, men også som leverandør av viktige og aktuelle samfunnsvitskaplege problemstillingar.

Etterspurnaden etter ein sterk leiar er eit heller uvanleg fenomen i dei vitskaplege universitetsmiljøa. Ingen av dei andre institutta eg har intervju frå i denne studien gir uttrykk for at ein slik figur er ønskeleg for deira vedkomande. At ønsket finst så sterkt ved IFI kan bli forstått på bakgrunn av at instituttet *har* hatt ein sterk og sjølvsagt leiar i mange år, frå oppstarten til byrjinga av 90- åra. Det er tida etter dette som blir lest som ein konsekvens av svakt leiarskap, sjølv om endringane som blir omtalt delvis også strekkjer seg lengre bak i tid. I alle fall, ein slik lang periode med ein uomtvistet fagleg leiar, ser ved dette instituttet ut til å ha hatt den effekten at ideen om leiing og styring av den faglege verksemda utan vidare er akseptert. Periodar utan ei slik instituttorganisering blir sett som ein unntakstilstand.

Ei anna, og kanskje meir spekulativ fortolking kan ta utgangspunkt i det ein kan kalle "karakteren" til det mest viktige objektet i faget. Informasjonsteknologi er ein uvurderleg reiskap i forhold til å ta vare på datamateriale til samfunnsfagleg og anna vitskapleg forsking, rett nok under oppsyn av representantar for personvernet, - men det er også ein reiskap for "aktivistar" som vil skade oss. Teknologien kan effektivisere og auke lønnsemda i næringslivet, men er til fysisk skade for ungjar som ikkje klatrar i tre lenger. Den er spreidd rundt og har blitt uunnverleg i alle delar av samfunnet, men er relativt "ny", utviklar seg raskt og har dermed mange "barnesjukdomar" i utviklingsfronten. Informasjonsteknologi går inn i kontekstar av anvendt matematikk, språkanalyse, samferdselspolitikk, jus, organisering av arbeid, kriminalitet, pedagogikk, osb. Faget omhandlar mao. ein teknologi som er ein hybrid av nær sagt tallause typar engasjement og interesser, og der instituttmedlemmene prøvar å halde på og byggje vidare sitt eige engasjement i dette som eit universitetsfag. Igjen kan ein seie at dette gjeld for fleire fag, men, med eit mogleg unntak for økonomane, er ikkje objekta i dei andre faga noko "alle" menneske dagleg (og medvite) engasjerer seg i og brukar. Om ikkje før, så er ein i den augneblinken ein er i nærleiken av ei datamaskin også i nærleiken av informasjonsvitenskapen sine faglege område.

Desse hybrid- aktige trekka ved informasjonsteknologien var mildt sagt ikkje så tydelege i tida då faget vart oppretta. Tanken om at faget skulle vere reiskapsfag for kvantitativ forsking og arkivering, har på ulike vis gått ut på dato etter at NSD vart

oppretta og den språklege vendinga i samfunnsfaga fann stad. Dei som driv kvantitativt klarer seg tilsynelatande utan IFI. Dertil kjem oppdelinga i spesialiserte disiplinar av det opphavelege sosiologisk institutt, som ikkje gjer det lettare å gjennomføre tverrfaglege tiltak.

.. for tverrfagleg er eit pent ord, men i praksis er det veldig vanskeleg å gjennomføre, fordi at viss to forskrarar kjem saman med eit prosjekt og vil lage ei tverrfagleg undersøking, så .. er det første spørsmålet, skal vi skrive dette med henblikk på a sin profesjon eller b sin profesjon? Skal det gå inn i den type vitskaplege publikasjonar representert ved a eller ved b. Det kan tenkast at det er gjennomført eit statistisk prosjekt som a er svært nøgd med, for det har klarlagt ein del problem,.. men som er ganske triviell sett med augo til b..

(Int. 7)

I høve denne komplekse problemsituasjonen er det forståeleg at instituttet har vanskar med å finne ein ny og relativt stabil ståstad som universitetsfag. Dei tilsette skal forvalte og samle eit fag og ein "ting" som allierer seg med instansar i alle venta og uventa retningar. Til å klare opp i denne kakofonien mobiliserer aktørane ein personleg, menneskeleg, familiær storleik – ein fagperson som har nok kompetanse og respekt til å skape semje om naudsynte prioriteringar, i alle fall innafor døra til instituttet.

### **Med penn og papir**

Ein antropolog ber i seg instrumenta som skal til for å skape faglege produkt. Han eller ho må ut på reise, til eit samfunn eller ei gruppe, men vedkomande treng ikkje ta med seg anna enn penn og papir, og når ein kjem heim kan ein strengt tatt klare seg med kasserte teksbehandlingsmaskiner frå andre institutt. Av institutta eg har informantar frå, er det medlemmene ved institutt for sosialantropologi som er minst avhengig av alle former for "utstyr", og som framhevar dette som eit vesentleg trekk ved faget. Offentlege dokument, bandspelarar, statistikkprogram og datamaskiner får ligge i fred for antropologane. Det er slik sett eit fag som "gir tilbake" kontrollen over den vitskaplege aktiviteten til det einskilde mennesket. Mobilisering av "det menneskelege" er i det heile noko av det som særpregar fagmiljøet antropologane arbeider i; "djupast sett" er det er det menneskedrivne studiet av "kva det vil seie å vere menneske".

Oppstarten av antropologi i Bergen blir skildra slik:

Altså eg kom jo til Bergen forholdsvis tidleg, eg kom i 62 og det var etter at det var oppretta ei avdeling for sosialantropologi ved filosofisk institutt, så viss du ser bort i frå miljøet på handelshøgskolen og miljøet på Christian Michelsens institutt, der det var samfunnsvitskaplege miljø i vid forstand, Rokkan var jo ved CMI den gongen.. så var vi .. i antropologi da, den første spiren til eit samfunnsvitskapleg fakultet.. Det var som sagt som ei avdeling under filosofisk institutt, blant anna fordi filosofane tok initiativet til at det skulle opprettast ei slik avdeling.. det var professor N.N. Det var på bakgrunn av at Bergen hadde ein stipendiat i sosialantropologi, X.X., som kom her i 58... rekruttert frå Oslo, og han propaganderte da for sitt eige fag.. Historikarane har jo kalt han for .. døyparen Johannes.... Han annonserte meisterens kome...

(Int. 4)

"Meisteren" som med full tyngd innførte antropologien i Bergen var Fredrik Barth. Han vart tilsett i 1961 og forlet Bergen i 1974 (Bagge 1996: 596- 617). Informantar framhevar han som ein sjølvsagt fagleg autoritet i denne tida, og i arbeida hans finn ein perspektiv, teoriar og modellar som framleis representerer viktige delar av faget i Bergen. I Barth sin versjon av antropologi er ikkje "studiet av kva det vil seie å vere menneske" noko hermeneutisk djupdykk i opplevingsverda til einskildmenneske. Det handlar om grupper, sosial organisering og sosiale system<sup>61</sup>. Sverre Bagge oppsummerer arbeida til Barth slik: "Fredrik Barth bidro i avgjørende grad til å gjøre sosialantropologi til et nytt fag i Norge og bidro med sin metode til en ny eksakthet og "vitenskapelighet": en klar teori gjorde det mulig å omforme de mangfoldige observasjonene fra en eksotisk og fargerik virkelighet til et abstrakt og fast strukturert sosialt system. Dette kommer ikke minst til utrykk i hans skrifter, som har en abstrakt, teknisk og lite litterær karakter – vesentlig mer "Entliterarisierung" enn hos historikerne – og der man forgjeves leter etter personlige inntrykk fra feltarbeiderens eventyrlige liv. Barth henvendte seg også vesentlig til et internasjonalt forskerfellesskap og skrev det meste av sine tekster på engelsk." (Op. cit: 601).

Den faglege utviklinga ved instituttet etter Barth reiste, utgjer ikkje noko skarpt brot med hans perspektiv og interesser. Bergens- skolen i antropologien, eller "the Bergen school", som ein informant heller vil kalle det internasjonalt orienterte prosjektet til Barth, har heller blitt eit viktig bidrag mellom fleire perspektiv som ein i dag finn ved instituttet. Informanten som mest tydeleg likevel kritiserer "the Bergen school" ordlegg seg slik:

SP: Det er ikkje noen her på instituttet som har ei klar .. anti- .. holdning til den typen antropologi som vart drive her på sytti talet..

---

<sup>61</sup> Denne "versjonen" er den Barth utvikla i tida då han var i Bergen.

SV: 60- talet.. På 70- talet låg ein i dødvatnet, det var liksom Bergens skolens fall.. Det skjedde nesten ingenting..

SP: .. Du treng ikkje nemne namn..

SV: Eg vil ikkje seie det, altså.. Eg vil ikkje seie det.. Eg vil ikkje seie det, men at du snarare har ein heil del menneske som .. seier at .. vi kan jo det der, og det var veldig nyttig og .. fornuftig for veldig mange føremål, det der der, men .. men der er også andre perspektiv som er nyttige og kanskje mykje meir interessante i dagens situasjon.. Det vil vel vere forklaringa.. og så kan du jo seie at alle til sine tider.. Altså fadermord- tendensen har vore sterk her i Bergen.. Men ut frå ulike typar motivasjonar.. I dei tidlege tider var mange forbanna fordi Fredrik reiste frå Bergen.. og var sinte på han for det, ikkje sant og .. ja, nå blir det litt sånn lødig .. sånn sladder, ikkje sant, men det er vel alltid slik at ein skolebyggar får mykje motstand.. Men til forskjell frå Oslo, så vart det ikkje tilsett folk her som kom ut frå .. skal vi seie ml- bevegelsen, det var liksom ikkje slik.. for kabalen var vel lagt .. på den tid og det var nesten ikkje rekruttering til instituttet utover heile 70- talet, og .. nesten 80- talet.. det var ei stilling eller to.. så det var veldig lite.. Derimot så har staben blitt fordobra og studentmassen har blitt mangedobra utover 90- talet.. og mengda av doktorgradsstudenter har jo .. auka så mange gonger i forhold til det som var før .. at det liknar ikkje grisen, sant.. Så i dette er det ei uhorveleg mengd perspektiv representert.. og skyggen av Barth er ikkje lenger der.. vil eg meine, altså.. og som eg sa.. det har vel snarare vore slik at mange.. ein del av .. guruens elevar.. som vart overlatt ansvaret her i Bergen vart meir katolske enn paven sjølv.. og lente seg tungt til dette her.. Til dei grader altså, slik at .. når Barth sjølv kom tilbake, som professor to, etter .. over ti års fråvere på åttitalet.. eller .. nesten 15 års fråvere mot slutten av 80 talet, så var han ganske forbløffa, trur eg, over kor mange av hans gamle artiklar som framleis var obligatorisk pensum.. men det er no så. Det er ein tendens som er veldig kjent det. Ein gir ikkje lett slepp på ein elegant teoretisk.. ramme, som har vist seg veldig nyttig på ... nesten kva som helst, kor som helst.. Men saka er jo at .. skaparen sjølv, altså Barth har jo vore nokså.. sjølv om han har hatt eit nokså konsistent perspektiv, på det han kallar det generative og på .. folks strategiar under.. visse vilkår og slikt, da.. og på variasjon i mønsteret.. av observerbare fenomen, ikkje sant.. så har no han .. dekonstruert mykje av seg sjølv, av sitt .. underves, og dukka opp med stadig .. litt sånn smårabulistiske, i alle fall i dei katolske sine øye .. bidrag.. Så dermed er jo det ironiske skjedd at det er veldig farleg å fortolke Bergensantropologien kun i lys av Fredrik Barth, altså.. Men Barth har jo i stor grad vore, for den nye generasjonen.. som også er ein .., som eg sa, ein nokså håplaus kategori.. den betyr liksom dei av oss som ikkje var med den gongen det skjedde.. og som pr i dag i 1998, i dag er tilsett her .. og vi er vel i alder sånn frå rett opp under førti til litt over femti, ikkje sant .. Men det er på ein måte blitt ein slags kohort det der, alle dei som var med.. nokon av oss var heldige og fekk fast jobb før andre, og slikt .. kanskje vi var flinke.. ikkje veit eg, men sånn gjekk det i alle fall.. og .. for mange av oss så har jo Barth i stor grad vore ein .. vore inspirerande som ein .. diskusjonspartner, som ein kan kaste all verdas ballar til. Så har han liksom tatt på seg å vere norsk antropologi sitt vesle .. øre ut i verda. Han er jo fetisjert i USA og reiser rundt på alle verdens konferanser og snappar opp kva som rører seg, og så kjem han tilbake og begynner å fortelje.. Det er litt sånn.. interessant studie i seg sjølv, det.. Men det er på eit mykje meir beskjedent plan, ikkje sant. Ein må nok seie at det ikkje kan ha vore så lett å vere medlem av the Bergen school, den gang i tida då.. det fanst visse måtar.. å sjå på verda på.. og det kanskje ikkje var så populært med andre. I dag er ikkje det noe problem..

(Int. 6)

Dette utdraget ber i seg mange typar informasjon om fagmiljøet og Barth som den viktige figuren i dette. Det handlar om ein person som i tida det er snakk om har gått frå ein personstatus som fagleg medviten og praktisk miljøbyggjar til ein status som "guru", "pave" og "fetisjert", og som etter seiande er klar over denne transformasjonen sjølv. Han har kunna trekke vekslar på dette skiftet i samband med å skaffe seg ein friare og meir uforpliktande situasjon. At så mange antropologiske miljø kjenner til den fetisjerte fagpersonen Barth har gitt den "eigentlege" fagpersonen Barth tilgjenge til eit breitt spekter av nye faglege impulsar. Statusen som "institusjon i seg sjølv" har slik også vore ein ressurs i ein nødvendig prosess med å ta tilbake det faglege

initiativet frå denne "institusjonen"<sup>62</sup>. Informanten som lett sarkastisk omtalar Barth som "guru" og "pave" gjer det derfor i forvissing om at uttrykka ikkje vil ramme guruen, så mykje som "elevane". Barth har kome vidare – ein del av følgjet hans har det ikkje. Det sterke mangfaldet av perspektiv som har kome til blir forklart ved ei dobling av talet på tilsette, men også ved at andre perspektiv kanskje "er mykje meir interessante i dagens situasjon". Dessutan har instituttet vore spart for ML- rørsla ved universitetet, noko denne informanten relaterer til at svært få vart tilsett på 70- talet. Ein annan informant meiner fråveret av ML- arar kan forklara ved å vise til metodar som er viktig i antropologien, erfaringar ein tileignar seg i antropologisk forsking og innverknaden frå viktige allierte intellektuelle.

Sidan så har miljøet vore prega av stabilitet, vil eg seie.. Det har ikkje vore nokre store skifte altså.. Ingen store paradigmeskifte eller noko som helst. Vi vart jo, i motsetning til ein del andre miljø, både i Bergen og Oslo for eksempel.. altså det antropologiske miljøet i Oslo, sosiologane her, det statsvitenskaplege miljøet her.. vart jo i veldig stor grad affisert av ML- tida.. I Oslo hadde ein opprivande debattar og.. sågne fraksjonar, ikkje sant.. I Danmark hadde ein heile miljø som vart fullstendig rasert og øydelagde av marxist- leninismen.. Det gjekk berre på kapitallogikk.. Du har miljø som ikkje er kome over det enda.. i Danmark.. Vårt institutt vart ikkje .. i nemneverdig grad affisert av det der. Det var ingen i staben.. Og det.. hang vel i stor grad saman med.. antropologien som fag, trur eg, faktisk.. Eg kom jo heim frå mitt første feltarbeid, eg, i 1968.. .. og då var desse problema som marxist- leninismen.. jobba med.. ingenting i forhold til det som dei menneska eg hadde jobba med i to år.. For meg, ikkje sant.. for meg var det.. noe heilt anna.. Og.. Medan eg såg etnisitet, kultur.. kulturimperialisme, og den slags, så såg dei berre klasse.. Så du har ei rekke slike ting som.. Meir grunnleggjande, så er det jo dette at antropologien er.. er ein hermeneutisk disiplin.. Det let seg ikkje.. Du kunne ikkje angripe antropologien for sin logisk- positivistiske tenkemåte, på same måte som du kunne angripe andre vitskapar.. nettopp fordi vi arbeider hermeneutisk.. og vi var jo også så heldig at Skjervheim var.. levde.. og han var jo veldig mykje i vårt miljø.. Så der hadde vi ein veldig fin partnar. Han hadde jo på sitt institutt marxist- leninistar.. som han stod i opposisjon til.. slike som N.N.. og han der X.X. og slikt noko, ikkje sant.. som stod på barrikadane.. den marxistiske barrikade.. medan vi hadde Skjervheim.. Så det var jo.. Så vi kom gjennom den tida der.. Og det trur eg har vore av stor betydning på instituttet altså.. og den stabiliteten som vi har hatt. Det var jo andre miljø ved fakultetet som vart rive opp i den tida..

(Int. 18)

Instituttet sin evne til å stå i mot åtak utanfrå baserer seg slik på personlege erfaringar i feltarbeidet, ein hermeneutisk tenkemåte og bandet til ein bestemt filosof som kritiserte objektivisme i samfunnsvitskapen. Instituttmedlemmene ser ut til å vere samla om ein skepsis til kvantifiserbare, ideologiske og nytemaksimerande kunnskapsformer. Det er snakk om eit jordnært fag der kunnskap kjem ut av personlege feltarbeid.

---

<sup>62</sup> Jfr. også avsnittet om administrasjonen under og avsnittet "Distanse" i kapittel 3 (fordelen med å vere ein "veldig publisering økonom").

Vårt fag er basert på snakking.. skriving, og lesing.. Det gjeld vel dei fleste faga.. Men vårt fag er ikkje basert på samarbeid om laboratorieforsøk, for eksempel.. Ingen kan ta i bruk mine feltnotat. Viss eg blir overkjørt av bussen i dag, så kan eg ikkje tenke meg kven som kunne klare å få noe ut av dei... I alle fall ikkje i den grad eg får, fordi at .. for dei fleste av oss, sidan eg har jobba i fjerne strøk, med .. utan straum, og slike, blir jo bare skriblerier i tjukke bøker.. Mine eigne kodar, eg har ikkje ein gong kome.. over, på ti tolv år sidan eg kom heim frå det første feltarbeidet mitt, så har eg ikkje ein gong fått skrive ut alt som eg har av notat frå den gongen.. Så det er liksom ikkje slik da, at vi kan finne fram.. skjørnar du kor eg vil hen?.. Det er snakking, skriving og lesing, men kva for rekkjefølgje dei kjem i, kan jo da vere .. litt vilkårleg..

(Int. 6)

Her blir den faglege produksjonen bunde nært sammen med den personen som utfører det. Store datamengder om spesifikke samfunn blir opparbeidd i eit personleg språk som eigentleg berre produsenten sjølv er innvigd i. Ein parallel til vektlegginga av spesifikke, kontekstuelle element i den antropologiske forskingsprosessen, finn ein i oppfatningar om kva for rolle antropologien bør spele i samfunnet og i vitskapen. På det krevjande spørsmålet om kva som er "den faglege kjernen" i faget, kjem også ei understrekning av det spesielle og forskjellige:

Den faglege kjernen må jo vere det samanliknande.. det globalt komparative, utan tvil.. Der er ingenting .. nødvendigvis.. som blir tatt for gitt.. i antropologi.. For sjølv om du har funne ut at nesten alle du har hørt om driv med ein eller annan greie på følgjande måte.., så kan du alltid forvente deg at det vil kome .. Den antropologiske.. den antropologiske.. sarkastiske spør det, ikkje sant.. at du skal aldri bestemme deg for noenting.. som er generelt eller universelt, for i neste øyeblikk, vil det kome ein rett frå felten.. og fortelje at akkurat dei gjer det ikkje slik.. Det er jo litt sånn morsomt, sant.. men likevel.. det globalt samanliknande.. ydmykheten for at .. folk finn på utruleg mykje forskjellig .. og det er ikkje gitt.. spesielt ikkje at våre eigne.. gjerne kalla for vestlege .. kategoriar, omgrep, perspektiv.. er allmenngylige.. Sjølv om ein sjølvsagt må innrømme at i ein vitskapleg praksis .. i dei fleste vitskaplege paradigme, så er nettopp desse .. vestlege.., såkalla vestlege perspektiva, gjerne med røter i antikkens Hellas og opplysningstidas filosofi, sant.. rådande. Eit kjent eksempel er liksom dikotomien mellom natur og kultur.. ånd og materie.. osb..

SP: Er faget da .. indirekte ei forståing av det vestlege samfunn, gjennom å sjå .. at det finst andre ting..  
SV: Ja., det er klart det at .. det kan bli sett slik, og folk som har jobba komparativt ikkje berre med å samanlikne ulike stammesamfunn, men også samanlikne stammesamfunn med vesten.. no skal eg ete denne nydelege kaken her..(pakkar ut ein muffins), har jo nådd den konklusjon at ... visse .. ting.. som ein trudde var universelle.. viste seg å vere spesielle.. Eg nemnde natur, kultur dikotomiseringa.. Eit anna godt døme frå antropologien er jo .. ideen om at slektskap er basert på .. biologisk avstamming.. Det finst folk som blir i slekt ved å ete same maten, sant.. så eit slags korrektiv, eg vil gjerne at antropologien skal vere eit slags korrektiv til vestleg arroganse og hegemoni.. Det synest eg er eit godt .. utgangspunkt...

(Int. 6)

Dette korrektivet til forestillingar om universelle fenomen er også på sin plass i forhold til studiar av norske forhold. I det heile, meiner informanten, er det problematisk å snakke om "norske forhold" som ein gitt storleik.

Noe av det som vi kranglar om av og til, antropologar som jobbar langt borte på merkelege stader.. og dei som arbeider her heime i Norge.. det er at dei som jobbar heime i Norge, noen gonger, i alle fall, meiner at du kan ta så mykje for gitt her.. når du skal gjere feltarbeid i eigen kultur, som det heiter.. Eg meiner ikkje at det ville vere feltarbeid i eigen kultur, dersom eg skulle reise til indre Trøndelag, altså.. Kan ikkje skjønne kvifor det skulle vere feltarbeid i eigen kultur.. Eg som har vokst opp i byen i (stadnamn), og synest det er merkeleg nok inne i (stadnamn).. Eg synest Bergen også er merkeleg, ikkje sant.. Bergen er ikkje.. Når eg er i Bergen, så er eg ikkje i eigen kultur.. det er ei spissformulering.. Det er noe her med norsk kultur .. som dei folka skal verne om og .. ikkje sant..

(Int. 6)

Ein slik disiplin som heile tida er på leiting etter det spesifikke – særtrekk ved oppfatningar, kategoriar for forståing og organisering – har også problem med å finne saman med andre samfunnsfag i faglege arbeid. For dette blir det gitt fleire forklaringar; stor kompleksitet og variasjon i eige fag som gjer det vanskeleg nok å ha oversikt der, sterk internasjonal orientering som gjer det meir viktig å samarbeide med antropologar i utlandet enn med sosiologar eller statsvitarar i Bergen, ei generell auke i talet på tilsette ved SV- fakultetet som minkar den gjensidige kjennskapen til kvarandre i fagmiljøa, osb<sup>63</sup>. Men ved sida av slike forklaringar finst det også vurderingar av verdien av slikt samarbeid for antropologien, forhold som har med dei ulike faginteressene å gjere. Medlemmene av instituttet har litt ulike syn på desse forholda. Ein av dei er skeptisk fordi dei fleste samfunnsfag ikkje "utfyller" kvarandre nok til at samarbeid blir fagleg interessant:

Der faget finn sine nyvinningar, slik eg ser det, er i stor grad ut over dei samfunnsvitskaplege perspektiva.. Det eg seier her er eit lite.. stikk til fakultetet vårt, som bablar i veg om nødvendigheten av tverrfaglegheit.. men det er jo ikkje tverrfaglegheit når antropologar jobbar saman med folk på sam. pol. .. det kan umogleg vere det.. Det seier eg med lang erfaring med såkalla tverrfagleg forsking i forskingsrådet.. det er bare tull det der.. Du må ut til heilt andre folk for å drive kommunikasjon på tvers av faggrenser..

SP: Fordi det er for lite forskjell..

SV: Folk på sam. pol. har liksom begynt med noko dei kallar for kulturteori, ikkje sant.. og har lest litt sånn greier.. Det er jo ikkje interessant i det heile tatt, for oss.. Og like lite interessant må det vere for dei å høre oss fortelje om korleis folk .. lagar politikk og slikt, altså.. Det er snarare parallelle perspektiv ein bør kunne sjå på med.. muligens gjensidig interesse, men det er ikkje noen vits i å .. dei utfyller ikkje kvarandre i noen særleg grad. Eg trur liksom ikkje at statsvitenskapen utfyller antropologien i .. umåteleg grad.. No kan du seie at antropologien starta som komparativ familierett og statsvitenskap.. Dei villes institusjonar, studerte vi på 1800 talet, ikkje sant.. , men ok. Det var jo gjerne litt flåsete, men det blir jo gjerne flåsete i intervju, men .. antropologien i dag hentar sine innovative perspektiv, vil eg påstå, innan heilt andre felt, slik som kognitiv lingvistikk, moderne økonomi.. og slike ting, psykologi, til og med..

(Int. 6)

---

<sup>63</sup> Dette er også vanlege forklaringar for manglande samarbeid mellom SV- faga ved andre institutt.

Ein annan gir klart uttrykk for at det hadde vore ønskeleg med meir kontakt mellom faga og framhevar at enkeltmedlemmer av instituttet også har faglege samarbeidsrelasjonar med personar ved andre samfunnsfag. Likevel har antropologane vore "spesielle", og også blitt vurdert slik av andre samfunnsforskarar, meiner vedkomande. Antropologi blir assosiert med kunnskap om "eksotiske" samfunn, sjølv om "det ikkje skulle vere slik", og dette har medverka til oppfatningar om antropologi som eit spesielt fag. Samarbeid med andre fag går i første rekke føre seg ved ulike senter der antropologar er representerte. Men vedkomande meiner ein del av årsaka også er å finne i manglande antropologisk kompetanse i andre fagmiljø.

Det er jo påfallande for oss, frå eit antropologisk synspunkt.. at lærarane i andre fag her.., har pinadø ikkje antropologi noen av dei.. dei kan ikkje vårt fag.. Og antropologar har økonomi og geografi og statsvitenskap og sosiologi.. viss du ser på dei tilsette antropologane her.. Så vi kan ein del om dei andre faga, men dei andre kan overhodet ikkje noe om oss.. ingen av dei.., absolutt ingen har antropologi... At vi blir veldig spesielle.. det trur eg blant anna har grunnlag i.. at dei ikkje kan oss, medan vi kan dei.. (Int. 4)

Antropologisk institutt har i den tidlege fasen hatt ein markert fagleg leiar som har prega mykje av instituttet sine faglege interesser, både i tida han var der og etter. Også når Barth var der fanst det alternative interesser og perspektiv, eksempelvis interesse for sosiolingvistikk og studiar inspirert av amerikansk kulturanthropologi. Men Barth sitt opphold i Bergen, og hans interesser har danna "skole" for viktige delar av verksemda ved instituttet seinare. På 60- og tidleg 70-tal var det også ein meir nært kontakt mellom instituttmedlemmene enn det er no. Det er "påfallande" at folk ikkje lenger prioriterer å drikke kaffi saman slik ein sjølvsagt gjorde tidlegare, seier ein informant. Men om denne delen av "arven" frå Barth (og dei andre markerte faglege grunnleggjarane av fakultetet) ikkje har levd vidare, er det mykje anna som gjer det. Val av perspektiv ("ein elegant teoretisk.. ramme, som har vist seg veldig nyttig på ... nesten kva som helst, kor som helst.."), sterkt internasjonal orientering, og spesialisering på bestemte regionar i verda er forhold som i stor grad blir ført tilbake til Fredrik Barth<sup>64</sup>.

I jakta på det familiære ved dei ulike institutta, kan det her elles vere verdt å merke seg korleis det antropologiske feltarbeidet blir utlagt. Her finn ein dømet på det eg

---

<sup>64</sup> Måten Skjervheim dukkar opp på i skildringa til ein av instituttmedlemmene er også tvetydig. Han er representert ved (den teoretiske) kritikken sin av ml-rørsla og positivismen (Skjervheim som fagperson), men også, og samstundes, som ein som "var veldig mye i vårt miljø" (Skjervheim som familiært "element").

starta dette "portrettet" av antropologien med: Antropologen ber i seg instrumenta som skal til for å skape faglege produkt. Dette har ikkje først og fremst å gjere med at antropologar må vere særskilt dyktige som observatørar (som dei sjølvsagt også bør vere), at dei er sensitive lyttarar, eller at dei på andre vis har opparbeidd eller innehavar særlege personlege evner som blir brukte i kunnskapsproduksjonen. Tvert om, kunne ein vere freista til å seie. Det er den felles menneskelege erfaringa av å vere i eit miljø eller samfunn – å kjenne omgivnadene på kroppen, og å gjere seg familiær med dette – som instituttmedlemmene her viser til. Ein lever lengre periodar i samfunn utan straum, med "låge hotellrekningar" og utan assistentar. Data som kjem ut av dette finst som høgst personlege kodar og "skribleriar", som "ingen andre kan ta i bruk". Men slik vil data sjå ut for alle som vil prøve å vere i ein familiær modus i høve miljøet omkring. Antropologien er faget som gjer denne modusen til eksplisitt metodisk reiskap.

I tillegg til at eit nært engasjement i høve miljøet omkring dannar det viktige metodiske grepene i antropologien, er denne interessa også til stades i form av understrekning av og leiting etter ulike og spesielle løysingar av menneskelege spørsmål og problem. Ein bør aldri bestemme seg for at noko er universelt, for brått kjem det uflidde antropologar rett frå felten og fortel at "akkurat dei gjer det ikkje slik". At instituttet har ei variert mengd av perspektiv, teoretiske interesser og regionar som blir studerte, speglar m.a. føresetnaden om at "vestlege" omgrep og ordningar ikkje utan vidare let seg overføre til andre samfunn – kanskje ikkje eingong til det vestlege eller norske. Ein må heile tida vere open for at viktige aspekt ved menneskeleg samfunnsorganisering er annleis i neste forskingsprosjekt, og at det er i dei nære, lokale, tilsynelatande uviktige handlingsregima ein kan sjå desse aspekta.

### **Universitetsadministrasjon: Meir enn regelfølgjing**

Relasjonar mellom universitetsadministrasjonen og dei valde vitskaplege leiarane har tidlegare blitt studerte m.a. med interesse for familiære aspekt gjennom ei hovudfagsoppgåve i sosiologi (Strømsnes 1998). I denne studien kjem det fram at fakultetsdirektørar, dekanar og universitetsdirektørar og rektorar berre i liten grad oppfattar rollene sine som i konflikt. Andre stader og til andre tider finst det døme på slikt, men ut frå sjølvopplevde erfaringar er det samarbeid om felles arbeidsoppgåver som dannar hovudinntrykket. Slik tilside- setjing av "reine" administrative og faglege

regime, er i seg sjølv ingen klar indikasjon på at rettferdsregime blir erstatta av familiære handlingsformer. For leiinga ved UiB sitt vedkomande ser det meir ut som at element både frå ein administrativ og fagleg verdiorden går saman i ein "domestic"/heimleg orden. Her er det sams omtanke for UiB, eller eige fakultet andsynes departement, andre universitet eller fakultet som gir verdi.

Men same kva som måtte vere innhaldet i administrative, faglege eller lokale/heimlege verdiordenar og relasjonane mellom dei (jfr. Bleiklie et.al. 1997, Høstaker 1997, Strømsnes 1998 og Vabø 1993, 2002 for analysar av slike relasjonar), er det klart at informantar legg stor vekt på bestemte personlege og historiske konstellasjonar i sine skildringar, som har å gjere med "det familiære". Frå studien til Strømsnes finst det fleire slike døme. M.a. har "fagleg- administrative" informantar (universitets- og fakultetsdirektørar) ofte problem med å setje ord på kva for spørsmål og tema som legitimt høyrer til deira saksfelt og kva for som ikkje gjer det. I staden blir slik kunnskap sagt å vere innebygt "i ryggmargen" gjennom lang tids erfaring (Strømsnes 1998: 54). Å ha slik feltpesifikke kunnskap blir generelt sett som ein fordel m.a. i samband med rekruttering til fleire typar administrative stillingar. Rekrutterer ein "universitetsfolk" (dvs. folk som har utdanning frå, eller som på andre måtar har kjennskap til universitetet i Bergen) er det meir sannsynleg at ein får folk som har forståing for "fagligheten" i det administrative arbeidet – dvs. at aktiviteten ved universitetet ikkje har rekneskapsmessig lønnsemd som suksess- kriterium (op. cit: 51, 52). Bruken av uformelle nettverk i samband med "sonderingar" før saksframlegg til ulike styre er utbreidd, og særleg er det dei administrativt tilsette som legg vekt på at dette både er ei nyttig og legitim arbeidsform (op. cit: 89 – 95). Fleire stader blir tidlegare universitetsdirektør Magne Lerheim nemnt som ein sterk eksponent for denne aktiviteten, i ein slik grad at grensene for det legitimate, og i alle høve det som var komfortabelt for andre, vart tøygde. Frå mine eigne intervju har eg denne skildringa, som artig nok kjem i ein kommentar i høve Strømsnes sitt hovudfagsarbeid.

Det er klart at Strømsnes har hørt mykje om Lerheim og kanskje sett.. litt spøkelsar, det var ingen av oss som verken har greidd, eller prøvt å ta opp arven etter han.. Så han gjorde så mykje, han.. Vi har jo ca. hundre institutt ved universitetet i Bergen.. Han kunne sette seg ned, og så lese doktoravhandlinga.. til ein professor som var tilsett ved eit institutt for to år sidan, fordi han hadde sett eit eller anna i årsmeldinga.. til det instituttet.. og i budsjettet til det instituttet. Så henta han fram doktoravhandlinga til vedkomande, så ringte han til han klokka 21.30 ein kveld og sa at.. du, her er noko du må forklare meg, kva i helsiken meiner du med det som du har skrive i kapittel fire i doktoravhandlinga di.. Altså (knipsar med fingrane).. viss du gjer slikt.. Kven er det som greier å motstå.. Han hadde sine lakeiar

rundt om på kvart einaste fakultet han.. som han berre kunne kalle på i telefonen, så stilte dei ti minuttar etterpå, veit du.. Og han spela på eit slikt register.. .. Du må vere overmenneske, og du må ha veldig mange evner som ikkje er ein sølle fakultetsdirektør gitt.. og.. Eg kjenner ikkje nokon som har prøvt på det der, altså.. Men han.. han bygde jo opp, langt på veg.. utviklingsforskinga.. ved universitetet i Bergen.. gjennom eit slikt engasjement som det der.. og brukte makta si i kolleget til å opprette stillingar..

(Int. 12)

Kva som er det verdimessege "innhaldet" i slike familiære og uformelle nettverksrelasjonar er sjølvsagt uklart. Kva for verdiar var det t.d. Lerheim hadde, som han fekk gjennomslag for gjennom slike arbeidsformer? Kva for verdiar blir i det heile mobiliserte gjennom dei uformelle "sonderingane" ved universitetet? Dette er uklart og vil sannsynlegvis variere. Det sentrale poenget med dette og andre døme på familiære handlingsformer, er at dei viser "det familiære" som handlingsarrangement i tillegg, eller som alternativ til å etablere semje og oppslutnad i ulike typar offentlege samanhengar. Med basis i anna forsking, (Forland 1996, Strømsnes 1998) kan ein også seie at slike uformelle relasjonar har spelt ei viktigare rolle ved UiB enn ved mange andre universitet. Men kanskje er det også slik at administrasjonen meir enn dei vitskapleg tilsette rører seg i eit slikt familiært miljø i arbeidspraksisen sin.

Erfaringskunnskap og lokale nettverk er særskilt viktig for å kunne manøvrere frå "mellomposisjonen" som administrativt tilsette oppfattar seg å vere i (sjå kapittel 2).

Dei støyter ofte på situasjonar der offentleg verdivurdering og legitimering er nødvendig, men – trass i den tradisjonelt aktive rolla til administrasjonen – storleikane som blir handterte i slike situasjonar kjem ofte frå andre instansar og ligg som ei referanseramme for administrasjonen i det daglege arbeidet. Prioriteringar og målsetjingar som finst i forskingspolitikken utgjer den eine "kjelda" til verdiar her.

Kostnadseffektivitet, student- gjennomstrøyming og samfunnsrelevans/ nytte har vist seg å gå att som viktige objekt i denne politikken. Den andre referansen av prioriteringar og verdiar som administrativt tilsette skal målbere og forvalte kjem oftast frå rektorar, dekanar og andre markerte personar frå dei vitskaplege miljøa.

Akademisk fridom og grunnforskning er døme på tradisjonelt viktige objekt her. Når desse to referansane er i konflikt, noko som ser ut til å skje ofte, er det gjerne universitets- og fakultetsadministrasjonen som må lage eit kompromiss som "held saman". Når dette kompromisset vidare blir vurdert av vitskapleg tilsette og forskingspolitiske aktørar, skjer det med kunnskap om dei ulike omsyna universitetsadministrasjonen må ta. Sjølv om mellomposisjonen kan arte seg som eit

sterkt press "mellan barken og veden", som ein informant utrykkjer det, gir det også handlingsrom for aktørar med lang erfaring, lokalkunnskap og personlege nettverk. Ein kan enda til hevde at slik "familiær" kompetanse er naudsynt for i det heile å kunne handle i slike situasjonar. Men kva det er som kjem ut av desse handlingane blir da "personavhengig" i den forstand at erfaringa, kunnskapen og nettverka til personar har stor innverknad. Ut over at universitetet i Bergen frå oppstarten i 1946 gav universitetsdirektøren vide fullmakter, også i faglege spørsmål (Forland 1996: 260 - 263) og at dette har gitt opphav til ein "aktivistisk" tradisjon også på andre administrative nivå ved UiB, så er det framleis uklart om bestemte verdiprioriteringar har fått eller får gjennomslag gjennom arbeidsmåtane til administrasjonen, og kva desse eventuelt handlar om. Vi ser ovanfor at "utviklingsforskinga" si oppbygging er resultat av direktørens "makt", slik informanten ser det. Men om ei slik tematisk prioritering skal lesast som uttrykk for den tidlegare direktørens moglege vektlegging av "internasjonal solidaritet", e.l., er uvisst. Finst det bestemte verdiregime som administrasjonen ved UiB kan seiast å ha fremja og forvalta? Svar på slike spørsmål krev som eit minimum ei anna metodisk innretting enn det eg har i denne studien. I denne omgang kan det halde å vise til at fakultetsadministrasjonen ser ut til å mobilisere ein versjon av "det sivile" regimet i situasjonen der evalueringstiltaket vart diskutert (sjå kapittel 3).

Den følgjande skildringa gir kanskje likevel ein indikasjon på kva for rammer som avgrensar dei "fagleg- administrativt" tilsette sine eventuelle forsøk på for eigen del å byggje opp meir konsistente og varige prosjekt.

Men.. det som det er vanskeleg å få utlaup for, som fakultetsdirektør,.. kanskje akkurat bortsett frå denne saka her, evaluering.. det var slike langsiktige prosjekt.. Du hadde forferdeleg lite høve til å jobbe på den måten der. Altså litt karikert, så varer eikvar oppgåve til ein fakultetsdirektør maksimum seksti sekund.. Det er verkeleg ein slik.. kjaksete jobb, altså.. Og eg.. det som gjorde det ekstra.. på ein pussig måte, nesten litt komisk måte.. verre for meg, det var at.. di lengre ansiennitet eg hadde, di lettare det eigentleg vart for meg,.. di verre vart det, fordi det var alltid vakansar i det sekretariatet.. og for kvar vakanse, så vart eg liksom overlate det arbeidsområdet, for eg kjente.. alt saman best.. Og vitskapleg tilsette.. i staden for at dei ringte til ein heilt ny saksbehandlar, så.. (latter).. ringte dei til fakultetsdirektøren, for da fekk dei svaret prompte.. Det som skulle vere ein fordel, det vart ei ekstra belastning for meg.. Så eigentleg.. at det da kom inn ein ny person, der alle måtte.. stille solidarisk.. med den nye personen, for han hadde jo ikkje det minnet.. det gjorde det eigentleg.. Det ville heilt sikkert gjere det lettare for ein ny person å kunne sjå på det heile med nye friske augo..

(Int. 12)

Skildringa er dessutan ein nærmast idealtypisk illustrasjon på ein situasjon der det familiære regimet dominerer. Det er nesten som om informanten gjer greie for, og

eksemplifiserer skildringa Boltanski og Thèvenot gjer av det familiære regimet: "The dynamics of engagement are highly dependent on personal and local clues that are clearly not available to any unfamiliar observer. All the mannerisms will appear bizarre to any observer who is lacking the intimate knowledge that constitutes the personality through the path of a long and partially mutual accomodation with the entourage. Now imagine that the person has to leave the place to an unfamiliar newcomer. There is a need to tidy the place up in order to put it in a condition which is appropriate for a quite different regime of engagement based on a regular planned action based on plans and functionalities." (Boltanski og Thèvenot 1999: 362)

Gjennom det familiære, med alle spesifikke kunnskapar, ressursar og materielle objekt som blir attribuerte til personar, kan menneske bli "kvalifiserte" til å bli "institusjonar i seg sjølve"<sup>65</sup>. For slike aktørar vil ein slik status vere sjanseskapande i enkelte situasjonar, men hemmande i andre.

### **Diskusjon om det familiære**

Berre kom med det.

KVA SKAL EIN SEIE? MÅTEN DU AVSLUTTAR AVSNITTET OM  
ANTROPOLOGANE PÅ ILLUSTRERER PÅ SETT OG VIS  
HOVUDPROBLEMET DU HAR I DETTE KAPITLET, SOM ER Å FÅ FRAM  
BILETE AV PROSESSAR OG FORHOLD SOM ER TRUVERDIGE SOM  
ELEMENT I EIT FAMILIÆRT REGIME. AT ANTROPOLOGAR  
INTERESSERER SEG FOR SPESIELLE MENNESKELEGE UTFORDRINGAR  
VERDA OVER, KAN UPROBLEMATISK PASSERE SOM EI  
MONOPOLISERING OG KONTROLLERING AV EIN BESTEMT SPESIALITET  
I KONKURRANSE MED ANDRE FAGDISIPLINAR. DET HINDRAR DEI  
HELLER IKKJE I Å LAGE I STAND STORLEIKAR SOM PRETENDERER Å  
SAMLE ALLE DESSE SPESIFIKKE YTRINGANE UNDER NOKO FELLES.

Det å vere menneske er jo ikkje noe lett, det veit jo alle.. og det innber også veldig forskjellige utfordringar rundt om kring i verda... og det som er viktig for deg, er kanskje ikkje viktig for meg, og kanskje spesielt ikkje for ein .. trobriander.. kanskje.. Samtidig som vi ser, når vi byggjer opp denne samanliknande kunnskapen, at det også er forbløffande.. likskapar, globalt.. mellom folk. .. Og det ser

---

<sup>65</sup> Dette er eit uttrykk m.a. Astrid Forland nyttar i omtalen av tidlegare førstesekretær ved UiB, Astrid Omvik. (Forland 1996: 424)

jo vi på våre feltarbeid, ganske ofte, det hadde jo ikkje vore mulig for oss å kommunisere med desse menneska viss ikkje vi hadde hatt noko til felles med dei..

(Int. 6)

**MEN FØR VI GÅR MEIR INN I DENNE DISKUSJONEN TRUR EG DET ER  
VIKTIG Å OPPKLARE ANDRE SIDER VED DESSE PRESENTASJONANE  
DINE.**

Ja, eg trur eg veit kva du tenkjer på. Det første dreiar seg om å presisere at desse skildringane av institutta, som det i praksis stort sett har blitt, ikkje må bli oppfatta som uttømmande i høve livet ved dei ulike institutta. Eg har heller ikkje empirisk grunnlag for å hevde at dei forholda som er trekte fram, er eksklusive for institutta det gjeld. "Vennskap" finst sjølvsagt også ved andre institutt enn økonomi, motsetningar mellom instituttmedlemmer med basis i fagleg usemje, eller forskingsmessig "stil", finn ein også andre stader enn ved adm. org., osb. Observasjonane er gjorde med eit anna siktemål, nemleg å lage "portrett" av saker, engasjement og prosessar i samfunnsvitskaplege fagmiljø som kan ha ei familiær side. Framstillingane av institutta blir slik også portrett av institutta som fagmiljø, men dei er fargelagde av forholda eg har vurdert som adekvate eksempel i høve eit familiært regime. Hadde eg snakka med andre informantar, eller med dei same informantane på ei anna tid eller ein annan stad, er det godt mogleg at portretta hadde fått ein annan karakter. Med dette som utgangspunkt ser eg helst at eventuell kritikk skal dreie seg rundt spørsmålet om dette er brukande eksempel på tilstadeverere av eit familiært regime i vitskaplege miljø, og kva for implikasjonar ein i såfall kan trekke av dette i høve fagutviklingsproblematikk. Som du er inne på så er spørsmålet kor langt dei ber som slike skildringar.

**I ALLE FALL ER DET SLIK AT "DET FAMILIÆRE" BLIR GITT MANGE  
TYDINGAR I DESSE "PORTRETTA" DINE: VENNSKAP, MOTSETNINGAR  
PGA. ULIK FORSKINGSSTIL, PERSONLEGE KUNNSKAPAR OG  
ERFARINGAR SOM RESSURS OG PROBLEM I ADMINISTRATIVT ARBEID,  
ETTERLYSINGA AV EIN STERK LEIAR SOM LØYSING PÅ EIT PROBLEM  
MED Å LAGE I STAND EIT FAG OM EIN UVILLIG OG USTABIL "HYBRID",  
OG TIL SIST, ANTROPOLOGISK METODE OG INTERESSE SOM DØME PÅ  
FAGPERSONAR SOM GJER "DET FAMILIÆRE" TIL EIT SENTRALT  
ELEMENT I FAGLEG ARBEID. DETTE ER SAMLINGA DI AV "CASE", OG**

DET ER IKKJE ALLTID SÅ LETT Å SJÅ KORLEIS DU SKAL BINDE DEI SAMAN MED "... an accustomed dependency with a neighborhood of things and people." (Thévenot 2001: 61). DENNE FINJUSTERTE "VANEMESSIGE AVHENGIGHEITA" TIL EIT BESTEMT MILJØ BLIR FRAMSTILT AV THÉVENOT SOM MÅTAR MENNESKE GJER NÆRE OMGINNADER KOMFORTABLE (convenient) PÅ. DET DREIAR SEG T.D. OM KORLEIS EIN FÅR OPP EIN VANSKELEG DØRLÅS, KORLEIS EIN BRUKAR LENESTOLEN HEIME, MÅTEN EIN KNYTER SKOLISSER PÅ, O.L. KUNNSKAP OM DETTE BLIR ØYDELAGD AV OFFENTLEGGJERINGS- PROSESSAR, NOKO EIN M.A. KAN SJÅ VED AT FOLK HAR PROBLEM MED Å "SETTE ORD" PÅ SLIKT (op. cit: 61). DET ER MAO. SNAKK OM FORHOLD SOM IKKJE ER SOSIALE, VISS EIN MED DET SIKTAR TIL "social practices` which designate collectively aligned gestures" (op. cit: 62). EIN SPÅDOM KAN VERE AT DET FAMILIÆRE REGIMET IKKJE ER DET SOM VIL FANGE MEST MERKSEMD I SOSIOLOGIEN BOLTANSKI/ THÉVENOT GIR OSS, FORDI SAMFUNNSFAGA ER MEST OPPTATTE AV KONVENTSJONAR SOM OMFATTAR MEIR ALLMENNE HANDLINGSFORMER. ENKELTE SER DESSUTAN OGSÅ SAMFUNNSFAGA SJØLVE SOM EIT PRODUKT AV SLIKE REGIME (Sjå m.a. Wagner 1998 og Desrosieres 1990). SPØRSMÅLET EIN MÅ STILLE TIL DETTE KAPITLET FRÅ EIN "SAMFUNNSFAGLEG SYNSSTAD" BLIR DERFOR: KORLEIS ER DETTE RELEVANT?

Relevant i høve Thèvenot sitt "familiære regime", eller i høve "samfunnsfagleg fagutvikling"?

I GRUNNEN BEGGE DELAR.

Det er nok slik at analysane mine ovanfor ikkje fullt ut svarar til "the regime of familiarity" slik Thévenot legg dette ut, men at eg har laga meg ein ad. hoc. versjon basert på materialet eg har hatt tilgjengeleg. Men om mine døme på familiære trekk ved fagmiljøa skil seg frå enkeltpersonar sine idiosynkratiske måtar å forhalde seg til det fysiske nærmiljøet sitt, vil det framleis vere mogleg å argumentere for at dei eksemplifiserer ein annan handlingsmessig modus enn det som skjer innan regimet av rettferdiggjering. Dei er døme på andre måtar å "engasjere verda på": "Pragmatic regimes are social devices which govern our way of engaging with our environment inasmuch as they articulate two notions: (a) an orientation towards some kind of good; (b) a mode of access to reality." (op. cit. 67). Det er ei orientering mot andre

"gode" enn offentleg legitimering av fagleg verksemd som kjem fram i døma mine ovanfor, og slik kjem det også fram ein annan realitet enn den som finst i rettferdiggjeringsregimet. Ein får tilgang til ein annan realitet ved å samlast rundt kaffitaktaren på instituttet enn ein gjer når ein skal "omsetje" ein artikkel om norske økonomiske forhold til eit internasjonalt tidsskrift, ein får tilgang til ein annan realitet ved å bli oppringt av ein vitskapleg tilsett som vil løyse eit studieteknisk problem – og som i grunnen skulle ha snakka med folk lenger nede i hierarkiet –, enn ein gjer på eit fakultetsmøte der organisatoriske endringar skal drøftast. Det er ein realitet som kan vere både meir og mindre "forvirrande" enn realiteten i regimet av legitimering, alt etter kor kjent ein er med regima og kor "vel" ein kjenner seg i dei. Personar og ting kan vere "store" i eit regime, og "små" i eit anna.

**DERSOM DU MED DETTE FÅR AKSEPT FOR AT DU HAR GJORT GREPET DITT RELEVANT I HØVE DET FAMILIÆRE REGIMET, KVA SÅ MED RELEVANSEN I HØVE FAGUTVIKLING? KVA HAR DENNE TOLKINGA DI AV DET FAMILIÆRE REGIMET Å GJERE MED UTVIKLINGA AV FAGA?**

Skildringane av institutta ovanfor (som altså meir er å forstå som typar av "familiaritet" i fagmiljøa enn som sjølvstendige analysar av institutta), viser fram måtar aktørar engasjerer omgivnadene sine som "arbeidsplass"; dvs. som eit nærmiljø av personar, ordningar og historie. Dette til skilnad frå eit engasjement i omgivnadene som vitskapleg hierarki, som miljø for samfunnsnytte, som kulturinstitusjon, e.l. Slike "realitetar" er sjølvsagt ikkje heilt borte i denne modusen, men dei framstår her meir som bakgrunn for forhold som har meir spesifikke, konkrete "konvensjonar" knytt til seg. Mange av dei tilsette ved SV-fakultetet har ei lang historie der, og mange av dei (69%) har også utdanninga si frå eige fakultet, noko som forresten er eit utbreidd fenomen ved norske universitet (Høstaker 1997: 96 – 99, Vabø 2002: 140 - 147).

Dette kan tyde på at det familiære regimet (slik eg her presenterer det) er relativt viktig i norske universitetsmiljø. Ein må tru at relativt mange personar har omfattande kunnskap om dei lokale forholda (viktige personar, "tradisjonar", historie) dei arbeider i, mange har gjennomgått ein "... careful tuning with a nearby environment.

Reality is not sliced into clear-cut objects which are ready-made for a regular utilization in accordance to their functional design. Things are worn out and fashioned by personal use. Fragmentary and deeply anchored clues of 'information' are laid down in a web of uses." (Thevenot 2001: 69). Denne "bruken" av eit miljø gjer aktørane til noko anna enn det som ligg i dei formelle kategoriane "ein økonom", "ein

administrator", "ein universitetstilsett"; dei blir personar med finjusterte spesifikke eigenskapar i høve arbeidsplassen. Realiteten som kjem fram i denne modusen er derfor "uryddig", i den forstand at miljøet, og bruken av det, er forma av spesifikke personar, spesifikke historier og ordningar. Skal ein kople "fagutvikling" til analysen av ein familiær modus, kjem det fram eit tilsvarande "uryddig" biletet der prioriterte forskingsområde, publiseringsvaner, undervisning og administrasjon no brått har å gjere med ein person sine relasjonar til andre tilsette i tidlegare tider, ei fredagspilsordning, ein direktør si lesing av ei doktoravhandling, "kritisk underbemannning" ved eit institutt, osb. I den familiære modusen har desse forholda også ei eiga tyngd – dei er ikkje personar og ting som er gjort ekvivalent med andre personar og ting under jurisdiksjon av allmenne verdidomene, men blir forstått som delar av den faktiske historia bak utforminga av miljøet.

**MEN KVA FOR STATUS SKAL EIN GI DESSE SKILDRINGANE?**

**FORKLARAR DEI MEIR ELLER MINDRE AV FAGUTVIKLINGA I FAGMILJØA?**

Skiljet mellom det familiære regimet og rettferdiggjeringsregimet kan minne om ein del andre omgrepsspar som uformell – formell, praksis – teori, realitet – ideologi, konkret – abstrakt, backstage – frontstage, osb. Slike skilje har felles at dei på ulike vis samstundes dannar motsetnader mellom nivå eller typar av handling, der ein av delane ofte blir oppfatta som meir autentisk eller viktig enn den andre.

Samfunnsvitskapleg forsking er gjerne sikta inn mot å få fram det sannare, meir reelle nivået – å avdekkje laga av former som ligg over dei intensjonane og prosessane som har viktige sosiale konsekvensar. Kostnaden med å leggje opp til symmetri i måten å omhandle ulike handlingsregime på, er at ein (i alle fall for ei stund) taper denne evna til avsløring og kritikk (Boltanski og Thévenot 1999: 364). Men det er verd å minne om dette poenget no, fordi symmetrien sjølvsagt også har forskingsmessige gevinstar. Å skrive om det familiære regimet "symmetrisk", har den verknaden at tolkingsrommet for kva fagutvikling handlar om, blir større. Mao. er det ikkje slik at perspektivet "fagutvikling gjennom rettferdiggjering og legitimering" får fram eit sannare eller meir realistisk biletet av kva dette handlar om enn "fagutvikling gjennom det familiære regimet", eller omvendt. For aktørar er dette like reelle modi, men det eine eller det andre kjem fram avhengig av korleis omgivnadene blir brukte eller blir engasjerte. Realitetane ber også i seg ulike sjansar og avgrensingar.

## MEN KVA FOR "GODE" ER DET FOLK ENGASJERER SEG I I EIN FAMILIÆR MODUS? KVA ER DET DEI ENGASJERER SEG FOR?

Ja, dette er det jo viktig å få klarleik i med tanke på å finne ut av kva vi snakkar om når det gjeld fagutvikling i dette kapitlet. For ein stor del handlar "godet" ein engasjerer seg i om å finne seg til rette i, eller å "forstå" den lokale arbeidsplassen. Det dreiar seg om å opprette ein "brukande" relasjon mellom personen og miljøet. I seg sjølv kan ein ikkje gjennom studiar av dette seie så mykje om fagutvikling, men realiteten som kjem fram gjennom eit slikt engasjement er fylt av viktige personar, historier og oppfatningar om faget slik det framstår i dei nære omgivnadene.

"Fagutvikling" blir derfor ein meir *eksplisitt* historisk prosess i denne modusen, forstått både som fortidig og notidig historie. Historiske personar (og konstellasjonar av slike) får meir å seie her, oppfatningar om norsk samfunnsvitskap formar forståinga av eige fagmiljø, identifisering av grupper ved universitetet eller instituttet kan skje på grunnlag av det som blir sett som vanar, holdningar, tradisjonar og politiske engasjement, faglege perspektiv og teoriar kan ha karakter av personleg eigedom, og måten ein les "dagens samfunn" på (behov i arbeidslivet, teknologiske nyvinningar, politiske prioriteringar) kan gi rettesnorer i høve kva ein bør setje i verk ved instituttet.

Alle institutta har ein eller fleire personar i historia som har vore (eller er) meir viktige enn andre. Barth, Rokkan, Øyen, Dahl Jacobsen, J. P. Olsen, Rødseth, Nordbotten. Dette er døme på personar som informantar framstiller som folk som har bunde andre personar til seg, som har sett ein tidleg dagsorden for store delar av fagmiljøa gjennom sine eigne interesser og perspektiv, og som slik også dannar utgangspunkt for notidige instituttmedlemmer sine eigne (og eventuelt divergerande) faglege orienteringar.

Samstundes som det historiske blir meir tydeleg, får fagutvikling også ei meir praktisk og konkret tyding i ein familiær modus. Når instituttmedlemmer orienterer seg fagleg i denne samanhengen, så er det med utgangspunkt i "faget – slik – det – framstår – her – på – instituttet". Dette er ein storleik som er sterkt nedtona i samanhengar der "godet" ein engasjerer er "faget – slik – det – er – kollektivt", som altså opnar ei verd av offentleg rettferdiggjering. Men den familiære versjonen er viktig fordi den gir tilgang til lokal detaljkunnskap om kva som har vore gjort før, kven ein må oppsøkje, eller ikkje oppsøkje, kven ein må nemne og referere, om det finst praktiske ordningar ein kan nytte seg av, kva for kontakt- og kommunikasjonsvegar som fungerer internt

ved instituttet og ut frå instituttet, osb. Fagpersonar kan sjølvsagt satse på å ignorere denne verda, og konsentrere investeringar omkring eit "globalt" fagleg engasjement, men ei slik prioritering vil da gjerne skje etter ei vurdering av, og ei stillingstaking til dei familiære omgivnadene. Dessutan er det reint praktisk svært vanskeleg å unngå "intervensjon" i det lokale miljøet. Fysisk oppheld ein seg oftast der, og ein må som sagt engasjere dette miljøet for å gjere det råd å arbeide der. Dei som likevel skulle prøve å "sleppa unna" det lokale faget vil i alle høve få informasjon tilbake om slik handling frå den familiære realiteten (aksept, oppmuntring, skuldingar om manglande kollegialitet, osb.)<sup>66</sup>. Gjesteforskarar, personar med professor II stillingar o.l vil oftast ha eit anna handlingsrom enn dette i høve det familiære.

MEN TILBAKE TIL ANTROPOLOGANE. TYPEN AV FAMILIARITET DU AVSLUTTAR MED DER, HAR VEL EIN ANNAN KARAKTER ENN DEI ANDRE EKSEMPLA DINE. HER DREIAR DET SEG JO OM Å ANVENDE MODUSEN SOM FORSKINGSSTRATEGI, IKKJE SOM INSTRUMENT FOR Å FORSTÅ EIGE MILJØ?

Ja, og du påpeikte tidleg i diskusjonen det tvetydige ved bruken til antropologar av feltarbeidsmetoden. Det viser at interesse for spesifikke lokale variasjonar – det som ikkje enkelt let seg ordne i kategoriar som frå før er kjende – også kan danne eit forskingsregime som kritiserer andre. Denne interessa kan bli sett opp som (eit betre) alternativ til andre forskingsinteresser, typisk representert ved ulike statistiske tilnærmingar. I den grad det er det vi observerer hos antropologane, så ville dømet passe betre i kapittel 3. Interessa for det familiære kan altså ha fleire og samtidige sosiale funksjonar; for antropologar er det ein måte å bli kjent med eit forskingsobjekt samstundes som det er ein måte å skilje seg ut frå annan samfunnsvitskap.

SÅ KVA SKAL VI HA SOM KONKLUSJON HER?

Konklusjonen er at aktørar må engasjere omgivnadene sine også som eit familiært miljø. Miljøet er ikkje "leveleg" utelukkande som ein arena for samanbinding av element som gjer aktørar og alliansar mellom aktørar "store" i ein offentleg, allmenn samanheng. Den familiære modusen handlar om å forstå eit konkret, lokalt miljø av personar, ordningar og historie. I dette engasjementet kan aktørar oppdage lokale,

---

<sup>66</sup> I tillegg til det eg har sortert ut som fagutvikling gjennom rettferdiggjering og legitimering og gjennom ein familiær, lokal modus, nemner ein del informantar også verdien av "å reise bort", både frå dei internasjonale konferansane og frå instituttet. Aleine, på ei hytte eller eit heimekontor, får ein endeleg ro til å lese, tenke og skrive. Det er i denne "modusen", som kanskje er ein tredje fagutviklingskontekst, at det ofte oppstår nye idear, blir det sagt.

meir spesifikke måtar å utvikle sine eigne faglege prosjekt på. Personen på kontoret ved sida av, eller ein som reiste frå instituttet for 10 år sidan kan gi inspirasjon til nye prosjekt. Kunnskap om korleis det lokale miljøet fungerer og kva for historie det har, kan også gi "praktiske oppskrifter" til korleis ein bør gå fram, og kva ein må ta omsyn til i fagutviklingsprosessar innan offentlege regime av rettferdiggjering.

Den familiære modusen er ikkje retta inn mot offentleg argumentasjon, kritikk og avsløring. Følgjande utdrag, som eg vil vi skal avslutte kapitlet med, viser korleis eit nært engasjement i omgivnadene kan ta seg ut for ein aktør. Men også dette er eit fleirtydig utdrag, for det kan sjå ut som den familiære modusen kan ha ein avslørande og kritisante funksjon i forhold til både aktøren sjølv, og i forhold til andre aktørar.

Etterkvart som du blir eldre, så blir du meir, skal vi seie.. ufølsom overfor .. turbulensen omkring deg .. og du veit at .. senioritet og ein viss oversikt over kva du gjer og konsekvensar av det.. er jo på ein måte.. Eg må seie eg er ganske lykkeleg her eg .. eg har det jævlig flott, eg.. Eg er ikkje professor, og det er jo synd.. det er klart eg skulle gjerne hatt den lønna dei har.. Eg er ikkje noe berømt, og det er jo også beklageleg, for eg synest jo at eg er ein jævla kar.. På den andre sida, då eg feira sekstiårsdagen og såg alle dei rare tryna .. som eg hadde samla.. og gjort til mine gode venner over alle desse åra,.. så var det ikkje noe håplaukt kasus.. Det var faktisk mange der, og dei var gode venner og dei var frå all verdas land.. sosiale lag, yrke og samfunnsforhold.. Så.. til sjuande og sist, så lærer ein seg å leve med det slik som det er.. Og det er ikkje noen tragedie overhovudet å ikkje bli professor..

SV: .. Nei, det vil eg jo tru.. Kanskje er det ein tragedie å bli professor?

SV: Det er jo mange som hevdar det, men det lyder litt hult når dei seier det...

(Int. 7)

## **Kapittel 5**

### **Distansehandlingar**

Kva er skilnaden mellom evaluering og samfunnsvitskap? Begge praksisformene hentar inn kunnskap om noko som er "borte" (geografisk, historisk, sosialt, kognitivt) frå utøvarane, og tar dette "noko" tilbake til ein lokalitet som enten allereie er, eller som – ikkje minst gjennom denne aktiviteten – tar sikte på å bli eit "center of calculation".

Om lag slik kan opptakten til ein Latour- inspirert avsluttande analyse av desse storleikane vere (Jfr. t.d. Latour 1987: kap. 6). Ikkje berre evaluering og samfunnsvitskap kan bli skildra slik - alle former for kunnskapsutvikling, i alle fall dei som prøvar å bli aksepterte av eit publikum, følgjer denne prosessen som er banal og vanskeleg på same tid. Vil ein vite noko om eit samfunnsvitskapleg fakultet i Bergen, må ein oppsøkje denne lokaliteten (fysisk, i litteraturen, eller i statistikken), og ta med seg tilbake noko som let seg flytte på, som held saman, og som er mogleg å relatere til annan kunnskap. Prosessen er "banal" fordi denne kunnskapen alltid er ei grafisk framstilling, ein tabell, eit intervjunotat, ei oversikt - ei form av ein ting som ein kan ta med seg i hendene utan å måtte ta med sjølve tingene. Kunnskap er i denne prosessen lik "informasjon", dvs. eit kompromiss mellom nærleik/ tilstadever og avstand (op. cit.: 243). Men den er vanskeleg fordi formene ein tar med seg ofte er svikefulle og kan få ein annan lagnad enn den dei er tiltenkte: Dei kan ta med seg for mykje eller for lite, slik at dei ikkje blir truverdige, dei kan bli misforstått eller forstått på ein annan måte av andre, som gjer dei ustabile, eller ein kan ha vanskar med å overtyde observatørar om at ein har vore borte frå eigen lokalitet i det heile, at ein har vore det lenge nok, og formene blir dermed kritiserte for å vere avgrensa, snevre, eit uttrykk for eigenskapar ved observatøren heller enn objektet. Meir konkret: I kapittel 2 vart innhentarane av informasjon (evaluatorar) og den innhenta informasjonen kritiserte for 1) å nytte lite truverdige former (talmessige uttrykk for forsking- og undervisningskvalitet/ modell av forskingsorganisering basert på eit universitet "ingen har hørt om"), 2) å vere uttrykk for symbolske markeringsbehov i staden for eit ekte ønske om å få vite noko om fakultetet (personlege, i staden for allmenne ambisjonar), 3) å vere ubrukelege som reiskapar til å meistre objektet etter innsamling (uråd å få gjennomslag for eventuelle endringsframlegg grunna alt for ulike oppfatningar om kva som er god samfunnsvitskap) 4) å importere formene utan på førehand å ha bygt

opp eit nettverk dei kunne røre seg innafor (å etterape modernitet utan omsyn til lokale tradisjonar).

Problemsituasjonen er den same for samfunnsforskarar som vil opparbeide kunnskap om den nye makta i Noreg, den Skandinaviske økonomiske modellen, eit samfunn i Stillehavet, samfunnets sårbarheit i ein teknologisk tidsalder og, sjølvsagt, evaluering og fagutvikling ved eit samfunnsvitskapleg universitetsfakultet. Vil ein handle på avstand - frå ein lokalitet seie noko om, og/ eller endre på noko i ein annan lokalitet - må ein få tak i "spor" (traces) frå den framande lokaliteten som er mobile, stabile, som kan henge saman med kvarandre og som let seg kombinere med tidlegare opparbeidde inskripsjonar og fakta. I alle forskingsprosjekt blir slike spor omplasserte (displaced) frå konteksten dei høyrer heime og går inn i nettverk som forskarar med større eller mindre suksess prøvar å byggje opp. Evalueringstiltak og forskingsprosjekt har dette felles, dei vil seie noko verknadsfullt om ein annan stad utan å vere der.

Men kva er skilnaden mellom dei? Dersom ein aksepterer den skildra likskapen ovanfor, kan ein svare på spørsmålet berre ved å gå meir detaljert til verks i analysen av *kva for* inskripsjonar dei to praksisformene produserer, og kva for typar nettverk dei tar sikte på å gi liv til. Papirarbeid; skjema, skisser, modellar, intervjuinformasjon og statistikk er uunnverlege innretningar for evaluatorar og forskarar, det er ingenting å hente på å sette inskripsjonsformene opp mot kvarandre. Bruk av statistikk i evalueringstiltak blir kritisert, men det blir statistikkbruk i samfunnsforsking også, intervju kan vere overflatiske, framandgjerande eller for empatiske i forsking som i evaluering. Enda er det ingen som nyttar EKG for å granske samfunnet/ samfunnsvitskapen.

Men evaluering er jo innretta mot å "effektivisere" universiteta, å etablere mål på "kvalitet" som er knytt til ønske om å nytte universiteta som politiske instrument! Vi, som står utanfor denne politiske konteksten, har derimot sjansen til å reflektere samfunnet med eit uavhengig blikk! ("Samfunnsforskarane" - omsett av analytikaren)

Men forskarane er jo inngrodde i sine snevre perspektiv, utan evne og vilje til å sjå universitetet i samanheng med viktige samfunnsomsyn! Vi, som står mellom universitetet og samfunnet, er dei om må ta ansvar og formidle mellom ytterpunktene! ("Administratorane/ evaluatorane" - omsett av analytikaren)

Skilnadene mellom desse praksisformene har mao. med politiske spørsmål å gjere. Å studere evaluering har vist seg å vere ein god inngang til studiar av fagutvikling, fordi evaluering og dei som praktiserer det, representerer mykje av det forskarane finn kritikkverdig i "samfunnets oppfatningar" av kva eit universitet er og skal vere.

Tilsvarande har ein viktig del av administratorane/ evaluatorane si sjølvoppfatning nettopp å gjere med å representerere "samfunnet" andsynes universitetet. Politikken det er snakk om her, er ein praksis alle aktørar er involverte i. Ei tilnærming som skal vere symmetrisk i handsaminga av alle aktørar og ytringar og som dertil er "agnostisk" med omsyn til forklaringar (ingen bruk av transcendentale storleikar), kan ikkje forstå forskarane sin uavhengigheit og des- interesse, som anna enn det hevdvunne resultatet av mange historiske kontroversar om kven som legitimt kan representerere samfunnet. Ein kan sjølvsagt heller ikkje overta utøvarane av evaluering si framstilling av seg sjølve som privilegerte formidlarar, men i dette spørsmålet er dei i språkbruken sin nærare ein realistisk definisjon av praksisen, enn det forskarane er. For å få fram eit meir tydeleg bilet av politikkformene som engasjerer aktørar som er opptatt, og tatt opp av samfunnsfaga, har eg prøvd ut Boltanski og Thévenot sin sosiologi om kritisk kapasitet. Omgrep og perspektivet dei har utvikla gjer det mogleg å studere verdiar utan på førehand å la verdiane vere del av samfunnsmessige funksjonar eller maktspel aktørane sjølve ikkje forstår eller har tilgjenge til. Det er også ei tilnærming som leitar etter verdiar i arrangement, ordningar og materielle ting som har ei historie og som prinsipielt er tilgjengelege for både aktørar og observatørar. Politikkanalysen i avhandlinga har slik vore studiet av korleis aktørar sorterer og stiller opp ordningar for å gi offentleg legitimitet til eigen praksis.

At samfunnsforskning handlar om å representerere samfunnet blir stadfesta av aktørane. I møtet med evaluering (kapittel 2), som for forskarane m.a. er eit møte med instansar som set spørsmålsteikn ved den samfunnsmessige verdien av samfunnsvitskap, blir det sivile regimet mobilisert. Kritikk av evalueringstiltaket og norsk forskingspolitikk skjer med basis i kollektive verdiar: "Dei" er agentar for kortsiktige økonomiske nytteomsyn, "vi" prøvar å skaffe fram kunnskap om kva samfunnet er utan å ha bestemte ønske om kva det er, for vi er frie frå alle særinteresser.

Fakultetsadministrasjonen på si side, står seg også til ein versjon av det sivile regimet gjennom å leggje vekt på ansvaret dei har for at universitetet gjer seg budd på, og kan handtere endringar som uansett vil kome. Med utviklinga av "masseuniversitetet", kjem nøyare samfunnsmessig granskning av kva ressursane til høgare utdanning går til

som ein uunngåeleg konsekvens. Administrasjonen ser det som si oppgåve å mekle mellom forskarane og styresmaktene som løyver pengar til aktiviteten, og slik gjere endringar levelege for alle.

Men verdiar og perspektiv endrar seg når situasjonen skiftar frå legitimitet i høve "samfunnet" til legitimitet i høve "vitskapen". Den kollektive representasjonen av kva samfunnet er, som for vitskapleg tilsette var så viktig i disputten med kortsynte forskingsadministratorar, finn ein no (i kapittel 3) igjen berre som ein sjølvsagt ting det ikkje er naudsynt å nemne eksplisitt. Kvaliteten på representasjonane, kor representative dei er, blir avgjort av ein domstol som vurderer storleiken på arbeida, og i denne situasjonen handlar samfunnsforskarar "på avstand" i dobbel forstand. Dei som representerer samfunnet best, er dei som blir publiserte, leste og siterte av aktørar som er internasjonale, som er på avstand frå kunnskapsprodusentane sin eigen lokalitet. "Publish or perish"- kravet er sjølvsagt vel kjent frå før, ikkje minst innan naturvitenskaplege samanhengar, men at det ser ut til å ha blitt så einderådande som offentleg legitimeringsregime i samfunnsvitskapen, og at så mykje også her er avhengig av å gi arbeida eit internasjonalt format, vekkjer kan hende meir oppsikt. I alle fall, storleik tileignar ein seg gjennom å etablere seg som aktør innan eit internasjonalt vitskapleg nettverk av dommarar. Nettverket blir sett som rettvist, fordi det dømmer etter kriterium som ikkje kan bli lokaliserte nokon bestemt stad, dei er like for alle, universelle. I dette ligg det også innbakt ein føresetnad om at kunnskap i liten grad er lokal. Lokal kunnskap er i denne samanhengen nettopp mindreverdig kunnskap, fordi den blir sett som sær og gjeldande berre for bestemte situasjonar, ueigna for transport ut av den bestemte lokaliteten. I høve rettferdigjering i den "vitskaplege situasjonen" oppstår eit kompromiss av verdielement frå opinionsregimet, det industrielle og det inspirerte regimet. Kompromisset har eg kalla eit meritokratisk kosmopolitisk regime. Det finst kritikk mot desse verdiane - i materialet mitt i form av "regional", "feministisk" og "vørdnads-" kritikk - men utøvarane av denne kritikken har få voner eller ambisjonar om å erstatte det dominerande verdiregimet for forsking. For andre delar av aktiviteten ved universitetet, undervising, formidling og administrasjon, finst det sterkare innslag av andre omsyn, men også her gir det verdi å inkludere og mobilisere element som er på avstand frå UiB sin fysiske lokalitet (rekrytering av utanlandsstudentar, nettbasert undervising, internasjonale utdanningsgrader, osb.).

Legitimering overfor samfunnet er ein situasjon, overfor vitskapen ein annan. Finst det andre situasjonar? Finst det situasjonar der offentleg legitimering ikkje er eit adekvat engasjement i det heile? Ja. Eit universitetsinstitutt er også ein arbeidsplass, med relasjonar mellom personar og bygningar og historier - ei verd tilsette kan (og må) engasjere også som ein familiær storleik. I kapittel 4 blir søkerlyset retta mot ei slik verd, og det blir konstruert "portrett" av slike engasjement med utgangspunkt i historier om institutta. Utan anna publikum enn den saktmodige doktorstudenten frå 6. etasje i SV- bygget (som visstnok vil prate om litt av kvart), blir det etablert eit rom for å snakke også om det lokale miljøet, særeigenheiter, spesielle problem og utfordringar, personlege erfaringar og anekdotar. Også denne vendinga i avhandlinga er eit forsøk på å prøve ut Boltanski og Thévenot sin sosiologi om kritisk kapasitet i (forsknings-) praksis. Berre i avgrensa grad introduserer den familiære modusen andre personar og objekt i situasjonen, det er først og fremst typen av engasjement i høve personar og objekt, som skiftar no. Alternativt, og kanskje betre (men meir flokut) uttrykt, er det slik at eksistensen av/ realiteten til personar og objekt endrar seg når aktørar går frå handling under eit rettferdsregime til handling under eit familiært regime. Menneske er ikkje alltid i forhandlings/ rettferdiggerings- situasjonar. Dei er like ofte eller oftare i situasjonar der omgivnadene let seg forstå gjennom rutinar og vanar, eller i situasjonar der kontroversar og løysingar på problem ikkje treng prøving gjennom offentlege realitetstestar. Omsett til prosjektet mitt: Dei tilsette ved fakultetet driv ikkje alltid fagutvikling gjennom å engasjere verdiar alle har kjennskap til og slik har "felles", like ofte driv dei ikkje fagutvikling, eller dei gjer det på "uoffisielle" vis, eller dei produserer eit lokalt miljø gjennom eit familiært engasjement som dannar ein nødvendig bakgrunn og kontrast til arbeidet med å gjere seg "stor" fagleg. Dette *kan* arte seg som at eit instituttmedlem utan særleg fagleg prestisje hjelper ein fagleg frontfigur ut av faglege, personlege, økonomiske eller andre problem, men det kan også vere omvendt. Poenget med å vere merksam på dei familiære sidene ved institutta, er ikkje å trekke fram "kvardagheltar", eller på andre vis å avsløre det som går føre seg i dei offentlege fagutviklings- samanhengane (noko eg heller ikkje har hatt materiale til å gjere). Poenget er å stille opp ei verd som fagleg rettferdigging kan grense mot, utan dermed å fastslå på førehand kor grensene går. Dynamikken mellom å engasjere omgivnader som generelle, offisielle storleikar eller som spesifikke, lokale og uoffisielle, finn ein dermed i to kontekstar: I samanhengar der

forskarar (og evaluatorar) konstruerer flyttbare kunnskapsformer som gjer det mogleg å handle på avstand i høve eit framandt objekt eller ein framand stad, - og i omgivnadene som utgjer eigen arbeidsstad, der aktørar gir kvarandre eksistens skiftevis som privatpersonar/ arbeidskollegaer og vitskapsaktørar.

OG FOR DEG ER BEGGE DESSE KONTEKSTANE "DET FRAMANDE  
OBJEKTET" SOM DU HANDLAR PÅ AVSTAND I FORHOLD TIL? HAR DU  
FÅTT DET TIL? KVA ER DET SOM I SÅ FALL BLIR IGJEN I DESSE OBJEKTA  
ETTER AT DU HAR TATT MED DEG TILBAKE SPOR SOM ER GITT EI  
FLYTTBAR FORM?

EG TENKTE AT SIDAN DU NO FORT HAR FARE GJENNOM AVHANDLINGA  
HITTLI, VAR DET PÅ TIDE Å VENDE LATOUR, BOLTANSKI OG THÈVENOT  
SIN "KRITISKE KAPASITET" MOT AVHANDLINGA SJØLV, EVENTUELTT  
MOT *DEI SJØLVE*.

Ja, avhandlinga og perspektiva til Latour, Boltanski og Thèvenot må vere ulike ting, sjølv om avhandlinga er avhengig av at perspektiva er konstruerte, og perspektiva på sett og vis også er avhengig av at nokon gjer bruk av dei. Vel, eg håpar den følgjande dialogen ikkje tar sikte på den typen avsløring av avhandlinga eller perspektiva som er brukte i den, som poengterer at det eg gjer i avhandlinga ikkje er noko anna enn det dei analyserte aktørane gjer, og at det dermed ikkje er noko i forteljinga mi som gjer den meir sannferdig enn aktørane sine historier.

NEI, DETTE VART VI FERDIGE MED TIDLEG I AVHANDLINGA(Jfr. kapittel  
2). EI SLIK POENGTERING EIGNAR SEG IKKJE TIL AVSLØRING, FORDI  
LIKSKAP MELLOM AKTØRHANDLINGAR OG OBSERVATØRHANDLINGAR  
ER EIN STYRKE I VITSKAPSSTUDIAR<sup>67</sup>. AVHANDLINGA ER EI ANNA  
HISTORIE ENN AKTØRANE SINE HISTORIER, MEN DEN BLIR  
KONSTRUERT VED HJELP AV DEI SAME VERKEMIDLIA SOM AKTØRAR  
GJER BRUK AV. FOR DEG ER JO DETTE POENGET RELATIVT LETT Å  
OVERTYDE ANDRE OM, SIDAN DU HAR STUDERT SAMFUNNSVITARAR  
(SJØLV OM DET ER LANGT MELLOM KVAR GONG VERKEMIDLET

---

<sup>67</sup> "In sociology of science, the observer and the informant are doing exactly the same thing: fabricating information into a scientific field. This situation, unique in social sciences, warrants a unique methodology: observer and "observed" work together on their own practice." (Latour 1978: 3, sitert i Ashmore 1989: 59)

"SECOND VOICE DEVICE" OPPTRER I SAMFUNNS- VITSKAPLEGE TEKSTAR).

Kan vi også få slekke refleksjon som berre handlar om å åtvare lesarar om alle dei ulike vilkåra avhandlinga er produsert under, at den m.a. er resultat av ein analysemodus som gjer det problematisk i det heile tatt å sjå den som uttrykk for ein realitet utanfor avhandlinga?

DU SIKTAR TIL REFLEKSJON SOM VIL UNNGÅ AT LESAREN TRUR TEKSTEN REFLEKTERER SANNINGA OM OBJEKTET DEN OMHANDLAR, OG SOM DERFOR OVER- ANALYSERER UTGANGSPUNKTET FOR ANALYSE "... without saying anything about anything" (Latour 1988: 172)? NEI, DET HAR VI OGSÅ DISKUTERT TIDLEGARE (Kapittel 2).

Men likevel kan det vere grunn til å reflektere over perspektiva som er brukte med utgangspunkt i ei vurdering av ulike tilrådingar som finst i dei som på sett og vis også skal "halde saman" - og å utføre eit slikt vurderingsarbeid i forhold til det empiriske arbeidet som er gjort i avhandlinga.

DETTE HØYREST JO SVÆRT SÅ REALISTISK OG ORDENTLEG UT!

Ja, men det er ei form for realisme som blir praktisert innan både Latour og Boltanski og Thèvenot sine perspektiv. Refleksjonen eg tar sikte på å utøve er meint å halde seg innafor innsikter desse analytikarane sjølve framhevar som viktige. Det er altså ein slags "perspektiv- intern" refleksjon som skal prøvast ut. Kanskje kan ein sjå den som ein parallel til typar av kritikk som er intern i høve ei "verd", i Boltanski og Thèvenot sin terminologi. Sjølvsagt finst det ei heil rekke med eksterne perspektiv (marxisme, bytteteori, fenomenologi) som kan nyttast som kjelde til både refleksjon og kritikk, men utgangspunktet for diskusjonen vil vere i desse perspektiva sjølve<sup>68</sup>.

SETT I GANG! (OG LYKKE TIL).

---

<sup>68</sup> Ein stor del av denne prøvinga av perspektiva i avhandlinga, vil basere seg på arbeida til Bruno Latour. Boltanski og Thèvenot sin "De la justification" er enda ikkje omsett (i språkleg tyding) til engelsk og har slik ikkje vore direkte tilgjengeleg for meg. Dei mest eksplisitte og omfattande utgreiingane om det ein kan kalle "pragmatisk vitskapssosiologi" har eg dermed funne hos Latour. B. og T. har heller ikkje studier av vitskap som hovudinteresse. I den grad det er skilnader mellom perspektiva til Latour og B. og T., meiner eg desse uansett ikkje er store nok til at dei ikkje gjer det mogleg å sjå dei som ein felles "posisjon" i den noverande (politiske) debatten om kva studiar av vitskap skal dreie seg om. I Latour 2001 blir Boltanski og Thèvenot sitt omgrep "felles menneskelighet" omformulert til (i sterkare grad) også å omfatte ikkje- menneske.

## Kunnskap utan avstand?

Å "handle på avstand" oppstår som ein konsekvens av å ville forklare noko.

Vitskapleg aktivitet som har forklaring som sitt viktigaste mål, kjem derfor inn i ein situasjon som er heilt spesiell. Dei fleste menneskelege kunnskapsformer oppstår utanfor denne situasjonen:

"If you are in the setting  $x^{\circ}$  you do not need to explain it - practice and weak accounts will be sufficient. If you are away from the setting and indifferent to it, you do not need to explain it either - practice in the new setting  $x$  will do. If you are away and simply remembering how it was when you were in setting  $x^{\circ}$  you still do not need powerful explanations - story-telling will do the job much better. You start to need a strong explanation when you are away and still wish to act on the setting  $x^{\circ}$ . Why? Because you now have to be in two settings  $x$  and  $x^{\circ}$  at once. You need to hold in the setting  $x$  some elements or features of  $x^{\circ}$ ." (Latour 1988: 159)

Denne analysen av den spesielle vitskaplege situasjonen, som i prinsippet sjølv sagt heller ikkje er avgrensa til situasjonar som oppstår innanfor akademiske institusjonar, er ikkje ein analyse berre av andre kunnskapsproduserande aktørar, den inkluderer også den typen vitskapleg arbeid som Latour sjølv utfører (op. cit: 171, og Latour og Woolgar 1986: 257, 258). Slik sett er det ei skildring av vitskapleg aktivitet som gjer forsøk på å ramme inn allmenne trekk ved *all* forsking som vil forklare. Det er (eller bør vere) ein "isomorphism of practice" mellom dei som praktiserer vitskap og dei som studerer vitskap. (Ashmore 1989: 59). Det er likevel ein del moglege følgjer av forklaringspolitikken (jfr. kap. 2) som Latour vil unngå, og slik sett er det også eit "kritisk" element i analysen hans av denne politikken. Forståinga av kva denne kritikken går ut på kan bli opparbeidd gjennom to inngangar. Den eine (1.) dreiar seg om det ein kan kalle Latour sin "metodiske rådgiving" i høve studiar av samfunnet/ kollektivet, ei rådgiving som omhandlar forskingsprosessen og som dessutan opnar opp for "aktør- nettverk" perspektivet. I ei forlenging av denne diskusjonen er det også mogleg å ta opp kva for type "forklaring" som er brukt i avhandlinga og å drøfte korleis "kunnskap" framstår som følgje av slik forklaring. Den andre inngangen (2.) er diskusjonen rundt sjansane for å kunne ha vitskap og demokrati samstundes i samfunnet (Jfr. Latour 1996 og 1999). Her er det særleg ambisjonane samfunnsvitskapen har (slik Latour ser det) om å kortslutte kostbare, tidkrevjande men nødvendige politiske prosessar, som Latour er skeptisk til. Dette problemet blir relevant i ein "perspektiv- intern" refleksjon m.a. på grunn av basisføresetnaden om

"common humanity" (Boltanski og Thèvenot 1999: 366, 367) som finst i sosiologien om kritisk kapasitet.

Begge desse inngangane kan ha utdraget ovanfor som referanse: Kva for implikasjonar har det å måtte vere "... in two settings x and x` at once", og å "hold in the setting x some elements or features of x`."?

1. I enkle ordelag kan ein seie Latour ber oss om å gi meir plass til objektet som blir studert, enn til forklaringa av det. Dette viser tilbake til det etnometodologiske prinsippet om "unique adequacy", som "... strictly forbids using any other thing, for instance, a social function, to explain away the insistence, obstinacy or obduracy of a given site (Lynch 1994)." (Latour 1999a: 4. Sjå også kapittel 2 i avhandlinga). Ved første augekast kan dette prinsippet sjå ut til å oppsummere vel kjende metoderåd om å ikkje vere "forutinntatt" i møtet med studieobjektet, å ta aktøren på alvor, å la problemstillingane bli forma av opphald i feltet, osb. I etnometodologien får prinsippet ein meir fastlagd og "streng" tyding gjennom at det spelar saman med insisteringa i denne tilnærminga på at meiningsorden blir skapt gjennom aktørane si fortolking, og at denne realitetskonstituerande praksisen alltid er situert, spesifikk og "ny" i kvar neste situasjon. Å sette opp teoretiske "forklarings" ut over dette er uinteressant for etnometodologar. Sjølv om både dei generelle og dei etnometodologiske implikasjonane av prinsippet er viktige og nyttige for Latour, får det også ei ny meiningsorden gjennom hans fortolking av det. Å vere forutinntatt dreiar seg for han om å vere bestemt på førehand om kva for type objekt ein har med å gjere - nærmare bestemt om det er eit naturleg eller sosialt objekt. Spørsmålet ein må stille seg i høve objektet blir dermed ikkje om det eksempelvis er makt eller harmonisk semje som formar objektet, og slik gjere sjølve objektet til ein "stand in" for sosiale krefter. Spørsmålet må vere: Korleis er *dette* objektet konstituert som resultatet av formidling, representasjon og bestemming av det som eit naturleg eller sosialt objekt? For Latour er prinsippet om "unique adequacy" derfor ei opning mot den "ikkje- moderne" tilnærminga hans. Forskaren står ikkje som eit isolert og des-interessert subjekt overfor eit isolert og upåverka objekt "der ute". Alle perspektiv som har dette som utgangspunkt og all metodologi som er utforma som løysingar på ei slik problemoppstilling, vil nærme seg problematikken vindskeivt. Når (god) kunnskap blir produsert, enten det er natur- eller samfunnsvitskap, er det fordi

aktiviteten i *praksis* ikkje følgjer denne "scenografien", men fordi forskarar klarar å etablere situasjonar der verda blir omsett og artikulert på truverdige måtar i høve eit kollektiv av menneske og ikkje- menneske. For forskaren handlar det om å lære seg å bli påverka, å bli sett i rørsle, å bli "endra" gjennom møtet med menneske og ting, og å setje fram "propositions" om desse storleikane. Ein kan lære seg å bli eit instrument ("a nose") for tinga ein studerer - eit instrument som blir var andre sider ved tinga enn det tidlegare kategoriar tillet, og som gjennom læreprosessen også formar, artikulerer, sjølve tingen (Latour 1999c).

Kva kan dette tyde i praksis, og kva har det hatt å seie i arbeidet med denne avhandlinga?

IKKJE SÅ MYKJE! I PRAKSIS MÅ EIN ERSTATTE EIT "SETT" AV REISKAPAR FOR AVSTANDSHANDLING MED EIT ANNA. KVA ER DET LATOUR SET INN SOM ERSTATNING? "KOLLEKTIVET" I STADEN FOR NATUR OG SAMFUNN, "OMSETJING" I STADEN FOR SANNE REPRESENTASJONAR, "INSKRIPSJONAR" I STADEN FOR DATAINNSAMLING, OSB. KVA ER DET DU (MED HJELP OGSÅ FRÅ BOLTANSKI OG THÈVENOT) SET INN SOM ERSTATNING?  
"SITUASJONAR" I STADEN FOR SOSIALE GRUPPER, "KRITISK KAPASITET" I STADEN FOR HOLDNINGAR, STRATEGIAR ELLER HABITUS, "SYMMETRI" I STADEN FOR KRITIKK, "FAMILIÆRE REGIME" I STADEN FOR KVARDAGSKUNNSKAP. ALT DETTE ER VEL OG BRA SOM ALTERNATIVE REISKAPAR I EMPIRISK ANALYSE, MEN DESSE OMGREPA OG PERSPEKTIVA UTGJER OGSÅ EIT INSTRUMENT, EIT ANALYTISK "MASKINERI" SOM FÅR EIN TIL Å VERE MERKSAM PÅ BESTEMTE TREKK VED STUDIEOBJEKTET, MEN SOM FÅR EIN TIL Å IGNORERERE ANDRE. KVA FOR UNDERLEG FORSKINGSSITUASJON SKULLE DET FORRESTEN VERE SOM IKKJE INKLUDERER EIT SLIKT MASKINERI AV UTSENKTE SPØRSMÅL, METODISKE PRINSIPP OG FORESTILLINGAR OM SAMFUNN OG AKTØRAR?

Det er freistande å vere samd med deg: Det er eit bytte av reiskapar som går føre seg her, og det er framleis "action at a distance". Dette maskineriet ser noko og ignorerer noko anna. Men som sagt er det ikkje eit mål for Latour å stige ut av modusen med avstandshandlingar, som all forsking må operere under (jfr. kritikken av dekonstruksjonisme og etnometodologi), men å gjere instrumenta

meir sensitive for det situasjonelle, lokale og ikkje minst materielle ved studieobjektet. "Unique adequacy" er for Latour eit prinsipp som gjer det nødvendig å studere tinga og arrangement av ting i situasjonar. Omtanken for det materielle og instrumentelle tvingar ein til å minke avstanden mellom "forklaringsituasjonen" og "praksissituasjonen", fordi ting (i Latour si tilnærming) berre kan formidle dei mange aspekta og eigenskapane sine gjennom praksis - ein praksis som sjølvsagt må blir studert der den går føre seg.

For min eigen del, kan eg også gå med på at rådgivinga til Latour ikkje har hatt så mykje å seie for prosjektet mitt, dersom ein legg vekt på at forskingssituasjonen skal vere mest mogleg føresetnadsfri, og særleg innstilt på å forstå dei lokale materielle forholda. Eg har hatt forestillingar om objektet som er studert og har laga spørsmål til informantar om desse. Delvis i ettertid, etter valet av Boltanski, Thèvenot og Latour som viktigaste teoretiske inspiratorar, har desse føresetnadene endra seg noko, men dette har berre gjort det mogleg å forstå materialet på ein annan måte. I denne avhandlinga, på det noverande stadiet, i mine hender, har ikkje perspektivet vore i stand til å gripe så mange sider av evaluering og fagutvikling som ikkje dette maskineriet sjølv svarar for. "Definisjonen" av fagutvikling som å "gjere seg stor"; å bli påskjøna gjennom publikasjonar, invitasjonar, osb., legg eksempelvis rammer for kva ein får tak i. Den opnar t.d. ikkje for ei deskriptiv, historisk framstilling av utviklinga til personar og institutt, men gjer framlegg om at "kunnskap" i offentlege samanhengar best blir forstått som ei praktisk og konkret samanstilling av ei rekke ulike element og ordningar. Kunnskap er noko ein i slike samanhengar dessutan må *overtide* andre om at ein har, og handlingane som leier fram til "kunnskap" skjer derfor heile tida med eit auge for kva som mest effektivt kan endre styrkebalansen i favør av eins eigne konstruksjonar. Eit døme på slike prioriteringar kan vere den marginale rolla mange informantar gir til "faghistoria" til fakultetet som inspirasjon til og innverknad på eigne prosjekt. I det "meritokratisk kosmopolitiske" regimet, som m.a. verdset innverknad frå internasjonal samfunnsvitskap og som dessutan legg vekt på å utvikle skiftande samarbeidsrelasjonar (etter prinsippa i ein "prosjektorden"), blir ressursane i denne historia for små til å hjelpe fram merksemeld rundt eigne prosjekt her og no. Men som sagt, dette er ein analyse som er "i tråd med" og er ein "ekvivalent til" analysar ein finn i Latour sine sentrale arbeid (t.d. Latour 1987).

Det er også diskutabelt i kva grad analysen har klart å la "objektet" vere i stand til å "protestere" mot det som blir sagt om det (jfr. Latour 1999a: 6).

Framgangsmåten i høve å oppnå slike effektar er å "... have as many prejudices, biases, to throw them at risk in the setting and provide occasions of manipulations for the entities to show their mettle. It is not the passion, nor the theories, nor the preconceptions that are in themselves bad, they only become so when they do not provide occasions for the phenomena to differ." (Latour 1999c: 9).

Dette kan tolkast nokså konkret som at ein i møtet med informantar legg fram tydelege oppfatningar om praksisen deira, utan særleg omtanke i denne situasjonen på om dei er rimelege, informerte, treffande, osb., men som først og fremst er meint å skape debatt om fenomena som blir diskuterte. Slike diskusjonar kan ha den effekten at nye og uventa sider ved objekta som blir sett på prøve får sjanse til å kome fram. Saman med informantar skapar ein (enda) fleire samband med entitetar (teoriar, historier, metaforar, ordningar) for dei prøvde objekta, enn dei hadde før møtet mellom intervjuar og informant. Dersom ein slik metodestrategi blir forstått som å aktivt skape motsetnader og usemje, har den ikkje vore (systematisk) følgd i denne studien, sjølv om det sjølvsagt kan ha blitt opplevd slik til tider av informantar. I praksis har det vore vanskeleg, og heller ikkje ønskeleg, å unngå ein intervjustituasjon der intervjuar og informant har snakka under eit "regime" av samforståing<sup>69</sup>, der tema og problematikk har vore relativt kjent for informantar. Det er likevel slik at objekta; "fagutvikling", "evaluering", "forskningsorganisering", osb., har fått sjansen til å artikulere seg på nye måtar i desse intervjuia, m.a. ved å bruke aktørar sin kritiske kapasitet overfor kvarandre som ressurs til slik artikulering.

Praktiske og historiske grunnar har altså danna rammer for praktiseringa av prinsippet om "unique adequacy" i denne avhandlinga. Delvis er dette grunnar som alltid vil gjere seg gjeldande i konkrete forskningsprosjekt. Frå ein etnometodologisk ståstad kan Latour sine konkrete studiar også bli kritiserte for ikkje å vere finstilte *nok* i høve det aktuelle studieemnet.

---

<sup>69</sup> Respekten som Latour tilskriv "humans" (i motsetning til "non- humans") i møte med forskrarar, meiner eg i liten grad har vore til stades i intervjuia eg har gjennomført. M.a. medverkar sosial status hos intervjuar og informantar til at ein unngår denne formen for respekt som i følgje Latour får menneske til å "...play the role of an idiotic object perfectly well, as soon as white coats ask them to sacrifice their recalcitrance in the name of higher scientific goals." (Latour 1999a: 7)

Oppsummert er det altså slik at eg ikkje heilt kan gå med på at prinsippet ikkje har hatt innverknad på prosjektet, fordi eg vil hevde informantar har fått relativt stor plass i avhandlinga, og at dei teoretiske perspektiva eg har lagt til grunn har gjort det mogleg å la informantane sjølve formulere sine interesser i emna det har vore snakk om. Dei får bruke sine eigne kritiske repertoar i høve til kvarandre og sakene som blir omhandla, og det er desse som har danna grunnlaget for mine konstruksjonar av samfunnsfaglege "storleiks- former" (orders of worth).

Dessutan har kapittelet om "det familiære" sett perspektivet om fagutviklingsprosessar i kontrast, og slik sett medverka til å gjere informantane og dei studerte emna meir fleirtydige. M.a. er kunnaksomgrepet meir opent her; det kan eksempelvis romme minne om og planar for eiga spesifikke karriere, slik denne spelar saman med arbeidsvilkåra til aktøren elles. Eller det kan dreie seg om kunnskap som er naudsynt for å kunne røre seg i det lokale arbeidsmiljøet utan for mykje umake.

2. BERRE SÅ DET ER SAGT, SÅ VIL EG ALT NO HA NOTERT AT EG ER STERKT I TVIL OM VERDIEN AV DET DU SKAL TIL Å GJERE NO. VITSKAP, DEMOKRATI, POLITIKK OG MORAL, ER I OG FOR SEG UTMERKA OG INTERESSANTE TEMA Å DISKUTERE, MEN DU MÅ HUSKE AT DETTE ER EI AVHANDLING SOM FORSØKSVIS HANDLAR OM NOKO, OG DET DEN HANDLAR OM TRENG IKKJE HJELP FRÅ ANALYSE AV SLIKE GRANDIOSE TEMA. VI ER I BERGEN, VED EIT SAMFUNNSVITSKAPLEG FAKULTET, MED KVARDAGSLEGE AKTØRAR I ARBEID MED FORSKING OG UNDERVISING, SOM PRØVAR ETTER BESTE EVNE Å SKAPE SEG TILSTREKKELEGE VILKÅR FOR Å DRIVE MED DESSE AKTIVITETANE, TRASS PENGESPARING, REFORMER OG KRITIKK BASERT I DET EIN AV INFORMANTANE DINE OMTALAR SOM "DROSJESJÅFØRKULTUR". DISKUTER HELLER AVHANDLINGA DI OPP MOT DENNE SITUASJONEN, HELLER ENN Å SITERE LATOUR OM "IKONOKLASTAR", SLIK DU NO HAR TENKT Å GJERE. SITATET ER PÅ EIT ANNA "NIVÅ", PÅ EIN ANNAN, FJERN STAD, I EIN ANNAN DISKUSJON, OG DU VIL FÅ EIT OMFATTANDE ARBEID MED Å TA DET MED DEG TILBAKE TIL DER DU ER. BERRE SOM EI ÅTVARING: DETTE ER HANDLING PÅ LANG AVSTAND.

Det er notert. Men eg har faktisk tenkt å starte med Pierre Bourdieu (1993) om ikonoklasten:

*"De kjenner vel til at det finst lesnader på eit første nivå, for ikkje å seie litt førebelse lesnader, av La Distinction og L'Amour de l'art (Bourdieu 1979a, Bourdieu og Darbel 1966), som gjer sosiologen til ein slags filistar i kamp mot kunsten eller filosofien.*

Dersom eg kan få uttrykkje meg på ein såpass svulstig måte, ville eg seie at ein forvekslar ikonologen (biletgranskaren) med ikonoklasten (biletknusaren). Om eg skal vere heilt ærleg, kan eg ikkje nekte for at ei viss biletknusing frå den vonbrotne truande har gjort det lettare å setje til sides den trua som er det innleiande steget til all analyse av kulturelle praksisar (særleg filosofiske eller kunstnarlege) og dei truene som dei forpliktar seg på. Men dei oppsiktsvekkjande brota og dei aggressive provokasjonane - som visse kunstnarar har gjort om til kunstnarlege "handlingar" - er framleis temmeleg ofte uttrykk for den omsnudde, vonbrotne trua. Det som er sikkert, det er at meistringa av instinkta til biletsmerte eller til biletknusing er det første vilkåret for framsteg mot vitskapleg kunnskap om kunstnarleg praksis og erfaring. Den kunstnarlege nihilismen, liksom den negative teologien, er endå ein måte å ofre til dyrkinga av Kunst-Guden på (eg kunne ha vist alt dette svært klart ved å markere kvifor, til dømes, Nietzsches lyning og tordning mot kulturen og utdanninga framleis blir verande innestengd, same kor frie og klargjerande utfalla hans kan verke, innom grensene av dei sosiale produksjonsvilkåra for dei, det vil seie posisjonen til Nietzsche i det sosiale rommet, meir presist sagt, i universitetsrommet).

Når dette er sagt, må det òg seiast at eg likevel trur at eit visst brot med dei mest naive formene for kunstnarleg tru er vilkåret for at det kan vere mogleg å konstituere kunst og kultur som objekt for analysen. Det er dette som gjer at kunstsosiologen alltid sjokkerer dei naive truande eller dei fariseiske forsvararane av høgkulturen, som er likså fjerne frå den frigjorde utfaldinga til den aristokratiske amatøren som frå den provoserande fridommen til avant-garde-kunstnaren." (Bourdieu og Waquant 1993: 71, 72)

Og så vel enda meir "svulstig", Latour om ikonoklasten:

"Contrary to what the critics always imagine, what horrifies the "natives" in the iconoclastic move is not the threatening gesture that would break their idols but the extravagant belief that the iconoclast *imputes* to them. How could the iconoclast demean himself to the point of believing that we, the natives, should believe so naively- or manipulate so cynically, or fool ourselves so stupidly? Are we animals? Are we monsters? Are we mere things? This is the source of their shame, mistakenly read by the critic as the horror these naive believers should feel when faced with the desecrating gesture that exposes, or so the critic believes, the emptiness of their creed.

In reality the hammer strikes *sideways*, landing on something other than what the iconoclast wanted to break. Instead of freeing the pariahs from their abject condition, Jagannath destroys his own humanity, and that of his aunt, along with

the humanity of those he believed he was liberating. Somehow humanity depended on the undisturbed presence of this "mere stone". Iconoclasm does not break an idol, but destroys a way of arguing and acting that was anathema to the iconoclast. The only one who is projecting his feelings onto the idol is he, the iconoclast with a hammer, not those who by his gesture should be freed from their shackles. The only one who *believes* is he, the fighter of all beliefs. Why? Because he (I use the masculine pronoun, and that serves him right!) believes in the feeling of belief\*, a very strange feeling indeed, one that may not exist anywhere but in the iconoclast's mind." (Latour 1999b: 271).

Før eg gjer forsøk på å ta desse utdragene tilbake til "der eg er", som du uttrykkjer det, vil eg gjere merksam på at ytringane frå Bourdieu og Latour er døme på typar av argumentasjon som ein kan finne mange fleire tilfelle av hos kvar av dei, men som likevel ikkje utan vidare bør bli leste som ei absolutt kjerne i tilnærmingane dei respektivt står for, og som alltid vil vere i opposisjon til kvarandre. Ei slik lesing vil forlite seg på berre delar av arbeida deira, og i siste instans også stø opp under former for individualisme som begge, rett nok på ulike vis, vil til livs. Meininga med å setje dei på linje med kvarandre her, er slik sett *ikkje* å vise kva motsetninga mellom Bourdieu og Latour handlar om, men å vurdere kva for rammer dei teoretiske repertoara dei står som døme på, gir i høve forståinga av samfunnet og samfunnsvitskapen<sup>70</sup>. Med utgangspunkt i Boltanski og Thèvenot sin sosiologi om kritisk kapasitet er det dessutan ein særskild grunn til å ta opp "demokratiproblemet", fordi dei identifiserer eit prinsipp om "common humanity" som føresetnad for verdi-regima dei rekonstruerer. Prinsippet om "common humanity" kan det vere verd å sjå nærmare på også som ein kontekst for å forstå ikonoklasme-problematikken som Bourdieu og Latour tar opp. Boltanski og Thèvenot skriv at dei i konstruksjonen av verdiregima meir har blitt drege mot politisk filosofi som er opptatt av å forstå politisk og sosial ekvilibrium, enn av teoriar som vektlegg makt og bruk av vald (Boltanski og Thèvenot 1999: 366). Denne emnemessige prioriteringa innan den politisk filosofien spelar saman med interessa deira for argumentasjons- og legitimeringsarbeidet aktørar faktisk utfører. I tallause offisielle og uoffisielle sosiale møte diskuterer aktørar fordeling av arbeidsoppgåver, løner, kvalitet i skolen, transport og miljø, arkitektur, statskyrkja, prisar på varer og tenester; kort sagt kva som er rett og galt i samfunnet og i privatlivet. Dei utvalde politisk filosofiske tekstane har alle

<sup>70</sup> Ei oppstilling av "møtet" mellom Bourdieu og Latour, finn ein også i Høstaker 1997, kap. 8. Sjå også Brekke, Høstaker og Sirnes 2003.

utgangspunkt i det som må vere føresetnaden for slike diskusjonar, nemleg at alle aktørar tar kvarandre "alvorleg nok" til at det er nødvendig å legitimere meininger og verdiar når dei møtest. Mao. er det slik at aktørar ser seg som del av eit grunnleggjande menneskefellesskap, der skilnader mellom folk svært ofte blir kommenterte og treng grunngjeving. Prinsippet er dermed også grunnleggjande for å kunne ha demokrati i eit samfunn; Alle er grunnleggjande like, har *ei* stemme kvar, og trass alle skilnader elles, har alle rett til å medverke i produksjonen av biletet av kva samfunnet er og kva det bør vere. Ingen menneske står utanfor dette fellesskapet på ein slik måte at dei per definisjon er ekskluderte frå rettferdiggerings- praksisar. Rettferdsregima er derfor uforlikeleg med sosialdarwinisme, rasisme og andre reaksjonære politiske løysingar (Latour 2001). Dette prinsippet har tvillaust ei heil rekke viktige problemstillingar knytt til seg. M.a. kan ein rett og slett stille seg spørsmålet om det er mogleg å finne det att empirisk som grunnlag for kvardagsargumentasjon og legitimering. Er det ikkje mange menneske som nedvurderer, stigmatiserer (eller oppvurderer og heroiserer) andre så grundig at ei slikt omgrep om det fellesmenneskelege blir utan innhald, at det nettopp er ei form for "utdefinering" frå det fellesmenneskelege som går føre seg gjennom denne praksisen? Dette kan ein la liggje førebels. I staden vil eg kople prinsippet om "common humanity" til ein diskusjon om ulike vitskaplege kunnskapsformer. Korleis kjem "vitskapleg kunnskap" ut i eit møte med eit slikt prinsipp? Det er her ein kan gå tilbake og sjå nærmare etter kva som blir ytra av Bourdieu og Latour.

Problematikken som blir omhandla i utdraga er den kritiske forskaren si rolle i høve objekta eller aktørane som blir studerte, men derigjennom også andsynes samfunnet som heilskap. Korleis kan ein, gjennom handlingar på avstand, få grep om ting som har mening for kvardagsaktøren, og korleis kan desse kvardagsaktørane og tinga gi si stemme til forskaren sine konstruksjonar? I den første ytringa (Bourdieu), er det brotet med den umiddelbare meinings som er "det innleiande steget" til vitskapleg kunnskap om "kulturelle praksisar". Det er vanskeleg å sjå slike brot som noko anna enn eit uttrykk for ein versjon av at forskaren "veit best" kva for (sosial) meinung ein ting eller ein praksis har. Dette er døme på ei ytring som privilegerer den (sosial)vitskaplege meinings framfor

kvardagsaktørane sine meininger, og kritikken frå Boltanski, Thèvenot og Latour av dette synspunktet har blitt referert også andre stader i denne avhandlinga. Samfunnsvitskapen, eller den "rette", kritiske måten å praktisere denne vitskapen på, blir i dette biletet ein meir sannferdig og realistisk versjon av kva samfunnet er og kva for prosessar som går føre seg der. Dersom aktørar er interesserte i å høyre kva denne versjonen går ut på, har dei så og seie ikkje anna enn den skolerte forskaren sine ord på at representasjonen er tru mot meiningskvardagsaktørane har gitt samfunnet, eller at den er meir etterretteleg enn aktørversjonane. Ettersom det er praktisk uråd å gi alle aktørar innsyn i forskingsprosessen og å gi dei "stemmerett" i høve fastsetjinga der om kva ting, omgrep, kategoriar, motivasjonar, osb. som er viktige nok til å få plass, oppstår det ein situasjon der forskarar blir talspersonar for kollektivet av alle aktørar. Forskarar kjem dermed opp i problemet om korleis ein kan vere demokratisk og vitskapleg samstundes. Er dei "demokratiske" - let aktørar sjølve definere kva for meiningshandlingar og objekt har som er viktig for dei, og let dei informere og justere analysen forskaren gjer av situasjonen deira - så vil dei få problem i høve vitskapleg teori og metode som m.a. nettopp skal "bryte med dei mest naive formene" for tru i dei ulike samfunnsområda. Er dei "vitskaplege" - set opp statistisk funderte, meir informerte, grundig gjennomarbeidde, meir metodologisk reflekterte reiskapar opp mot det folk flest ytrar om røyndomen, eller i det minste som eit bakteppe for dette - så vil viktige demokratiske prinsipp bli sett til sides, og ein kjem i vanskar i forhold til prinsippet om det fellesmenneskelege. Vanskane oppstår ikkje fordi "verdien" eller "storleiken" av dei vitskapleg konstruerte aktørane er definitiv og fastlagd for alltid - slik dei er t.d. i rasisme -, men fordi slik vitskap ikkje tar alvorleg (nok) grunngjevingane aktørar sjølve gir for kvifor dei er slik dei er og gjer det dei gjer.

Vel, korleis er det Latour, Boltanski og Thèvenot løyser dette "demokratiproblemet"? Blir det i det heile løyst, og korleis ser problemet ut i denne avhandlinga? For å ta det siste først, så er det eit komplisert og delvis urovekkjande bilet som kjem fram. Kven er ikonoklasten/ ikonologen her? Er det informantar som avslører og korrigerer kvardagsaktørar (og konkurrerande forskarar) sine forestillingar om makt, norsk kultur, økonomiske handlingar og datatryggleik i eigenskap av å vere sosialkonstruktivistiske, positivistiske, rasjonelle, humanistiske, osb., samfunnsforskarar? Kva for status kan ein slik

"avsløringskunnskap" ha i ei pragmatisk "ikkje- avslørande" tilnærming som vil "følgje aktørar"? Kan det vere slik at kunnskapen deira er utan verdi dersom dei i forskingsarbeida sine ikkje tar omsyn til "tinga" og handsamar kunnskap symmetrisk? Eller må ein respektere også denne kunnskapstypen og gi den "stemmerett" på lik linje med andre samfunnsaktørar sine kunnskapsformer?

Finn ein ikonoklastane mellom evaluatorar og administratorar som realitetsorienterer forskarane om det samfunnsvitskaplege fakultetet sin plass ved universitetet og i samfunnet og som, dersom dei vil, kan teikne opp eit tydeleg kart over kven av forskarane som lukkast og kven som treng hjelp?

Eller er det forfattaren av avhandlinga som er biletknusaren, som portretterer dei andre aktørane etter kva for regime dei er under innverknad av i ulike situasjonar? Det siste spørsmålet opnar for at også sosiologien om kritisk kapasitet kan gi grunn for ei "iconoclastic move", trass i det sterke ønsket om heller å forstå aktørane sine kritiske operasjonar, enn å utføre slike sjølv. Avhandlinga blir da berre for ei stund "ukritisk", nemleg den stunda det tar å få oversikt over kva for kritikkformer aktørar gjer bruk av<sup>71</sup>. Etter ein har fått fram ei slik oversikt, kan dei identifiserte regimene, formene, repertoara, bli til teoretiske system i hendene til forskaren og brukast til sortering av livsformer utan godkjenning frå dei som blir sagt å leve i dei. I fall det er utfallet, at avhandlinga og perspektiva som er brukte i den medverkar til nye måtar å omgå tungvinte demokratiske prosessar på, så blir også den ramma av Latour sin "ikonoklasme"- kritikk. Å kalle praksisen og verdiane hos mine informantar for "meritokratisk kosmopolitisk", kan vere ei form for avsløring av prinsipp og ordningar som kan erstatte tinga aktørar engasjerer seg i, men som altså står i fare for å "explain away the insistence, obstinacy or obduracy of a given site", som Latour, med støtte frå etnometodologar meiner det er så viktig å unngå.

---

<sup>71</sup> Boltanski og Thevenot har i ein sentral passasje med ei formulering som kan indikere at perspektivet deira ikkje utelukkar eit kritisk endemål, men at det nettopp er i sjølve forskingsprosessen ein må legge til side kritikken. "A sociology which wants to study the critical operations undertaken by actors - a sociology of criticism taken as a specific object - must therefore give up (*if only temporarily*) the critical stance, in order to recognize the normative principles which underlie the critical activity of ordinary persons. (Boltanski og Thevenot 1999: 364, mi kursivering.) Artikkelen "The Left after May 1968 and the Longing for Total Revolution" (Boltanski 2002) er dessutan fullt mogleg å lese som ein "kritisk" analyse av den nye kapitalismen og rolla intellektuelle og kunstnarar på den politiske venstresida har spelt i utviklinga av denne.

For å følgje Latour fram til oppstillinga hans av motsetninga mellom vitskap og demokrati, må ein også følgje litt av analysen han utfører av opphavet for motsetninga, ein historisk analyse som nødvendigvis må bli det han kallar "archaeology-fiction" (Latour 1999b: 237). Sidan Platon si iscenesetting av debatten mellom Sokrates og sofistane, har Vitskap blitt sett opp som eit vern mot "mobben" - samlinga av uopplyste, ureknelege, upålitelege og framfor alt talrike samfunnsindivid (Latour op. cit.: kap 7). Sokrates og Callicles (som ein av sofistane) konkurrerer med kvarandre om kven som er minst lik denne forsamlinga, og kven som har dei mest effektive reiskapane til å styre henne: Callicles appellerer til styring gjennom dei få naturgitt betre (meir lure/ "clever") menneska representert ved eit fungerande aristokrati. Sokrates på si side utmanøvrerer Callicles ved å påkalle "sann kunnskap" - upersonlege, rasjonelle, transcidente naturlover, som gir vern og tryggleik mot det "the Body Politic" måtte finne på av vaklevorne avgjerder. Denne bruken av vitskap til det politiske føremålet å ekskludere "demos"/ fellesskapet frå arbeidet med å utforme biletet av kven vi er og kva kollektivet bør gjere i framtida, lever i beste velgåande den dag i dag, meiner Latour.<sup>72</sup>

Alt vel og bra så langt; ein kan av moralske så vel som intellektuelle/ vitskapssosiologiske grunnar ikkje basere seg på "the ethereal afterworld of shadows and phantoms" (op. cit.: 226) i eit arbeid med å få grep om og forstå kvardagsaktørar. Men kven er kvardagsaktørar i studiar av vitskapsaktørar, kor er "mobben" som vi bør gi politisk stemme til? Kor kan vi finne dei ekskluderte i avhandlinga mi?

JA, KVA SA EG? HER TRENG DU HJELP: FOR DET FØRSTE: SÅ MERKELEG DET ENN KAN HØYREST, SÅ ER DET INFORMANTANE DINE/ VITSKAPSAKTØRANE SOM BLIR DEN EKSKLUDERTE "MOBBEN" I AVHANDLINGA DI, DVS. DERSOM DU ABSOLUTT MÅ INKLUDERE EIN SLIK STORLEIK OGSÅ I PROSJEKTET DITT. DET ER DEI SOM KAN FYLLE ROLLA SOM AVSLØRTE SUBJEKT I SCENARIET AV BILETKNUSING SOM DU STARTAR OPP MED HER. EG KAN VERE

---

<sup>72</sup> Ikonoklasme er ein praksis som altså ikkje er eksklusiv for "kritisk sosiologi", slik det kan sjå ut til i framstillinga mi. Tiltak som baserer seg på teoriar om økonomisk rasjonelle aktørar, kan eksempelvis også danne kunnskapssystem som pretenderer å "frigjere" aktørar eller på andre vis realitetsorientere dei om kva dei eigentleg held på med. Men for å unngå at diskusjonen blir meir uoversiktleg enn den allereie er, vil eg ikkje følgje opp slike poeng.

SAMD I AT DET LIGG EIN SJANSE FOR Å SJÅ INFORMANTAR SOM "NAIVT TRUANDE" SUBJEKT, ELLER SOM KYNISKE MANIPULATORAR I ANALYSEN DIN, SLIK DU HINTAR OM OVANFOR, OG AT DU DERMED LIKEVEL ENDAR UT MED EI FORM FOR IKONOKLASME. MEN MED SÅ MANGE ÅTVARINGAR SOM VI HAR SETT FRAM I DENNE AVHANDLINGA MOT SLIKE FORTOLKINGAR, BLIR DET NOKO SJØLVPLAGANDE OVER Å STILLE DETTE OPP SOM EIT PROBLEM NO. DESSUTAN UROAR VERKEN SAMFUNNSVITARANE DINE ELLER LATOUR, BOLTANSKI ELLER THÈVENOT SEG OVER SLIKE EFFEKTAR AV SINE HANDLINGAR, SÅ VIDT EG KAN SJÅ.

Men det er jo nettopp poenget med denne delen av analysen av avstandshandlingar: Er det nok å proklamere at ein ikkje er kritisk og at ein ikkje veit betre enn aktørar, for å lage i stand betre (meir realistiske, aktørnære, demokratiske) vitskaplege reiskapar, og som altså framleis er konstruerte på avstand frå objektet? Dersom all vitskap er politikk, slik vi med hjelp av Latour, har prøvt å framstille det ovanfor, kva for politikk er da verksam i arbeida til Latour, Boltanski og Thèvenot? Og har denne politikken implikasjonar for korleis denne avhandlinga om evaluering og fagutvikling bør bli forstått?

JA, DET VAR DET ANDRE. I DEN (FRANSKE) PRAGMATISKE SOSIOLOGIEN ER DEN VIKTIGASTE REISKAPEN Å "MODELLERE" PRAKTISKE OG KVARDAGSLEGE LEGITIMERINGS- OG HANDLINGSREGIME, MEDAN DET ER "OBJEKTIVERING" AV PRAKSISAR, TENKEMÅTAR OG HANDLINGAR SOM ER HOVUDGREPET INNAN (FRANSK) KRITISK SOSIOLOGI (Bénatouïl 1999: 388).

SKILNADEN MELLOM DESSE TYPANE AV FORKLARINGSPOLITIKK ER M.A. AT DEN SISTE INVOLVERER SKULDINGAR MOT BESTEMTE ELEMENT SOM UTGJER "ÅRSAKENE" TIL EIN BESTEMT TILSTAND. SAMLINGA AV DESSE (HELST FÅ) ELEMENTA BLIR SAMSTUNDES BEUNDRA, FORDI DEI MED SÅ STOR KRAFT KAN FORKLARE ALLE ANDRE RELEVANTE ELEMENT I DEN ANALYSERTE TILSTANDEN; SOSIALE IDENTIFIKASJONSPROSESSAR FORKLARAR TIL DØMES PERSEPSJONEN AV KUNST, MAT, LITTERATUR OG BILAR. STORLEIKAR SOM "SOLIDARITET", "MAKTRELASJONAR", "STRUKTURAR", M.M., DANNAR PRIMÆRE KVALITETAR VED

SAMFUNNET SOM KAN FORKLARE KORLEIS DET ER SETT SAMAN UTAN Å TA OMSYN TIL LEKFOLK SINE OPPFATNINGAR OG FORESTILLINGAR, SOM PÅ SI SIDE BERRE VISER TIL SAMFUNNET SINE SEKUNDÆRE KVALITETAR (Latour 1999a: 8, 9). Å FORKLARE NOKO ER DERFOR Å LIKNE MED "IMPERIEBYGGING" DER EIN KLARAR Å SAMLE I EIT "CENTER OF CALCULATION" NOKRE FÅ SENTRALE ELEMENT SOM KAN DOMINERE FLEST MOGLEG AV DEI ANDRE. DEN FØRSTNEMNDE POLITIKKEN, "MODELLERING", HAR IKKJE DETTE SOM MÅL, MEN TVERT OM Å VISE FRAM ALLE ELEMENTA SOM ER TIL STADES I EIN TILSTAND, OG SLIK VERNE DEI MOT Å BLI REPRESENTERTE AV DELEGATAR DEI IKKJE HAR BEDE OM Å BLI MÅLBÅRE AV. LATOUR MEINER AT UTFORDRINGA FOR FORSKARAR ER Å SETJE FRAM "VELARTIKULERTE" FRAMLEGG OM OBJEKTET, ALTSÅ IKKJE Å SØKJE ETTER OBJEKTET SIN "EIGENTLEGE" ELLER "OPPHAVELEGE" FORM, MEN Å LA DET FÅ SJANSEN TIL Å VERE MEIR FLEIRTYDIG, MEIR AUTONOMT OG MEIR INTERESSANT GJENNOM Å SETJE DET I SAMBAND MED ANDRE OG UVENTA ENTITETAR. AVSTANDEN MELLOM SETTINGEN SOM FORKLARAR (A) OG DEI FORKLARTE (B) BLIR DERFOR, I DENNE TILNÆRMINGA, BRUKT TIL Å "... display the work of extracting elements from B, the work of bringing it to A, the work of making up explanations inside A, the work of acting back on B from A." (Latour 1988: 163).

SJØLV OM DETTE UTDRAGET ER SKILDRA I SAMANHENG MED ANALYSE AV VITSKAPLEGE FORKLARINGAR, ER DET OGSÅ EI RIMELEG GOD OPPSKRIFT TIL Å KUNNE SKILDRE DEN KRITISKE KAPASITETEN SOM BOLTANSKI OG THÈVENOT FINN HOS KVARDAGSAKTØRAR, OG SOM DU HAR PRØVT Å ANVENDE I HØVE SAMFUNNSVITARANE SINE ULIKE ENGASJEMENT. DET MEIR DEMOKRATISKE I DETTE - OG LAT OSS FØREBELS VENTE MED SAMFUNNSVITARANE DINE - ER AT DET ER AKTØRANE SINE "PRIMÆRE KVALITETAR" SOM OGSÅ BLIR ANALYTIKAREN SINE, ELLER RETTARE SAGT, AT SKILJET MELLOM PRIMÆRE OG SEKUNDÆRE KVALITETAR BLIR OPPHEVA. HANDLE- OG TANKEKRAFT BLIR FØRT TILBAKE TIL AKTØRANE. MEN IKKJE

BERRE DEI MENNESKELEGE AKTØRANE. OGSÅ TING FÅR TILBAKE STEMMA SI I DEN PRAGMATISKE TILNÆRMINGA; DEMOKRATIET BLIR UTVIDA IKKJE BERRE TIL DEI U- UTDANNA, EIGEDOMSLAUSE OG KVINNER, MEN TIL IKKJE- MENNESKA SOM HITTIL HAR BLITT NEKTA EKSISTENS SOM ANNA ENN ENKLE, SJELLAUSE OBJEKT. EIN KAN FAKTISK GÅ ENDA VIDARE, OG HEVDE AT OGSÅ MENNESKA BLIR MEIR DEMOKRATISK HANDSAMA I EI SLIK TILNÆRMING FORDI DEI BLIR LETTA FRÅ BØRA AV Å VERE DEI EINASTE SOM KAN SKAPE NYE KOLLEKTIVE HANDLINGSVILKÅR GJENNOM REFLEKSIVITET, INTENSYJONALITET OG MEDVIT (Latour 1999a: 7), OG BLIR I STADEN SETT I MANGE TYPAR KONTAKT MED TING IGJEN. DESSE IKKJE- MENNESKA KJEM IKKJE NO FRAM VERKEN SOM "FAKTA" ELLER "FETISJAR", EI TODELING EIN BLIR TVUNGEN TIL Å VELJE MELLOM I DEN KRITISKE, MODERNE ANALYSEN, MEN SOM "FAKTISJAR" ("factishes"). DETTE ER STORLEIKAR SOM ER FABRIKKERTE MEN SOM LIKEVEL, ELLER RETTARE SAGT *DERFOR*, ER FULLVERDIGE AKTØRAR<sup>73</sup>. SAMHANDLINGA MED DESSE DEFINERER I STOR GRAD KVA FOR EKSISTENS HUMANITETEN ER.

DETTE UTGJER OGSÅ EIT PUNKT DER LATOUR MODIFISERER GRUNNPREMISSET OM "COMMON HUMANITY" SOM BOLTANSKI OG THÈVENOT IDENTIFISERER (Latour 2001: 350). I OMGANGEN MED FAKTISJAR GÅR MENNESKE UT OVER SEG SJØLVE FOR Å KOME FRAM TIL KVEN DEI ER. DET ER FRAMLEIS "DEN SAME" VERDA FOR ALLE MENNESKE, MEN HOS LATOUR BLIR DENNE VERDA DELT MED IKKJE- MENNESKA. DESSE FÅR SJANSEN TIL Å EKSISTERE GJENNOM MENNESKE OG ANDRE AKTØRAR SINE HANDLINGAR OG BRUK - OG OMVENDT - MENNESKE FÅR VARIERANDE TYPAR EKSISTENS GJENNOM IKKJE- MENNESKA DEI ALLIERER SEG MED. BEGGE TYPAR HANDLINGAR/ EKSISTENSFORMER UTSPELAR SEG UTAN AT NOKON AKTØR EIGENRÅDIG KAN REGISSE DEI. DET ER ALTSÅ IKKJE SLIK AT MENNESKE UT FRÅ INGENTING KAN SKAPE TING SOM DEI

---

<sup>73</sup> "The neologism (factish) is a combination of facts and fetishes and makes it obvious that the two have a common element of fabrication. Instead of opposing facts to fetishes, and instead of denouncing facts as fetishes, it is intended to take seriously the role of actors\* in all types of activities and thus to do away with the notion of belief\*." (Latour 1999b: 306, min parantes.)

SEINARE FULLT UT KAN KONTROLERE ELLER FØRESJÅ EIGENSKAPANE TIL, ELLER AT MENNESKE BLIR DETERMINERTE OG KONTROLLERTE AV TING. BÅDE MENNESKE OG IKKJE- MENNESKE BLIR "EIN SMULE OVERRASKA" OVER KVA SOM SKJER MED DEI I KONTAKTEN MED ANDRE AKTØRAR (Latour 1999b: kap. 9).

Og du kjem med åtvaringar til meg mot "grandiositet"! Det eg i all uskuld spurte om, var det trass alt enkle spørsmålet om ikkje ein konstruksjon som "verdiregime" også kan ta på seg eigenskap som samfunnsmessig "primærkvalitet", ja, om det i det heile er mogleg å unngå ein slik karriere for dette omgrepet og sosiologien som har skapt det. Korleis kan ein privilegerte aktørar og ting i ei vitskapleg framstilling medan desse storleikane framleis er på avstand frå dei som studerer dei? Vi veit at Boltanski og Thèvenot sine seks "orders of worth" er konstruert på grunnlag av repertoaret "kvardagsaktørar" nyttar i situasjonar som krev forklaring og rettferdiggjering av dei, og dette er sjølv sagt eit godt utgangspunkt for ein symmetrisk og demokratisk samfunnsvitskap, men det er fort gjort å "gløyme" dette opphavet og i framtidig forskingsarbeid subsummere all kritisk kapasitet under desse seks. Særleg med tanke på Latour si vektlegging og versetting av såkalla "one- off" forklaringar til studerte fenomen, bør ein vere svært observant på faren for ei slik utvikling: "Our way of being reflexive will be to render our texts unfit for the deadly proof race over who is right. The paradox is that we shall always look for weak explanations rather than for general stronger ones. Every time we deal with a new topic, with a new field, with a new object, the explanation should be wholly different. Instead of explaining everything with the same cause and framework, and instead of abstaining from explanation in fear of breaking the reflexive game, we shall provide a one-off explanation, using a tailor-made cause. I am all for throw-away causes and for one-off explanations." (Latour 1988: 174)

JA, SÅ LAT DETTE DÅ VERE SISTE ÅTVARING: VERDIREGIMA ER HISTORISKE STORLEIKAR SOM SKIFTAR MED OMSYN TIL KOR VIKTIGE DEI ER, OG SOM OGSÅ KAN GÅ TIL GRUNNE. FOR Å FØLGJE DENNE HISTORIA, MÅ INTERESSERTE FORSKARAR ALLTID LA SEG PÅVERKE AV UTVIKLINGA SLIK AT DEI BLIR I STAND TIL Å "... modify the representation the public has of itself *fast enough* so that we can be sure that the greatest number of *objections* have been made to this representation." (Latour

1999a: 9). BOLTANSKI OG THÈVENOT HAR OGSÅ GJORT AKKURAT DET, OG OPNAR FOR AT EIN NY "ØKOLOGISK/ GRØN" ORDEN (Boltanski og Chiapello 2002: 9) NO ER I FERD MED Å FÅ FESTE. DET ER ALTSÅ MOGLEG Å UNNGÅ AT DENNE PRAGMATISKE TILNÆRMINGA BLIR "PRIMÆRKVALITETS- SOSIOLOGI" SOM AVSLØRER OG VEIT BETRE. MEN SJØLVSAGT, DET ER OGSÅ MOGLEG Å BRUKE HENNE, ELLER FORSTÅ HENNE NETTOPP PÅ EIN SLIK MÅTE. PERSPEKTIVET KAN (I EIGENSKAP AV ARTEFAKT/ FAKTISJ) SÅ OG SEIE BLI MEIR ENN "EIN SMULE OVERRASKA" OVER KVA SOM HENDER MED DET I NESTE SITUASJON.

Vel, no kan vi ikkje "vente med samfunnsvitarane mine" lenger, sjølv om eg kan forstå kvifor det var nødvendig å setje dei i parantes i eksegesen ovanfor. Desse aktørane held seg ikkje med dei same "tinga" som Latour sine typiske vitskapsaktørar gjer. Dei driv ikkje eksperimentering med kjemiske substansar, forsøksdyr, laserstrålar, m.m. Derimot er dataprogram, lovar om økonomisk framferd, ulike reiskapar frå samfunn langt borte, politiske dokument, organisasjonsmodellar m.m., storleikar som mine informantar er vande med å setje på prøve i sine praksisar. Latour si ikkje- moderne tilnærming til studiar av vitskap kan utan tvil ha relevans i analysen av utvekslinga mellom *desse* menneska og ikkje- menneska. Men det er ikkje dette temaet som har stått mest sentralt i avhandlinga. Det er "forskingspolitikk" i ein meir snever og, trass alt, meir konvensjonell forstand som har tatt det meste av plassen. Kva for verdiar og ordningar er det som gjer samfunnsvitarar i stand til å føre ein politikk som gir dei rettar i kollektivet/ samfunnet? Svaret mitt er at det er ei rekke av slike ordningar og verdiar som gjer dei politisk handlekraftige, og at dei verdiane som blir ytra ofte kan ordnast i regime, etter ein tilsvarande logikk som Boltanski og Thèvenot har opparbeidd sine "orders of worth". Dersom ein da ikkje skal sjå desse regima verken som fakta eller fetisjar - er det da som faktisjar dei framstår, både for aktørar og analytikar

JA, DET MÅ VERE SLIK

... fordi også desse regima inkluderer ting - organisasjonsformer, ordningar for formidling, "store" personar, geografiar og historier, teoriar og praksisar - som er fabrikkerte og som handlar ved SV- fakultetet i Bergen? Det er ved å sjå regima

slik, og ved å sjå avhandlinga slik - som ein faktisj - at ein også kan gi rom for at noko viktig blir tilbake hos dei studerte emna, etter at ein har tatt med seg noko frå dei. Tilbake ligg lokale, spesifikke, praktiske, enda ikkje artikulerte aspekt som kanskje ikkje eignar seg til konstruksjon av forklaringar, men som saman med dei skildra elementa i avhandlinga allereie har starta arbeidet med å omarbeide det den har handla om. Slik er det perspektivet som er lagt til grunn i avhandlinga utgjer ein meir "realistisk realisme" (Latour 1999b: 15), og slik er det avhandlinga og forfattaren kvalifiserer seg til ein verdfull samfunnsvitskap.

## Litteraturliste

- Ashmore, M. 1989: *The Reflexive Thesis. Wrighting Sociology of Scientific Knowledge*. Chicago/ London: The University of Chicago Press.
- Bagge, S. 1996: Samfunnsvitenskapenes historie. I *Universitetet i Bergens historie*, Bind II. Bergen: Universitetet i Bergen: 582 - 707.
- Bauman, Z. 1987: *Legislators and interpreters. On modernity, post-modernity and intellectuals*. Cambridge/ Oxford: Polity Press.
- Becher, T. 1989: *Academic Tribes and Territories. Intellectual inquiry and the cultures of disciplines*. Milton Keynes: Society for Research into Higher Education & Open University Press.
- Bénatouïl, T. 1999: The Critical and the Pragmatic Stance in Contemporary French Sociology. I *European Journal of Social Theory* 2(3): 379 - 396.
- Bleiklie I. (red.) 1996: *Kunnskap og makt. Norsk høyere utdanning i endring*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Bleiklie I., Høstaker, R. og Vabø, A. 2000: *Policy and Practice in Higher Education. Reforming Norwegian Universities*. London: Jessica Kingsley.
- Bleiklie, I., Marton, S., og Hanney, S. 1997: *Policy Regimes and Policy Design – a Dynamic Network Approach. The Cases of Higher Education in England, Sweden and Norway*. Bergen: LOS- senter Notat 9718
- Bloor, D. 1991: *Knowledge and Social Imagery*. Chicago/ London: The University of Chicago Press.
- Bloor, D. 1999: Anti-Latour. *Studies in History and Philosophy of Science*. 30(1): 81 – 112.

Boltanski L. 1987: *The making of a class: cadres in French society*. Cambridge: Cambridge University Press.

Boltanski L. og Thévenot L. 1999: The Sociology of Critical Capacity. I *European Journal of Social Theory* 2(3): 359 - 377.

Boltanski, L. 2002: The Left after May 1968 and the Longing for Total Revolution. *Thesis Eleven*, Number 69, May 2002: 1 - 20.

Boltanski, L. og Chiapello, E. 2002: *The New Spirit of Capitalism*. Paper to be presented to the Conference of Europeanists, March, 14-16, 2002, Chicago.

Boltanski, L. og Thèvenot, L. 1983: Finding one`s way in social space: a study based on games. *Social Science Information* 22, 4/5: 631 - 680.

Bourdieu, P. 1988: *Homo Academicus*. Stanford: Stanford University Press.

Bourdieu, P. Og Waquant, L. 1993: *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Oslo: Samlaget.

Brekke, O. A., Høstaker, R. og Sirnes, T. 2003: *Dimensjonar i moderne sosialteori*. Oslo: Samlaget.

Brofoss K. E. 1997: *Metaevalueringen. En gjennomgang av Norges forskningsråds evalueringsspraksis*. Oslo: Norges forskningsråd.

Callon, M. og Latour, B.: Don`t Throw the Baby out with the Bath School! A Reply to Collins and Yearley. I Pickering, A. (ed.) 1992: *Science as Practice and Culture*. London: The University of Chicago Press.

Callon, M. og Latour, B.: Unscrewing the big Leviathan: how actors macro-structure reality and how sociologists help them to do so. I Knorr- Cetina, K. Og Cicourel, A.V. (eds.) 1981: *Advances in Social Theory and Methodology. Toward an Integration of Micro- and Macro- Sociologies*. Boston/ London: Routledge & Kegan Paul.

Callon, M.: Elementer til en oversetelsessosiologi: kamskjell, fiskere og forskere. I Asdal, K., Brenna, B. og Moser, I. (red.) 2001: *Teknovitenskapelige kulturer*. Oslo: Spartacus Forlag AS: 91 - 124.

Collins, H. M. og Yearley, S.: Epistemological Chicken. I Pickering, A. (ed.) 1992: *Science as Practice and Culture*. London: The University of Chicago Press.

Collins, R. 2000: *The sociology of Philosophies: a Global Theory of Intellectual Change*. Cambridge/ Massachusetts/ London: The Belknap Press of Harvard University Press..

Desrosières, A.: How to make things which hold together: social science, statistics and the state. I Wagner, P., Wittrock, B., og Whitley, R. (eds.) 1990: *Discourses on Society*: Vol. XV. Nederland: Kluwer Academic Publishers: 195 - 218.

Dodier, N. 1993: Action as a combination of 'common worlds'. *The Sociological Review*. Vol. 41(1) London: Routledge: 556 - 571.

Evaluering av Det samfunnsvitenskapelige fakultet 1993 – 1995. Publikasjon II/II Om evalueringstiltaket, innhold og resultat. Bergen: Det samfunnsvitenskapelige fakultet, UiB.

Farganis, J. 1993: *Readings in Social Theory. The Classic Tradition to Post-Modernity*. New York: McGraw-Hill Inc.

Forland, A.: Universitetet i Bergens historie 1946– 1996. I Haaland, A. og Forland, A. 1996: *Universitetet i Bergens historie*. Bind 1. Bergen: Universitetet i Bergen.

Geertz, C.: The Way We Think Now: Toward an Ethnography of Modern Thought. I Geertz C. 1993: *Local Knowledge*. London: Fontana Press.

Goffman, E. 1967: *Interaction Ritual. Essays on face-to-face behaviour*. New York: Pantheon Books.

Grimen, H.: Førstepersonskunnskapen sin rolle i handlingsidentifikasjon. I Grimen, H. 1989: *Handling, differensiering og rasjonalitet*. Bergen: Senter for vitskapsteori. Skriftserien nr. 10.

Handlingsplan for faglig profilering og kvalitetsutvikling. Innstilling fra Styringsgruppen for faglig profilering og kvalitetsutvikling. 2001, UiB.

Hestholm R. 1995: "Vi kan jo kalte det vitskap..." Ein analyse av meiningsrammer ved eit universitet. Hovudfagsoppgåve. Sosiologisk institutt, UiB.

Hestholm, R. 1999: *Aktøren i meiningsrammene*. Vitskapsteoretisk innlegg til dr. polit. graden. Sosiologisk institutt, UiB.

Høstaker, R. 1997: *University Life. A study of the relations between Political Processes and Institutional Conditions in Two University Faculties*. Dr. Polit. avhandling. Bergen: LOS- sentret og institutt for administrasjons og organisasjonskunnskap, UiB.

Jackson, M.W. 1999: Labor, Skills, and Practices in the Scientific Enterprise: Recent Works in the Cultural History of Science. I *The Journal of Modern History* 71 (December 1999): 902 - 913.

Joas, H. 1996: *The Creativity of Action*. Cambridge: Polity Press.

Kogan, M., Bauer, M., Bleiklie, I., Henkel, M. 2000: *Transforming Higher Education. A Comparative Study*. London/ Philadelphia: Jessica Kingsley Publishers.

Korsnes, O. 1997: *Industri og samfunn. Framlegg til program for studiet av norsk arbeidsliv*. Avhandling for dr. philos. graden. Bergen: Sosiologisk institutt, UiB.

Lamont, M. og Thévenot, L. (ed.) 2000: *Rethinking Comparative Cultural Sociology. Repertoires of Evaluation in France and the United States*. Cambridge/ New York/ Melbourne/ Madrid: Cambridge University Press.

Latour, B. 1987: *Science in action*. Cambridge/ Massachusetts: Harvard University Press.

Latour, B. 1996a: *Aramis, or the love of technology*. Cambridge/ Massachusetts/ London: Harvard University Press.

Latour, B. 1996b: *Vi har aldri vært moderne. Essay i symmetrisk antropologi*. Oslo: Spartacus forlag AS.

Latour, B. 1999a: When things strike back- a possible contribution of science studies. *British Journal of Sociology special Millennium issue*. Vol. 51(1): 105 - 123.

Latour, B. 1999b: *Pandora's Hope. Essays on the Reality of Science Studies*. Cambridge/ Massachusetts/ London: Harvard University Press.

Latour, B. 1999c: *How to Talk about the Body? The Normative Dimension of Science Studies*. Paper for Akrich, M. & Berg, M. A special Issue of Body and Society. <http://www.ensmp.fr/~latour/articles/article/077.html>.

Latour, B. 1999d: For David Bloor... and Beyond: A Reply to David Bloor's `Anti-Latour'. *Studies in History and Philosophy of Science*. 30(1): 113 – 129.

Latour, B. og Woolgar, S. 1986: *Laboratory Life. The Construction of Scientific Facts*. Oxford: Princeton University Press.

Latour, B. The politics of Explanation: an Alternative. I Woolgar, S. (ed.) 1988: *Knowledge and Reflexivity. New Frontiers in the Sociology of Knowledge*. London/ Newbury Park/ Beverly Hills/ New Dehli: SAGE Publications: 155 - 176.

Latour, B.: Drawing things together. I Lynch, M. Og Woolgar, S. 1990: *Representation in Scientific Practice*. Cambridge/ Massachusetts/ London: The MIT Press.

Latour, B.: Give me a Laboratory and I will Raise the World. I Knorr- Cetina, K. Og Mulkay, M. (ed.) 1983: *Science observed: Perspectives on the social study of science*. London/ Beverly Hills/ New Dehli: SAGE Publications: 141 - 170.

Latour, B.: Å modernisere eller å økologisere - døt er spørsmålet. I Asdal, K., Brenna, B. og Moser, I. 2001: *Teknovitenskapelige kulturer*. Oslo: Spartacus forlag AS: 339 - 361.

Lindbekk, T. 1997: *Evaluering av det norske forskningsregime*. Rapport nr. 9. Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi. Oslo: UiO.

Lindbekk, T. 1999: Svak oppfølging av evalueringer. Oslo: *Forskningspolitikk* nr. 3 1999. NIFU

Lynch, M.: Method: measurement - ordinary and scientific measurement as ethnomethodological phenomena. I Button, G. (ed.) 1991: *Ethnomethodology and the human sciences*. Cambridge/ New York/ Melbourne: Cambridge University Press: 77 - 108.

Mehan, H. Og Wood, H. 1975: *The reality of ethnomethodology*. New York: John Wiley & Sons.

Merton, R. K. 1973: *The Sociology of Science. Theoretical and Empirical Investigations*. Chicago/ London: The University of Chicago Press.

NOU 2000: 14: *Frihet med ansvar. Om høgre utdanning og forskning i Norge*. Oslo.

Parsons, T. og Platt, G. 1973: *The American University*. Cambridge/ Massachusetts: Harvard University Press.

Pollner, M. og Zimmerman, D.: The Everyday World as a Phenomenon. I Coulter, J. 1990: *Ethnomethodological Sociology*. Vermont: Edward Elgar Publishing Limited: 96 - 137.

Readings, B. 1996: *The University in Ruins*. Cambridge/ Massachusetts/ London: Harvard University Press.

Schütz, A. 1967: Common- Sense and the Scientific interpretation of Human Action. I *Collected papers I. The Problem of Social Reality*. The Hague: Martinus Nijhoff.

Shapin, S. 1995: Here and Everywhere: Sociology of Scientific Knowledge. *Annual Review of Sociology* 21: 289 - 321.

Shapin, S. og Schaffer, S. 1985: *Leviathan and The Air- Pump. Hobbes, Boyle, and the Experimental Life*. New Jersey/ West Sussex: Princeton University Press.

Skarpenes, O. 2000: *Kunnskapssosiologiske problemer*. Vitskapsteoretisk essay. Bergen: Sosiologisk institutt, UiB.

Skjervheim, H. 2001: *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Aschehoug.

Slagstad; R. 1998: *De nasjonale strateger*. Oslo. Pax Forlag A/S.

Strategisk plan for SV- fakultetet 2000 – 2005. Bergen: Det samfunnsvitenskapelige fakultet. UiB.

Strømsnes, I. 1998: "Vi er det best ledete universitetet..." Om forholdet mellom valgte vitenskapelige og administrative ledere ved Universitetet i Bergen. Hovedfagsoppgåve. Sosiologisk institutt, UiB.

The Evaluation of the Faculty of Social Sciences 1993 - 1995. Publication I/II. Summary of the enterprise and the final assessment report. Bergen: Faculty of Social Sciences. University of Bergen.

Thèvenot, L. 1984: Rules and implements: investment in forms. *Social Science Information*. Vol. 23(1): 1 - 45.

Thévenot, L.: Pragmatic regimes governing the engagement with the world. I Schatzki, T., Karin Knorr Cetina og Eike von Savigny (ed.) 2001: *The Practice Turn in Contemporary Theory*. London/ New York: Routledge: 56 - 73.

Thue, F. 1997: *Empirisme og demokrati. Norsk samfunnsforskning som etterkrigsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.

Trageton S. og Utne, E. 1995: *Back to basics: Evaluation as an institutional enterprise*. Paper presented at the 17<sup>th</sup> EAIR- Forum, Zurich, August 27- 30, 1995.

Vabø, A. 1993: *Universitet og samfunn: Et spenningsforhold sett i lys av yrkesrettingsprosessen*. Hovudfagsoppgåve. Bergen: Sosiologisk institutt, UiB. LOS-senter rapport 9405.

Vabø, A. 2002: *Mytedannelser i endringsprosesser i akademiske institusjoner*. Dr. Polit. – avhandling. Bergen: Sosiologisk institutt, UiB.

Wagner, P. 1994: Dispute, Uncertainty and Institution in Recent French Debates. *The Journal of Political Philosophy*. Vol. 2(3): 270 - 289.

Wagner, P. 1999: After Justification. Repertoires of Evaluation and the Sociology of Modernity. I *European Journal of Social Theory*, Vol. 2(3): 341 - 357.

Wagner, P.: Certainty and Order, Liberty and Contingency: The Birth of Social Science as Empirical Political Philosophy. I Heilbron, J., Magnusson, L., og Wittrock, B. (eds.)1998: *The Rise of the Social Sciences and the Formation of Modernity. Conceptual Change in Context, 1750- 1850*. Dordrecht/ Boston / London: Kluwer Academic Publishers.

Wertsch J. 1991: *Voices of the Mind*. London: Harvester Wheatsheaf.

Wieder, D.L.: Telling the Code. I Coulter, J. (ed.)1990: *Ethnomethodological Sociology*. Vermont: Edward Elgar Publishing Limited: 158 - 172.

Wilkinson, J. 1997: A new paradigm for economic analysis? *Economy and Society*. Vol. 26(3): 305 - 339.

Woolgar, S. (ed.) 1988: *Knowledge and Reflexivity. New frontiers in the sociology of knowledge*. London: SAGE publications.

Woolgar, S. og Ashmore, M.: The Next Step: an Introduction to the Reflexive Project.

I Woolgar, S. (ed.) 1988: *Knowledge and Reflexivity. New frontiers in the sociology of knowledge*. SAGE publications, London.

Woolgar, S.: Irony in the Social Study of Science. I Knorr Cetina, K. og Mulkay, M. (eds.) 1983: *Science observed. Perspectives on the Social Study of Science*. London/ Beverly Hills/ New Dehli: SAGE Publications: 239 - 266.

Øyen, Ø. 1994: *Sosiologien i Bergen*. Bergen: Sosiologisk institutt, UiB.

## **Vedlegg 1**

### **Informasjon til informantar**

#### **Avhandlingsprosjektet “Evaluering og fagforståing”**

##### **- informasjon til intervjuinformantar.**

I mars 1997 starta eg eit doktorgradsprosjekt som skulle vere knytt til evalueringa av SV- fakultetet ved UiB. Dette tiltaket vart avslutta i 1995. Stipendet er finansiert av UiB og Det Samfunnsvitskaplege Fakultet.

Informantane i prosjektet blir i første rekke vitskapleg tilsette ved ulike fag ved SV- fakultetet og medlemmer av “peer- review” gruppene som evaluerte SV- fakultetet.

Eg har lagt opp til at prosjektet ikkje berre skal dreie seg om evaluering, men også om korleis universitetsfag, og særskilt samfunnsfaga, blir forma. Evaluering i form av “peer- reviews” blir i denne samanhengen berre ein av mange faktorar i slike formasjonar.

I hovudoppgåveprosjektet mitt i sosiologi intervjeta eg også vitskapleg tilsette, den gongen frå HF og Mat.Nat. fakulteta. Ei erfaring frå dette prosjektet var at institutta kunne vere svært ulike med omsyn til i kva grad dei tilsette arbeidde med like eller felles prosjekt, og også i kva grad tilsette var samde om korleis faget burde framstå. Dette er i seg sjølv verken problematisk for faga eller eit uventa funn, men viser sannsynlegvis tilbake til dei mange typane av interesser og kontroversar som gir universitetsfaga innhald og form.

Ein liknande tematikk vil dukke opp i det ein skal studere eksterne evalueringar av samfunnsfaga. Slike vurderingar tar gjerne utgangspunkt i fastsette mål for kva ein fagdisiplin bør strekke seg etter når det gjeld publiseringsvaner, utdanning av kandidatar eller rekruttering av personale på ulike nivå. Ofte dreiar evalueringar seg også om vurderingar av fagområde, forholdet mellom ulike typar fagfelt, samarbeidsrelasjonar og framtidsplanane til instituttet.

Eit av føremåla med studiet mitt vil vere å granske bruken av evaluering m.a. ved å studere og nyansere ein del av føresetnadene for slike tiltak. Men eit viktigare mål er å kartlegge kva forhold dei tilsette i ein disiplin oppfattar som viktige for utviklinga av eit fag, og på kva måtar ein kan oppnå semje om fagleg utforming ved eit institutt. Poenget med studiet er ikkje å evaluere faga på nytt, å gjennomføre ein annan type evaluering, eller liknande. Siktemålet er å gi ei meir generell framstilling av korleis (samfunnsvitskaplege) fagdisiplinar fungerer og utviklar seg på fleire institusjonelle plan; frå organisering av instituttet som arbeidsplass til faget som kulturell meiningsramme. Dette må vere relevant kunnskap også for dei som meiner evaluering bør vere det viktigaste instrumentet i utdanningspolitikken framover.

Tematisk vil intervjuet dreie seg om betydninga av faghistorie, notidig fagprofil og diskusjon om korleis denne vart til, omgrepet evaluering og intern evaluatingspraksis, forholdet mellom eksterne og interne vurderingar, og sentrale diskusjonsområde innan faga.

I og med at SV- fakultetsevalueringa dannar eit inntak til forskingsproblematikken vil eg i intervjuet også nytte nokre sider ved dette tiltaket som døme eller utgangspunkt for diskusjon.

Eit intervju vil vare i 1 til 2 timer, alt ettersom informanten ikkje har andre ønske, vil kontoret til vedkomande vere staden for intervjuet. Eg brukar bandspelar til å ta opp samtalens. Kassetbandet blir berre tilgjengeleg for meg og det same gjeld utskrifter i personidentifiserbar form. Samtykke og taushetserklæringa til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste blir underteikna før intervjuet (denne er godkjent av Datatilsynet).

Intervjuet vil ha ein heilt sentral plass i dette prosjektet og det er derfor svært viktig for meg at folk er villige til å stille opp. Forhåpentlegvis kan tematikken også vere engasjerande for informantar.

Vennleg helsing Roger Hestholm

Tlf. arbeid 55 58 38 69, privat 55 20 22 85

E- post: Roger.Hestholm@sos.uib.no

## **Vedlegg 2**

### **Evaluatingsprosessen**

Dette vedlegget er i hovudsak eit utdrag av evaluatingsrapporten, del II. Det er tatt med fordi avhandlinga elles ikkje inneheld denne typen detaljert informasjon om evalueringstiltaket.

Det skriftlege materialet etter evalueringstiltaket er dokument som vart utarbeidd både før, under og etter gjennomføringa av det. Ein del av dette materialet var til bruk for evalueringskomiteane under sjølve prosessen. Desse "grunnlagsdokumenta" utgjer:

- Målsetting for fakultetsevalueringa
- Materiale/ sjølvvurderingar frå fagmiljøa til fakultetsevalueringa
- Mandat for nordisk komite (faggrupper) for evaluering av fakultetet
- Mandat for internasjonal vurdering av verksemda ved fakultetet

Med unntak av materialet frå fagmiljøa er desse dokumenta publiserte i rapporten "Evaluering av Det samfunnsvitenskapelige fakultet 1993 – 1995. Publikasjon II/II Om evalueringstiltaket, innhold og resultat". Her er også vurderingane av dei ulike fagmiljøa presenterte, og det finst ei kronologisk oversikt over "hendelser i arbeidet". Det er denne kronologiske oversikta som er gjengitt under. I rapporten "The Evaluation of the Faculty of Social Sciences 1993 – 1995. Publication I/II Summary of the enterprise and the final assessment report", finn ein vurderinga til den internasjonale komiteen som tok for seg fakultetet samla.

Ein finn også referansar til og skildringar av SV- fakultetsevalueringa i andre dokument. Eit slikt er "Evaluering og kvalitetsutvikling ved Universitetet i Bergen. Innstilling fra et utvalg oppnevnt av Det akademiske kollegium" (1996). Dessutan er den strategiske planen til fakultetet for 2000 – 2005 delvis ei oppfølgjing av evalueringstiltaket. Før det mest intensive evaluatingsarbeidet tok til vart det også skrive ein rapport om "Cand. polit. kandidatenes erfaringer med hovedfag og arbeid etter hovedfaget." (UiB, SV- fakultetet, 1993). Også denne vart brukt som grunnlag for vurderingane til komiteane. Det er også skrive ein artikkel med basis i erfaringane frå tiltaket (Trageton og Utne 1995).

Framstillinga i den følgjande oversikta er redigert og er produsert av administratorar på ulike nivå. I ferdigstillingar av denne typen støyter ikkje administrasjonen på motstand eller innvendingar frå vitskapleg tilsette. Ein har fått relativt god oversikt

over kor motstanden finst, kva den går ut på, og kva for saksforhold, tema og resultat "alle" kan einast om. Oversikta er med andre ord ein "versjon" av ein historisk prosess som dei fleste vitskapleg tilsette vedgår at dei hugsar svært lite av. Fleire av dei er ikkje eingong sikre på om det har blitt skrive rapportar etter tiltaket og enda fleire seier dei ikkje har lese dei. Baserer ein seg på skildringane i oversikta, kan ein få klare og presise informasjonar om prosessen, men det er altså ei historie som nokså få (ca. 6) av mine informantar har vore aktive deltakarar i, og som enda færre har skrive ned. I og for seg er det likevel ingen grunn til å tvile på informasjonen som kjem fram.

## **DEL IV**

### **KRONOLOGISK OVERSIKT**

**HISTORISK OVERSIKT OVER SENTRALE BEGIVENHETER I EVALUERINGSPROSESSEN**

# **Evalueringen av Det samfunnsvitenskapelige fakultet (1990 - 1995)**

## **En kronologisk oppstilling over hendelser i arbeidet**

### **Innledning**

Dette notatet inneholder en oppstilling over viktige hendelser i evaluatingsprosjektet ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet. Hendelser er notert fortløpende i henhold til dato, sak og med en kort gjengivelse av hovedinnhold.

<b>Høst 1961</b>	<b>Forarbeidet for opprettelse av et samfunnsvitenskapelig fakultet ved Universitetet kommer igang</b>
	UIB setter ned et utvalg som skal legge fram en plan for utbygging av de samfunnsvitenskapelige fag ved universitetet i Bergen. Komiteen består av: Knut Mykland, Stein Rokkan, Fredrik Barth, Dag Coward, og med Magne Lerheim som sekretær.
<b>Høst 1963</b>	<b>Innstillingen er ferdig</b>
<b>01.12.70</b>	<b>Det samfunnsvitenskapelige fakultet blir opprettet</b>
<b>1990</b>	
<b>06.02.90</b>	<b>Fakultetsrådsmøte der tanken om å gjennomføre en evaluering av fakultetet blir lansert første gang</b>  I saksframlegget blir en evaluering motivert på flere måter. Det pekes bl.a på at den opprinnelige planen for utbygging av Det samfunnsvitenskapelige fakultet nå er oppfylt. Andre realiteter og visjoner som ble lagt til grunn for Universitetsplan år 2000 fra midt på 1980-tallet er også endret, og det understrekkes at fakultetet har behov for en grundig gjennomgang for en planmessig utvikling av fakultetet.  Det legges ikke fram noen detaljert plan for gjennomføring. I saksframlegget blir det foreslått å gi budsjettkomiteen i oppdrag å vurdere spørsmålet og eventuelt utarbeide et mer konkret forslag til organisering og gjennomføring av en evaluering.  Forslaget blir enstemmig vedtatt og oversendes til budsjettkomiteen.
<b>15.02.90</b>	<b>Brev fra Dekanus og fakultetsdirektøren til kollegiet der fakultetet redegjør for fakultetsrådets vedtak om å sette i gang arbeid med en evaluering av fakultetet</b>
<b>05.04.90</b>	<b>Fakultetsdirektøren møter Tore Lindbekk i Trondheim for rådføring om evalueringen</b>
<b>25.04.90</b>	<b>Rapport fra fakultetsdirektør til dekanus om status i evalueringen</b>  Rapporten er et referat fra møtet med Lindbekk der han kommenterer en foreløpig skisse for evalueringen.  Fra referatet:  Lindbekk støtter tanken om evalueringsskomite og mener bruk av "peer review" gruppe vil gi best utbytte ved evaluering av forsknings-

aktivitetene. Han uttrykker seg i utgangspunktet mer tvilende til at en evaluering av utdanningssystemet vil være så verdifull, men i løpet av samtalen kommer en fram til at en "peer review" gruppe også bør kunne vurdere undervisningen.

I den foreløpige skissen til evaluering blir det foreslått at hovedfagsstudenter kan bidra mer aktivt i en evaluering med å skrive oppgaver innenfor emnet "Institutional research". Lindbekk er også positiv til tanken om å invitere studenter til å skrive om emnet, men mener at det i så fall bør lages en kort introduksjon for de studentene som er interessert, der formålet med en slik hovedfagsoppgave og sammenhengen den står i, kommer klart fram.

I "peer review" arbeidet ser Lindbekk for seg en internasjonal komite på 3-4 personer som bør representere ulike europeiske syn.

Gjennom møtet blir det også klart at der er behov for en intern styringskomite med ansvar for framdrift av prosessen.

**15.05.90**

**Brev til NAVF der en orienterer om evalueringen og melder fra om at det vil bli søkt om støtte til tiltaket**

**26.11.90**

**Søknad til L. Meltzers fond om støtte til forberedelse og tilrettelegging av evalueringen.**

Søknadssummen på 25 000 kroner, skal gå til oversetting av relevant materiale for "peer review" evalueringen.

**06.12.90**

**Referat fra samtale mellom fakultetsdirektøren og Tore Lindbekk, i Oslo**

Fra referatet:

I dette møtet blir det foreslått en todeling i evalueringen med en peer review gruppe til å evaluere hele fakultetet og 5 komiteer som evaluerer de enkelte fag. Det blir foreslått 1 komite for fagene: sosiologi, massekommunikasjon og mediekunnskap, administrasjon og organisasjonsvitenskap og sammenliknende politikk, samt 1 komite for hvert av de resterende instituttene.

Det blir også foreslått en egenevaluering som bør gå forut for, og i vekselvirkning med faggruppeevalueringen. Det blir også foreslått at det lages en felles mal for egenevalueringen, ett sett med spørsmål som alle miljøene bør besvare.

På møtet kommer det også fram at fakultetet bør få utarbeidet en katalog over alle forskningsprosjekt ved fakultetet.

**28.12.90**

**Søknad til L. Meltzers fond om støtte til forberedelse og tilrettelegging av evalueringen**

I denne søknaden blir det søkt om 75 000 kroner som delfinansiering til et totalbudsjett på 300 000 kroner.

**1991**

**08.03.91**

**Brev fra L. Meltzers fond hvor fakultetet får tildelt støtte til evalueringen.**

Det blir tildelt støtte på 25 000 kroner i henhold til brev av 26.11.90.

**13.05.91      Brev til NAVF med orientering om den planlagte evalueringen av Det samfunnsvitenskapelige fakultet**

Et sentralt moment i dette notatet er at fakultetsevalueringen nå også blir begrunnet og motivert utfra "aukande motstand mot den form for planlegging og evaluering som budsjetta representerer.." og det blir videre framhevet at et samfunnsvitenskapelig fakultet bør se det som et særlig ansvar å utvikle et alternativt evaluatingsverktøy, samt at en vurdering av faglige aktiviteter på et universitet må ha internasjonalt tilsnitt.

Målet for evalueringen blir således formulert som "*å skape ein aktiv læreprosess, resultere i ein plan for vidare fagleg utbygging og utgjere eit forsøk på alternativ "virksomhetsmåling"*".

Til notatet legges det ved en tentativ liste med spørsmål beregnet for egen-evalueringen på instituttnivå, en omtale av den nederlandske evalueringssmodellen, samt et kapittel i den nylig utarbeidede UIB-instillingen "Planleggings-, rapporterings- og evalueringssystemene ved Universitetet i Bergen."

**13.05.91      Brev til alle veilederene for hovedfagsstudentene ved fakultetet der direktøren oppmuntrer instituttene til å få studenter til å skrive hovedoppgaver innenfor emnet institusjonsutvikling. Vedlagt brevet følger oreintering rettet til veiledere og studenter om hovedoppgaver innenfor institusjonsutvikling.**

I orienteringen på 4 sider, blir bakgrunnen for evalueringen forklart og det blir motivert for hovedoppgaver om institusjonsutvikling som et viktig ledd i arbeidet. Det blir bl.a vist til amerikanske universitet som driver organisert forskning på dette området.

I orienteringen blir det også listet opp en rekke mulige emner for oppgaven, og betingelsene for oppgaveskriving blir klargjort. Studentene får tilbud om 15 000 kroner for å skrive oppgave innenfor emnet.

**14.05.91      Brev til hovedfagsstuder som er tatt opp i vårsemesteret, med tilbud om å skrive hovedoppgave innenfor emnet "Institutional research"**

(Merknad: Tilsvarende tilbud ble sendt ut til de studentene som ble tatt opp høsten 1991. Bare 3 studenter valte å skrive hovedfagsoppgave om et slikt emne.)

**1992**

**08.12.92      Notat av Svein Nordbotten om "Gjennomføringsfrekvenser for grunnfagsstudenter ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet, vår- og høstkull 1991**

De viktigste konklusjoner i notatet er at ingen av de andre fagene ved fakultetet har så lav gjennomføringsfrekvens i grunnfag som Informasjonsvitenskap. Men det er betydelig variasjon mellom fagene. Et fellestrekke er imidlertid at det er forskjell mellom de fagene som tar opp i høst- og vårsemesteret.

# 1993

25.01.93

## **Notat v/fakultetsdirektøren med tittel "Evaluering av fakultetets utdanningsprogram og forsking"**

Notatet er på 8 sider og omhandler en oppsummering av arbeidet, samt avsnitt om målsetting, vektlegging og gjennomføring av evalueringen.

I oppsummeringen gjør direktøren bl.a kort greie for evaluering i land som USA, Storbritannia og Nederland.

I avsnittet om målsetting understrekkes betydningen av at det forut for en evaluering må foreligge en uttrykt og godtatt målsetting for arbeidet.

Direktøren mener at hovedformålet for tiltaket må være å "forbedre kvaliteten" på forskning og utdanning ved fakultetet, og at evalueringen skal følges opp av en "generalplan"/strategisk plan for fakultetets utvikling.

I konklusjonen heter det at:

*"Evalueringa bør gjere det lettare for leiinga ved så vel institutta som ved fakultetet å utøve kvalitetskontroll med det uttrykte mål å oppretthalde og forbetra kvaliteten i forsking, forskaropplæring og utdanning"*

I avsnittet om vektlegging blir evalueringen sett i forhold til den kvantitative og aggregerte budsjettering/rapporteringen som en finner med universitetene i dag. Direktøren peker på at det i dette systemet ikke er rom for tilbakemelding i særlig grad, og at systemet derfor heller ikke gir særlig støtte for kvalitetsforbedring. I evalueringen må derfor de kvalitative sidene komme klarere fram.

Notatet fremhever også betydningen av en egenevaluering som premissleverandøren for den eksterne evalueringen og foreslår at det forut for egenevalueringen, bør utarbeides en sjekkliste med problemstillinger som instituttene bør ta utgangspunkt i. Det blir forøvrig understreket at instituttene også bør kunne ta opp andre forhold de mener er av interesse. Og det mest sentrale er at egenevalueringen ikke blir et PR-dokument eller et minibudsjett.

Direktøren foreslår å sette ned et fakultetsutvalg med fullmakt til å utarbeide et konkret opplegg for evalueringen, men foreslår samtidig en rekke forslag for evalueringen.

Mot slutten av notatet blir fakultetets administrasjon og dens forhold til evalueringen kommentert. Her argumenteres det for ikke å trekke det administrative apparatet eksplisitt inn i evalueringen.

10.03.93

## **Skriv med sakspapirer til budsjettkomiteen om iverksetting av fakultetsevalueringen**

Skrivet tar for seg iverksetting av fakultetsevalueringen og kommer i forkant av et fakultetseminar som skal holdes på Alver.

Fakultetsdirektøren annonserer at evalueringen vil bli gitt stor oppmerksomhet på seminaret og foreslår en rekke enkeltiltak som instituttene må gjøre før seminaret. Han foreslår også medlemmer til en styringsgruppe på 6 personer, med dekanus som formann.

Til skrivet følger diverse informasjon om evalueringstiltaket, bl.a minimumsmodell for egenevaluering, utkast til sjekkliste for egenevalueringen og notatet fra 25.01.93.

<b>19.03.93</b>	<b>Brev til instituttstyrerene og de administrative lederene. Innbydelse til Alver-seminaret 19. -20. april</b>
<b>22.03.93</b>	<b>Referat fra møtet i budsjettkomiteen 17. mars, sak 14</b> I forbindelse med sak 14. "Iverksetting av evaluering av Det samfunnsvitenskapelige fakultet", gjør budsjettkomiteen følgende vedtak: 1. Budsjettkomiteen tar fakultetsdirektørens notat til etterretning 2. Følgende oppnevnes som medlemmer til styringsgruppa for fakultetsevalueringen: Dekanus Lars Svåsand (formann) Vara: Prodekanus Georg Henriksen Professor Sigmund Grønmo Vara: Professor Tor Rødseth Professor Jens Chr. Hansen Vara: Professor Per Lægreid Professor Svein Nordbotten Vara: Professor Helge Østbye Professor Alf Inge Jansen 1 student m/vara 1 åremålstilsatt m/vara 3. Revidert utgave av prosjektplan legges fram til drøfting på styrerseminaret på Alver, 19. - 20. april.
<b>26.03.93</b>	<b>Brev til medlemmene i styringsgruppen fra fakultetsdirektør med orientering om 1. møte den 30.03.</b> I brevet foreslår direktøren at styringsgruppen legger opp til en generell drøfting av målsetting, organisering og omfang på evalueringen, med fokus på framdrift og nødvendig talmateriale fra institutt og fakultet. Avtroppende dekanus Svein Nordbotten bli bedt om å gi innspill på de konkrete områdene.
<b>30.03.93</b>	<b>Notat fra Svein Nordbotten med skisse til organisering, omfang og framdrift av evalueringen</b> Dette notatet blir lagt fram på møtet i styringsgruppen den 30. mars.
<b>31.03.93</b>	<b>Brev til Jens Chr. Hansen og Georg Henriksen med kort orientering fra møtet i styringsgruppen dagen i forveien.</b> I brevet (som også sendes til de andre medlemmene) går det fram at dekanus/fakultetsdirektør blir bedt om å utarbeide en nærmere målsetting av evalueringstiltaket med et kostnadsoverslag.
<b>03.04.93</b>	<b>Notat fra Svein Nordbotten "Rapporter fra fagmiljøene for fakultetsevalueringen 1970 - 1994"</b> I notatet blir det foreslått at fakultetsevalueringen vil bli utført av to utvalg: et nordisk for å vurdere fakultetets fag, og et internasjonalt for å vurdere fakultetet samlet. Det blir videre klargjort at utvalgenes evaluering bør bygge på materiale fra de enkelte institutter og fakultet og på samtaler med medarbeiderne i de enkelte fagmiljø. På denne bakgrunn og som følge av diskusjonen på Alver-seminaret blir det lagt fram en liste med materiale som skal leveres

inn, samt frister for når dette skal skje. I dette materialet blir det også presentert en grov skisse til hva egenevalueringssrapporten bør inneholde.

#### **13.04.93**

#### **Referat fra møte i styringsgruppen for fakultetsevalueringen**

På møtet blir forslag til målsetting, samt et kostnadsoverslag delt ut. Fra referatet finner en følgende synspunkt:

Forskningsaktiviteten og fagmiljøenes faglige profil bør veklegges. En annen viktig problemstilling i evalueringen er at fakultetet er mer enn summen av instituttene. Det blir foreslått å få utarbeidet en fakultetshistorisk oversikt. Enmannsutvalg blir foreslått som alternativ til 3-mannskomiteer i fagevalueringen. (Merknad: Alle instituttene valte til slutt å ha en nordisk fagevalueringsskomité med 3 medlemmer).

#### **19.04.93**

#### **Notat fra Svein Nordbotten "Momenter for rapporter fra fagmiljøene"**

I notatet som er et diskusjonsgrunnlag, kommer Nordbotten med en rekke innspill til form og innhold i egenevalueringssrapportene. Notatet tar også opp hva som bør legges ved og hvem som bør ha ansvar for å samle inn materialet.

#### **20.04.93**

#### **Møte i styringsgruppen**

Av innholdet:

Det blir foreslått å detaljere framdriftsplan med flere frister, og det blir framhevet betydningen av å få engasjert en person dersom fakultetet får midler til dette.

Det blir diskusjon om evalueringens siste fase og sammensetningen av en "internasjonal komite". Det kommer også fram forslag til mindre grupper enmannstuvalg i noen av de nordiske komiteene.

Det blir framhevet at målet med evalueringen måtte rettes inn mot det kvalitative og prosessuelle, jfr. evalueringen i sosiologi.

Det blir også understreket at det i evalueringen av utdanningen bør fokuseres på hovedfags- og doktorgradsutdanningen.

#### **04.05.93**

#### **Møte i styringsgruppen**

Notat fra Nordbotten/Rødseth med forslag til tidsplan og omfang av oppgavene for det enkelte fagmiljø.

Det blir diskusjon om mandatet og oppgavene for den internasjonale komiteen (utfra kritiske kommentarer fra Alver-seminaret) og det påpekes et behov for skriftlig mandat før en kan ta stilling til denne komiteen.

Dekanus får fullmakt til å justere forslaget fra Nordbotten/Rødseth og utarbeide skisse til mandat for de to komiteene, sende dette til medlemmene slik at en om nødvendig kan ha et ekstra møte før saken legges fram for fakultetsrådet 1. juni.

Det framheves at mandatet for de nordiske komiteene ikke bør være for detaljert, men foreslå at komiteene vurderer instituttene kvantitative bruk av tid til de ulike universitetsaktivitetene og sine kvalitative resultat.

Det blir foreslått at man i en egen runde kan spørre hvorledes instituttene samhandler med fakultetet og andre avdelinger ved universitetet. (Merk: Dette ble ikke aktuelt).

<b>18.05.93</b>	<b>Forslag til grunnlagsdokumenter for fakultetsevalueringen sendes til styringsgruppens medlemmer</b> Grunnlagsdokumentene sendes til komiteens medlemmer for gjennomsyn med mulighet for endringer før saken legges fram for fakultetsrådsmøte.
<b>26.05.93</b>	<b>Saksframlegget for fakultetsevalueringen sendes til styringsgruppens medlemmer</b> Det blir ikke holdt møte etter den første utsending av grunnlagsdokumentene, men det blir innarbeidet 7-8 mindre justeringer etter forslag fra medlemmene i styringsgruppen, samt en innledning til måldokument etter forslag fra Alf-Inge Jansen.
<b>01.06.93</b>	<b>Fakultetsrådsmøte hvor samleforslaget til målsetting, opplegg og framdrift for fakultetsevalueringen blir vedtatt</b> Vedtaket har følgende ordlyd: <i>Rådet for det samfunnsvitskapleg fakultet vedtar dei framlagde forslag til målsetting, opplegg og framdrift for ei fakultetsevaluering. Rådet ber Styringsgruppa for fakultetsevalueringa i samarbeid med institutta føreslå sakkyndige til faggruppene.</i> <i>Rådet føreset også at Styringsgruppa på eit seinare tidspunkt på grunlag av erfaringar undervegs, vurderer å justere det endelige mandatet for den internasjonale vurderinga v/fakultetets samla verksemد. (Merknad: Dette ble ikke tatt opp igjen).</i> I vedtaket inngår fire grunnlagsdokument: <ul style="list-style-type: none"><li>- Målsetting for fakultetsevalueringa</li><li>- Materiale/rapporter fra fagmiljøene for fakultetsevalueringa</li><li>- Mandat for nordisk komite (fag-grupper) for evaluering av Det samfunnsvitenskapelige fakultet</li><li>- Mandat for en internasjonal vurdering av virksomheten ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet</li></ul> Det blir også lagt fram et budsjett for "Stipulerete utgifter ved fakultetsevalueringa" med en total ramme på 465.000. (Lønn til konsulent ikke innregnet).
<b>06.07.93</b>	<b>Det blir engasjert en konsulent til å assistere fakultetsdirektøren med fakultetsevalueringen</b> (Merknad: Sigurd Trageton ble tilsatt for en 2-års periode, men gikk over i annen stilling 31.12.94).
<b>07.06.93</b>	<b>Brev til NAVF med sluttrapport i forbindelse med tildeling av midler til prosjektet "Evaluering av forskning og utdanning ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet, UIB"</b> I sluttrapporten framgår det at midlene fra NAVF blir brukt til å kartlegge cand.polit kandidatenes erfaringer med hovedfag og arbeid etter hovedfaget. (Merknad: I tillegg til hovedrapporten: " <i>Cand.polit.-kandidatenes erfaringer med hovedfag og arbeid</i> " Universitetet i Bergen - Det samfunnsvitenskapelige fakultet (1993), så ble de viktigste delene av rapporten oversatt til engelsk for de nordiske "peer review"-gruppene og den internasjonale evalueringskomiteen: " <i>Social science graduates 1989-1991 Experiences with advanced degree studies and with employment since graduation.</i> " The University of Bergen - The School of Social Sciences (1993).

<b>16.07.93</b>	<b>Brev til L. Meltzers fond hvor det blir redegjort for tildelte midler til arbeidet med fakultetsevalueringen</b>
<b>17.06.93</b>	<b>Møte i det akademiske kollegium der arbeidet med fakultetsevalueringen blir lagt fram som orienteringssak</b>
<b>22.06.93</b>	<b>Notat fra Sigurd Trageton til fakultetsdirektøren og styringsgruppen for fakultetsevalueringen</b>  I notatet legges det fram en mal for utforming av grunnlagsmaterialet, herunder forslag til standard for utfylling av cv for de ansatte.
<b>06.10.93</b>	<b>Møte i styringsgruppen</b> Av innholdet: Til møtet forelå utkast til: <ul style="list-style-type: none"> <li>- En orientering om fakultetsevalueringen, ment for medlemmer i den nordiske komiteen</li> <li>- Følgdebrev og oppnevningsbrev</li> </ul> <p>Det blir diskusjon om hvorvidt styringsgruppens medlemmer har ansvar for at instituttene gjennomfører fasene i evaluatingsarbeidet. Det blir foreslått å oppnevne en ansvarlig på hvert institutt til å lede dette arbeidet.</p> <p>Styringsgruppen sier seg tilfreds med utforming av formelle dokumenter til komitemedlemmene. En mente at den generelle orienteringen også burde distribueres til ansatte.</p> <p>Det slås fast at der skal være 3 medlemmer i de nordiske komiteene.</p>
<b>07.10.93</b>	<b>Notat til dekanus fra Ørjar Øyen der han legger fram forslag på Otto Larsen som medlem i den internasjonale komiteen</b>
<b>15.10.93</b>	<b>Brev til Institutstyrerene fra Dekanus og fakultetsdirektør angående den videre gjennomføring av egenevalueringen</b>  I brevet viser en til møtet i styringsgruppen og ber om at instituttene "oppnevner/gjenoppnevner en person som kan ta ansvar for at instituttene gjennomfører evalueringen." I brevet blir det også framført en del punkter som dekanus og direktøren mener er sentrale for å få til en god egenevaluering. (Merknad: Etter dette tidspunktet har Styringsgruppen bestått av: <p>Dekanus <i>Lars Svåsand</i>  professor <i>Svein Nordbotten</i>  professor <i>Alf-Inge Jansen</i>/professor <i>Per Lægreid</i>  førsteamannensis <i>Anders Lundberg</i>  professor <i>Tor Rødseth</i>  professor <i>Ørjar Øyen</i>  professor <i>Helge Østbye</i>  student <i>Trude Rikstad</i>)</p>
<b>02.11.93</b>	<b>Brev til instituttene med orientering og spørsmål om hjelp i forbindelse med innsamling av data til en mindre undersøkelse blant studenter ved fakultetet</b>  Skjema blir sendt sammen med brevet. Instituttene ved forelesere administrerer undersøkelsen.

<b>16.11.93</b>	<b>Møte i styringsgruppen</b> Av innholdet: Varierende hvor langt instituttene er kommet med innsamling av materiale, spesielt CV'er fra ansatte. Utkast til "Om fakultetsevalueringen, en orientering til de ansatte" blir delt ut på møtet for kommentarer. Medlemmene i styringsgruppen orienterer om framdriften med egenevalueringen. I den forbindelse blir det framført ønske fra fagmiljøene om å få skaffet tilveie materiale som vise hvilke spørsmål/momenter som kan være aktuelle i forbindelse med egenevaluering. Spørsmålet om å evaluere de administrative tjenestene (fra fakultetssekretariatet) kommer opp på møtet og det blir vedtatt å lage en felles mal for evaluering av disse tjenestene.
<b>16.11.93</b>	<b>Rapport fra konferanse 25. og 26. oktober i Amsterdam om universitetsevaluering: Changing Contexts for Quality assessment"</b> Rapporten gjengir de vesentligste grunnene for å evaluere universitetsaktiviteter, den beskriver hovedmønsteret som benyttes i arbeidet med kvalitetssikring, og den peker på forhold ved fakultetsevalueringen som ser ut til å avvike fra det generelle mønsteret.
<b>24.11.93</b>	<b>Brev med orientering om fakultetsevalueringen, sendt til:</b> <b>Universitetsdirektør, ass. universitetsdirektør, fak. direktørene, personaldirektør, direktør for intern forvaltningskontroll, direktør v/LOS senteret og Direktør v/NSD</b>
<b>30.11.93</b>	<b>Brev til instituttene hvor direktøren ber om at de ansatte får utdelt "Om fakultetsevalueringen, en orientering til de ansatte"</b>
<b>30.11.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for informasjonsvitenskap</b>
<b>01.12.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap</b>
<b>01.12.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for geografi</b>
<b>06.12.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for sosialantropologi</b> Seinere meldte en av medlemmene, Robert Paine avbud, men 10 mars 1994 blir Harald Eidheim oppnevnt som siste medlem i komiteen
<b>06.12.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for sammenliknende politikk</b>
<b>17.12.93</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for massekommunikasjon</b>
<b>17.12.93</b>	<b>Møte i styringsgruppen</b> Av innholdet:

18 av 21 nordiske komitemedlemmer sagt ja til å være med i evalueringssarbeidet. Mangler 2 medlemmer til økonomi og 1 medlem til sosialantropologi.

Forslag til evaluering av de administrative tjenestene legges fram. Noen forslag til justeringer. Ellers enighet om at denne siden ved egenevalueringen må begrenses i omfang.

Tilbakemelding fra miljøene at arbeidet med egenevalueringen er godt i gang og inntrykket er at en vil få en grundig og god egenevaluering

<b>20.12.93</b>	<b>Endelig forslag til evaluering av administrative tjenester sendt ut til høring</b>
-----------------	---

## 1994

<b>11.01.94</b>	<b>Oppnevningsbrev sendt til medlemmene i nordisk komite for evaluering av Institutt for økonomi</b>
-----------------	--

<b>10.02.94</b>	<b>Møte i styringsgruppen</b>
-----------------	-------------------------------

Av innholdet:

Til møtet foreligger det forslag til 3 notat, ment som bakgrunnsmateriale for de nordiske komiteene:

- Notat om sentrale lønnsbestemmelser for vitenskapelige ansatte ved fakultetet
- Notat om sentrale premieringsordninger for vitenskapelige ansatte ved fakultetet
- Eksamensordningen ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet
- Forslag til program for komitebesökene

Det foreligger forslag til standardprogram, men det blir vedtatt at instituttene skal utforme endelige program til sine besøk. Gruppen vedtar også at studentrepresentanten utarbeider forslag til hvordan studentene skulle komme med i programmene. Det foreslås også at studentpanelet kan bestå av instituttenes fagutvalg, men med representasjon fra alle nivå.

<b>22.02.94</b>	<b>Brev fra Trude Rikstad til instituttene og medlemmene i styringsgruppen, om studentenes rolle i forbindelse med besøk av Nordiske komiteer.</b>
-----------------	--

Rikstad ber om at studentene må få mer tid med komiteenes medlemmer enn de 1 1/2 timer som er avsatt i standardforslaget.

- 07.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap**
- 07.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for økonomi**
- 11.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for sammenliknende politikk**
- 11.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for massekommunikasjon**
- 11.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for informasjonsvitenskap**
- 12.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for geografi**
- 16.03.94** **Sendt grunnlagsmateriale til komiteen for evaluering av Institutt for sosialantropologi**
- 17.03.94** **Møte i styringsgruppen**  
Av innholdet:  
Spørsmålet om medlemmer til den internasjonale komiteen står sentralt på møtet. Lægreid (vara for Alf Inge Jansen) reiser spørsmål med behovet for en slik komite, men det blir slått fast at det tidligere er gjort vedtak om også å foreta en samlet evaluering av fakultetet med en internasjonal komite.  
Dekanus påpeker at komiteen må være sammensatt slik at den har faglig tyngde og legitimitet, er fortrolig med universitetspolitiske problemstillinger, og at den kjenner til norske forhold og det norske universitetssystemet.  
Det blir videre foreslått å utarbeide et notat for å gi komiteen en orientering om fakultetets oppbygging og virke.  
Spørsmålet om distribuering av egenevalueringsrapporter blir også drøftet. Man blir enig om at instituttene selv bestemmer over sine rapporter, men instituttene oppfordres til ikke å distribuere disse eksternt, av hensyn til de nordiske komiteenes arbeid.

- 07.04.94** **Brev til Tore Lindbekk for å orientere om fakultetsevalueringen**
- 12. 04.94- 14.04** **Komitebesøk, Institutt for økonomi**
- 18. 04.94- 20.04** **Komitebesøk, Institutt for sosialantropologi**
- 27.04.94 - 29.04** **Komitebesøk, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap**
- 02.05.94 - 04.05** **Komitebesøk, Institutt for sammenliknende politikk**
- 02.05.94 - 04.05** **Komitebesøk, Institutt for massekommunikasjon**
- 09.05.94 - 11.05** **Komitebesøk, Institutt for geografi**
- 18.05.94** **Møte i styringsgruppen**  
Av innholdet:  
Det rapporteres om positive tilbakemeldinger på komitebesøkene, både fra instituttene og fra komiteene. Man kan også konstatere at komitemedlemmene var meget fornøyd med studentenes innsats.  
Til møtet foreligger det informasjon om følgende 4 kandidater til den internasjonale komiteen: Otto Larsen, Tore Lindbekk, Olof Wärneryd og John Morecroft. Dekanus legger fram forslag til en komite på 3(4) personer bestående av Otto Larsen, Tore Lindbekk, Olof Ruin og en eventuell 4. person.  
Det blir diskusjon om forslaget, uten endelig vedtak, men det blir bestemt at komiteen skal bestå av 4 personer og minst 1 kvinne. Videre blir Tore Lindbekk, Robert Kvaavik, Karen Siune og Anthony B. Atkinson foreslått med Otto Larsen, Margareth Archer eller Renate Mayntz, Eskil Wädensjö evt. en annen brite som reserve. (Av disse hadde Karen Siune og Eskil Wädensjö vært med i fagevalueringen.)
- 25.05.94 - 27.05** **Komitebesøk, Institutt for informasjonsvitenskap**
- 01.06.94** **Ettersending av materiale om NFR-evalueringen av informatikk til komiteen for evaluering av Institutt for informasjonsvitenskap**
- 02.06.94** **Oversendelse av rapportutkast til Institutt for administrasjon og organissjonsvitenskap, for høring/kommentarer**  
Instituttet sendte høringsuttalelse 01.07.94
- 07.06.94** **Utsending av forespørsler til medlemmer av den internasjonale komiteen**  
Denne dagen sendes det faks med forespørsel til Robert Kvavik, Karen Siune og Professor Anthony B. Atkinson om de kan tenke seg å delta i evalueringen som medlemmer av en internasjonal komite. Tore Lindbekk har på et tidligere tidspunkt sagt seg villig.  
Det kommer positive svar fra Siune og Kvavik. Da det viser seg at Anthony B. Atkinson ikke kan være med, sendes det forespørsel til professor Alan Maynard 03.08, men også han svarer negativt på vår forespørsel.
- 15.06.94** **Oversendelse av rapportutkast til Institutt for økonomi, for høring**  
Instituttet sender høringsuttalelse 13.08.94

- 27.06.94      Oversendelse av rapportutkast til Institutt for medievitenskap, for høring**  
Instituttet har ingen kommentarer til utkastet
- 27.06.94      Oversendelse av rapportutkast til Institutt for geografi, for høring**  
Instituttet sender høringsuttalelse 20.08.94
- 29.06.94      Oversendelse av rapportutkast til Institutt for sammenliknende politikk, for høring**  
Instituttet har ingen kommentarer til utkastet
- 02.07.94      Oversendelse av rapportutkast til Institutt for sosialantropologi, for høring**  
Instituttet sender høringsuttalelse 22.08.94
- 15.07.94      Oversendelse av rapportutkast til Institutt for informasjonsvitenskap, for høring**  
Instituttet sender høringsuttalelse 20.08.94
- 15.08.94      Møte mellom Tore Lindbekk, Edmund Utne og Sigurd Trageton i Trondheim for å diskutere det videre arbeidet med fakultetsevalueringen**  
I møtet kommer det ønske fra Lindbekk om at fakultetets ledelse utarbeider et problemnotat som et innspill til komiteens arbeid. I notatet bør det og tas opp aktuelle problemstiller som fakultetet ønsker å få belyst gjennom evalueringen.
- 29.08.94      Forespørsel (fax) til Carole Webb ved Division of Quality Audit, HEQC om hun kan hjelpe oss med å finne en britte som kan bistå ved siste fase i evalueringen**
- 02.09.95      Svar fra Carole Webb (fax) hvor det framgår at professor Brian Robson kan tenke seg å være med i den internasjonale komiteen**
- 06.09.95      Fra Carole Webb til Sigurd Trageton**  
Lengre brev med utfyllende informasjon om Brian Robson og hans kvalifikasjoner for arbeidet.
- 28.09.94      Møte i styringsgruppen**  
Av innholdet:  
Fakultetsledelsen kan melde om interesse for evalueringen (fagevalueringssrapportene), og det blir diskutert hvordan en bør forholde seg til dette. Det blir besluttet å innta en åpen linje, og fakultetsledelsen blir bedt om å lage en liten oppsummering om evalueringen som skal følge ved all informasjon som sendes ut. En beslutter også at detaljspørsmål om rapportene skal besvares av instituttene.  
Til møtet foreligger det et utkast til problemnotat for den internasjonale komiteen. Det kommer en rekke innspill fra medlemmene som blir forsøkt innarbeidet før oversettelse og utsending av materialet.  
Til møtet foreligger også utkast til program. Her understrekkes det at komiteen må gis tilstrekkelig tid til å snakke med fakultetsledelsen

I møtet blir det understreket at fagevalueringssrapportene først og fremst måtte bli fulgt opp på instituttnivå.

**30.09.94**

**Fax til Brian Robson med endelig bekreftelse på at fakultetet ønsker å ha ham som medlem i den internasjonale komiteen**

Med dette er alle medlemmene i den internasjonale komiteen på plass. Det blir forøvrig sendt oppnevningsbrev til medlemmene på samme måte som for medlemmene i de nordiske komiteene. I oppnevningsbrevet ble oppgavene skissert samt betaling for oppdraget.

**10.10.94**

**Oversendelse av materiale til den internasjonale komiteen**

Følgende material blir sendt til komitemedlemmene:

"The Faculty of Social Sciences; A research and educational institution"- Et dokument med en generell beskrivelse av fakultetet, dets innhold, oppbygging, og styringsstruktur.

Discussion paper in connection with The International Committee's Evaluation of The Faculty of Social Sciences" -

Et notat der fakultetsledelsen tar opp en del aktuelle problemstillinger som en ønsker at komiteen også bør se på.

De 7 fagevalueringssrapporter fra de nordiske komiteene  
(Merknad: Den nasjonale evalueringen av sosiologifaget blir ikke ferdig, og rapporten fra fagevalueringen av dette instituttet kommer derfor ikke med i evalueringen av fakultetet, slik vi hadde håpet.)

En kort oversikt over demografiske data ved fakultetet

"Social science graduates 1989 - 1991: Experiences with advanced degree studies and with employment since graduation".

Foreløpig utkast til program for besøket

Til komiteformannen ble det i tillegg sendt:

Et utkast til "historien til Det samfunnsvitenskapelige fakultet" (av Sverre Bagge)

Sosiologien i Bergen av Ørjar Øyen

Informasjon om samarbeidsavtalen mellom NHH og UIB

**12.10.94**

**Innslag om fakultetsevalueringen i På høyden**

Innslaget med overskrift "Heit haust på Sv-fakultetet" er et intevju med dekanus om "resultatene fra fagevalueringen".

**31.10.94**

**Elektronisk brev fra Robert Kvavik hvor det etterlyses mer informasjon**

I brevet etterlyser Kvavik mer dokumentasjon om sentrale rammebetegnelser/prosedyrer etc, kvantitativ informasjon om størrelse herunder budsjettall, resultater hva angår studenter osv.

**03.11.94**

**Svar til Kvavik (elektronisk post) angående hans spørsmål**

I svaret blir Kvavik informert om at fakultetet vil lage et brev til komitemedlemmene hvor spørsmålene blir besvart. I meldingen blir også Kvavik informert om at han vil motta en del materiale på Norsk, så som Strategiplan år 2000 (rapport fra faggruppe 1 og del 2, faglig utvikling), budsjett- og årsmeldinger ved fakultetet for de siste 2 årene, samt siste årsmelding og budsjett for Universitetet.

- 09.11.94** **Orientering til medlemmene av styringsgruppen fra Sigurd Trageton**  
I brevet blir medlemmene orientert om spørsmålene fra Kvavik og fakultetsledelsens planlagte respons. De blir også informert om tilleggsmateriale som blir sendt til Kvavik.
- 14.11.94** **Brev til komitemedlemmene hvor spørsmålene fra Kvavik blir besvart**  
Brevet er stilet til medlemmene av den internasjonale komiteen med tittel:  
*In answer to "Request for information" from Robert Kvavik and other comments that we have received from the committee members.*
- 30.11-02.12.94** **Besøk av den internasjonale komiteen i Bergen**  
Hovedtrekk fra programmet:  
Besøket starter første dag med møte mellom komiteen og fakultetsledelsen. Møtet som inneholder lunch, varer ca 1,5 time.  
Dernest blir komiteen vist rundt med bl.a besøk på biblioteket og samtale med bestyrer av SV-biblioteket.  
Fra halv to møter komiteen med universitetsledelsen  
Dag 2 møter komiteen med forskningsutvalget, undervisningsutvalget og budsjettkomiteen, forruten middag om kvelden med dekanus, direktør og den tilsatte konsulenten.  
3. dag møter komiteen representanter for studentene, instituttstyrere. Mot slutten av besøket møter komiteen med styringsgruppen for en foreløpig tilbakemelding.

## 1995

- 13.01.95** **1. utkast til rapport motatt fra Tore Lindbekk**
- 19.01.95** **Nytt brev fra Tore Linbekk med et justert utkast til rapport**
- 06.02.95** **Møte i styringsgruppen**  
Av innholdet:  
Til møtet foreligger utkast til rapport fra den internasjonale komiteen. Utkastet blir drøftet og det kommer fra 8-10 spørsmål som innarbeides i en kommentar til rapporten. Ellers uttrykker styringsgruppen seg godt fornøyd med rapporten og komiteens arbeid.  
Følgende skisse til viderebehandling av rapportene får tilslutning i styringsgruppen:  
Endelig rapport fra internasjonal komite vil bli sendt til instituttene. Disse blir bedt om å uttale seg både om fagrappoen og fakultetsrapporten. For fagmiljørappoen skal det gjøres greie for hva instituttene kan tenke seg å følge opp og hva de ikke kan/vil følge opp.  
Høringen vil bli oppsummert og danne grunnlag for en fakultetskonferanse hvor en også skal vurdere spørsmålet om en strategisk plan for fakultetet.
- 24.02.95** **Brev til Tore Lindbekk med fakultetets kommentarer til rapporten**
- 12.05.95** **Møte i styringsgruppen**  
Fakultetets ledelse ble oppfordret til å ta kontakt med B.T. og andre aviser i tillegg til UiB's Informasjonsavdeling (UiB-magasinet) og nasjonale

FOU-magasin for å informere om evalueringstiltaket. Styringsgruppen drøftet også ulike modeller for publisering av materialet for evalueringen, hvor også denne kronologiske framstillingen vil gå inn.

Dekanus la fram forslag til program for fakultetskonferansen som nå er fastsatt til 5. og 6. september hvor oppfølgingen av fakultetsevalueringen vil bli drøftet. En liste over bakgrunnsdokument som skal sendes til deltakerne, ble også utdelt. Det ble bedt om at ledelsen ved universitetet ble invitert til konferansen.

## Vedlegg 3

### Intervjuspørsmål

Alle intervju ein forskar gjennomfører er ulike. Personar som tar deltar er ulike, tida ein har til rådvelde varierer, evne til konsentrasjon og ”dagsform” elles skiftar hos intervjuar og informant. Ein må ta mange typar omsyn som ikkje alltid har å gjere med å få fram informasjon som er best mogleg i høve forskingsprosjektet.

Informantar kjem intervjuaren i forkjøpet med svar på spørsmål som var tenkt stilt på eit seinare tidspunkt i intervjuet, dei kan vere ”kritisk” eller ”sympatisk” innstilte på uventa tidspunkt, dei stiller motspørsmål, reflekterer rundt og gir råd i høve intervjuaren sitt prosjekt. Det seier seg sjølv at forsøk på å halde seg til eit fast oppsett av spørsmål etter ei bestemt rekjkjefølgje oftast er fåfengde i slike situasjonar. Skal samtalen ha ei ”naturleg” form, der informantar m.a. skal ha rom til å assosiere mellom ulike tema, erfaringar og synspunkt, er gjennomføring av slike fastlagde spørsmålssekvensar heller ikkje ønskeleg. Generelt er det altså alltid ei utfordring å få til ein god balanse mellom fridom for deltakarane i intervjuet og konsentrasjon om emna forskaren vil ha informasjon om.

I dette prosjektet er desse emna ”evaluering” og ”fagutvikling”, og spørsmåla nedanfor er sikta inn mot å ta opp fenomena, delvis også i samanheng med kvarandre. Som regel var det berre naudsynt å stille ein del av desse spørsmåla, fordi samtalen vidare oftast kom inn på mange av dei andre emna. Dei mest sentrale spørsmåla hadde eg i minnet, slik at det ikkje var naudsynt å konferere intervjuguiden stadig vekk, men eg bad også om tid til å tenke meg om og å sjekke lista mot slutten av intervjuet. Ofte kunne nettopp slike ”pausar” medverke til at informantar sjølve kom opp med nye element, eller oppsummerande kommentarar som var både interessante og nyttige. Til mange av informantane hadde eg dessutan særskilde spørsmål som ikkje er tatt med i lista under. Desse kunne dreie seg om vedkomande person sine bestemte oppgåver i samband med evalueringstiltaket, som fagleg eller administrativ leiar ved fakultetet, eller som medlem av bestemte institutt. Men sjølvsagt reflekterer heller ikkje lista dei mange ulike emna som elles kunne kome opp i kvart av intervjuia.

Det er gitt konsesjon til prosjektet av Datatilsynet, og eg har nytta tilsynet sin ”Taushets og samtykkeerklæring ved innsamling og bruk av personopplysninger til forskningsformål”. Intervjuva vart gjennomført i perioden februar 1998 til november

1999. Jamt over varte kvart intervju mellom 1 og 2 timer. Alle intervju vart tatt opp på kassettbond og skrive ut i heilskap av intervjuaren.

## **Intervjuspørsmål til prosjektet evaluering og fagutvikling**

### *Fagutvikling for bestemte fag*

1. Forstår du utviklinga av faget som ein forbettingsprosess eller som historisk endring i meir nøytral forstand?
2. Endring frå før til no; tilfeldig eller planlagt?
3. Kor viktig er historia? Særskilde spørsmål om det aktuelle instituttet sine tidlege faglege interesser.
4. Er det mogleg å samle dei varierande teoretiske og metodiske tilnærningsmåtane ved instituttet i noko som er felles?
5. Er faget særskilt opptatt av norske forhold, norske institusjonar? Eignar det seg dårlegare i internasjonale samanhengar enn andre samfunnsfag?
6. Relasjonar til andre fag, den institusjonelle inndelinga av samfunnsfaga. Kva med samanslåing?
7. Korleis er tilhøvet mellom faget som universitetsdisiplin, og dei tilsvarende fagmiljøa ved DH, og andre utdanningar? Er det vanskeleg å halde faget samla om bestemte interesser når det finst mange konkurrerande fagmiljø? Tilsvarande også med tilhøvet til dei andre faga ved fakultetet. Blir det generelt vanskelegare å halde faget samla, å “kontrollere” det, når det blir spreidd til mange einingar?
8. Er det visse posisjonar (eller personar) som er viktigare for den faglege utviklinga ved instituttet enn andre? Kva for innverknad vil du eksempelvis gi rolla som instituttstyrar, professor og rettleiar i denne samanhengen?
9. Finst det i dag visse skoleretningar eller teoretiske tradisjonar ved instituttet som dominerer forsking eller undervisning? Korleis vil du i så fall forklare at desse står sterkt?
10. Om det sosiale miljøet ved instituttet.

### *Den “individuelle” fagutviklinga*

1. Kan du kort skildre di eiga fagutviklingshistorie, dvs. kva for tematikk og metodiske innfallsvinklar du har arbeidd med?
2. Kva vil du trekke fram som den viktigaste drivkrafta i utvalet av interessefelt?
3. Kva er fagleg kreativitet? Er det noe som er knytt til ein person, eller til ei gruppe? (institusjon, organisasjon, “vennekrets”)

### *Fagutvikling i ein “samfunnsmessig” samanheng*

1. Kva for instansar vil du framheve som dei viktigaste som representantar for samfunnet i dag? (forskningsråd?, media?, departement?)

### *Sider ved fagutvikling i evalueringstiltak*

1. Ei forståing av evaluatingsprosedyrene kan vere at dei nettopp er tiltak for å fremje bestemte former for fagutvikling. Meiner du evaluatingsverksemd har slike verknader? På kva måtar?
  2. Dersom vedkomande meiner evaluering har liten innverknad på fagutvikling: Er det fordi vurderingane er for overflatiske?, manglar relevans?, blir dei ikkje tatt alvorleg nok?, manglar komiteane autoritet?, er det for få goder knytt til å endre på problem som blir påpeikte?, har det med manglande vilje eller manglande evne å gjere?
  3. Er det mogleg å manipulere eller å styre ein komite, meiner du? Korleis gjer ein i så fall det?
11. Er evaluatingsrapportar å sjå som forsking? Kva er skilnaden mellom forsking og evaluering, dersom det er forskrarar som utfører begge arbeidsformene?

### *Relasjonen mellom interne og eksterne vurderinger*

1. Ein kan tenke seg fagkollegaer, andre forskrarar, studentar, administrasjon eller “lektolk” som evaluatorar. Er det rett å seie at måten tilsette i eit fagmiljø forheld seg til ein slik prosess er avhengig av kven det er som evaluerer?
2. Kva for gruppe ser du helst som medlemmer i ein evalueringsskomite?

3. Kva for skilnader finst mellom evaluering og dei vanlege vurderingsformene innan eit fagmiljø, t.d. eksamen og bedømmingar ved tilsetjingar? Korleis vil du karakterisere forholdet mellom desse vurderingsformene?
4. Treng ein eksterne evalueringar i tillegg til den interne, meiner du?
5. Kan ein hevde at ein i evalueringstiltak gjer bruk av andre kvalitetsmål enn vitskapsfolk sjølve brukar i vurderingar av forskingsresultat?
6. Noe av det eg er interessert i i dette prosjektet er forholdet mellom forskingsaktivitet og evaluatingsaktivitet, og korleis ein kan kombinere desse to handlingsformene. I samband med evaluering tar ein ofte i bruk “peer- review”. Her er poenget at dei som evaluerer skal vere gode representantar for faget som blir evaluert. Meiner du ein også bør bruke faglege metodar og perspektiv som grunnlag for vurderingane, dvs. at ein i tillegg til å *kjenne* faget ein skal evaluere, også *brukar* det i vurderingsarbeidet?

#### *Kva er føremålet?*

1. Ein skil gjerne mellom “resultatorienterte” og “prosessorienterte” evalueringar, der den første typen er vurderingar av ferdigstilt forsking, medan den andre typen meir siktar seg inn mot å vurdere, utvikle og organisere forsking. Kva for av desse føremåla meiner du har mest for seg?
2. Kva meiner du pregar forsking som er godt organisert?
3. Mange hevdar i dag at ein treng betre organisering for å auke kvaliteten på forsking. Samstundes meiner andre at kreative forskrarar presterer utmerka forsking nærmast uansett kva forhold han eller ho arbeider under. Korleis meiner du samanhengen er mellom god organisering og god forsking?
4. I kva grad vurderer ein fag etter fagspesifikke kriterier? Er dei generelle eller spesifikke standardane mest viktige?
5. Har du vore usikker på kva føremålet med evalueringstiltak har vore?
6. Meiner du det er rett å sjå på evaluering av universitet og høgare utdanning som politisk samfunnsstyring?
7. Har samfunnet utanfor universitetet rett (demokratisk, økonomisk, e.l.) til å evaluere den vitskaplege aktiviteten?

### *Modellar for evaluering*

1. Kva gjer at tilsette ved universitetet aksepterer å bli vurderte av evalueringskomitear?
2. Kva trur du ein evalueringskomite baserer inntrykket og vurderingane sine mest på? (Har dei bestemt seg på førehand gjennom rykte t.d., sjølvevalueringane, samtalar med tilsette før sjølve møtet.)
3. Er det ein føresetnad å ha fagleg bakgrunn i det faget ein skal evaluere?
4. På kva måte ville eit evalueringstiltak sjå ut som berre var modellert etter metodar og teoriar innan ditt fag?
5. Kva ville vere annleis dersom det var folk utan vitskapleg utdanning og bakgrunn som gjennomførte evaluering?
6. Kva for kjelder er dei viktigaste for inntrykket av eit miljø, etter di meining?
7. Ligg det i rolla til evaluatorar at dei på noe vis skal vere representantar for samfunnet utanfor universitetet?

### *SV- fakultetets historie*

1. Kva for oppfatningar har du av fagutviklingshistoria til dette instituttet som del av SV- fakultetet i Bergen?
2. Er historia til SV- fakultetet viktig for arbeidet her ved instituttet?
3. Har framstillingsformer (skrivemåtar, genrar), og publiseringsspraksis endra seg mykje i di tid ved instituttet? Er i så fall desse faktorane på noe vis knytt saman med endringar i dei faglege interesseområda i denne perioden?
4. Meir frå innstillinga om utbygginga av SV- fakultetet, Rokkan?

### *SV- fakultets- evalueringa*

1. Evalueringa av SV- fakultetet skulle vere eit tiltak for både forsking og undervisning/ utdanning. Ein skulle danne seg inntrykk både av dei einskilde institutta og av fakultetet sett under eitt. Det blir framheva at god forsking er grunnlaget for god undervisning, og at forskinga slik sett er den primære og mest særprega aktiviteten ved universitetet.
2. Kor godt kjenner du til mandatet for fakultetsevalueringa?

3. Var mandatet for dette tiltaket typisk for evaluatingsprosjekt slik du kjenner dei frå før?
4. Det var ein del av mandatet i dette tiltaket at ein håpa å kunne “stimulere fagmiljøene til kvalitetsforbedringer”. Kva for indikatorar for kvalitet vart brukte av komiteen?
5. I orienteringa til dei nordiske komiteane vart det framheva at dette tiltaket også skulle vere eit innspel i debatten om kvalitet og effektivitet innan høgare utdanning og forsking. Dette var m.a. med bakgrunn i ein skepsis ved fakultetet til budsjetteringssystemet som styringsverkty for synleggjering og målstyring - eit system som blir for kortsiktig, einsidig koncentrert om aggregerte talstorleikar og summarisk. I ettertid; i kva grad meiner du at SV- evalueringa lukkast i å vere eit alternativ til styringssystemet budsjetteringssystemet representerer?
6. Ser du dette tiltaket først og fremst som eit lokalt evaluatingsprosjekt? Har det meir generelle forskingspolitiske sider?
7. Har du vore med i evaluatingskomitear før? I fall ja, er det noen skilje du vil trekke fram mellom SV- evalueringa og andre tiltak du har vore med på?
8. Var det stor semje på instituttet om korleis eigenevalueringssrapporten skulle vere?
9. Trur du evaluatingsprosessen gav folk ei kjensle av å vere med på noe nytt og interessant, eller tenkte ein seg evalueringa som ein del av anna administrativt og fagleg rapporteringsarbeid?
10. Vart utforminga av rapporten del av ein fagleg utviklingsprosess? Har dette arbeidet sett spor etter seg i den faglege profilen ved instituttet etterpå (i undervisning eller forsking)?
11. Trur du det finst tilsette ved instituttet som kjenner seg oversett eller undervurdert av evaluatingskomiteen?

*Om dei generelle framlegga til den internasjonale komiteen*

1. Kva for oppfatningar har du om framlegget om å danne to hovudinstitutt for dei to fagområda sosiologi og statsvitenskap?
2. Kva meiner du er grunnane til at ein slik instituttstruktur ikkje allereie finst?
3. Er du samd med komiteen i framlegget om at fakultetet burde ha meir å seie (større kontroll med) i val av forskingstema ved fakultetet?

4. Meiner du at instituttet ditt ville ha fagleg utbytte av meir samarbeid med andre institutt på fakultetet? Kva for problem finst med slikt samarbeid?